



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Budsjett 2018

Økonomiplan 2018-2021



FØREORD

Fylkeskommunen sitt budsjett for 2018 og økonomiplan for perioden 2018-2021 ligg med dette føre.

POLITISK PROSESS

Finansutvalet la den 31.oktober 2017 fram sitt framlegg til budsjett/økonomiplan. Framlegget vart handsama av hovudutvala den 21. november og fylkesutvalet kom med si tilråding i møte den 22. november, sak 123/17. Fylkestinget vedtok budsjettet/økonomiplanen på fylkestingsseta 5.-6. desember 2017 i sak 59/17. Eigne særutskrifter frå handsamingane i hovudutvala, fylkesutvalet og fylkestinget følgjer som vedlegg. Framlegging og slutthandsaming skjer med grunnlag i kommunelova § 44-45.

I møte den 4. desember handsama FU eit tilleggssak som omhandla dei økonomiske konsekvensane av fylkesutvalet sine tilrådingar i sak 121/17 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027 og sak 123/17 Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021. Det vart også orientert om verknadane av budsjettforliket på Stortinget – Statsbudsjettet 2018. FU vedtok følgjande tilleggstilråding til fylkestinget, FT-sak 59/17:

«Fylkesutvalet si tilråding til fylkestinget, vedteken i sak 123/17, vert justert slik:

- a. Rammetilskotet vert auka som følgje av nye føresetnader knytt til tapskompensasjon, slik: 2018: 12,6 mill. kr, 2019: 2,7 mill. kr, 2020: 2,7 mill. kr og 2021: 2,7 mill. kr.
- b. Investeringsprogrammet med tilhøyrande finansieringsprogram vert auka med samla 892 mill. kr i økonomiplanperioden. Løyvinga vert fordelt på følgjande prosjekt og finansiert slik det framgår av saka:
Auka ramme til mindre utbetringar – 40 mill.kr
Fv 57 Dale-Storehaug – 60 mill. kr fordelt med 10 mill. i 2019 og 50 mill. i 2020
Auka ramme til gang- og sykkelveggar – 22 mill. kr
Ferjeavløysing Ytre Steinsund – 770 mill. kr
Tilhøyrande kapitalutgifter vert å innarbeide i budsjett/økonomiplan.
- c. Avsetting til og bruk av bufferfond vert tilpassa»

Dette vart ein del av det endelege vedtaket i FT-sak 59/17.

FT SITT BUDSJETT-/ØKONOMIPLANDOKUMENT

FT sitt budsjett og tilhøyrande økonomiplan består, i tillegg til det innleiande budsjettreglementet, av 4 delar; ein fellesdel, ein taldel, ein driftsdel og ein investeringsdel.

Kontoplanen som vert nytta skil mellom sektorar, programområde og tenester. Kontoplanen har vore gjeldane frå 01.01.13. På sektornivået er inntektene og utgiftene fordelte på 5 sektorar og 35 programområder.

Fylkestinget vedtek investeringsprogrammet, alle fellesinntekter/-utgifter, samt driftsrammene. Hovudutvala har fullmakt til å endre fordelinga på tenestene innafor dei ulike programområda.

Økonomiplanen gjev rammer for budsjetta 2019-21.

All rapportering til politiske organ (tertialrapportar, årsrapport/årsrekneskap) vil basere seg på vedkomande organ sitt vedtaksnivå.

GJENNOMFØRINGSANSVAR

Fylkestinget vedtek, som ein del av budsjettvedtaket, eit eige reglement for gjennomføringa av budsjettet (budsjettreglementet). Reglementet er teke inn fremst i dette dokumentet. Reglementet viser at fylkesrådmannen har ansvaret for å gjennomføre budsjettet.

Fylkesrådmannen vil, med grunnlag i fylkestinget sitt budsjettvedtak, sende ut oppdrags- og ansvarsbrev til bruk i budsjettgjennomføringa. Desse oppfølgingsdokumenta må leggjast til grunn for budsjettgjennomføringa.

INNHALDSOVERSYN

FØREORD

INNHALDSOVERSYN

BUDSJETTREGLEMENT

FELLESEDEL

1. Innleiing	1
2. Fylkeskommunen sitt styringssystem	4
3. Økonomiplan	17

TALDEL

4. Taldel	24
-----------------	----

DRIFTSDEL

5. Fellesinntekter og -utgifter	33
6. Politisk styring, plan og forvaltning	42
7. Opplæring	55
8. Tannhelsetenesta	66
9. Næring og kultur	68
10. Samferdsle	85

INVESTERINGSDEL

11. Investerings- og finansieringsprogram	92
12. Prosjektmøtar	99

VEDLEGG

1. Obligatoriske budsjett skjema
2. FT-sak 27/17 – Økonomiplan 2018-21 – saksframstilling u/prenta vedlegg
3. Økonomiske bindingar ut over gjeldande økonomiplanperiode
4. Vedtak i hovudutvala 21.11.17, fylkesutvalet 22.11.17/4.12.17 og fylkestinget 5/6.12.17

BUDSJETTREGLEMENT

1. STRUKTUR OG SPESIFIKASJONSGRAD

1.1 Budsjettet og økonomiplanen er utforma med ein kapitaldel - investeringar (kontoklasse 0) spesifisert på prosjekt og ein driftsdel (kontoklasse 1) spesifisert på programområde.

1.2 Budsjettet og økonomiplanen sorterer alle inntekter og utgifter på følgjande sektorar og spesifiserer kvar sektor på programområde slik:

Politisk styring, plan og forvaltning

- 400 Politisk styring
- 410 Kontroll og revisjon
- 420 Administrasjon
- 421 Forvaltingsutgifter i eigedomsforvaltninga
- 430 Administrasjonslokale
- 460 Tenester utanom ordinært fylkeskommunalt ansvarsområde
- 480 Diverse fellesutgifter
- 490 Interne tenesteeiningar
- 715 Lokal og regional utvikling

Opplæring

- 510 Skulelokale og internatbygningar
- 515 Fellesutgifter og støttefunksjonar knytt til vidaregåande opplæring
- 520 Pedagogisk leining, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevoppgjer
- 521 – 533 Utdanningsprogramma
- 554 Fagskule
- 559 Landsliner
- 561 Oppfølgingstenesta og pedagogisk psykologisk teneste
- 562 Tilpassa opplæring
- 570 Fagopplæring i arbeidslivet
- 581 Vaksenopplæring etter opplæringslova
- 590 Andre føremål

Tannhelsetenesta

- 660 Tannhelsetenesta - fellesfunksjonar
- 665 Tannhelsetenesta - pasientbehandling

Samferdsle og veg

- 722 Fylkesvegar
- 730 Bilruter
- 731 Fylkesvegferjer
- 732 Båtruter
- 733 Tilrettelagd transport

Næring og kultur

- 701 Tilrettelegging, støttefunksjonar og finansieringsbistand for næringslivet
- 716 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk
- 740 Bibliotek
- 750 Kulturminneforvaltning
- 760 Museum
- 771 Kunstformidling
- 772 Kunstproduksjon
- 775 Idrett
- 790 Andre kulturaktivitetar

Fellesinntekter og -utgifter

- 470 Årets premieavvik
- 471 Amortisering av tidlegare års premieavvik
- 472 Pensjon
- 473 Premiefond
- 710 Fylkeskommunal næringsverksemd
- 711 Konesjonskraft m.v
- 800 Skatt på inntekt og formue
- 840 Statleg rammetilskot og øvrige generelle statstilskot
- 860 Motpost avskrivningar
- 870 Renter/utbytte og lån (innlån og utlån)
- 880 Interne finansieringstransaksjonar
- 899 Årets rekneskapsmessige meirforbruk/mindreforbruk

Programområda er vidare delt inn i tenester og funksjonar.

Fylkesrådmannen vil - med høve til å delegere til fylkesdirektørane - spesifisere tenestene/funksjonane på inntekts- og utgiftsarter.

2. BUDSJETTENDRINGAR OG BUDSJETTOPPFØLGING

2.1 Budsjettbindingar og -endringar

- 2.1.1 Budsjettet er – for kvart programområde – bindande på nivå netto driftsutgift. Tekstkommentaren kan likevel presisere binding på eit anna nivå. Ingen område/ føring kan overskridast utan at det først er gjeve tilleggsøyving.
- 2.1.2 Dersom nettoutgiftene for eit programområde ikkje vil halde, pliktar ansvarleg for området å reise spørsmål om budsjettendring. Budsjettendring kan berre påreknast dersom behovet ikkje var råd å forutsjå på budsjetteringstidspunktet eller meirutgiftene ikkje kan vente.
- 2.1.3 Med unntak av dei fullmakter som vert gjeve i dette reglementet, er det berre fylkestinget som kan endre budsjettet.

2.2 Fylkestinget (FT)

- 2.2.1 Berre FT kan endre fylkestinget sitt eige budsjett. Dersom FT gjer slike endringar, vil desse kome til uttrykk i ordinære budsjettendringsvedtak.

2.3 Fylkesutvalet (FU) / fylkesordføraren

- 2.3.1 FU kan vedta dei same endringane i budsjettet som FT dersom vilkåra i reglementet for hastesaker etter kommunelova § 13 er til stades, jf. FT-sak 46/92 pkt. 6.
- 2.3.2 FU disponerer, på fritt grunnlag, midlane avsett til fylkesutvalet til disposisjon på teneste 4005.

Fylkesordføraren har, frå denne løyvinga, fullmakt til å innvilge tilskot på inntil kr 5.000,- i dei tilfelle ei avgjerd bør takast før neste møte i FU. Fylkesordføraren gjev i slike tilfelle FU melding om innvilga tilskot.

2.4 Kontrollutvalet

Kontrollutvalet får fullmakt til å omfordele mellom funksjonar på programområde 410.

2.5 Hovudutvala

- 2.5.1 Hovudutvala skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar på eigne sektorar etter 1. og 2. tertial. Dette gjeld likevel ikkje for verksemder der det er inngått driftsavtaler.
- 2.5.2 Hovudutvala får, for sin sektor, fullmakt til å disponere/fordele avsette utviklingsmidlar på teneste 4005 Til disposisjon for utvala.
- 2.5.3 Eventuelle innsparingskrav for sektorane som ligg på teneste 4006 må sjåast i samanheng med det øvrige budsjettet for sektoren.
- 2.5.4 Budsjettreglementet pkt. 2.6.3 omhandlar fylkesrådmannen sine fullmakter i høve administrasjonsutgifter i sentraladministrasjonen. Løyvingar på sektoren knytt til administrasjon er såleis ikkje ein del av hovudutvala sine fullmakter.
- 2.5.5 Hovudutval for opplæring (HO)

Hovudutval for opplæring får fullmakt til å:

- For kvart programområde – endre fordelinga mellom tenester. Fordelinga må tilpassast eventuelle føringar som ligg i FT sitt budsjett og kravet om realistisk budsjettering.
- Sjå dei ufordelte løyvingane til drift av dei vidaregåande skulane på tenestene
 - 5100 Utgifter til lokale
 - 5150 Forvaltning og fellesutgifter
 - 5200 Pedagogisk leing mv
 - 5210 Utdanningsprogramma

i samanheng og fordele grupper mellom skular, finansierte innan den økonomiske ramma av desse tenestene. HO må disponere den samla løyvinga slik at ein tek høgde for behovet som vil oppstå ved nytt skuleår.

HO kan innanfor den økonomiske ramma til opplæringstilbodet gjere unntak frå vedtak i fylkestinget sak 26/13 pkt. 6 om oppfyllingskrav.

2.5.6 Hovudutval for næring og kultur (HNK)

Hovudutval for næring og kultur får fullmakt til å:

- For kvart programområde – endre fordelinga mellom tenester. Fordelinga må tilpassast eventuelle føringar som ligg i FT sitt budsjett og kravet om realistisk budsjettering.
- Sjå følgjande programområde i samanheng
 - 740 Bibliotek
 - 750 Kulturminneforvaltning
 - 760 Museum
 - 771 Kunstformidling
 - 772 Kunstproduksjon
 - 775 Idrett
 - 790 Andre kulturaktivitetar
 - Teneste 4802 Folkehelsearbeid.
- HNK får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av statlege spelemidlar, tilskot til lag og organisasjonar, tilskot til kunstformidling og kulturtiltak og tilskot til kulturutviklingstiltak. HNK må disponere den samla løyvinga slik at ein tek høgde for dei behov som måtte oppstå gjennom året.
- HNK får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å utforme føringar og tildele midlar til partnerskapsarbeid.

- HNK får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å vedta oppdragsbrev til Innovasjon Norge.
- HNK får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av statlege ordningar for tilskot til landbruk og breiband.
- HNK får innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av statlege ordningar for førebyggjande folkehelsearbeid.
- HNK får, innanfor dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å disponere Marint verdiskapingsfond, og følgje opp forvaltning av midlar frå kompensasjonsordning for høg arbeidsgjevaravgift.

2.5.7 Hovudutval for samferdsle (HS)

Hovudutval for samferdsle får fullmakt til å:

- For kvart programområde – endre fordelinga mellom tenester. Fordelinga må tilpassast eventuelle føringar som ligg i FT sitt budsjett og kravet om realistisk budsjettering.
- Sjå følgjande område i samanheng:
 - programområde 722 Fylkesvegar – miljø og trafikktryggingstiltak
 - programområde 731 Fylkesvegferjer
 - Diverse tilskot samferdsle på teneste 4606
- Sjå følgjande område i samanheng:
 - programområde 730 Bilruter
 - programområde 732 Båtruter
 - programområde 733 Tilrettelagd transport
- HS får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å fastsetje fylkeskommunen sitt kjøp av samferdsletenester. HS må disponere den samla løyvinga slik at ein tek høgde for dei behov som måtte oppstå gjennom året.
- HS får fullmakt til å overføre innsparte midlar på programområda 730, 732 og 733 til programområde 722.
- HS får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å disponere løyvingane til planlegging og prosjektering samt andre ufordelte løyvingar.
- HS får fullmakt til å disponere midlane til uføresette hendingar på fylkesvegnettet i tråd med retningslinene.

2.6 Fylkesrådmannen

2.6.1 Fylkesrådmannen har ansvaret for å i verksetje vedteke budsjett.

Fylkesrådmannen har tilvisingsfullmakt for alle utgifter og inntekter på budsjettet og har høve til å vidaredelegere tilvisinga til andre leiarar.

Fylkesrådmannen sitt samla oppfølgingsopplegg må formast slik at FT sine fastlagde produksjons- og aktivitetsmål vert realiserte.

2.6.2 Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere tekniske endringar i budsjett og kontoplan som følgje av endringar i KOSTRA-rettleiaren.

2.6.3 Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå løyvingane innafor sentraladministrasjonen (programområde 420 – 490 og teneste 5153 Elev- og lærlingeombod) i samanheng. Fullmakta gjeld også løyvingane til administrasjonsutgifter som er fordelt på andre programområder.

For å få ei tenleg drift på skulane og betre utnytting av ressursar får fylkesrådmannen fullmakt til å sjå budsjetta for følgjande tenester ved den einskilde skule i samanheng:

- 5100 Utgifter til lokale
- 5150 Forvaltning og fellesutgifter
- 5200 Pedagogisk leing mv
- 5210 Utdanningsprogramma

Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå følgjande områder i samanheng i saker som er kurante:

- Programområde 660 Tannhelsetenesta - fellesfunksjonar
- Programområde 665 Tannhelsetenesta – pasientbehandling

- 2.6.4 Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå løyvingane på tenestene 5203 PC-ordninga og 5211 Gratis læremiddel i samanheng og å sjå desse løyvingane i driftsbudsjettet i samanheng med avsette midlar til PC-ordninga i investeringsbudsjettet.
- 2.6.5 Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå løyvingane til eleveksamen på teneste 5152 Eleveksamen og privatisteksamen på teneste 5901 Privatisteksamen i samanheng.
- 2.6.6 Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå løyvingane til tilpassa opplæring på tenestene 5620 Tilpassa opplæring, 5701 Opplæring i bedrift og 5900 Opplæring i sosiale og medisinske institusjonar i samanheng.
- 2.6.7 Fylkesrådmannen får fullmakt til å forvalte tilskotsordninga i høve tilbydarar av fagskuleutdanning i helse- og sosialfag.
- 2.6.8 Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere midlar som er avsett under teneste 7019 Andre næringsområde.
- 2.6.9 Fylkesrådmannen får, innafor dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å disponere midlar avsett under programområde 715 Lokal og regional utvikling og programområde 716 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt/innlandsfisk. Som følgje av dette kan fylkesrådmannen tildele tilskot, inngå avtalar samt forvalte ev. avsette midlar tidlegare år knytt til desse programområde.
- 2.6.10 Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå eventuelle endringar i renteføresetnadane – for både kapitalinntektene og –utgiftene – mot avsettinga av gjeldssanering det enkelte budsjettår.
- 2.6.11 Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere naudsynte transaksjonar, dvs. både bruk av og avsetting til fond, på disposisjonsfonda 25699980 Interne tildelingar/25699981 OA- interne tilskot. Avsette midlar på desse disposisjonsfonda kan nyttast på alle programområde/tenester.
- 2.6.12 Fylkesrådmannen kan tilpasse drifts- og investeringsbudsjettet for å tilfredsstillе forskriftene sitt krav om at utstyr og inventar skal først i kapitalrekneskapen. Slike overføringar er unnateke frå reglane om stryking ved ev. driftsunderskot, jf. § 9 i "Forskrift om årsregnskap og årsberetning". Det gjeld i slike høve ikkje noko beløpsgrense.
- 2.6.13 Fylkesrådmannen får fullmakt til å sette i verk tiltak i ekstraordinære situasjonar der kriseleiinga er operativ. Kriseleiinga disponerer inntil 0,500 mill. kr. til naudsynte tiltak om situasjonen krev det. Det aktuelle hovudutvalet eller eventuelt fylkesutvalet skal snarast mogleg informerast om iverksette tiltak. Dei økonomiske konsekvensane av tiltaka skal i størst mogleg grad søkjast finansiert innafor den aktuelle sektoren sine rammer.
- 2.6.14 Ved ras, flaumar og liknande uventa hendingar får fylkesrådmannen fullmakt til å setje i verk naudsynte mellombelse strakstiltak som, t.d. oppryddingstiltak, ekstra båtskyss, ferje, buss o.l., for å oppretthalde naudsynte kommunikasjonar. Hovudutval for samferdsle skal snarast mogleg informerast om i verksette tiltak. Dei økonomiske konsekvensane av tiltaka skal i størst mogleg grad søkjast finansiert innafor sektoren sine rammer.

3. LÅNEOPPTAK

- 3.1** Det kan takast opp årlege samlelån for alle prosjekt som det ikkje er vedteke særskilt lånefinansiering for. Alle lån skal ha ei avdragstid som gjer at det er mogeleg å oppfylle kravet i kommunelova om at den samla lånegjelda vert avdrege planmessig. Attverande løpetid for fylkeskommunen si samla lånegjeld skal ikkje overstige vekta levetid for anleggsmidlane ved utgangen av året.

4. REKNESKAPSAVSLUTNINGA

- 4.1** Kapitalrekneskapen er eittårig. Eventuelle unytta løyvingar på kapitalrekneskapen må budsjetterast opp att seinare år dersom føremålet ikkje er avslutta.
- 4.2** Tannhelsetenesta sitt driftsresultat (overskot eller underskot) skal – så langt fylkeskommunen sin økonomi tillet det – føre til tilsvarande endring i tannhelsetenesta sitt budsjett/rekneskap for neste år.
- Eventuell overføring av unytta midlar til neste år føreset at måltala for tannhelsetenesta vert realiserte.
- 4.3** Driftsresultatet for dei vidaregåande skulane (overskot eller underskot) skal – så langt fylkeskommunen sin økonomi tillet det – føre til tilsvarande endring i skulane sine budsjett/rekneskap for neste år. Dette gjeld alle skulane inkludert landslinene og fagskulen og omfattar alle områda som rektorane har ansvaret for.
- 4.4** Driftsresultatet for kunstmuseet (overskot eller underskot) skal avsettast mot/dekkast av eit eige drift- og vedlikehaldsfond. Fondet vert disponert av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune.
- 4.5** Rekneskapen for fylkesvegnettet skal avsluttast etter anordningsprinsippet. Etter rekneskapsavslutninga vert innsparingar og overskridingar på driftsløyvingane summert og skal, så langt fylkeskommunen sin økonomi tillet det, føre til tilsvarande endring i budsjettet/rekneskap for neste år.
- 4.6** Disposisjonsfond 25699985 «Avsett agio konsesjonskraft» skal nyttast til å dekke inn eit ev. agiotap i samband med vurdering av bankkonti i utanlandsk valuta pr. 31.12. Fullmakta gjeld for bankkonti som vert nytta i høve konsesjonskraftforvaltninga og så lenge det er fondsmidlar tilgjengeleg på fondet.
- 4.7** Det vert lagt til grunn slik strykingsrekkefølgje dersom det vert underskot i driftsrekneskapen:
1. Overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet (ekskl. overføring til fylkesveganlegg)
 2. Avsetjing av eit ev. overskot i samsvar med pkt. 4.2 (resultatoverføring tannhelsetenesta).
Avsetjing av eit ev. overskot i samsvar med pkt. 4.3 (resultatoverføring vidaregåande skular).
Avsetjing av eit ev. overskot i samsvar med pkt. 4.5 (resultatoverføring fylkesvegnettet).
Avsetjingane relatert til pkt. 2, verte strokne høvesvis likt.
 3. Andre avsettingar til disposisjonsfond
 4. Overføring av driftsmidlar til fylkesveganlegg i investeringsbudsjettet.

1. INNLEIING

Sogn og Fjordane fylkeskommune utarbeider økonomiplan for 2018-2021 samstundes med budsjettet for år 2018.

Budsjettarbeidet er lagt opp i samsvar med gjeldande kommunelov og tilhøyrande forskrifter.

1.1 BUDSJETTPROSESSEN

Arbeidet med budsjett/økonomiplan legg til grunn den ansvarsdelinga som ligg i vår valde politiske modell. Dette inneber at finansutvalet/fylkesting (FU/FT) tek det overordna ansvaret og at hovudutvala – som "sektorspesialistar" – vert ansvarleggjorde på sektornivå.

Finansutvalet – som politisk arbeidsutval – består av gruppeleiarane og hovudutvalsleiarane i tillegg til FU-medlemmane. Fylkesrådmannen er sekretær for finansutvalet.

Finansutvalet starta arbeidet med budsjett/økonomiplan 6. mars 2017, og fylkestinget gjorde vedtak om økonomiplan 2018-21 i FT-sak 27/17 i juni. Finansutvalet gjorde vedtak om framlegg til budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021 i møte 31.oktober 2017. Prosess og bakgrunn for arbeidet i finansutvalet er dokumentert i Arbeidsdokument 1- 4/17 med tilhøyrande møteprotokollar.

Finansutvalet sitt framlegg danna grunnlag for den politiske slutthandsaminga av budsjett/økonomiplan slik:

- Hovudutvala 21. november 2017
- Fylkesutvalet 22. november 2017 (vedtak om utlegging til offentlig ettersyn)
- Fylkestinget 5.- 6. desember 2017

1.2 DOKUMENTET

Fylkestinget sitt endelege økonomiplan- og budsjettokumentet består av fire delar:

- Vedtaket. Viser fylkestinget sitt konkrete vedtak i høve budsjett og økonomiplan.
- Reglementet. Viser kva reglar og mynde som gjeld for budsjettendringar (delegering), budsjettoppfølginga og rekneskapsavslutninga.
- Taldelen. Gjev ein samla oversikt over fellesinntekter og –utgifter, netto sektorrammer fordelt på program- og tenestenivå, samt investerings- og finansieringsprogram for perioden.
- Tekstdelen. Dette er ein "budsjett- og økonomiplankommentar", som gjev nærare greie for føresetnader og premisser, aktivitetar og utfordringar.

Det skal - i budsjett- og økonomiplandokumentet - vere innbyrdes konsistens mellom tal- og tekstdelar. Dersom det her skulle vere motstrid, går taldelen framom tekstdelen.

1.3 BUDSJETTOPPFØLGINGA

Kommunelova sitt utgangspunkt er at ansvaret for å iverksetje vedteke budsjett ligg til administrasjonen. Dette er også presisert i fylkestinget sitt budsjettreglement.

Dette reglementet klargjer at fylkesrådmannen har høve til å delegere oppfølginga (tilvisinga) til andre leiarar. Det er likevel fylkesrådmannen som står ansvarleg andsynes fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt oppfølgingsopplegg byggjer på dei vedtak fylkestinget og hovudutvala gjer, og kjem til uttrykk i eigne ansvars- og oppdragsbrev.

1.4 TEKNISKE SPESIFIKASJONAR

Både drifts- og investeringsbudsjettet er i faste 2018-kr.

I driftsbudsjettet er alle utgifter netto, ekskl. meirverdiavgift. Ved kjøp av varer og tenester vert nettobeløpet ført på aktuell art og det er dette som skal samanliknast med budsjettbeløpet.

Mva-refusjon som gjeld investeringane vert fullt ut nytta som finansieringskjelde på investeringsbudsjettet. Løyvingane på dei enkelte prosjekt er inklusive mva.

Det er berre løyvingar i budsjett/økonomiplanperioden som gir grunnlag for prisjustering. For investeringsprosjekt betyr dette at ikkje heile kostnadsoverslaget vert omrekna. Grunnen er at nytta løyvingar tidlegare år ikkje har behov for prisvekst.

Alle tal som gjeld året 2018 og tidlegare år er gjevne i løpande kroner. For åra etter 2018 er det nytta faste 2018-kroner som må omreknast når årsbudsjettet vert vedteke og når statsbudsjettet sin deflator for det aktuelle året vert kjend.

Statsbudsjettet sin deflator for 2018 er på 2,6 %. Denne representerer ei vekting av forventa lønsvekst i samfunnet (3,0 %) og forventa prisvekst på andre innsatsfaktorar (1,8 %).

Det er i utgangspunktet gjeve ein priskompensasjon på 1,8 % frå 2017-18. For samferdsle er budsjettet til kollektiv (løn, drivstoff o.l.) justert ut ifrå behov for prisvekst. Det er her gjeve ein priskompensasjon på 2,6 %.

Lønsbudsjettinga byggjer i all hovudsak på lønsnivået ved utgangen av 2017. Forventa lønsvekst i 2018 og seinare er avsett i ein sentral pott og vert fordelt først når det er avklart kva tillegg som måtte bli gitt med heimel i HTA kap 3.4, kap 4.2.1 og kap 5.2. Tillegg utover desse forhandlingane må dekkast innanfor gjevne rammer.

Arbeidsgjevardelen av pensjonspremien:

På dei einskilde tenestene er det lagt inn pensjonspremie med 21,5 % til Kommunal Landspensjonskasse og 14,15 % til Statens Pensjonskasse.

Arbeidsgjevaravgifta til folketrygda er budsjettert med 14,1 % av løns- og pensjonskostnad for den del av verksemda som ligg i kommunane Flora, Førde og Sogndal, medan verksemda i resten av kommunane er budsjettert med ei avgift på 10,6 %.

1.5 RUTINAR I HØVE SØKNAD OM FINANSIELL MEDVERKNAD

Fylkeskommunane er som regional utviklingsaktør avhengig av eit aktivt samspel med aktørar på ulike arenaer. Som ein del av dette samspelet får fylkeskommunen ei rekke innspel i løpet av året med søknad om finansiell medverknad til ulike prosjekt.

Følgjande rutine er etablert i høve eksterne søknader/innspele om finansiell medverknad til ulike prosjekt:

- Søknaden/innspelet skal så raskt som mogeleg og løpande gjevast ei fagleg vurdering i høve dei overordna strategiane for den aktuelle sektoren.
- Om søknaden/innspelet har tverrsektoriell tilnærming, avgjer fylkesrådmannen kva fagmiljø som skal inn i vurderinga av søknaden.
- Aktuelt/aktuelle hovudutval skal så raskt som mogeleg avgjere den vidare lagnaden til søknaden (om den skal kanalisert inn mot eksisterande søknadsordningar/ budsjettprosess/eller eventuelt gjevast avslag)

- Søknader/innspel som vert vist til budsjettprosessen skal prioriterast opp mot eksisterande verksemd og aktivitet innafor sektoren sine rammer, eventuelt opp mot tiltak på tilhøyrande marginallister, i hovudutvala sine tilrådingar til finansutvalet.
- Søknader/innspel som vert vist til vurdering i budsjettprosessen, men som kjem til handsaming etter hovudutvala sitt prioriteringsmøte i august/september, skal som hovudregel visast til neste års budsjettprosess.
- Lagnaden til søknaden/innspelet skal meddelast avsendar snarast råd.

2. FYLKESKOMMUNEN SITT STYRINGSSYSTEM

2.1 FØREMÅL OG OPPBYGGING

Eit styringssystem er ein reiskap for å følgje opp politisk vedtekne mål og prioriteringar. Styringssystemet skal også støtte opp om ein inkluderande og god organisasjonskultur, og halde organisasjonen fokusert på strategiske ambisjonar og ulike interessegrupper sine behov og krav. Det er sett fleire tydelege mål for fylkeskommunen sitt styringssystem:

- Styrke fylkestinget sine mulegheiter for overordna styring, og til å vurdere om utviklinga innanfor sentrale politikkområde går i ønskt retning.
- Auke gjennomføringsgrada for fylkeskommunen sine strategiar, planar og prosjekt.
- Bringe større grad av heilskapstenking inn i planarbeidet.
- Oppnå god kopling mellom strategiske planar, budsjett/ressursar og operative mål.
- Medverke til at tilsette får auka forståing for felles mål.
- Oppnå større fokus på resultatoppnåing og resultatoppfølging.
- Få betre og meir open/synleggjort resultatoppfølging med tilhøyrande leiarevaluering.
- Større medverknad og dialog med brukarane/kundane og ålmenta.

Styringssystemet er samansett av to hovudelement:

1. *Styringsdokument* som skal dokumentere politiske mål og stille krav til verksemda for å nå måla. Vi har følgjande styringsdokument:

- Nasjonale mål og føringar, lover og forskrifter
- Regional planstrategi
- Regionale planar
- Sektorvise strategidokument og planar for spesielle satsingsområde (t.d. reiseliv og FOU)
- Årsbudsjett/økonomiplan
- Ansvarsbrev fra fylkesrådmannen
- Verksemdsplan/ar (fylkeskommunal, avdelingsvis og serviceeiningane), i nokre tilfelle.

2. *Styringsverktøy* som utgjer koordinerte aktivitetar for å rettleie og styre organisasjonen. For fylkeskommunen utgjer dette:

- Organisasjon og leiing
 - organisasjonsstruktur
 - roller og ansvar
 - etisk regelverk
- Fullmakter, reglement og rutinar
 - delegeringsreglement
 - fullmakter gjevne i ansvarsbrev
 - dokumenterte rutinar
- Balansert målstyring med årshjul og krav til styringsdialog og rapportering
- Internkontroll

2.2 AKTUELLE STYRINGSDOKUMENT

REGIONAL PLANSTRATEGI (RPS) 2016–2020

Planstrategien vart vedteke av Fylkestinget i sak 23/16 den 14.06.2016, og skal dekke eit regionalt behov for å finne ut kva som kan føre fylket i ynskt retning. Strategien skal etablere eit felles utfordrings- og målbilete for fylket, setje retning for bruk av verkemiddel og ressursar og ta stilling tilkva som skal takast opp gjennom regionale planar og strategiar framover. Ein kan òg seie at

regional planstrategi er ein «plan for planane» som skal styrke samhandlinga mellom forvaltningsnivåa. For fylkeskommunen er planstrategien ein del av den rullerande fireårsplanlegginga som vert kopla til tett opp mot økonomi- og verksemdsplanlegginga.

Overordna utfordringar som det er semje om i RPS:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og inkludering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringane

Overordna mål – målbilete og effektar:

Overordna mål - målbilete	Ønska effektar av dei overordna måla
1. Skape 500 nye arbeidsplassar kvart år, der det satsast på å nytte lokale ressursar, vere pådrivar i det grøne skiftet, skape mangfald i arbeidsplassar og samspel mellom kunnskapsmiljø, offentleg sektor og næringsliv.	<ul style="list-style-type: none"> • Fylket har ei årleg netto auke i arbeidsplassar på over 100. • Folketalet i fylket har auka med 1% i året. • Sogn og Fjordane har store naturressursar og kulturverdiar, og vi nyttar desse som drivkraft i samfunnsutviklinga.
2. Det er etablert eit forpliktande samarbeid mellom regionale og lokale aktørar for å utvikle sentra i dei største kommunane, med tiltak knytt til møteplassar, trivsel, kollektiv-, gang- og sykkelløysingar og gode arbeidsplassar med eit næringsliv i vekst.	<p>Fylket har nådd måla ovanfor fordi vi har satsa på ein tredelt strategi med effektane:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Har vidareutvikla to sjølvforsterkande bu- og arbeidsmarknadane i fylket; Sunnfjord og Sogndalsområdet. • Har vidareutvikla attraktive regionsentra og kommunesentra som har ein styrka bu- og arbeidsmarknad rundt seg. • Har gitt rom for lokale eldsjeler/-miljø som får høve til å skape si framtid og arbeide for utvikling i mindre sentrale strøk.
3. Utviklinga av sentra er knytt til gode kommunikasjonar i bu- og arbeidsmarknadsregionar.	
4. Strategiar for å utjamne avstandssulemper, skape rammer for utvikling for å skape attraktivitet i mindre sentrale strøk og strategiar for å utvikle sentra skjer samstundes.	
5. Fylket skal tilby utdanningar med kvalitet over landssnittet, både ut frå samfunnet sitt behov og vere leiande i utdanning og skuleresultat.	
6. Fylket skal vere eit ope og inkluderande samfunn og alle kommunane har tydelege strategiar for å inkludere innvandrarak/tilflyttarak.	<ul style="list-style-type: none"> • Fylket har etablert heilskap i plan- og strategiarbeid gjennom mobilisering og forplikting i partnerskapsavtaler. • Fylket har tenester av ein kvalitet og har eit omdøme som gjer at innbyggarakane i Sogn og Fjordane opplever det som eit attraktivt og godt fylke å bu og leve i, arbeide i og besøke. • Fylket har jamna ut sosial ulikskap og har innbyggarakar med høg trivsel og opplevd livsmeistring, frå vogge til grav. • Fylket har kulturopplevingar som gjev eit rikare liv og bygger identiteten vår. • Fylket har redusert kvinneunderskotet.
7. Folkehelse skal vere med som ein grunnleggande del i samfunnsplanlegginga og levekåra i fylket er betra.	
8. Fylket deltek i bygging av verdikjeder som gjev netto nullutslepp, innan bygg og ferje/båttransport og innkjøp	
9. Fylket følgjer opp klimautfordringane gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringane med mål som er tråd med nasjonale og internasjonale målsetjingar, bl.a. Paris-avtalen (2015).	<ul style="list-style-type: none"> • Fylket er eit føregangsfylke i det grøne skiftet og har tatt ein posisjon i å utnytte dei lokale og regionale verkemidla til å bygge verdikjeder for eit samfunn med netto nullutslepp. • Fylket har vorte eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av alle typar fornybar energi. Ved utbyggingar har held vi tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar på eit berekraftig nivå.

KVA SKAL VI JOBBE MED AV REGIONALE PLANAR OG STRATEGIAR I 2016-2020?Nye planar:

- Strategisk plan for kysten
- Regional plan for kultur
- Regional plan for arealbruk

Revidering/rullering av eksisterande planar:

- Regional transportplan
- Fylkesdelplan for klima og miljø
- Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Regional plan for vassforvaltning
- Regional plan for folkehelse

Plan	2016	2017	2018	2019	2020
Nye planar:					
Strategisk plan for kysten					
Regional plan for arealbruk					
Regional plan for kultur					
Revidering/rullering av eksisterande planar					
Regional transportplan					
Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv					
Regional plan for vassforvaltning					
Fylkesdelplan for klima og miljø					
Regional plan for folkehelse					

Det er også utarbeidd ein strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling i 2016-17.

Dei regionale planane gjev ein overordna politikk for fylket innan sine område. Dei gjev strategiar for utviklingsarbeid, for forpliktande samarbeid og utformar mål og retningslinjer for partnerskapen.

Den regionale planlegginga dannar, saman med lovverket innanfor dei enkelte sektorane, det overordna grunnlaget for korleis den fylkeskommunale verksemda skal planleggast og drivast. Ein verksemdsplan kan gi mål og strategiar for korleis fylkeskommunen samla skal ivareta utviklarrolla og eigne tenester.

SEKTORPLANAR

Fylkeskommunen har utarbeidd sektorplanar for einskilde sektorar med utgangspunkt i den tidlegare fylkesplanen med handlingsprogram som ligg til grunn for dei vedtekte satsingane.

MÅLA FOR FYLKESKOMMUNEN – FASTLAGT GJENNOM TIDLEGARE BUDSJETT

- Ta vare på og vidareutvikle fylket sine fellesinteresser. Dette arbeidet skal utførast innanfor råma av det nasjonale fellesskapet, og med siktemål å få ei berekraftig utvikling.

- Vere ein aktiv regional utviklingsaktør og samarbeidspart.
- Vere ein brukarorientert organisasjon. Vi skal dekke viktige deler av innbyggjarane sine tenestebehov, og medverke til ei god samfunnsutvikling.
- Sikre kvaliteten på tenestene ved høg fagleg og etisk standard. Vi skal vidareutvikle tenestene gjennom læring og dialog med brukarane og andre samarbeidspartar.
- Medverke til livslang læring og trivsel hjå dei tilsette.
- Det skal takast omsyn til universell utforming i heile den fylkeskommunale verksemda.

2.3 AKTUELLE STYRINGSVERKTØY

ETISKE STYRINGSVERKTØY

Dei etiske styringsverktøya vart reviderte hausten 2014. Fylkestinget vedtok då følgjande grunnleggjande verksemdsidé for fylkeskommunen:

- Demokratisk forankra
- Gode tenester
- Høg tillit
- Utviklingsorientert

Fylkestinget vedtok også at dei overordna normene for fylkeskommunen skal vere:

- Open – med innsikt, integritet og respekt

Vi skal aktivt skaffe oss innsikt:

- For å kunne vere ein god tenesteytar eller ein viktig samarbeidspart i utviklingsarbeidet er det viktig med innsikt i samfunnstilhøve og -utviklinga i fylket.
- Det krev sær eigen innsikt i det å arbeide eller vere ombodsmann i ein politisk styrd organisasjon.
- For at fylkeskommunen skal oppfylle mål og plikter overfor samfunnet og brukarar, krev det innsikt i arbeidet(-prosessane) for å sikre effektiv ressursbruk.
- Ein fylkeskommune med høg etisk standard, har folkevalde og tilsette som set seg inn i og reflekterer over etiske spørsmål og jamleg har etikk på dagsorden.

Vi har integritet ved at vi har vilje og evne til å halde på viktige prinsipp og vere sjølvstendige:

- Objektivitet er avgjerande for at ålmenta har tillit til at det skjer ei forsvarleg saksbehandling.
- Som folkevalde og tilsette kan vi kome i situasjonar som gjev oss mulegheita til å misbruke posisjon, tillit og makt. Personar utanfor fylkeskommunen kan fremje særinteresser og utøve press som kan vere vanskeleg å handtere, og som kan setje integriteten til den enkelte på prøve.
- Vi må vere medvitne om risikoen for korrupsjon og arbeide med å førebygge og hindre at slik åtferd utviklar seg. Vi skal markere at det ikkje løner seg å misbruke posisjon og tillit for å tilgodesjå seg sjølv eller andre – eller å setje fram tilbod om det.
- Både tilsette og folkevalde skal varsle om kritikkverdige tilhøve i fylkeskommunen. Varsling er ønskjeleg sjølv om dette kjem i konflikt med interessene til fylkeskommunen.

Vi viser respekt og tek omsyn:

- Fylkeskommunen skal utvikle og forpakte verdiar i vidaste meining til beste for samfunnet.
- Tilhøvet mellom folkevalde og tilsette bør vere prega av tillit, ansvar, engasjement, entusiasme, integritet, ærlegdom, rettferd og lojalitet.
- I møtet med brukarane skal vi vise respekt for den enkelte, ta vare på velferda og tryggleiken deira, og ta omsyn til teieplikta.

- Vi ønskjer ei berekraftig samfunnsutvikling, som sikrar livskvaliteten og livsgrunnlaget både i dag og for komande generasjonar.

Vi fremjar openheit. Fylkeskommunen er demokratisk forankra og vi vernar om demokratiet:

- Kontroll skjer mellom anna gjennom openheit og innsyn i den fylkeskommunale verksemda. Det sikrar også rettstryggleiken til den enkelte og sikrar god etisk standard.
- Det er viktig å utøve myndigheit på ein trygg måte. Slik skaper vi eit levande lokaldemokrati og ei tillitsskapande forvaltning.
- Fylkeskommunen skal drive aktiv informasjon om si verksemd.
- Vi skal legge tilhøva til rette for eit funksjonsdyktig fylkeskommunalt folkestyre, for offentlig innsyn i fylkeskommunen si forvaltning og for ei rasjonell og effektiv forvaltning.

BALANSERT MÅLSTYRING

Balansert målstyring medverkar til at organisasjonen vert styrt ut frå eit fleirdimensjonalt syn. Ein styrer ut frå kunnskap om fortida (t.d. økonomiske resultat), notida (t.d. brukaropplevingar og interne tilhøve) og framtida (t.d. behov for læring og kompetanse), og ein ønskjer å ivareta både eksterne og interne mål. Det balanserte målstyringsfokuset er i fylkeskommunen ivareteke innanfor eit forenkla styrings- og rapporteringssystem med tre fokusområde (jf. illustrasjon):



Figur: Tre overordna fokusområde for Sogn og Fjordane fylkeskommune

Målekartet er meint å vere ein lett tilgjengeleg og kompakt dokumentasjon av kjerneinnhaldet i styringssystemet, og skal nyttast både i planleggings-, oppfølgings- og evalueringsarbeidet.

Målekartet prioriterer auka kunnskap om korleis brukarane og samarbeidspartane våre vurderer tenestetilbodet og tilretteleggingsarbeidet vi gjer. Vidare legg vi eksisterande datagrunnlag til grunn så langt dette let seg gjere.

Det vert lagt opp til at innhenting av data som i utgangspunktet ikkje er tilgjengeleg, og som krev etablering av eigne rutinar for datafangst og analyse, vert koordinert. Dette gjeld i stor grad data frå ulike former for brukar- og/eller medarbeidarundersøkingar. Målet er å samordne og koordinere datainnsamlinga, slik at vi unngår dobbeltarbeid. Like eins er det viktig at brukarar og samarbeidspartar møter ein koordinert fylkeskommune og ikkje mange parallelle undersøkingar.

Målekartet

Tydelege tilbakemeldingar på jobben vi gjer og resultatata vi oppnår er ein føresetnad for at vi skal kunne tilpasse oss samfunnsendringar og prestere i forhold til måla våre. Krava frå politiske styresmakter, samarbeidspartar og brukarar er store. Samstundes er ressursane avgrensa. Målekartet er eit verktøy for konkretisering av politisk fastsette mål og for resultatmåling.

Frå og med budsjettet for 2015 er målekarta justerte slik at dei er enklare og meir tenlege i høve styring og rapportering. Dette vart gjort ved å forenkle og justere innretninga i det tidlegare målekartet. Det vart frå dette året lagt opp til eitt felles målekart. Dette tek i større grad omsyn til at sektorane har svært ulike oppgåver.

Det forenkla styrings- og rapporteringssystemet har tre overordna fokusområde:

- Tenesteyting – tenester med høg kvalitet og brukarane i sentrum
- Regional utvikling – tilrettelegging for samhandling, satsing og vekst i fylket
- Medarbeidar og organisasjon – trivsel, kompetanse og effektivitet i oppgåveløysinga

Dei tre fokusområda ligg fast for alle organisatoriske einingar og sektorar. Dei enkelte sektorane har identifisert inntil seks suksessfaktorar for si verksemd innan desse gjevne fokusområda. Dette er suksessfaktorar som må inntreffe for at vi skal kunne seie at fylkeskommunen lukkast som organisasjon.

Det er lagt vekt på å identifisere suksessfaktorar og måleindikatorar som måler våre eigne, og ikkje eksterne aktørar, sine prestasjonar. Suksessfaktorane skal utgjere dei mest sentrale elementa i utviklinga av eitt felles, forenkla målekart.

Målekartet har fire omgrep som er sentrale, og desse ligg til grunn for våre justeringar:

- Fokusområde: Dei tre hovudområda vi har valt ut for å vere ein god fylkeskommune er *tenesteyting, regional utvikling og medarbeidar og organisasjon*. Desse er sams for alle.
- Suksessfaktorar: Våre aller viktigaste bidrag for at vi lukkast innan dei tre utvalde fokusområda. Desse har avdelingane sjølve valt ut og prioritert.
- Måleindikator: Måleining- og metode som fortel oss så konkret som muleg korleis vår prestasjon innan suksessfaktorane faktisk er.
- Ambisjonsnivå: Kva resultatmål ønskjer vi å oppnå, og kor stort avvik tolerer vi frå ønskt resultat før vi set i verk tiltak?

Fokusområdet «Medarbeidar og organisasjon» har ikkje ei sektorinnretning, og dette er felles for heile organisasjonen.

Vidareføring med mindre justeringar

Målekartet skal årleg rullerast i samband med budsjettfastlegginga. Ein gjennomgang viser at dei fleste sektorane i hovudsak ønskjer å vidareføre målekartet slik dette var for 2017. Fylkesrådmannen har starta førebuinga av ei undersøking retta mot samarbeidspartar og brukarar i 2018, då ein ikkje fann kapasitet til å førebu og gjennomføre ei slik undersøking i 2017. Undersøkinga tek utgangspunkt i gjeldande målekart innan fokusområda «Tenesteytar» og «Regional utviklingsaktør». Sektorane ønskjer ikkje å gjere større endringar innanfor fokusområda før ein kjenner måloppnåinga i høve gjeldande måleindikatorar.

MÅLEKART FOR SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

FOKUSOMRÅDE		SUKSESSFAKTOR	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSNIVÅ		
TENESTEYTING						
Kultur	T1	Gode tenester innan kulturformidling. Dette gjeld tilbud fylkeskommunen har ansvar for å tilby i fylket: Formidling av ei profesjonell kulturoppleving, historisk kunnskap og/eller mulegheit til å delta i kulturaktivitetar.	T1.1	Nøgd partnerskap og nøgde brukarar. Brukarundersøkingar: 2017 Kultur for alle 2018 Kulturminne (arkeologi, fartøy) 2019 Arkivtenesta, digital kulturformidling 2020 Tilbod til born og unge:DKS, UKM.	T1.1-1	Positiv utvikling over tid.
			T1.2	Godt tilbud til publikum v. kulturinstitusjonane. Publikumsundersøking: 2017 Opera Nordfjord 2018 Sogn og Fjordane teater 2019 Musea i fylket 2020 Norsk Countrytreff 2021 Førdefestivalen	T1.2-1	Positiv utvikling over tid.
	T2	Gode tenester innan språk og litteratur. Dette gjeld litteraturformidling som fylkeskommunen sjølv står for eller legg til rette for gj. utv.arbeid og kompetansebygging, med vekt på formidl. av nynorsk språk og litteratur og formidl. til born og unge.	T2.1	Nøgd partnerskap og nøgde brukarar. Brukarundersøkingar: 2017: Bruk av nynorsk i fylkeskommunen 2018: Litteraturformidling til born og unge 2019: Litteratur med tilknytning til Sogn og Fjordane	T2.1-1	Positiv utvikling over tid.
	T3	Kunnskapsdeling gjennom å gjere historiske kjelder tilgjengeleg.	T3.1	Utvikle gode og oppdaterte digitale tenester for kulturformidling: Digitaliserte kjeldesamlingar, arkivmateriale, fakta, kulturstatistikk. Skape nye	T3.1-1	Positiv utvikling over tid: Auka etterspurnad når fleire historiske kjelder vert tilgjengelege.

				formidlingskanalar. Tenestene skal vere universelt tilrettelagt. Kartlegging i 2017 og 2019.		
Vidaregåande opplæring	T4	Læringsmiljø.	T4.1	Trivsel.	T4.1-1	Elevar: 4,4 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga
					T4.1-2	Lærlingar: 4,5 (skala 1-5). Kjelde: Lærlingundersøkinga
			T4.2	Meistring.	T4.2-1	Elevar: 3,8 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga
					T4.2-2	Lærlingar: 4,0 (skala 1-5). Kjelde: Lærlingundersøkinga
	T5	Læring.	T5.1	Karakterutvikling/ resultat.	T5.1-1	15 fag med sentralt gitt eksamen med resultat over landsgjennomsnittet.
					T5.1-2	25% av lærlingane som tek fag- og sveineprøve oppnår resultatet: <i>Bestått mykje godt.</i>
			T5.2	Standpunktkarakter og eks.res. i norskfaget.	T5.2-1	0,4 karaktergrader i avvik.
	T6	Gjennomføring.	T6.1	Gjennomføring.	T6.1-1	I 2017 skal 81% av dei som byrja i vidareg. opplæring i 2012 ha gjennomført opplæringa.
Samferdsle	T7	Fleire reiser kollektivt med buss og båt.	T7.1	Tal reisande med buss, båt (ekskl.skuleskyss).	T7.1-1	Fleire enn 1,7 mill. reisande med buss.
					T7.1-2	Fleire enn 560 000 reisande med båt.
	T8	Fylkesvegnettet har god framkome.	T8.1	Gjennomsnittleg spordjupne i mm.	T8.1-1	Mindre enn 19 mm.
	T9	Kollektivtrafikktilbodet vert opplevd som godt.	T9.1	Tal som opplever tilbodet som godt.	T9.1-1	Positiv utvikling over tid.
Tannhelse	T10	Fungerande tenesteproduksjon.	T10.1	Tal prioriterte pasientar under tilsyn.	T10.1-1	Gruppe A2: 90% Gruppe B: 95% Gruppe C1: 85% Gruppe C2: 70% Gruppe D: 60%

	T11	Tannhelse-tilstand prioritert klientell.	T11.1	DMFT = 0 ¹	T11.1-1	5-åringar: 80% 12-åringar: 60% 18-åringar: 25%
¹ DMFT er definert som tal tenner (teeth) med karies (decayed), manglar (missing) og fylt (filled) på individnivå. DMFT gjev eit oversyn over total tannhelsestilstand, både tidlegare sjukdomserfaring og no-situasjon.						
REGIONAL UTVIKLING						
Kultur	R1	Fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.	R1.1	Gode tenester innan kulturformidling. Sikre føreseielege rammevilkår for kulturlivet. Fremje profesjonalitet og kvalitet i kulturlivet.	R1.1-1	Positiv utvikling over tid.
	R2	Kulturområdet si rolle i samfunnsutviklinga vert styrkt.	R2.1	God samhandling med kommunane og frivillig sektor, jf. årlege tilbakemeldingar.	R2.1-1	Positiv utvikling over tid.
			R2.2	Tal kulturtilsette i kommunane som deltek i kompetansehevande tiltak innan planlegging, utvikling og tilrettelegging for kulturutvikling aukar.	R2.2-1	Positiv utvikling over tid.
			R2.3	Initiere kompetansebyggande tiltak innan dei ulike kulturfagområda. Årleg kartlegging av deltakarar og tal.	R2.3-1	Positiv utvikling over tid.
			R2.4	Innspel til kommunale planstrategiar og samfunnsdelen til kommuneplan.	R2.4-1	Ambisjon: Kultur skal uttale seg om alle planstrategiar og kommuneplanar sin samfunnsdel.
	R3	Stimulere til verdiskaping bygd på kulturarvverdiar i Sogn og Fjordane.	R3.1	Kommunane kartlegg kulturminna og tek desse i bruk i lokalsamfunnsutviklinga.	R3.1-1	24 kommunar har utarbeidd lokal kulturminneplan og nyttar denne vidare i lokalsamfunnsutviklinga.
			R3.2	Verdiskapingsprosjekt basert på utvikling av kulturminneverdiar vert initiert.	R3.2-1	Positiv utvikling over tid.
	R4	Dialogen og samhandlinga	R4.1	Skape regelmessige møteplassar.	R4.1-1	Arrangere årlege dialogmøte mellom

		med kulturaktørane vert vidareutvikla.				frivillig sektor/ kulturarrangørar og kulturinstitusjonane.
					R4.1-2	Deltek på minst 1 møte med kvart regionale kulturnettverk i året.
					R4.1-3	Initiere, delta i og vidareutvikle faglege nettverk.
			R4.2	Utviklingsavtalar m. fagmiljø og frivillig sektor.	R4.2-1	Minst 3 nye avtalar vert inngått kvart år.
Vidaregåande opplæring	R5	Samsvar mellom dimensjonering av opplærings-tilbodet og behovet for fagarbeidarar.	R5.1	Samsvar mellom tilgang til læreplassar og tal søkjarar til læreplass.	R5.1-1	90% av alle med ungdoms- eller vaksenrett som søker læreplass som første ønske får tilbod.
Næring	R6	Framdrift og effektivitet i prosjekta fylkeskommunen støttar.	R6.1	Tal avslutta prosjekt registrert i databasen regionalforvaltning.no	R6.1-1	Komplett oversyn over prosjekt og registrert avslutning på ferdige/ikkje sette i gang prosjekt.
					R6.1-2	Samsvar budsjett og rekneskap i alle registrerte prosjekt.
	R7	Bestillar-kompetanse.	R7.1	Tal spesifiserte oppdrag, vurdering av kvalitet.	R7.1-1	Komplett oversyn over oppdrag i samband med regional plan for verdiskaping.
	R8	Nøgd regional partnerskap.	R8.1	Nøgd partnerskap og nøgde brukarar.	R8.1-1	Samla skår på 80% nøgde partnerar.
	R9	Rask sakshandsaming.	R9.1	Tal marine saker handsama i tråd med forskrift.	R9.1-1	Alle sakene handsama i tråd med forskrift.
			R9.2	Andre saker Informasjonsnivå til søkjarar, god skriftleg standard.	R9.2-1	Alle søkjarane skal ha informasjon i tråd med skriftleg standard.
	R10	Utvikling i tal arbeidsplassar jf. målsetting i verdiskapingsplanen.	R10.1	Tal brutto og netto nye arbeidsplassar.	R10.1-1	Saman med partnerskapen legge til rette for 500 nye arbeidsplassar kvart år, med ein arbeidsplassvekst på netto 100 i året.
Plan	R11	Formalisert og godt samarbeid mellom kommunane og fylkeskommunen om planstrategiar	R11.1	Tal på planstrategiar, kommune(del)planar og områdeplanar der FK gjer høyringssvar.	R11.1-1	FK skal gje høyringssvar til kommunane på planstrategi og alle

		og planarbeid.				overordna planar.
			R11.2	Tal kommunar som deltek på regional plansamling	R11.2-1	Alle kommunane deltek på regional plansamling.
			R11.3	Tal kommunar som deltek i regional planforum.	R11.3-1	Alle kommunar deltek i planforum med planstrategi og overordna plan(ar).
			R11.4	Tal kommunar som deltek i Plannettverk	R11.4-1	Alle kommunane skal delta i plannettverk.
	R12	Kommunane har gode og oppdaterte tal og prognosar for sitt planstrategiarbeid.	R12.1	Kommunane har teke omsyn til regional planstrategi i sitt arbeid.	R12.1-1	Tilby kommunane eit notat om tal, prognosar og analyse til bruk i sin planstrategi.
			R12.2	Oppretthalde og vidareutvikle Fylkesspegelen.	R12.2-1	Halde Fylkesspegelen løpande oppdatert, og sende ut nyhendebrev når vi har publisert ny relevant statistikk.
	R13	Sterke regionale samfunnsbyggjande organisasjonar.	R13.1	Forpliktande samarbeidsavtalar mellom einskildorganisasjonar og fylkeskommunen innanfor satsingsområda.	R13.1-1	Minst to samarbeidsavtalar innanfor kvart satsingsområde.
			R13.2	Etablert dialog for evaluering og vidareutvikling av samarbeid.	R13.2-1	Gjennomføre dialogmøte på leiarnivå to gonger i året.
	R14	Godt tverrfagleg (nybrotts)arbeid knytt til tettstadutvikling	R14.1	Tilgjengelige midlar og gode prosjekt innan tilskotsordninga til tettstadutvikling og stadforming.	R14.1-1	Tilskotsordninga for tettstadutvikling og stadforming vert oppretthalde og styrka.
			R14.2	Tal symposium for tettstadutvikling	R14.2-1	1. symposium i året
Samferdsle	R15	Forfallet på tunnelar blir redusert.	R15.1	Tal tunnelar som vert mørklagde eller stengde i løpet av året.	R15.1-1	Ingen stengde.
					R15.1-2	
	R16	Godt tilrettelagt ruteproduksjon.	R16.1	Tal passasjerkilometer med buss og båt (ekskl. skuleskyss) jf. registrerte data.	R16.1-1	Positiv utvikling over tid.
Tannhelse	R17	Kjennskap til tannhelsemessige utfordringar i fylket.	R17.1	Plandokument er oppdatert i forhold til konkrete utfordringar	R17.1-1	Vurdere kvart år om plandokumentet må oppdaterast på

				på tannhelse-området.		fokusområde.
	R18	Utvikle godt samarbeid med kommunane og andre organisasjonar.	R18.1	Inngå forplikande samarbeidsavtalar med kommunar og helseføretak på tannhelse-relaterte område for eksempel folkehelsearbeid.	R18.1-1	Avtale med alle kommunar og helseføretak.
MEDARBEIDAR OG ORGANISASJON						
Alle	M1	Medarbeidarar opplever arbeidet som utfordrande og meningsfullt.	M1.1	Medarbeidarundersøking: Opplevd kvalitet.	M1.1-1	Minst 86 poeng i gjennomsnitt av 100 oppnåelege.
	M2	Medarbeidarar opplever at arbeidet stimulerer til læring.	M2.1	Medarbeidarundersøking: Opplevd eigen- og leiarvurdering.	M2.1-1	Minst 56 poeng i gjennomsnitt av 100 oppnåelege.
	M3	Sjukefråveret i Sogn og Fjordane fylkeskommune er lågt og stabilt. Nærvere som alternativt omgrep.	M3.1	Registrerte data.	M3.1-1	Sjukefråvere på maksimalt 5% i gjennomsnitt. Fråveret er sett lik stabiliseringsmålet i den «Inkluderande arbeidslivsavtalen» med NAV.
	M4	Medarbeidarar opplever leiarane som støttande, motiverande, utviklande og rettferdige.	M4.1	Medarbeidarundersøking: Opplevd kvalitet.	M4.1-1	Minst 78 poeng i gjennomsnitt av 100 oppnåelege. Behov for fleire indikatorar/ambisjonar?
	M5	Fylkeskommunen har som arbeidsgjevar godt omdøme og trekker til seg sterke søkarar.	M5.1	Registrert søknadsinngang.	M5.1-1	Positiv utvikling over tid.

ÅRSHJULET

Eit årshjul visualiserer dei årlege og periodiske arbeidsprosessane som einingane i ein organisasjon gjennomfører. Føremålet med å utarbeide årshjul er å sikre at prosessar og aktivitetar vert sett i samanheng og gjennomførde i ei logisk og tenleg rekkefølge. Ved å utarbeide eit overordna årshjul vil alle ha eit sams bilete av kvar i planleggingsprosessane vi til ei kvar tid står, samt kva som er forventa planlagt og gjennomført til ulike tidspunkt.

Årshjulet viser innplasseringa av dei mest sentrale prosessane og aktivitetane som involverer både politisk nivå, administrativt nivå og verksemdsnivået.

Overordna årshjul for Sogn og Fjordane fylkeskommune inkluderer følgende hovudelement:

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Element i årshjulet				
Prosessar og aktivitetar		Politisk nivå	Administrativt nivå	Verksemdsnivå
Planlegging	Budsjett/Økonomiplan	X	X	X
	Handlingsprogram (regionale planar)	X	X	X
	Regional planstrategi	X	X	X
	Nye regionale planar	X	X	X
Oppfølging	Tertialrapport 1 og 2	X	X	
	Styringsdialogar (dialogmøte)		X	X
	Utviklingssamtalar		X	X
	Arbeidsmiljøkartlegging		X	X
Evaluering	Årsrekneskap	X	X	X
	Årsrapport	X	X	X
	KOSTRA-rapportering		X	X
	Undersøking(ar) retta mot regionale samarb.parter *	X	X	X
	Medarbeidarundersøking *		X	X

3. ØKONOMIPLAN

Budsjett- og økonomiplanarbeidet har vore og er framleis sterkt prega av den økonomiske situasjonen Sogn og Fjordane fylkeskommune er inne i. I denne situasjonen har fylkeskommunen funne det tenleg å dele budsjettarbeidet i åra framover i to prosessar; budsjettprosess om hausten og økonomiplanprosess om våren.

2019 er det siste budsjettåret for Sogn og Fjordane fylkeskommune, jf. regionreforma. Frå 2020 er Sogn og Fjordane blitt ein del av eit større fylke, og fylkeskommunen er slått saman med Hordaland fylkeskommune.

Dei to fylkestinga har den 27.10.17 vedteke å etablere ei fellesnemnd som skal planleggje og førebu iverksetting av samanslåinga. Fellesnemnda har også ansvar for det førebuande arbeidet med budsjettet for 2020, og for økonomiplanarbeidet for perioden 2020-23.

Fellesnemnda startar opp sitt arbeid etter fylkestinget sitt økonomiplanvedtak. Det er difor for tidleg å skissere korleis økonomiplanarbeidet framover vil bli lagt opp.

Det er også varsla at det vil kome eit nytt inntektssystem frå 2020 i samband med regionreforma. Korleis dette vil påverke dei økonomiske rammene er enno uvisst.

3.1 ØKONOMIPLAN 2018-21

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak i sak 27/17 «Økonomiplan 2018-2021» i juni 2017:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin økonomiplan 2018-2021 vert vedteken slik det går fram av fylkesrådmannen si saksframstilling.
2. Næring og Kultur får auka driftsramme med 1 million til teneste 7720 Kunstproduksjon. Auken vert dekkja av redusert avsetning til bufferfondet.
3. Dette gjev følgjande rammer for fellesinntekter og –utgifter:

	2018	2019	2020	2021
Skatt på inntekt og formue	-611,449	-606,449	-601,449	-596,449
Statleg rammetilskot	-1 693,339	-1 658,038	-1 596,721	-1 596,721
Regionale utviklingmidlar (KMD-midlar)	-58,010	-58,010	-58,010	-58,010
Driftsmidlar til investering	2,000	2,000	2,000	2,000
Fylkeskommunal næringsverksemd	-40,000	-40,000	-40,000	-40,000
Kapitalinntekter/-utgifter - netto	117,490	124,090	127,690	128,090
Bruk/avsetning til fond	56,020	10,860	12,880	6,825
Ufordelte fellespostar - pensjon	-12,000	-12,000	-12,000	-12,000
Fellesinntekter og -utgifter - netto	-2 239,288	-2 237,547	-2 165,610	-2 166,265

4. Dette gjev følgjande sektorrammer:

	2018	2019	2020	2021
Politisk styring, plan og forvaltning	167,555	167,156	166,508	167,163
Opplæring	833,164	826,882	822,199	822,199
Tannhelsetenesta	78,786	78,786	78,786	78,786
Næring og kultur	146,569	144,909	144,909	144,909
Samferdsle	1 013,214	1 019,814	953,208	953,208
Sum sektorrammer	2 239,288	2 237,547	2 165,610	2 166,265

Desse rammene vert lagt til grunn for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

- Førebels investeringsvolum vert auka med 1,5 mrd. kr i høve økonomiplan 2017-20. Dette talet må likevel nedjusterast tilsvarende FT sitt vedtak i sak 13/17 – kapitaltilførsel til SFE AS. Den samla auken er føresett finansiert ved bruk av fond.
- Økonomiplanen 2018-2021 har form av å vere eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2017/økonomiplan 2017-20. Det inneber at berre endringar i høve nemnde budsjett/økonomiplan er kommenterte.
- Tilrådde tilpassingar på både drifts- og investeringsbudsjettet må om naudsynt utgreiast og konkretiserast som ein del av arbeidet med budsjett 2018.
- Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei oversikt på korleis midlar retta mot ferjefylka vert nytta i tråd med forventningar frå departementet og fylkeskommunen sine planar og behov på området.
- Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome tilbake til fylkestinget med ei vurdering på behov for forskottering av planleggingsmidlar til rassikringsprosjekt i samband med RTP og behandling av økonomiplan i desember.
- Fylkestinget er positiv til realisering av ny, innandørs fotballhall i Florø.
Fylkestinget vil vurdere støtte til etablering når ein evt får førelagt ein konkret søknad. Denne må i så fall vurderast opp imot regionale planar og økonomiske føresetnader.

Fylkesrådmannen si saksframstilling i denne saka følgjer i [vedlegg 2](#) til budsjettdokumentet. Saka hadde form av å vere eit endringsdokument i høve gjeldande økonomiplan, og det vart ikkje utarbeida nytt tekstdokument med grunnlag i vedtaket.

Økonomiplan 2018-21 har danna grunnlag for arbeidet med årsbudsjettet for 2018, og åra 2019-21 er berre endra i den grad nye føresetnader og endra rammer har gjort dette naudsynt. Dei gjennomgåande økonomiplandrøftingane er, i tråd med ny ordning, vist til økonomiplanarbeidet våren 2018.

Føresette endringar i økonomiplanperioden er omtala under dei ulike sektoromtalane i dette budsjettdokumentet.

3.2 KOMANDE ØKONOMIPLAN (2019-22)

På nyåret startar arbeidet med økonomiplan 2019-22 – der hovudmålet er å dra dei meir langsiktige linene for den økonomiske utviklinga i fylkeskommunen. Det vil vere

Økonomiplanarbeidet om våren som vert arena for å ta overordna grep på tvers av sektorane og å gjere eventuelle justeringar i rammene for den enkelte sektor.

ØKONOMIPLANPROSESS VÅREN 2018

Det vert lagt opp til slik prosess og framdrift i arbeidet med økonomiplan 2019-22 våren 2018:

Tidsrom	Arbeidsoppgåver	Politisk nivå	Adm. Nivå
Mars 2018	Møte i finansutvalet. Oppstart av ny budsjettprosess.	FINU	
Mars - april	Innspel frå hovudutvala som sektorspesialistar.	HU	
Mai 2018	Møte i finansutvalet.	FINU	
15 mai	Framlegging av kommuneproposisjonen 2018	KMD	FRM
Mai 2018	Utsending av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2019-22		FRM
Mai 2018	Hovudutvala si handsaming	HU	
Mai 2018	Fylkesutvalet si handsaming	FU	
Juni 2018	Fylkestinget si slutthandsaming	FT	

Økonomiplanen er for åra 2019-21 saldert med bruk av fond. Vidare er det usikkerheit til blant anna føresett tapskompensasjon og om alle vedtekne innsparingstiltak vil gje føresett innsparing. Det vil difor fortsatt vere ei viktig oppgåve å implementere dei vedtekne innsparingstiltaka som så langt ikkje er blitt effektuert.

I ramma til opplæringssektoren er det framleis eit ufordelt innsparingskrav på 2,5 mill. kr frå 2020. Her må det arbeidast med å finne ei løysing. Vidare kan andre sektorar få nye innsparingskrav lagt til si sektorrammen viss innsparingar ikkje gjev forventna økonomisk gevinst. Det same gjeld viss det er nye tiltak som det er ønskjeleg å prioritere.

Det er etablert nokre køyrereglar som har vore og framleis må vere sentrale gjennom heile den omstillingsprosessen vi framleis er inne i:

1. Innbyggjarane sitt beste må heile tida ha stor merksemd - det er dei vi er til for.
2. Respekt for alle tilsette. FT, FU, FIN og Frm må, som overordna arbeidsgjevarorgan, handsame alle tilsette med respekt. Vi må framstå som ein god og ansvarleg arbeidsgjevar.
3. Følgje gjeldande lover og forskrifter – i forhold til både innbyggjarar, brukarar og tilsette.
4. Oppgåver kan vere lovpålagte – men sjeldan måten vi løyser dei på. Organisering og strukturar er til vanleg ikkje lovregulerte, desse må vi vere budde på å gjere noko med.
5. Tilstrekkeleg konsekvensutgreiing. Alle reduksjonsforslag må vere tilstrekkeleg konsekvensutgreidde før dei ev. vert vedtekne.
6. Planlegge/budsjettere realistisk. Det må vere mogleg å gjennomføre alle vedtak om reduksjonar.
7. Ostehøvelen er ikkje kraftig nok. Vi må vere villege til å stille spørsmål ved både oppgåver og tenester.
8. Brems og framleis litt gass. Vi bør framleis prøve å ta vare på nokre vekstelement innafor våre samla prioriteringar.

9. Sikre rett og nok kompetanse. Vi må i den fasen vi no går inn i sikre at vi har nok strategisk kompetanse på økonomisk, juridisk og organisatoriske side.
10. Betring av eksterne rammevilkår. Vi må i fellesskap arbeide for å betre fylkeskommunen sine eksterne rammevilkår.

I punkt 7 er det slege fast at ostephøvelen ikkje er kraftig nok. Vi må vere villege til å stille spørsmål ved både oppgåver og tenester.

Ostephøvelprinsippet ville ikkje utgjere eit tilstrekkeleg uttømmende grunnlag for å imøtekome dei innsparingskrava vi møter dei komande åra. I budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18) vart det skissert nokre grunnprinsipp som reiskap for å kunne gjere fruktbare og langsiktige prioriteringar:

- Kvalitet i alle vidareførte oppgåver: Det bør vere høg kvalitet på dei tenestene fylkeskommunen prioriterer å vidareføre. Kvalitet bør vurderast opp mot kvantitet i alle ledd av prioriteringsarbeidet.
- Tydeleg oppgåve- og ansvarsdeling: Vi bør ha ei aktiv haldning til fylkeskommunen si rolle innanfor fagområde der også kommunane har eit definert ansvar. Vi bør vurdere eigen ressursbruk opp mot faktisk fylkeskommunalt oppgåveansvar.
- Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar: Regional planstrategi tilseier at fylkeskommunen skal prioritere styrkinga av bu- og arbeidsmarknadsregionar med avgrensa interne reiseavstandar og felles arbeidsmarknader. Dette bør liggje til grunn for prioriteringane vi gjer i omstillingsarbeidet.
- Tydeleg rolle i den regionale partnerskapen: Vi bør prioritere auka fokus på arenabygging og tilrettelegging, og mindre på direkte finansieringsbidrag. Leiarrolla i den regionale partnerskapen bør i større grad styrke samordninga og ein felles verkemiddelbruk i og for fylket.
- Langsiktige avgjerder: Trendar og faktisk samfunnsutvikling bør i noko større grad vektleggjast. Vedtaka våre skal stå seg over tid, og dimensjonering og innretning av tenestene må tilpassast framtidige, langsiktige behov.
- Alternative finansieringskjelder: Vi bør sjå etter område der vi gjennom samarbeid og partnerskap lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt kan generere eit breiare finansieringsgrunnlag.

INVESTERINGAR

Når det gjeld investeringsprogrammet for bygg er investeringsnivået for åra 2019-21 førebels berre retningsgivande. I arbeidet med økonomiplan 2019-22 vil det vere viktig å jobbe vidare med dei prioriterte prosjekta og om mogleg å få konkretisert fleire av dei. Når det gjeld veginvesteringar er det prioriteringane i Regional transportplan 2018-2027 som må leggjast til grunn for økonomiplanarbeidet.

3.3 FINANSIELLE MÅLTAL

Følgjande finansielle måltal vert presentert:

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Rente- og avdragsbelastning
- Disposisjonsfond.

Dei finansielle måltala skal synleggjera kva som skal til for å ha ein sunn økonomi over tid, og brukast i prioriteringsdiskusjonane i budsjett-/økonomiplanprosessen.

Måltala viser utviklinga i tidsperioden 2010 – 2021. Det er ikkje fastsett kva nivå måltala skal liggja på. Måltala for økonomiplanperioden gjenspeglar også dei strategiske prioriteringane som er gjort, dvs å etablere eit forsvarleg driftsnivå på sektorane og nytte ev. overskytande handlingsrom til å styrke investeringsbudsjettet.

NETTO DRIFTSRESULTAT

Fakta:


Netto driftsresultat: Det som er att av driftsinntektene når alle driftsutgifter og finansutgifter (renter og avdrag) er betalt.

Teknisk berekningsutval for kommunesektoren og KMD reknar netto driftsresultat som hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, og tilrår frå 2014 at netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene over tid bør vera minimum 4%.

Landssnittet i 2016: 4,9%.

Status Sogn og Fjordane fylkeskommune: 6,8 % i 2016, budsjettert med om lag 2 % i økonomiplanperioden.

Eit positivt netto driftsresultat er heilt avgjerande for handlingsrommet i ein fylkeskommune. Dersom netto driftsresultat er negativt er det ikkje økonomisk bæreevne over tid. Netto driftsresultat er dermed ein sentral størrelse for å vurdere fylkeskommunen sin økonomiske handlefridom.



Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt svært positive netto driftsresultat dei seinare åra, spesielt i perioden 2010-2013 pga monalege investeringsmidlar til samferdsleformål overført via rammetilskotet. Momskompensasjon investeringar var og inntektsført i driftsrekneskapet desse åra.

Budsjettert netto driftsresultat i økonomiplanperioden 2018-21 er om lag 2 % i heile planperioden.

LÅNEGJELD

Fakta:

Netto lånegjeld = Innlån – utlån


Gjeldsgrad: Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Tilrådd nivå: Riksrevisjonen tilrår maks 75 % av årlege driftsinntekter

Landssnittet i 2016: 76,3%

Status Sogn og Fjordane fylkeskommune: 69,2% i 2016, aukande til om lag 99 % ved slutten av planperioden

Sogn og Fjordane fylkeskommune si lånegjeld er om lag 2,3 mrd. kr ved utgangen av 2017, stigande til 3,3 mrd. kr i 2021. Sett i høve driftsinntektene stig lånegjelda frå om lag 70% i 2017 til 99% av driftsinntektene ved utgangen av planperioden.



Ein annan faktor som er av betydning for storleiken på lånegjelda er kor stor del som er rentesikra og kor stor del som er utsett for renterisiko. For Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del er 498 mill. kr av gjelda pr utgangen av 2017 utsett for renterisiko – dvs. ein renteoppgang på 1 % vil gje ein auke i renteutgiftene på om lag 5 mill. kr.


RENTE OG AVDRAGSBELASTNING

Fakta:

Rente og avdragsbelastning: renter og avdrag i % av sum driftsinntekter.

Landssnittet i 2016: 4,9%.

Status Sogn og Fjordane fylkeskommune: 7,18 % i 2016, forventa 4,0% i 2018 stigande til 5,7% i 2021.



Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dei seinare åra hatt gjeldssanering som strategi. Det har m.a. medført ei høgare rente- og avdragsbelastning enn snittet av fylkeskommunane elles. I komande økonomiplan har vi, i tråd med endra strategisk tilnærming, redusert avdragsinnbetalinga gjennom;

- Forlenga avdragstida på våre lån
- Ikkje nytta ledige kapitalinntekter til ekstraordinære avdrag på låna.

I økonomiplanen for 2018 – 2021 er lånegjelda auka med om lag 1 mrd.kr. Det har medført at rente- og avdragsbelastning, stig frå 4,0% i 2018 til 5,7% i 2021.

DISPOSISJONSFOND


Fakta:

Disposisjonsfond: Midlar som gjennom åra er avsett til reservar

Tilrådd nivå: Det er ikkje nokon klar norm for kor stort disposisjonsfond bør vera, men Telemarkforskning har i ein rapport om økonomiske nøkkeltal tilrådd at disposisjonsfond bør utgjera mellom 5-10 prosent av fylkeskommunen sine inntekter.

Landsnittet i 2016: 7,7%

Status Sogn og Fjordane fylkeskommune: 21,2% i 2016, forventa 23,07 % i 2018 minkande til 12,3% i 2021.



Disposisjonsfonda er dei einaste fonda som fritt kan nyttast til dekke utgifter i både drifts- og investeringsrekneskapet. Størrelsen på disposisjonsfonda er eit uttrykk for kor store økonomisk bufferar fylkeskommunen har, og er den del av reserven som best gjev uttrykk for den økonomiske handlefridomen.

Med den bruk/avsetjing disposisjonsfond som er budsjettert i denne budsjett-/økonomiplanen vil disposisjonsfonda samla vera på om lag 409 mill. kr (12,2 % av driftsinntektene) ved utgangen av 2021.

4. TALDEL

Taldelen er oppdelt i ein driftsdel og ein investeringsdel.

Driftsdelen viser sist avlagte rekneskap (rekneskapstal for året 2016) endeleg budsjett for 2017, årsbudsjett for 2018 og økonomiplanen sine tal for åra 2019-21.

Årsbudsjettet for 2018 vert vedteke på programområdenivå. Talbudsjettet er fordelt på tenestenivå. Hovudutvala kan endre fordelinga på eigen sektor i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Vidare er det teke inn ein tabell som viser fylkeskommunen sin aktivitet (brutto utgifter, inntekter og netto utgifter på sektornivå for sist avlagde rekneskapsår).

Investeringsdelen viser samla investeringsprogram i økonomiplanperioden og tilhøyrande finansieringsprogram.

4.1 DRIFTSDEL (I MILL KR)

	16-kr	17-kr	18-kr	18-kr	18-kr	18-kr
Programområde/tenestenivå	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
800 Skatt på inntekt og formue	-609,784	-621,449	-642,000	-639,000	-636,000	-633,000
Skatt på inntekt og formue	-609,784	-621,449	-642,000	-639,000	-636,000	-633,000
840 Statleg rammetilskot	-1754,478	-1747,463	-1720,029	-1673,538	-1599,463	-1601,585
Inntektsutjanning	-43,324	-43,000	-43,000	-43,000	-43,000	-43,000
Rammetilskot	-1711,154	-1704,463	-1677,029	-1630,538	-1556,463	-1558,585
<i>Sum frie inntekter</i>	<i>-2364,262</i>	<i>-2368,912</i>	<i>-2362,029</i>	<i>-2312,538</i>	<i>-2235,463</i>	<i>-2234,585</i>
840 Øvrige generelle statsilskot	-49,657	-71,816	-52,100	-52,100	-52,100	-52,100
Regionale utviklingsmidlar	-73,930	-77,360	-54,100	-54,100	-54,100	-54,100
Andre generelle statsilskot	-1,513	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Driftsmidlar til investering	25,786	5,544	2,000	2,000	2,000	2,000
710 Fylkeskommunal næringsverksemd	-100,315	-30,550	-40,000	-40,000	-40,000	-40,000
870 Rentar/utbytte og lån (inn-/utlån)	185,542	133,075	110,213	121,631	140,734	166,614
Kapitalutgifter (renter og avdrag)	225,146	173,621	133,300	143,400	163,800	190,900
Renteinntekter, netto	-25,322	-29,540	-11,940	-11,140	-13,140	-15,040
Rentekompensasjon frå staten	-14,282	-11,006	-11,147	-10,629	-9,926	-9,246
Intern bruk/avsetjing til fond	146,071	137,597	27,690	-3,703	-27,044	-54,457
Slutts aldering - avsetjing /bruk av fond	14,540	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Innsparingskrav						
NETTO FELLE SINTEKTER	-2 168,081	-2 200,606	-2 316,226	-2 286,710	-2 213,873	-2 214,528
Politisk styring, plan og forvaltning	144,478	160,417	178,264	175,391	174,743	175,398
400 Politisk styring	20,901	23,074	48,050	48,651	48,003	48,658
4000 Utgifter til fylkesting, utval og ordførar	14,932	14,265	14,322	14,322	14,322	14,322
4003 Partistønad	4,171	4,667	4,750	4,750	4,750	4,750
4004 Diverse råd og utval	1,134	1,887	1,165	1,820	1,165	1,820
4005 Til disposisjon for utvala	0,664	2,255	2,525	2,525	2,525	2,525
4006 Innsparingskrav på sektorane		0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
4009 Avsett til løns- og prisvekst		0,000	25,288	25,234	25,241	25,241
410 Kontroll og revisjon	4,398	4,430	4,830	4,830	4,830	4,830
4100 Kontrollutvalet og revisjon	4,398	4,430	4,830	4,830	4,830	4,830
420 Administrasjon	78,124	80,913	82,321	81,315	81,315	81,315
4200 Administrasjon	43,420	44,170	44,438	44,146	44,146	44,146
4201 Personalretta tiltak	4,331	5,094	5,683	5,683	5,683	5,683
4204 Tillitsvalde og verneombod	3,760	3,907	3,908	3,908	3,908	3,908
4205 Interne støtteiningar	26,613	27,742	28,292	27,578	27,578	27,578
421 Forvaltningsutgifter eigedomsforvaltninga	8,573	9,918	10,135	10,172	10,172	10,172
4210 Bygg og eigedomsforvaltning	7,452	7,907	8,052	8,089	8,089	8,089
4211 Bygg- og bilforsikring	1,379	2,243	2,283	2,283	2,283	2,283
4212 Utleigebygg	-0,258	-0,232	-0,200	-0,200	-0,200	-0,200
430 Administrasjonslokale	5,268	5,847	7,215	7,215	7,215	7,215
4300 Administrasjonslokale	5,268	5,847	7,215	7,215	7,215	7,215
460 Tenester utanom ordinært FK ansvarsområde	1,175	7,175	1,075	0,525	0,525	0,525
4600 Oppgåver utanfor ord. ansvarsområde		0,500	0,550	0,000	0,000	0,000
4606 Diverse tilskot samferdsle	1,175	6,675	0,525	0,525	0,525	0,525
480 Diverse fellesutgifter	10,582	10,894	8,130	6,130	6,130	6,130
4800 Juridisk honorar	3,221	6,350	3,400	1,400	1,400	1,400
4801 Personalforsikringar	1,748	2,167	2,275	2,275	2,275	2,275
4802 Folkehelsearbeid	5,551	2,377	2,455	2,455	2,455	2,455
4809 Diverse fellesutgifter	0,062					

	16-kr	17-kr	18-kr	18-kr	18-kr	18-kr
Programområde/tenestnivå	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
715 Lokal og regional utvikling	15,457	18,166	16,508	16,553	16,553	16,553
7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid	2,041	3,620	1,650	1,650	1,650	1,650
7152 Lokalt plan og utviklingsarbeid	3,790	4,546	4,636	4,636	4,636	4,636
7153 Fellesfunksjonar og støttefunksjonar	0,440	0,238	0,242	0,242	0,242	0,242
7154 Utviklingsarbeid klima	1,455	1,550	1,580	1,580	1,580	1,580
7157 Internasjonalt arbeid	0,714	0,400	0,407	0,407	0,407	0,407
7159 Lokal og regional utvikling - Administrasjon	7,017	7,812	7,993	8,038	8,038	8,038
Ufordelt innsparingskrav		0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Ufordelt innsparingskrav		0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Ufordelt innsparingskrav plan		0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Opplæring	830,092	862,839	856,861	852,779	847,196	847,196
510 Skulelokale og internatbygningar	101,359	105,805	105,972	105,272	105,272	105,272
5100 Utgifter til lokale	61,827	62,805	62,597	62,597	62,597	62,597
5101 Vedlikehald og drift av skulebygg	39,532	43,000	43,375	42,675	42,675	42,675
515 Fellesutgifter og støttefunksjonar	60,300	59,557	66,013	64,396	64,396	64,396
5150 Forvaltning og fellesutgifter	44,922	41,025	49,887	53,997	53,997	53,997
5151 Fellesutgifter	12,766	14,510	13,010	7,283	7,283	7,283
5152 Eleveksamen	1,667	3,106	2,197	2,197	2,197	2,197
5153 Elev, lærling- og mobbeombod	0,945	0,916	0,919	0,919	0,919	0,919
520 Pedagogisk leining/fellesutg. og gjesteelevar	89,501	105,441	102,850	101,285	98,202	98,202
5200 Pedagogisk leing mv.	69,861	80,437	76,241	74,641	74,641	74,641
5201 Pedagogiske fellesutgifter	11,204	15,088	16,066	16,101	13,018	13,018
5202 Gjesteelevar	5,815	7,335	7,909	7,909	7,909	7,909
5203 PC-ordninga	2,621	2,581	2,634	2,634	2,634	2,634
521 -533 Utdanningsprogramma	340,968	338,165	346,653	347,453	347,453	347,453
5210 Utdanningsprogramma	337,991	329,592	337,872	338,672	338,672	338,672
5211 Gratis læremiddel	0,010	5,927	6,124	6,124	6,124	6,124
5313 Jordbrukskulegardar	2,967	2,646	2,657	2,657	2,657	2,657
554 Fagskule	25,033	24,961	10,629	9,629	9,629	9,629
5540 Fagskuleutdanning	25,033	24,961	10,629	9,629	9,629	9,629
559 Landsliner	6,610	5,305	5,514	5,514	5,514	5,514
5590 Landslinjer	6,610	5,305	5,514	5,514	5,514	5,514
561 Oppflg.tenesta og ped./psyk. teneste	18,034	18,871	19,065	19,065	19,065	19,065
5611 PP-tenesta	11,761	12,056	12,180	12,180	12,180	12,180
5613 Oppfølgings-tenesta	6,273	6,815	6,885	6,885	6,885	6,885
562 Tilpassa opplæring	64,352	68,358	66,575	66,575	66,575	66,575
5620 Tilpassa opplæring	64,352	68,358	66,575	66,575	66,575	66,575
570 Fagopplæring i arbeidslivet	106,629	116,443	108,363	108,363	108,363	108,363
5700 Fagopplæringsnemnda	0,139	0,227	0,229	0,229	0,229	0,229
5701 Opplæring i bedrift	93,698	102,995	94,566	94,566	94,566	94,566
5702 Fagprøver	12,792	13,221	13,568	13,568	13,568	13,568
581 Vaksenopplæring etter opplæringslova	5,937	10,996	13,769	13,769	13,769	13,769
5810 Vaksenopplæring	5,937	10,996	13,769	13,769	13,769	13,769
590 Andre føremål	11,369	8,937	11,458	11,458	11,458	11,458
5900 Opplæring i sos-/med.institusjonar	8,069	6,621	8,648	8,648	8,648	8,648
5901 Privatisteksamen	2,801	2,128	2,616	2,616	2,616	2,616
5902 Tilskot til elevorganisasjonar	0,017	0,040	0,041	0,041	0,041	0,041
5903 Karriererettleing	0,064	0,148	0,153	0,153	0,153	0,153
5904 Opplæring - andre områder	0,418					
Ufordelt innsparingskrav		0,000	0,000	0,000	-2,500	-2,500
Ufordelt innsparingskrav		0,000	0,000	0,000	-2,500	-2,500

	16-kr	17-kr	18-kr	18-kr	18-kr	18-kr
Programområde/tenestnivå	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Tannhelsetenesta	80,581	83,278	81,635	81,635	81,635	81,635
660 Tannhelsetenesta fellesfunksjonar	16,636	17,453	16,385	17,340	17,340	17,340
6600 Fellesfunksjonar	16,636	17,453	16,385	17,340	17,340	17,340
665 Tannhelsetenesta - pasientbehandling	63,945	65,825	65,250	65,250	65,250	65,250
6650 Pasientbehandling	63,945	65,825	65,250	65,250	65,250	65,250
Ufordelt innsparingskrav		0,000	0,000	-0,955	-0,955	-0,955
Ufordelt innsparingskrav		0,000	0,000	-0,955	-0,955	-0,955
Næring og kultur	158,385	172,032	145,487	143,671	143,671	143,671
701 Tilrettel., støttefunksj., fin.bistand for næringslivet	81,544	103,057	74,873	73,357	73,357	73,357
7010 Bedriftsretta satsingar	31,000	36,020	27,600	27,600	27,600	27,600
7011 Kommunikasjonsteknologi	1,143	8,277	3,000	1,740	1,740	1,740
7012 Bransjeretta satsingar	9,818	10,030	8,410	8,490	8,570	8,570
7015 Nyskaping	20,923	21,399	19,009	18,929	18,849	18,849
7018 Kunnskap	5,825	4,593	3,393	3,393	3,393	3,393
7019 Andre næringsområde	2,484	12,807	2,839	2,839	2,839	2,839
7099 Tilrettel. og støttefunksjon for næringslivet - Admin	10,351	9,931	10,622	10,366	10,366	10,366
716 Friluftsliv, vassregionsstyresmakt og forvaltning av vilt	2,597	2,019	2,019	2,019	2,019	2,019
7164 Klima	0,006	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
7164 Friluft, natur og vassforvaltning	0,800	1,100	1,100	1,100	1,100	1,100
7169 Friluftsliv, vassregion etc - administrasjon	1,791	0,919	0,919	0,919	0,919	0,919
740 Bibliotek	6,041	5,934	5,766	5,766	5,766	5,766
7400 Bibliotek	6,041	5,934	5,766	5,766	5,766	5,766
750 Kulturminneforvaltning	14,668	12,458	12,970	12,670	12,670	12,670
7500 Kulturminnevern	14,668	12,458	12,970	12,670	12,670	12,670
760 Museum	17,457	15,469	16,225	16,225	16,225	16,225
7600 Muséer	17,457	15,469	16,225	16,225	16,225	16,225
771 Kunstformidling	9,708	10,056	10,510	10,510	10,510	10,510
7710 Kunstformidling	9,708	10,056	10,510	10,510	10,510	10,510
772 Kunstproduksjon	11,605	11,952	12,162	12,162	12,162	12,162
7720 Kunstproduksjon	11,605	11,952	12,162	12,162	12,162	12,162
775 Idrett	3,298	2,783	2,814	2,814	2,814	2,814
7750 Idrett	3,298	2,783	2,814	2,814	2,814	2,814
790 Andre kulturaktivitetar	11,467	8,304	8,148	8,148	8,148	8,148
7900 Andre kulturaktivitetar	11,467	8,304	8,148	8,148	8,148	8,148
Ufordelt innsparings tiltak		0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Ufordelt innsparingskrav næring		0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Ufordelt innsparingskrav kultur		0,000	0,000	0,000	0,000	0,000

	16-kr	17-kr	18-kr	18-kr	18-kr	18-kr
Programområde/tenestenivå	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Samferdsle	954,545	934,040	1065,979	1045,234	978,628	978,628
722 Fylkesveggar	473,506	475,377	583,437	543,050	479,761	479,761
7220 Renter for vegforskoteringar	1,750	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
7221 Driftsmidlar overført til investering	11,845	2,500	0,000	0,000	0,000	0,000
7222 Fylkesveggar - drift og vedlikehald (netto)	434,843	461,879	557,259	516,792	453,503	453,503
7223 Fylkesveggar - uforutsette hendingar	15,000	0,000	15,000	15,000	15,000	15,000
7224 FTU - administrasjon og tiltaksmidlar	1,115	1,200	1,200	1,200	1,200	1,200
7225 FTU - trafiktryggingstiltak i kommunane	4,530	5,000	5,000	5,000	5,000	5,000
7229 Fv., miljø og trafikkr.tiltak - administrasjon	4,423	4,798	4,978	5,058	5,058	5,058
730 Bilruiter	256,221	231,747	238,024	240,024	240,024	240,024
7300 Buss - kjøp av teneste	190,804	195,769	207,728	210,228	210,228	210,228
7301 Buss - skuleskyss undertransportørar/ div. grunnskule	25,722	6,073	0,513	0,513	0,513	0,513
7302 Buss - skuleskyss vidaregåande skule	16,977	5,126	1,949	1,949	1,949	1,949
7303 Ungdomstilbod	5,238	3,588	4,207	4,207	4,207	4,207
7306 Diverse kollektiv	9,350	11,159	13,645	13,145	13,145	13,145
7309 Bilruiter - administrasjon	8,130	10,032	9,982	9,982	9,982	9,982
731 Fylkesvegferjer	114,409	128,995	128,370	146,012	142,695	142,695
7310 Fylkesvegferjer	114,409	128,995	128,370	146,012	142,695	142,695
732 Båtruter	100,322	88,415	105,170	105,170	105,170	105,170
7321 Båt - skuleskyss/vegause grender	4,844	4,625	4,925	4,925	4,925	4,925
7322 Båt - ekspress- og lokalruiter	89,814	78,249	94,393	94,393	94,393	94,393
7323 Båt - diverse	4,677	4,523	4,822	4,822	4,822	4,822
7329 Båtruter - administrasjon	0,987	1,018	1,030	1,030	1,030	1,030
733 Tilrettelagd transport	10,087	9,506	10,978	10,978	10,978	10,978
7331 Tilrettelagd transport	10,087	9,506	10,978	10,978	10,978	10,978
Ufordelt innsparingstiltak		0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Ufordelt innsparingskrav		0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
NETTO SEKTORRAMMER *)	2 168,081	2 212,606	2 328,226	2 298,710	2 225,873	2 226,528
Ufordelte fellespostar		-12,000	-12,000	-12,000	-12,000	-12,000
BALANSE	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000

Sektor	Rekneskap 2016		
	Brutto utgift	Sektor inntekt	Netto utgift
Politisk styring, plan og forvaltning	203 342	-60 319	143 023
Opplæring	1 046 355	-216 275	830 080
Tannhelse	112 575	-31 994	80 581
Næring og kultur	484 929	-325 089	159 840
Samferdsle	1 196 075	-241 529	954 546
SUM	3 043 276	-875 206	2 168 070

4.2 INVESTERINGSPROGRAM FYLKESVEG

Investerings- og finansieringsprogrammet for fylkesvegnettet inkl. skredsikring er i økonomiplanperioden spesifisert i følgende tabell:

INVESTERINGSPROGRAM (faste -2018-kr)	SUM I PERIODEN	2018	2019	2020	2021
Store prosjekt	1 962,700	87,900	390,900	569,900	914,000
Fv. 60 Uglå-Skarstein	31,000	25,900	5,100		
Fv. 698 Blaksetttunnelen	242,800	10,000	132,600	66,500	33,700
Fv. 303 Seimsdålstunnelen	271,300		5,100	142,800	123,400
Avviksfond tunnel	50,000				50,000
Førdepakken - fylkesvegprosjekt	432,600	52,000	108,100	65,600	206,900
Fv. 606 Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	770,000		140,000	280,000	350,000
Fv. 614 Svelgen - Indrehus	165,000			15,000	150,000
Mindre utbetringar	298,800	43,500	33,000	140,000	82,300
Tiltak for framkome og tryggleik	60,000	15,000	15,000	15,000	15,000
Fv. 611 Vevring II - bru	15,000		5,000	10,000	
Fv. 624 Husevågøy ferjekai	18,000		3,000	15,000	
Fv. 577 Øvrebøtn bru I og II (Bremanger)	10,000	10,000			
Fv. 618 Barmen - Barmsund (ferjekai)	13,000	13,000			
Fv. 611 Sæle - Engebø	117,300			50,000	67,300
Fv. 53 Ny brøytetasjon Holsbru	4,700	4,700			
Fv. 614/fv. 577 Myklebust	0,800	0,800			
Fv.57 Dale-Storehaug	60,000		10,000	50,000	
Gang- og sykkelvegar	130,200	16,800	71,800	26,800	14,800
Fv. 548 Brandsøyvegen (tilskudd)	5,200	1,300	1,300	1,300	1,300
Fv. 614 Breivika - Svelgen (Bremanger)	45,000	5,000	30,000	5,000	5,000
Fv. 607 Heggebø - Leirvik (Hyllestad)	15,000		15,000		
Fv. 548 Brandsøy - Solheim (delprosjekt)	25,000		15,000	10,000	
Enkle fysiske tiltak	40,000	10,500	10,500	10,500	8,500
Trafikktryggingstiltak	52,000	13,000	13,000	13,000	13,000
Planlegging og prosjektering	28,000	7,000	7,000	7,000	7,000
Kollektivtrafikktiltak	4,000	1,000	1,000	1,000	1,000
Skredsikring	1 058,200	109,200	199,500	329,000	420,500
Fv. 633 Tunnel Kleiva	90,500	74,500	16,000		
Fv. 722 Flovegen	493,500	12,000	153,000	178,500	150,000
Fv. 53 Ljoteli	290,000		10,000	130,000	150,000
Fv. 50 Vassbygdatnet Aurland	3,100	3,100			
Fv. 630 Galdane i Borgund	3,100	3,100			
Fv. 57 Strand i Fjaler	6,000	6,000			
Prosjektering mindre tiltak	2,000	0,500	0,500	0,500	0,500
Mindre skredsikringstiltak - ufordelt	70,000	10,000	20,000	20,000	20,000
Fv. 55 Kjenes	100,000				100,000
SUM INVESTERING	3 533,900	278,400	716,200	1 086,700	1 452,600

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2018	2019	2020	2021
Mva. kompensasjon	390,000	22,400	78,400	132,300	156,900
Fondsmidler	650,000	14,300	180,900	236,100	218,700
Lånemidler	963,100	80,500	149,300	303,700	429,600
Førdepakken - bompengar	244,400	14,700	61,800	25,700	142,200
Førdepakken - mva. refusjon	75,000	9,000	18,000	11,600	36,400
Førdepakken - (lånemidler)	113,200	28,300	28,300	28,300	28,300
Anleggsbidrag Sæle - Engebø	40,000			20,000	20,000
Statleg tilskott - skredsikring	861,900	88,400	162,600	268,200	342,700
Mva. kompensasjon - skredsikring	196,300	20,800	36,900	60,800	77,800
SUM FINANSIERING	3 533,900	278,400	716,200	1 086,700	1 452,600

Det er lagt opp til samla investeringar på 3 533,9 mill. kr i økonomiplanperioden 2018-21. Av dette er 1 058,2 mill. kr knytt til skredsikringstiltak. Gjennomføring av investeringsprogrammet inneber tilsaman 1076,3 mill. kr i nye låneopptak.

Det er staten sitt tilskotsprogram for skredsikring i perioden 2018-2023 som legg rammer for det statlege tilskotet. Planleggingsramma er godkjent frå Samferdsledepartementet og fylkeskommunane skal utarbeide forslag til fordeling innan 20.desember 2017.

For nærare omtale av investeringsprosjekta vert det vist til kapittel 12 Prosjektomtalar.

4.3 INVESTERINGSPROGRAM BYGG

Investerings- og finanseringsprogrammet for bygg i økonomiplanperioden er spesifisert i følgende tabell:

INVESTERINGSPROGRAM (faste 2018-kr)	SUM I PERIODEN	2018	2019	2020	2021
Forvaltning	36,000	12,000	12,000	6,000	6,000
IT001 IKT-investeringar	16,000	4,000	4,000	4,000	4,000
O2M01 "Miljøprosjekt" - ufordelt	12,000	6,000	6,000		
EK001 Eigenkapitalinnskott KLP	8,000	2,000	2,000	2,000	2,000
Opplæring	335,102	118,602	113,750	69,850	32,900
OR200 Ombygging/rehabilitering/Sikring/Brann	80,000	20,000	20,000	20,000	20,000
IU200 Utstyr	26,000	6,500	6,500	6,500	6,500
PC002 PC-ordninga	25,600	6,400	6,400	6,400	6,400
NY103 Stryn vgs - ombyg. Kjøkken m.m	9,000	9,000			
NY103 Høyanger vgs - ombyg.	8,000	8,000			
NY121 Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	49,200	7,150	23,600	18,450	
NY224 Sogndal vgs - byggesteg II	13,700	13,700			
NY227 Måløy vgs - rehab. av blokk B og C	90,300	22,550	49,250	18,500	
NY228 Eid vgs - tilbygg	5,000	5,000			
NY229 Mo og Øyrane vgs - ridehall	18,000	10,000	8,000		
NY230 SJH - ysteri/garderobe	7,000	7,000			
NY232 Mo og Øyrane - vassforsyning MO	1,361	1,361			
NY233 Måløy gangveg	1,941	1,941			
Tannhelse	17,500	5,500	4,000	4,000	4,000
TA300 Oppgradering av tannklinikkar	17,500	5,500	4,000	4,000	4,000
Kultur	87,500	0,000	20,000	37,500	30,000
KU002 Fellesmagasin for musea	87,500		20,000	37,500	30,000
Nye prosjekt - ikkje fordelt pr. år	825,000	45,000	260,000	260,000	260,000
SUM INVESTERING	1301,102	181,102	409,750	377,350	332,900

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2018	2019	2020	2021
Mva-kompensasjon	237,502	35,002	74,750	68,350	59,400
Driftsmidler	8,000	2,000	2,000	2,000	2,000
Aktivitetsfond investeringar	0,000				
Div ubundne fond	654,100	48,600	227,600	189,000	188,900
Andre tilskot	12,600	3,900	2,900	2,900	2,900
Tilskot Gulatinget	50,000			25,000	25,000
Lånemidler	338,900	91,600	102,500	90,100	54,700
SUM FINANSIERING	1301,102	181,102	409,750	377,350	332,900

Det er lagt opp til samla bygginvesteringar på 1301,1 mill. kr i økonomiplanperioden 2018-21. Gjennomføring av investeringsprogrammet inneberer tilsaman 338,9 mill. kr i nye låneopptak.

For nærare omtale av investeringsprosjekta vert det vist til kapittel 12 Prosjektomtalar.

5. FELLE SINNTEKTER OG -UTGIFTER

Som fellesinntekter og -utgifter reknar ein alle inntekter og utgifter som ikkje er budsjetterte på sektornivå.

Fellesinntektene skal finansiere fylkeskommunen sine eigne driftsutgifter på sektornivå (netto driftsutgifter), renteutgifter, avdragsutgifter, avsetning til fond og underskotsinndekning (fellesutgifter).

Alle tal i planperioden (18-21) er i faste 2018-kroner. Der det er teke med tal frå tidlegare år er desse i løpande kroner.

5.1 SKATT OG RAMMETILSKOT

I dette avsnittet vert det gjort kort greie for opplegget for 2018 samanlikna med tidlegare år. Fylkeskommunane fekk nytt inntekstsystem frå 2015. Som følgje av det nye inntektssystemet fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune redusert sine overføringar frå staten med 278 mill. kr.

SKATT OG RAMMETILSKOT

Grunnlaget for fylkeskommunane sine frie inntekter er Stortinget sitt rammevedtak i statsbudsjettet. Dette er delt i to deler – skatt på inntekt og formue og overføringar gjennom inntektssystemet (rammetilskot).

For Sogn og Fjordane fylkeskommune inneheld økonomiplanen slike frie inntekter:

Mill. kr	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Fylkesskatt og inntektsutj	653,1	664,3	685,0	682,0	679,0	676,0
Rammetilskot	1 703,4	1 664,0	1 677,0	1 617,9	1 543,8	1 546,0
Opptrapping av tapskompensasjon				12,6	12,6	12,6
Sum frie inntekter	2 356,5	2 328,3	2 362,0	2 312,5	2 235,4	2 234,6

Det er budsjettert med 2 362 mill. kr i samla frie inntekter for 2018. Av dette utgjer fylkesskatt m/inntektsutjamning 685 mill. kr og rammetilskotet 1 677 mill. kr.

Fylkesskatten vert berekna med grunnlag i folketalet 1. januar i budsjettåret. Per 1. januar 2018 er folketalet stipulert til 110,450 i Sogn og Fjordane og til 5.300.000 i landet. Nytt skatteanslag i statsbudsjettet gjev grunnlag for å auke vår skatteprognose til samla 685,0 mill. kr. Dette utgjer ein nominell auke frå budsjettert nivå i 2017 på 3,1 %.

INNTAKTSSYSTEM FOR 2018

Inntektssystemet består av tre hovudkomponentar:

- Inntektsutjamning
- Innbyggartilskot og utgiftsutjamning
- Overgangsordning

Inntektsutjamning

Føremålet med inntektsutjamninga er å utjamne skilnader i fylkeskommunane sin skatteinngang. Utjamningsgraden er sett til 87,5 %.

Innbyggartilskot og utgiftsutjamning

Innbyggartilskotet er ein lik sum per innbyggjar. Summen av tilskotet vert berekna ut frå folketalet i kvart fylke. Innbyggartilskotet for 2018 er sett til 5 626 kr per innbyggjar. For Sogn og Fjordane vert innbyggartilskotet då 620,724 mill.kr.

Utgiftsutjamninga er ei omfordelingsordning der midlar vert omfordelt frå fylkeskommunar med lågt berekna utgiftsbehov til fylkeskommunar med høgt berekna utgiftsbehov. Målet er at fylkeskommunane skal settast i stand til å yte likeverdige tilbod til innbyggjarane. Utgiftsbehovet vert berekna ut ifrå ein kostnadsnøkkel, samansett av delkostnadsnøklar for samferdsle, vidaregåande opplæring og tannhelse.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt utgiftsbehov er etter det nye inntektssystemet berekna til å vere om lag 51,76 % høgare enn landsgjennomsnittet. Dette er ein auke frå 2017 der utgiftsbehovet vårt var berekna til 48,47 % over landsgjennomsnittet. For Sogn og Fjordane fylkeskommune utgjør utgiftsutjamninga 651,662 mill. kr.

Inkludert i rammetilskotet er saker med ei *særskilt fordeling*. Dei siste åra har vi hatt store overføringer i høve samferdsleområdet knytt til forvaltningsreforma. Nokre av sakene er fasa ut, mens andre er tekne inn i utgiftsutjamninga. For 2018 får vi ei samla overføring på 212,357 mill. kr knytt til saker med særskilt fordeling. Dette gjeld midlar til tunnelvedlikehald, opprusting og fornyinga av fylkesvegane, ferjeavløysingsmidlar. Midlar til fagskulen er trekt ut i 2018.

Overgangsordninga inkl. tapskompensasjon

Overgangsordninga i samband med nytt inntektssystem gjev i 2018 ein kompensasjon på 1/5-delar og utgjør 61,133 mill. kr. 2018 er siste året vi har overgangsordninga knytt til innføringa av nytt inntektssystem. I særskilt tapskompensasjon budsjetterer vi i 2018 med 105,653 mill. kr, ein auke på 12,615 mill. kr. I forliket til statsbudsjett 2018 er det sett av 40 mill. kr samla i tapskompensasjon. Tapskompensasjonen er ikkje fordelt på fylka enno og vi legg til grunn same fordeling som i 2017. Samla utgjør overgangsordninga inkl. den særskilte tapskompensasjonen 166,786 mill. kr for vår fylkeskommune.

Skjønsmessige tilskot

Det skjønsmessige tilskotet i 2018 er på 25,5 mill.kr. – 2,5 mill.kr. mindre enn 2017.

Samla rammetilskot for 2018 kan oppsummerast slik:

	Mill.kr
Innbyggartilskot utan utgiftsutjamning	620,724
Utgiftsutjamning	651,662
Saker med særskilt fordeling	212,357
Overgangsordning inkl. tapskompensasjon	166,786
Skjønstilskot	25,500
Sum rammetilskot 2018	1 667,029

PLANPERIODEN 2019-21

Det er lagt til grunn ei mindre nedjustering av skattenivået for åra 2019-21. Det er føreset at folketalet i fylket aukar mindre enn auken i folketalet for landet. Årleg reduksjon frå 2019 er på 3 mill. kr akkumulert til 9 mill. kr i 2021.

Inntektsreduksjonen i rammetilskotet i åra 2019-2021 er i samsvar med verknadane av nytt inntektssystem. Inntektene vert redusert med 61,1 mill. kr. i 2019 som er siste året jf overgangordninga. I tillegg er det gjort vurderingar på utviklinga innanfor sentrale utgiftskriteria, basert på framskrivingar frå SSB. Vår relative nedgang i høve landet på folketal- og elevtalskriteria er innarbeidd i prognosane for planperioden.

Vi har lagt inn auka særskilt tapskompensasjon med 12,6 mill. kr årleg frå 2019. Samla har vi då i 2019 118,3 mill. kr i særskilt tapskompensasjon. I økonomiplanen er dette nivået vidareført frå 2020. Det er fortsatt uvisse knytt til resultatet av den pågåande regionreform med iversetjing frå 2020 og det nye inntektssystemet som er varsla frå same dato. De er ikkje mogeleg å ta stilling til dette på det noverande tidspunkt.

5.2 REGIONALE UTVIKLINGSMIDLAR FRÅ KMD

Tilskotet frå KMD til regionale utviklingsmidlar er budsjettert med 54,1 mill. kr i 2018. Dette er ein reduksjon på 23,3 mill. kr i høve 2017. KMD-midlane er i budsjettet for 2018 disponert av næring og kultur og er fullt ut nytta til finansiering av aktivitetar.

Endeleg fordeling av KMD-midlane vil ikkje vere kjent før i januar 2018.

5.3 LOKALE INNTEKTER

I økonomiplansaka 2018 - 2021 vedtok fylkestinget at lokale inntekter berre skal bestå av konsesjonskraftinntekter. Utbytte frå SFE/Sogn og Fjordane Holding vart «fasa ut» av vår ordinære driftsøkonomi og i sin heilheit avsett til fond. Som fylgje av dette vart det etablert eit nytt nivå , 40 mill. kr, på bruk av dei lokale inntektene til driftsføremål. Konsesjonskraftinntekter +/- 40 mill. kr vert saldert mot bufferfondet.

Det budsjetterte nivået på lokale inntekter vert fastsett med grunnlag i prognosar per 2. tertial året før første budsjettår. Dette gjev følgjande samanheng mellom prognosar på lokale inntekter (pr. september 2017) og bruk/avsetjing fond :

Lokale inntekter	2018	2019	2020	2021
Sum prognostiserte lokale inntekter	39,0	30,0	32,5	35,0
Disponert til driftsføremål	40,0	40,0	40,0	40,0
Bruk av fond	1,0	10,0	7,5	5,0

Samla må ein i økonomiplanperioden bruke 23,5 mill. kr av fond for å oppretthalde 40 mill. kr i bruk av lokale inntekter i driftsbudsjettet.

Utbytte

SFE/Sogn og Fjordane Holding:

Sogn og Fjordane Holding har i 2017 fått 37,1 mill. kr i utbytte som v ert overført fylkeskommunen i 2018. Dette er basert på ein utbytteprosent på 50 % og ein eigardel på 48,15 %. Utbytte vil i sin heilheit bli avsett til fond.

Fjord1/F1 – Holding:

For Fjord1/F1 - Holding sin del har prosessen blitt forsert slik at fylkeskommune allereie i 2017 fekk overført det beløpet som i økonomiplanen var føreset utbetalt i 2018. Restbeløpet, jf betalingsplanen, vert utbetalt i 2020 som føreset.

BUFFERFONDET

«Handlingsreglar» for bufferfondet:

- Minimumsnivået på bufferfondet er sett til 70 mill. kr og skal vere ei sikring mot framtidige endringar i rammeføresetnader.
- Eventuelt overskytande kapital på bufferfondet første år i planperioden kan disponerast til tiltak i heile planperioden.
- Disponering av overskytande kapital på bufferfondet skal avsetjast til høvesvis aktivitetsfond - drift og aktivitetsfond - investeringar.

Det er lagt opp til ein aktiv bruk av bufferfondet for å fordele "overskot" i høve dei ordinære driftsrammene. Dette inneber i praksis at overskot i samband med rekneskap og tertialrapport er tilført fondet. I tillegg er lokale inntekter over/under «taket» på 40 mill. kr årleg til driftsføremål saldert mot fondet.

I budsjett 2013/økonomiplan 2013-2016 vart det vedteke at berre prognostisert «overskotskapital» første år i planperioden skal disponerast, men at beløpet kan nyttast til å finansiere tiltak i heile planperioden.

Nivået på lokale inntekter første år i planperioden er relativt sikkert. Med risikostrategien for omsetjing av konsesjonskraft og vedtak om å sette utbytte frå Sogn og Fjordane Holding i planåret lik utbytte frå SFE året før, vil dei lokale inntektene langt på veg vere kjende ved inngangen til budsjettåret. Det vil framleis knytte seg noko uvisse til den usikra delen av konsesjonskrafta, men dette vil vere mindre beløp og eventuelle avvik her kan takast omsyn til i påfølgjande budsjettprosessar.

Budsjettert utvikling på bufferfondet i planperioden:

Bufferfond	Beløp
IB pr 1.1.2017	435,0
2017-transaksjonar	
Lokale inntekter til driftføremål over 60 mill. kr	16,0
FT-sak 51/16 - Avsetting av utbytte frå F1 Holding	30,0
FT-sak 21/17 - Avsett rekneskapsoverskot 2016	14,5
FT-sak 26/17 - Saldering av T 1/17	26,0
FT-sak 38/17 - Auka utbytte frå F1 Holding	82,0
FT-sak 38/17 - saldering av T2/17	9,0
FT-sak - Endringar i budsjettet - saldering av overskot	7,2
FT-sak - Endringar i budsjettet - omdisponering av fondsmidlar	10,4
Avsetting til akt.fond drift - kapitaluttak (60 mill. kr i drift i 2018-20)	-41,0
FT-sak 51/16 - Juridisk bistand SFE	-4,0
FT-sak 51/16 - Delfinansiering veg til Skipavika	-6,0
FT-sak 51/16 - Visit Fjordkysten (0,1 mill. kr) og Sunnfjord Næringsutvikling (0,1 mill. kr)	-0,2
FT-sak 13/17 - Kapitaltilførsel SFE/SF Holding	-168,6
UB pr 31.12.2017	410,3
B-2018	
Vedteke minimumsnivå på bufferfondet	-70,0
Vedteke kapitaluttak i planperioden 2018-2021	-263,0
Vedteke kapitalinnskot - saldering av budsjett 2018	58,1
Vedteke kapitaluttak 2018 - saldering av budsjett 2019-2021	-85,2
Reservert i høve framtidige utfordringar	50,1

Tilgjengeleg overskotskapital på bufferfondet, 50,1 mill. kr i 2018, vert reservert i høve framtidige driftsutfordringar.

AKTIVITETSFOND – DRIFT OG INVESTERINGAR

Summane til eingongstiltak fordeler seg slik:

Tiltak - investeringar	2018	2019	2020	2021
IB pr 1.1	0,0	258,0	0,0	0,0
Kapitaltilførsle frå bufferfond				
B-2018 - tilrådingar				
Kapitaltilførsel frå bufferfondet (Fjord1-oppgjer)	112,0			
Kapitaltilførsel frå bufferfondet	146,0			
Disposisjonar				
B-2018 - tilrådingar				
Finansiering av investeringsbudsjettet		-258,0		
UB pr 31.12	258,0	0,0	0,0	0,0

Tiltak - driftsføremål	2018	2019	2020	2021
IB pr 1.1	44,0	107,7	94,0	59,5
Kapitaltilførsle				
B-2018				
Kapitaltilførsel frå bufferfondet - (40 mill. kr i drift i 2021)	5,0			
Reversert kapitaltilførsel 2017 - tilbakeført bufferfondet	-22,5			
FT-sak 59/17 - kapitaltilførsel frå bufferfondet - saldering av budsjett 2019-2021	85,2			
Disposisjonar				
B-2017- tilrådingar				
Kapitaluttak (60 mill. kr i drift i 2018)	-11,0			
Kapitaluttak (60 mill. kr i drift i 2019)		-19,0		
Kapitaluttak (60 mill. kr i drift i 2020)			-11,0	
B-2018- tilrådingar				
Kapitaluttak (40 mill. kr i drift i 2018) - tillegg	-2,0			
Kapitaluttak (40 mill. kr i drift i 2019) - tillegg		-1,0		
Kapitaluttak (40 mill. kr i drift i 2020) - tillegg			-9,0	
Kapitaluttak (40 mill. kr i drift i 2021)				-13,0
Auka løyving til breiband i 2018	-1,3			
Reversert kapitaluttak lokale inntekter til drift for åra 2018-2021	12,0	10,0	12,5	8,0
Løyving til juridisk honorar	-1,0			
Løyving til administrasjon	-0,7			
FT-sak 59/17 - saldering av budsjett 2019-2021		-3,7	-27,0	-54,5
UB pr. 31.12	107,7	94,0	59,5	0,0

5.4 RENTER OG AVDRAG

RENTEFØRESETNADER

Følgjande renteføresetnader er lagt til grunn i budsjett 2018/økonomiplan 2018-21:

	2018	2019	2020	2021
Lånerente	2,00 %	2,09 %	2,23 %	2,29 %
Innskotsrente	1,79 %	1,56 %	1,81 %	2,04 %

Endringar i marknadsrentene vil påverke både renteinntekter og -utgifter. I oppfølginga av budsjettet vert dette å sjå i samanheng. Eventuelle nettoendringar knytt til renter vert justert mot avdrag, jf. budsjettreglementet pkt. 2.6.10.

RENTEINTEKTER OG RENTEKOMPENSASJONSORDNINGAR

Renteinntekter:

Renteinntektene er avhengig av fylkeskommunen sin likviditet og rentenivået på innskot i året. Likviditeten vert påverka av fylkeskommunen sitt driftsresultat, fondsmidlar og kor mykje lånemidlar som til ei kvar tid står på konto. Av fondsmidlane utgjør mesteparten inntekter frå salet av Fjord 1, og skal nyttast til investeringar. I økonomiplan er det difor føresett renteinntekter med utgangspunkt i ein snittlikviditet på 600 mill. kr. For at det årlege driftsnivået skal vere uavhengig av t.d. kva år fondskapitalen vert nytta, vert årlege meir-/mindreinntekter på renter som følgje av endringar i snittlikviditeten på 600 mill. kr saldert mot bufferfond.

I budsjett/økonomiplanperioden er det teke omsyn til at ulike fond/tilskotsordningar har krav om å få tilført renteinntekter på unytta kapital. Dei fond/tilskotsordningar dette gjeld for er mellom anna:

- KMD-midlane
- Midlar til INU (Ordninga er avvikla f.o.m 2017, slik at det er rente på ev. restmidlar)
- Den kulturelle skulesekken
- Kulturminnevern
- Marint verdiskapingsfond
- ENØK-fondet

Rentekompensasjon - investeringar i skuleanlegg:

I statsbudsjettet for 2002 vart det lagt inn ei finansieringsordning der kommunar og fylkeskommunar fekk kompensert renteutgifter knytt til investeringar i opplæringssektoren. Kommunar og fylkeskommunar fekk tildelt kvar sin del av ei totalramme på 15 mrd. kr. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del var på 85,4 mill. kr. I løpet av 2006 vart det sendt inn og godkjent prosjekt som dekker heile ramma.

I statsbudsjettet for 2009 vart det lagt inn ei ny rentekompensasjonsordning med same føremålet. Den nye ordninga har også ei samla investeringsramme på 15 mrd. kr. I løpet av 2009 vart det sendt inn og godkjent prosjekt som dekker heile ramma til fylkeskommunen.

Ordningane vert forvalta av Husbanken som fastset nærare vilkår, utrekningsreglar og utbetalar kompensasjonen.

Dei første 5 åra er det føresett at låna er avdragsfrie og kompensasjonsgrunnlaget vert som følgje av dette uendra. Deretter vert kompensasjonsgrunnlaget redusert med 1/15-del årleg framover. Rentesatsane vert fastsett av Husbanken og er tilpassa marknadsrenta.

Rentekompensasjon for transporttiltak i fylkeskommunane:

I statsbudsjettet for 2010 vart det lagt inn ei rentekompensasjonsordning der fylkeskommunane fekk kompensert renteutgifter knytt til tiltak på fylkesvegnettet og kollektivtransporttiltak.

Intensjonen med ordninga var at rentekompensasjonen saman med løyvinga over rammetilskotet ville føre til auka aktivitet gjennom reduserte framtidige finanskostnader. Den årlege investeringsramma for landet vart auka frå 2-3 mrd kr i 2015, og vart vidareført på same nivå i 2016 og 2017. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del av ramma vart sett til 116,7 mill. kr. I framlegg til statsbudsjettet for 2018 er ikkje rentekompensasjonsordninga vidareført.

I budsjett/økonomiplanperioden er det føresett rentekompensasjon utifrå storleiken på dei årlege investeringsrammene som vi har fått tidlegare år.

Kompensasjonen utgjer renter berekna på grunnlag av serielån i Husbanken med 20 års løpetid, inklusiv 5 års avdragsfri periode, og med den til ein kvar tid gjeldande flytande rente. Vidare er det teke høgde for at det er ein halvårsverknad av rentekompensasjonen første året.

Renteinntekter/-kompensasjon samla:

Med dei renteføresetnadane som er lagt til grunn er renteinntekter og rentekompensasjon berekna som vist i tabellen nedanfor:

	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Renteinntekter	24,992	29,540	11,940	11,140	13,140	15,040
Rentekompensasjon for skulebygg	2,275	1,406	1,270	1,170	0,970	0,870
Rentekompensasjon for transporttiltak	12,007	9,600	9,877	9,459	8,956	8,376
Sum	39,274	40,546	23,087	21,769	23,066	24,286

KAPITALUTGIFTER

Budsjetterte kapitalutgifter omfattar både rente- og avdragsutgifter.

Årlege avdrag er berekna ut frå ei avdragstid på 20 og 40 år for høvesvis bygg- og veginvesteringar. Renta er berekna utifrå marknaden sine forventingar til 3 mnd. nibor i perioden, våre fastrenter/rentesikringar og forventa marginar på eksisterande lån og planlagde låneopptak.

Med desse føresetnadane er kapitalutgiftene berekna som vist i tabellen nedanfor:

	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Årlege renter og avdrag	225,140	174,036	133,300	143,400	163,800	190,900
Sum	225,140	174,036	133,300	143,400	163,800	190,900

Ved budsjettoppfølging det enkelte år må det takast omsyn til fastsett avdragstid, jf. kommunelova § 50 nr 7.

Vidare skal lånegjelda forvaltast i samsvar med fylkeskommunen sitt reglement for finans- og gjeldsforvaltning. Ein status på dette vert gitt per tertial i rapporten for fylkeskommunen si finans- og gjeldsportefølje.

Med utgangspunkt i ei avdragstid på 20 år for bygginvesteringar og 40 år for veginvesteringar får vi følgjande estimat på utviklinga av lånegjelda i økonomiplanperioden:

	Lånegjeld 1.1	Nye lån	Avdrag	Lånegjeld 31.12
2018	2 293,2	200,4	85,1	2 408,5
2019	2 408,5	280,1	88,9	2 599,7
2020	2 599,7	422,1	94,8	2 927,0
2021	2 927,0	512,6	103,8	3 335,8

Tabellen viser at fylkeskommunen har ei lånegjeld på om lag 2,3 mrd. kr ved inngangen til 2018. Ved utgangen av økonomiplanperioden er lånegjelda estimert til i overkant av 3,3 mrd. kr.

5.5 DRIFTSMIDLAR TIL INVESTERING

Det er i budsjett/økonomiplanperioden budsjettert med overføring av driftsmidlar til investering med følgjande beløp:

	2018	2019	2020	2021
Driftsmidlar til investering	2,000	2,000	2,000	2,000

Løyvinga skal nyttast til eigenkapitalinnskot i KLP.

5.6 FOND – BRUK OG AVSETJING

For 2018 er det budsjettert med ei avsetjing til diverse fond til driftsføremål med 63,8 mill. kr.

Fylkeskommunen har følgjande frie fond som det er eller kan vedtakast bruk av:

Omstillingsfond

Omstillingsfondet vart oppretta i 2009 med føremål om at midlane skulle nyttast til omstillingsarbeidet i fylkeskommunen. Tilgjengelege midlar på fondet pr. 31.12.17 er 86 mill. kr. Det er budsjettert med bruk av heile fondskapitalen til investeringsføremål med hhv 62,9 mill. kr i 2018 og 23,1 mill. kr i 2019.

Bufferfond for lokale inntekter

Bufferfond for lokale inntekter er pr. 31.12.17 opparbeidd med 410,3 mill. kr. Pårekna avsetjing og bruk av fondet på aktivitetsfond for høvesvis drift og investeringar går fram i punkt 5.3.

Kapital- og investeringsfond

Kapitafondet utgjer om lag 16 mill. kr. Midlane kan berre nyttast til investeringsføremål. Fondet vert i dag nytta til mindre salderingar av investeringsprosjekt.

Det er også eit eige ubunde investeringsfond knytt til oppgjer frå salet av Fjord1. Tilgjengelege midlar på fondet pr 31.12.17 er på 573,9 mill. kr. Det er budsjettert med bruk av heile fondskapitalen til investeringsføremål med hhv 118,2 mill. kr i 2018, 423,1 mill. kr i 2019 og 32,6 mill. kr i 2020.

Pensjonsfond

I 2014 vart unytta midlar til pensjonsutgifter avsett til pensjonsfondet for å møte framtidige pensjonsutgifter. Det har så langt ikkje vore ar naudsynt å nytte denne fondsavsettingen. Disponible midlar på fondet pr. 31.12.17 er på om lag 12,4 mill. kr.

5.7 UFORDELTE FELLESPOSTAR

LØNS- OG PRISVEKST

Statsbudsjettet føreset ein kommunal deflator på 2,6 % fordelt med 3,0 % på løn, og 1,8 % på kjøp av varer/tenester. I tråd med desse føresetnadane er det nytta 55,662 mill. kr til naudsynt løns- og priskompensasjon i vårt driftsbudsjett (frå 2017-kr til 2018-kr).

Lønnskompensasjon

Det er lagt til grunn 3,0 % i årslønsvekst i tråd med kommunal deflator. Utifrå vår lønsmasse er det sett av 25,288 mill. kr for å dekke lønsveksten. Lønsoverhenget frå oppgjera i 2017 utgjer 8,920 mill. kr, og får heilårsverknad i budsjettet for 2018.

Det er avsett 25,288 mill. kr til å kompensere for verknaden av lønsoppgjera i 2018. Midlane vert fordelt når forhandlingane er avslutta.

Prisomrekning til 2018-kr

Budsjettet er kompensert med samla 28,513 mill. kr i prisomrekning til 2018-kr.

Ved prisjustering av sektornivået er det i utgangspunktet lagt til grunn 1,8 %, men for enkelte postar er det gjort særskilte vurderingar. Dette gjeld i hovudsak budsjettet til kollektiv, som er kompensert med faktisk prisauke med grunnlag i kontraktane med transportørane. Desse inneheld særskilde priskomponentar der mellom anna utviklinga i drivstoffprisar har stor vekt.

Kompensasjon av samferdelsebudsjettet utgjer om lag 18,8 mill. kr av kompensasjonen - knytt til prisvekst på drift og vedlikehald av fylkesvegane, ferje og kollektiv. Budsjettet til opplæring inneheld mykje lønskostnadar som vert kompensert når lønsoppgjera er avslutta.

PENSJONSPREMIE OG PENSJONSKOSTNADER

Etter forskrift skal fylkeskommunen rekneskapsføre pensjonsutgiftene ut frå føresetnader om diskonteringsrenter, avkastning, lønsvekst og G-regulering.

Differansen mellom det som vert betalt (likviditet) og det som vert rekneskapsført (kostnad etter forskrift), også kalla "premieavviket" skal overførast til seinare år. Fylkeskommunen har vedteke å rekneskapsføre heile premieavviket i påfølgande år.

Pensjonskostnadane er i hovudsak budsjettert på sektornivå med høvesvis 21,5 % og 14,15 % for tilsette meldt inn i Kommunal Landspensjonskasse og Statens pensjonskasse (SPK).

6. POLITISK STYRING, PLAN OG FORVALTNING

Sektoren er delt i følgjande programområde med slike nettoløyvingar:

Programområde	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
400 Politisk styring	20,901	23,074	48,050	48,651	48,003	48,658
410 Kontroll og revisjon	4,398	4,430	4,830	4,830	4,830	4,830
420 Administrasjon	78,124	80,913	82,321	81,315	81,315	81,315
421 Forvaltn.utg i eigedomsforvaltninga	8,573	9,918	10,135	10,172	10,172	10,172
430 Administrasjonslokale	5,268	5,847	7,215	7,215	7,215	7,215
460 Tenester utanom ordinært fylkesk. ansvarssomr.	1,175	7,175	1,075	0,525	0,525	0,525
480 Diverse fellesutgifter	10,582	10,894	8,130	6,130	6,130	6,130
Ufordelt innsparingstiltak forvaltning	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
715 Lokal og regional utvikling	15,457	18,166	16,508	16,553	16,553	16,553
Ufordelt innsparingskrav plan	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Sum	144,478	160,417	178,264	175,391	174,743	175,398

6.1 BUDSJETTPROFIL

Sektoren politisk styring, plan og forvaltning har ikkje eige hovudutval. Fylkestinget vedtek ev. endringar på program- og tenestenivå. Fullmaktstruktur på sektoren går fram av budsjettreglementet sitt kapittel 2.

Omstillingsprosjektet SFJ2019 vart sett i gang hausten 2014 som ein følgje av nytt inntektssystem frå 2015. Å etablere dette prosjektet var naudsynt då det nye inntektssystemet gjev Sogn og Fjordane fylkeskommune vesentlege rammereduksjonar med full verknad frå 2019.

Innsparingskrava som er lagt på sektoren politisk styring, plan og forvaltning er no fasa inn i rammene, og det vil i 2018 bli arbeidd vidare med å effektivisere innsparingstiltaka. Det er utgreiing #57 Sentraladministrasjonen – roller og storleik som er førande for dette arbeidet.

Sektoren politisk styring, plan og forvaltning er ein sektor med mange ulike oppgåver og føremål. Programområda er ulike, det er både driftsrelaterte og utviklingsorienterte programområder. Å konkretisere felles satsingsområder, utover omstillingsarbeidet, for sektoren vert såleis ikkje føremålstenleg. Aktuelle mål og satsingsområde vert difor definert under omtalen av kvart programområde.

6.2 ÅRET 2018 – OMTALE AV PROGRAMOMRÅDE OG TENESTER

PROGRAMOMRÅDE 400 – POLITISK STYRING

Budsjettet er tilpassa følgjande politisk organisering:

- Fylkestinget har 31 medlemar
- Fylkesutvalet har 9 medlemar
- 3 hovudutval med 9 medlemar kvar
- Fylkesordførar og varaordførar ikkje er medlem i noko hovudutval
- Leiar i hovudutval er ikkje medlem i fylkesutvalet
- Kontrollutval med 5 medlemar. Leiar og nesteleiar frå fylkestinget.

Nettoløyvinga til programområdet er delt på tenestene slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
4000 Utgifter til fylkesting, utval og ordfører	14,932	14,265	14,322	14,322	14,322	14,322
4003 Partistønad	4,171	4,667	4,750	4,750	4,750	4,750
4004 Diverse råd og utval	1,134	1,887	1,165	1,820	1,165	1,820
4005 Til disposisjon for utvala	0,664	2,255	2,525	2,525	2,525	2,525
4009 Avsett til løns- og prisvekst			25,288	25,234	25,241	25,241
Sum	20,901	23,074	48,050	48,651	48,003	48,658

Teneste 4000 Utgifter til fylkestinget, utval og ordfører

Tenesta omfattar utgiftene til drift av sentrale organ som fylkestinget, fylkesutvalet og hovudutvala.

Det vert løyvd samla 14,322 mill. kr til dette føremålet i 2018 fordelt slik:

	2018
Fylkestinget, fylkesutvalet og fylkesordfører	11,490
Hovudutval for opplæring	0,944
Hovudutval for næring og kultur	0,944
Hovudutval for samferdsle	0,944
SUM	14,322

Teneste 4003 Partistønad

Tenesta omfattar fylkeskommunen sitt tilskot på 4,750 mill. kr til dei politiske partia sine fylkesorganisasjonar og gruppene i fylkestinget, jf. fylkestingsak 29/06.

Teneste 4004 Diverse råd og utval

Tenesta har ei samla løyving på 1,165 mill. kr med slik fordeling:

	2018
Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne	0,462
Fylkesråd for eldre	0,163
Vestlandsrådet	0,500
Nasjonal rassikringsgruppe	0,040
SUM	1,165

Av løyvinga til Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er 0,300 mill. kr øyremerka som tilskot til Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO).

Løyvinga til Vestlandsrådet gjeld Sogn og Fjordane sin del av føresette driftsutgifter - kontingent-, jf. Vestlandsrådet sine vedtekter § 11 pkt. c. Vidare er 0,250 mill. kr inkludert i løyvinga for å finansiere Sogn og Fjordane sin del av stilling som sekretariatsleiar.

Løyvinga til nasjonal rassikringsgruppe er vår del av kontingent/tilskot til nasjonal rassikringsgruppe. I 2018 er 9 fylkeskommunar medlem i rassikringsgruppa. I noverande fylkestingperiode (2015-19) har Sogn og Fjordane fylkeskommune leiaren i gruppa. Vi fører også rekneskapet.

Teneste 4005 Til disposisjon for utvala

Tenesta har ei løyving på 2,525 mill. kr i 2018. Fordeling mellom utvala er slik:

	2018
Fylkesutvalet til disposisjon	0,500
Hovudutval for opplæring	0,000
Hovudutval for næring og kultur	1,850
Hovudutval for samferdsle	0,175
SUM	2,525

Løyvinga til hovudutval for opplæring- til disposisjon er disponert til spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle idrettsutøvarar, og difor flytt til teneste 5210 Utdanningsprogramma.

Med omsyn til løyvinga på 1,850 mill. kr til hovudutval næring og kultur kjem 1,675 mill. kr frå løyvinga til tidlegare hovudutval for kultur og 0,175 mill. kr frå løyvinga til hovudutval for plan og næring.

Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst

Det er sett av 25,288 mill. kr til lønsforhandlingane i 2018. Denne «anslagsløyvinga» vert fordelt på sektornivå når resultatet av lønsoppgjera er kjende, jf. omtale i kap. 5.

PROGRAMOMRÅDE 410 – KONTROLL OG REVISJON

Nettoløyvinga til programområdet er:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
4100 Kontrollutvalet og revisjon	4,398	4,430	4,830	4,830	4,830	4,830
Sum	4,398	4,430	4,830	4,830	4,830	4,830

Etter forskrift om kontrollutval § 18 skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i fylkeskommunen. Det vert elles vist til budsjettreglementet sitt kapittel 2.

I 2018 er det lagt inn ei auke på 0,172 mill. kr i høve tenesta sitt opprinnelege budsjett for 2017. Auken skuldast dyrare tenestekjøp grunna nytt anbod forvaltningsrevisjon, og vil gjelde for økonomiplanperioden. Auke utover dette er knytt til pris/lønsvekst.

Budsjett for kontrollorgana i 2018 er fordelt slik:

	2018
Kontrollutvalet	0,852
Sekretariat for kontrollutvalet	1,198
Kjøp av revisjonstenester	2,780
SUM	4,830

PROGRAMOMRÅDE 420 – ADMINISTRASJON

Nettoløyvinga til programområde er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
4200 Administrasjon	43,420	44,170	44,438	44,146	44,146	44,146
4201 Personalretta tiltak	4,331	5,094	5,683	5,683	5,683	5,683
4204 Tillitsvalde og verneombod	3,760	3,907	3,908	3,908	3,908	3,908
4205 Interne støtteiningar	26,613	27,742	28,292	27,578	27,578	27,578
Sum	78,124	80,913	82,321	81,315	81,315	81,315

Teneste 4200 Administrasjon

Tenesta har ei samla løyving på 44,438 mill. kr med slik fordeling:

	2018
Fylkesrådmannen sin stab	20,977
Driftstenesta	5,844
Opplæringsavdelinga	8,904
Næring- og kulturavdelinga	1,380
Informasjonsverksemd	0,580
Kontingentar	3,268
Fellesutgifter sentraladministrasjonen	2,497
Leigebilar	0,988
SUM	44,438

Budsjettrammene på tenesta er tilpassa vedteke innsparing i utgreiing #57
Sentraladministrasjonen – roller og storleik.

Tenesta omfattar løns- og driftsutgifter til avdelingar/stab i sentraladministrasjonen. I tillegg inneheld tenesta andre fellesutgifter som gjeld heile sentraladministrasjonen. Desse er nærare omtalt nedanfor.

Informasjonsverksemd

Informasjonsverksemda har ei løyving på 0,580 mill. kr i 2018. Denne løyvinga skal hovudsak dekke drift og utvikling av fylkeskommunen sine nettstadar, verktøy til informasjonstenesta sitt dagleg arbeid og lisensar til verktøy nytta av heile fylkeskommunen.

Kontingentar

Kontingentar har ei løyving på 3,268 mill. kr og er fordelt til følgjande kontingentar:

	2018
Ordinær KS-kontingent	2,478
FOU-kontingent KS	0,490
Samarbeidande Kraftfylke	0,200
Diverse kontingentar	0,100
SUM	3,268

Fellesutgifter sentraladministrasjon

Fellesutgifter sentraladministrasjon har ei netto ramme på 2,497 mill. kr. Ramma skal mellom anna dekke utgifter til telefon, porto, kopiavtalar, datautgifter, kontorrekvisita, samt inventar og utstyr for heile sentraladministrasjonen.

Leigebilar

Leigebilar har ei ramme på 0,988 mill. kr. Ramma skal dekke leasing og drift av bilar på Fylkeshuset og Storehagen Atrium.

Teneste 4201 Personalretta tiltak

Tenesta har ei samla løyving på 5,683 mill. kr i 2018. Ramma skal dekke utgifter til sentrale opplærings- og utviklingstiltak, bedriftshelseteneste, trainee-ordning og auka løyving til lærlingar frå 2018. Løyvinga er fordelt slik på dei 4 hovudområda:

	2018
Opplæring og utvikling	2,683
Bedriftshelseteneste	1,000
Trainee	0,980
Lærlingar	1,020
SUM	5,683

Opplærings- og utviklingstiltak

Det er budsjettert med 2,683 mill. kr (netto) til opplærings- og utviklingsmidlar som felles sentral løyving. Dei viktigaste tiltaka er:

- OU-kontingent KS netto 0,800 mill.kr. (kontingent 1,200 mill. kr, til fråtrekk kjem eigenandel frå dei tilsette – 0,400 mill.kr)
- Rekruttering og stabilisering: 0,400 mill. kr
- Leiarutvikling: 0,400 mill. kr
- Kompetansekartlegging (KOS): 0,050 mill. kr
- Hospitering: 0,300 mill. kr
- Seniorar: 0,500 mill. kr
- Helse, miljø og tryggleik: 0,050 mill. kr

Bedriftshelseteneste

Det er budsjettert med 1,000 mill. kr til bedriftshelsetenesta.

Trainee

Det er budsjettert med 0,980 mill. kr til 2 traineestillingar.

Lærlingar

Frå 2018 er det og løyvd 1,350 mill. kr til auka satsing på lærlingar, jf. FT – sak 35/16. Satsinga legg opp til at tal lærlingplassar i Sogn og Fjordane fylkeskommunen skal aukast til 22 plassar. Midlane vert fordelt ut på eining/sector etter kvart som lærlingane vert tilsett. Til no er det fordelt ut 0,330 mill. kr, slik at det ligg att 1,020 mill. kr til nye lærlingar.

Teneste 4204 Tillitsvalde og verneombod

Tenesta har ei ramme på 3,908 mill. kr. Ramma skal dekke løn- og driftsutgifter til dei fylkeshovudstillitsvalde (ca. 4 årsverk) og fylkeshovudsverneombod (60 % stilling) som er frikjøpt frå stillinga si i fylkeskommunen. Hovudavtalen for KS-område og fylkeskommunen sine tilpassingsavtaler til hovudavtalen med arbeidstakarorganisasjonane regulerer dette.

Teneste 4205 Interne støtteeiningar

Tenesta har ei samla nettoløyving på 28,292 mill. kr i 2018 med slik fordeling:

	2018
IKT-tenesta	19,518
Løn- og rekneskapstenesta	6,775
Innkjøpstenesta	1,999
SUM	28,292

IKT-tenesta

Løyvinga er på netto 19,518 mill. kr. Ramma skal dekke løns- og driftsutgifter for IKT-tenesta, og felles fylkeskommunale IKT-utgifter som kommunikasjonsutgifter, felles programvare, nettverkkomponentar, felles IKT-utstyr og drift av desse. I tillegg skal ramma dekke IKT-utgifter i sentraladministrasjonen.

Overordna føringar og strategiar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar informasjonsteknologi som ein viktig basis for produksjon og støttefunksjon i heile den fylkeskommunale forvaltninga. IKT er eit viktig verktøy for å nå hovudmåla som er sett for fylkeskommunen. Målsettinga er å gje gode IKT-tenester, slik at fylkeskommunen kan nå desse måla. Samstundes skal tenesta vere ein pådrivar for utvikling innan IKT-området, både innan den fylkeskommunale forvaltninga og i fylket elles. I tillegg skal IKT-tenesta vere innovativ og tilby tenester til andre offentlege etatar og kommunar.

Viktige tiltak i 2018:

- Slutføre «Pilotprosjekt IKT - Organisering av IKT-ressursen» i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Oppstart av digitaliseringsprosjektet i fylkeskommunen
- Auke kapasiteten i datasenteret og på lagring og backup
- Utbetre og fornye nettverket på institusjonane og i det fylkeskommunale nettet ved å implementere nye kjernekomponentar.
- Forbetre tryggleiksløysingane og forenkla tilgang til applikasjonar når ein jobbar utanfor det fylkeskommunale nettet spesielt på sensitive nett
- Vidareutvikle dei tekniske løysingane og installering av digitale klasserom på dei vidaregåande skulane
- Tilpasse fylkeskommunen til EU sin forordning for personvern (GDPR) som vert ny lov i Noreg i 2018
- Ta i bruk verktøy for systemovervaking og proaktiv drift innafor overvaking av datautstyr
- Utvikle IKT-samarbeidet med kommunane og IKT-samarbeidet elles i fylket gjennom «IT-forum Sogn og Fjordane» spesielt innafor digitaliseringsområdet
- Utvikle IKT-samarbeidet nasjonalt saman med KS og fylkeskommunane

Løn- og rekneskapstenesta

Løyvinga er på netto 6,775 mill. kr i 2018. Ramma skal dekke løns- og driftsutgifter til denne tenesta. Inkludert i dette ligg kostnader med årlege lisensar og vedlikehald av løns-, økonomi- og personalsystemet VISMA.

Overordna føringar og strategiar:

Det vert arbeida kontinuerleg med å levere gode og korrekte tenester innan løn og rekneskap, både til rett tid og med rett ressursbruk.

Viktige tiltak i 2018 er vidareutvikling av prosjektet med å effektivisere løns- og rekneskapstenestene, både ved løn- og rekneskapstenesta og ved dei ulike einingane i fylkeskommunen. Dette inneber mellom anna:

- Kontinuerleg arbeid med elektroniske fakturaer og kontakt med leverandørar.
- Rulle ut/ta i bruk modular med elektronisk saksgang
 - Utrulling av e-bilag
 - Ta i bruk ferie og fråvær modul
- Tettare oppfølging av ytre einingar – både ved bruk av fagsystem og ved oppdatering av regelverk.

Innkjøpstenesta

Løyvinga er på netto 1,999 mill. kr. Sal av tenester er budsjettert med 1,620 mill. kr. Ramma skal dekke løns- og driftsutgifter til innkjøpstenesta. Tenesta har fagansvaret for:

- Drift og utvikling av innkjøp
- Felles elektronisk bestillingsløyving for fylkeskommunen (e-handel)
- Samarbeidsordninga Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI).

Gjennom SFFI tilbyr fylkeskommunen det offentlege forvaltningsapparatet i Sogn og Fjordane eit innkjøpssamarbeid mot godtgjersle. Pr. oktober 2017 er følgjande organ omfatta av innkjøpssamarbeidet: Fylkeskommunen, Fylkesmannen, 25 kommunar, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Energi AS og Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI). Samarbeidet medfører at partane kan gjennomføre meir rasjonelle innkjøp.

Hovudoppgåva for tenesta er å:

- organisere innkjøpsordninga i fylkeskommunen
- inngå kjøps-/rammeavtaler for varer og tenester på vegne av fylkeskommunen og SFFI
- følgje opp felles rammeavtaler med leverandørane
- gje faglege råd til fylkeskommunen sine einingar og samarbeidspartar i SFFI
- drive opplæring i innkjøp
- utvikle krav/mål og oppfølgingssystem for innkjøpsfunksjonen i fylkeskommunen
- innarbeide nasjonale reglar knytt til offentlege anskaffingar
- innarbeide EØS reglar knytt til offentlege anskaffingar
- utarbeide og holde oppdatert bestillingsrutinar i heile organisasjonen

Overordna føringar og strategiar:

Gjeldande innkjøpsstrategi for fylkeskommunen, jf. FT-sak 47/12.

Viktige tiltak i 2018:

- Gjennomføre planlagde konkurransar
- Arbeide vidare med å lage ny innkjøpsstrategi
- Arbeide vidare med å innføre e-handel i fylkeskommunen og samarbeidskommunar.
- Arbeide vidare med å forbetre og kommunisere vedtekne planar, fastsette rutinar, prosedyrar og ansvar kring innkjøp i fylkeskommunen
- Vurdere å integrere elektronisk konkurransegjennomføringsverktøy med sak/arkiv.
- Vurdere og ev. innføre avtaleregister for alle avtalar i fylkeskommunen.

PROGRAMOMRÅDE 421 - FORVALTNINGSUTGIFTER I EIGEDOMSFORVALTNINGA

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
4210 Bygg og eigedomsforvaltning	7,452	7,907	8,052	8,089	8,089	8,089
4211 Bygg- og bilforsikring	1,379	2,243	2,283	2,283	2,283	2,283
4212 Utleigebygg	-0,258	-0,232	-0,200	-0,200	-0,200	-0,200
Sum	8,573	9,918	10,135	10,172	10,172	10,172

Bygge- og eigedomstenesta er leverandør av tenester knytt til eigarfunksjonen. Dette omfattar forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service samt å skaffe naudsynte bygg og eigedommar til fylkeskommunen sine aktivitetar.

Overordna mål for den fylkeskommunale eigedomsforvaltninga er at verdien av eigedomsmassen ikkje skal forringast, eigedommane skal være tilpassa behovet brukarane har og ressursinnsatsen ved forvaltninga skal ikkje vere større enn det som må til for å nå desse primære målsettingane. I tillegg vil sentrale område som miljø/klima, energibruk og tilgjenge/universell utforming være viktige.

Teneste 4210 Bygg og eigedomsforvaltning

Løyving er på netto 8,052 mill. kr i 2018. Tenesta har ansvar for/arbeider med:

- Eigedomsforvaltning, teknisk drift og vedlikehald, samt prosjektleiing av nye investeringsprosjekt.
- Naudsynte arealtilpassingar som følgje av vedteken skulebruksplan.
- Forvaltning av areal knytt til tannhelsetenesta med rullering, fornying, avvikling av eksisterande leigeavtalar, samt planlegging og oppfølging av ev. nye klinikkar.
- Utføre ulike oppgåver knytt til musea i fylket. Dette gjeld mellom anna rådgjeving, prosjektarbeid med nyinvesteringar og teknisk drift av kunstmuseet i Førde.

I tillegg kan tenesta disponere inntil 0,500 mill. kr av kapitalfondet til planlegging. Midlane skal nyttast til utgreiing av prosjekt som ikkje er komne så langt at dei er med i investeringsbudsjettet, eller til førebuande utgreiingar, skisser, takstar, tilstandsrapportar, anbodsmateriale mv.

Viktige tiltak i 2018 er m.a.

- Planlegging og gjennomføring av vedtekne investeringsprosjekt.
- Fortsette arbeidet med implementering av nytt FDV-system.
- Videreføre arbeidet med miljø- og energisparande tiltak.
- Vidareføre arbeidet med tiltak knytt til universell utforming

Teneste 4211 Bygg- og bilforsikring

Det er budsjettert med 2,283 mill. kr til bygg- og bilforsikringar. Posten omfattar i hovudsak utgifter til premie og eigenandelar ved skade.

Teneste 4212 Utleigebygg

Tenesta er budsjettert med ei nettoinntekt på kr 0,200 mill. kr.

PROGRAMOMRÅDE 430 – ADMINISTRASJONSLOKALE

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
4300 Administrasjonslokale	5,268	5,847	7,215	7,215	7,215	7,215
Sum	5,268	5,847	7,215	7,215	7,215	7,215

Teneste 4300 Administrasjonslokale

Tenestemrådet har ei samla netto løyving på 7,215 mill. kr i med slik fordeling:

	2018
Administrasjonsbygningar Leikanger	2,435
Administrasjonsbygningar Førde og Florø	4,780
SUM	7,215

Løyvinga skal dekke kostnader til drift og vedlikehald av fylkeshuset på Leikanger, leige av kontorlokale i Florø og Sandane, og leige av 3. og del av 4. etg. i Storehagen Atrium i Førde.

PROGRAMOMRÅDE 460 TENESTER UTANOM ORDINÆRT FYLKESKOMMUNALT ANSVARSOMRÅDE

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
4600 Oppgåver utanfor ord. ansvarsområde		0,500	0,550	0,000	0,000	0,000
4606 Diverse tilskot samferdsle	1,175	6,675	0,525	0,525	0,525	0,525
Sum	1,175	7,175	1,075	0,525	0,525	0,525

For 2018 er det sett av 0,525 mill. kr til tilskot innanfor samferdsleområdet. I tillegg er det løyvd 0,550 mill. kr til felles digitaliseringsprosjekt for kommunar og fylkeskommunar.

Opplæringskontoret for offentleg sektor

Kontoret har ikkje direkte fylkeskommunal løyving. Utgiftene vert dekkja ved tilskot pr. lærling, medlemskontingent og overførde midlar.

PROGRAMOMRÅDE 480 - DIVERSE FELLESUTGIFTER

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
4800 Juridisk honorar	3,221	6,350	3,400	1,400	1,400	1,400
4801 Personalforsikringar	1,748	2,167	2,275	2,275	2,275	2,275
4802 Folkehelsearbeid	5,551	2,377	2,455	2,455	2,455	2,455
4809 Diverse fellesutgifter	0,062					
Sum	10,582	10,894	8,130	6,130	6,130	6,130

Teneste 4800 Juridisk honorar og andre konsulentutgifter

Løyvinga i 2018 er på 3,4 mill. kr. Av løyvinga er 1 mill. kr knytt til ekstern bistand i samband med SFE-prosessen. Resterande løyving på 2,4 mill. kr vert stilt til rådvelde for fylkesrådmannen til kjøp av slike tenester.

Teneste 4801 Personalforsikringar

Løyvinga til personalforsikring er 2,275 mill. kr i 2018.

Teneste 4802 Folkehelsearbeid

Tenesteområdet har ei samla netto løyving på 2,455 mill. kr med slik fordeling:

	2018
Folkehelse – drift av partnerskapen	0,100
Satsingsområde og helseovervaking	1,460
Folkehelse – Administrasjon	0,895
SUM	2,455

Tenesta vert disponert av sektoren næring og kultur. Viser til omtale i kapittel. 9.

PROGRAMOMRÅDE 715 - LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid	2,041	3,620	1,650	1,650	1,650	1,650
7152 Lokalt plan og utviklingsarbeid	3,790	4,546	4,636	4,636	4,636	4,636
7153 Fellesfunksjonar og støttefunksjonar	0,440	0,238	0,242	0,242	0,242	0,242
7154 Utviklingsarbeid klima	1,455	1,550	1,580	1,580	1,580	1,580
7157 Internasjonalt arbeid	0,714	0,400	0,407	0,407	0,407	0,407
7159 Lokal og regional utvikling - Administrasjon	7,017	7,812	7,993	8,038	8,038	8,038
Sum	15,457	18,166	16,508	16,553	16,553	16,553

Programområdet omfattar i hovudsak regional planlegging og lokale og regionale utviklingsprosjekt inklusiv utviklingsarbeid innan klima. I tillegg arbeider vi med rådgjeving og rettleiing til kommunane, og gir uttalar til kommunale planar. Fylkeskommunen sitt internasjonale arbeid, som ikkje er knytt opp til spesifikke prosjekt eller program, er også ein del av dette programområdet.

Satsingsområda for programområdet er:

- Regional planlegging
 - Utarbeiding av regionale planar og strategiar
 - Skape felles retning for utviklinga av fylket og utnytte fylkeskommunale verkemiddel for å bevege oss i ynskt retning
 - Styrke samanhengen mellom regionalt og lokalt plan- og utviklingsarbeid
 - Styrke kommunane i arbeidet med langsiktig samfunns- og arealplanlegging
 - Styrke fylkesdekkande organisasjonar si rolle i høve langsiktig strategisk utvikling

Tenesteområde 7151 – Regionalt plan og utviklingsarbeid

Løyvinga er på 1,650 mill. kr i 2018.

Regionale planar

Hovudkostnadane knytt til regionale planar vert dekkja innan det einskilde tenesteområde. Utgifter til ekstern bistand, samordning, utgreiingar m.m. knytt til alle planane, ligg inne i posten med 0,500 mill. kr. Det er ein føresetnad at desse midlane skal kunne nyttast av alle sektorar. Som del av regionalt planarbeid ligg og utgifter til vidareutvikling av Fylkesspegelen og anna analysearbeid som grunnlag både for regionalt og lokalt plan og utviklingsarbeid.

Hovudtyngda av regionalt planarbeid vil i 2018 ligge i arbeidet med «Strategisk plan for kysten», «Regional plan for klimaomstilling», «Strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling» og «Regional plan for kultur». I tillegg skal det startast opp arbeid med « Regional plan for arealbruk»

og «Regional plan for verdiskaping» skal reviderast. Dei ulike handlingsprogramma til planane skal òg følgjast opp.

Regionalt utviklingsarbeid

Det vil i 2018 bli lagt vekt på å styrke arbeidet med tverrsektorielle utviklingsprosjekt og sikre at fylkeskommunen har ei framoverlent haldning til å skape effektar i fylket ut frå dei verkemidla og den rolla vi kan ha i den regionale partnerskapen.

Området vi vil prioritere innanfor utviklingsarbeid er:

- utvikling av sterkare bu-, service- og arbeidsmarknadsområde
- utviklingsprosjekt knytt til det «det grønne skiftet»

Fylkeskommunen har ei rolle i å stimulere til prosjekt og systematisk utviklingsarbeid på tvers av kommune og regionrådsgrenser. Dette omfattar også prosjekt som kan gje kunnskap og forståing for arbeidsformer og utviklingsarbeid i kommunane, hjå næringslivet og frivillige organisasjonar.

Døme på dette kan vere:

- Kartlegging av sjø og sjøbotn - som grunnlag for kommunale arealplanar i sjø
- Kartlegging og verdsetjing av friluftsområde i kommunane
- Styrke kunnskapen om vilkår for lokal klimaomstilling og utvikle nye metodar (jf. utviklingsprosjektet «Samhandling for grønt skifte»)
- Generell kunnskapsinnhenting som grunnlag for regionale og kommunale planar

Tenesteområde 7152 – Lokalt plan og utviklingsarbeid

Tenesteområdet har ei samla netto løyving på 4,636 mill. kr med slik fordeling:

	2018
Tettstadutvikling	2,636
Regionvise utviklingsavtalar	2,000
SUM	4,636

Tenesteområdet omhandlar både faste oppgåver knytt til plan- og utviklingsarbeid og program- og prosjektretta satsingar.

Samarbeidet med kommunane er eit prioritert område, og vi legg vekt på å ha ei heilskapleg tilnærming og ein strategisk dialog med kommunane.

Det er ikkje eit skarpt skilje mellom utviklingsprosjekt og satsingane innafor tenesteområda 7151 og 7152.

Lokal planlegging

Lokal planlegging handlar om å rettleie kommunane i planlegging etter plan- og bygningslova. Viktige arenaer er Planforum, regionale plannettverk og plansamlingar. Det er eit samarbeid med miljøvernavingdelinga hjå fylkesmannen om rettleiing i kommunal planlegging.

Fylkeskommunen har eit ansvar for å følgje opp kommunal planlegging innan våre fagområder og å koordinere fråsegner frå dei ulike fagområda i fylkeskommunen. Vi nyttar mest ressursar på overordna kommunale planar (planstrategi, samfunnsdel og arealdel), og planar for sentrumsutvikling (særleg områdereguleringar).

Utviklingsarbeid

Tettstadutvikling - Tettstadane og utviklinga av dei, er ein viktig del av den regionale utviklinga i fylket. Fylkeskommunen legg til grunn at attraktive og miljøvennlige tettstader er viktige for identitet, trivsel, bulyst og virke. Det er sett av 2,636 mill. kr til tettstadutvikling i 2018.

Regionvise utviklingsavtaler - Fylkeskommunen har utviklingsavtaler med dei einsskilte regionråda for å stimulere til felles satsingar og langsiktig utviklingsarbeid i regionen. Utviklingsavtalane skal og vere eit verkemiddel for å sikre gjennomføring av vedtekne regionale og kommunale strategiar. Det er sett av 2,000 mill. kr til regionvise utviklingsavtaler i 2018.

Tenesteområde 7153 – Fellesfunksjonar og støtrefunksjonar

Tenesteområdet har ei samla netto løyving på 0,242 mill. kr med slik fordeling:

	2018
GIS	0,142
Panda/analyse	0,100
SUM	0,242

Fylkeskommunen har etablert Fylkesspegelen, som ein samla nettstad for statistikk og analyse, for å styrke lokal og regional kunnskap i plan og utviklingsarbeid. Større kostnader i arbeidet med analyse og statistikk vert dekkja gjennom bruk av midlar direkte frå tenesteområda 7151 og 7152.

Geografisk informasjonssystem – GIS

Fylkeskommunen nyttar GIS som støtte til arbeid med statistikk og analysar, m.a. til presentasjonar i fylkesspegelen og ved konkrete førespurnadar frå samarbeidspartane i fylket. GIS vert nytta til å illustrere og synleggjere relasjonar, mønster og trendar i form av kart, globusar, rapportar og diagram.

GIS blir brukt innafor alle fylkeskommunale sektorar og i samarbeid med kommunar og andre aktørar. Det er sett av 0,142 mill. kr til GIS i 2018.

Panda/analyse

Panda er eit analyse- og simuleringsverktøy til bruk i regional og kommunal planlegging. I 2018 vil arbeidet med kommunale planstrategiar og arbeidet med spesifikke regionale planar og utviklingsprosjekt bli prioritert. Fylkeskommunen er forplikta med ein årleg kostnad på om lag 0,07 mill. kr til medlemskap i PANDA. Det er sett av 0,100 mill. kr til Panda/analyse i 2018.

Tenesteområde 7154 Utviklingsarbeid klima

Løyvinga er på 1,580 mill. kr i 2018.

Regional plan for klima og tilhøyrande handlingsprogram er førande for arbeidet. Ny klimaplan skal vedtakast i juni 2018. Handlingsprogrammet vil legge føringar utover i planperioden.

Kjerneoppgåver innafor klima og miljø er å:

- 1) Redusere utslepp frå aktivitet i fylkeskommunal verksemd
- 2) Samarbeide om tiltak for utsleppsreduksjon og klimaomstilling med kommunar, frivillige lag og organisasjonar og med næringslivet i fylket
- 3) Styrke kunnskapsgrunnlag og forskning rundt utsleppsreduksjon og klimatilpassing på regionalt og lokalt nivå

Fylkeskommunen kan påverke, både i vår rolle som samfunnsutviklar, men òg som arbeidsgjevar, utbygger, eigar av ulike selskap og innkjøper av varer og tenester. I omstillinga til eit meir berekraftig samfunn er det difor viktig at fylkeskommunen brukar midlar på å redusere utslepp og miljøkostnader frå eiga verksemd. Ein annan viktig strategi framover er å styrke det tverrfaglege klima- og miljøsamrådet, både internt i fylkeskommunen og med andre aktørar. I 2018 vil vi halde fram samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar, næringslivet og kommunane - mellom anna gjennom satsinga på forskning innan lokal

klimaomstilling, støtte opp om hydrogensatsinga i fylket, legge til rette for lågare utslepp innan transport, avfall som ressurs og miljøvenlege bygg.

I tillegg vil vi jobbe med å greie ut miljøvenlege teknologialternativ når det gjeld buss og ferje.

Fylkeskommunen har etablert ei tilskotsordning for å få fleire hurtigladestasjonar på sentrale samferdsleårer og knutepunkt i fylket, jf. FT-sak 53/16. Det vert gjeve inntil 0,100 mill. kr i støtte til kvart prosjekt. Fylkeskommunen har om lag 0,6 mill. kr til denne tilskotsordninga. Det vil bli arbeidd med å etablere eit nytt miljøfond i løpet av 2018.

Tenesteområde 7157 – Internasjonalt arbeid

Løyvinga er på 0,407 mill. kr i 2018. Det er dei overordna måla for fylkeskommunen som skal vere førande for det internasjonale engasjementet. Dette legg mykje av ansvaret for aktiv internasjonal deltaking på dei ulike fagavdelingane. Budsjettposten til internasjonalt arbeid er knytt til medlemskontingent i dei viktigaste formelle fora fylkeskommunen er engasjert i.

Teneste 7159 – Lokal og regional utvikling – administrasjon

Løyvinga på 7,993 mill. kr dekkjer løns- og administrasjonskostnader knytt til programområde 715.

6.3 ØKONOMIPLANPERIODEN 2019-2021

Programområde	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
400 Politisk styring	20,901	23,074	48,050	48,651	48,003	48,658
410 Kontroll og revisjon	4,398	4,430	4,830	4,830	4,830	4,830
420 Administrasjon	78,124	80,913	82,321	81,315	81,315	81,315
421 Forvaltn.utg i eideomsforvaltninga	8,573	9,918	10,135	10,172	10,172	10,172
430 Administrasjonslokale	5,268	5,847	7,215	7,215	7,215	7,215
460 Tenester utanom ordinært fylkesk. ansvarsmr.	1,175	7,175	1,075	0,525	0,525	0,525
480 Diverse fellesutgifter	10,582	10,894	8,130	6,130	6,130	6,130
Ufordelt innsparingstiltak forvaltning	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
715 Lokal og regional utvikling	15,457	18,166	16,508	16,553	16,553	16,553
Ufordelt innsparingskrav plan	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Sum	144,478	160,417	178,264	175,391	174,743	175,398

POLITISK STYRING

Programområde 400, teneste 4004 Diverse råd og utval:

Det er løyvd 0,655 mill. kr til valstyre i 2019 og 2021 til gjennomføring av høvesvis kommune-/fylkestingsval og stortingsval.

7. OPPLÆRING

Sektoren er delt i følgjande programområde – med slike nettoløyvingar:

Programområde	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
510 Skulelokale og internatbygningar	101,359	105,805	105,972	105,272	105,272	105,272
515 Fellesutg./støttefunksjonar VGS	60,300	59,557	66,013	64,396	64,396	64,396
520 Ped. leiing/fellesutg. og gjesteelevar	89,501	105,441	102,850	101,285	98,202	98,202
521-533 Utdanningsprogramma	340,968	338,165	346,653	347,453	347,453	347,453
554 Fagskule	25,033	24,961	10,629	9,629	9,629	9,629
559 Landsliner	6,610	5,305	5,514	5,514	5,514	5,514
561 Oppfølgingstenesta og pedagogisk psyk teneste	18,034	18,871	19,065	19,065	19,065	19,065
562 Tilpassa opplæring	64,352	68,358	66,575	66,575	66,575	66,575
570 Fagopplæring i arbeidslivet	106,629	116,443	108,363	108,363	108,363	108,363
581 Vaksenoppl. etter opplæringslova	5,937	10,996	13,769	13,769	13,769	13,769
590 Andre føremål	11,369	8,937	11,458	11,458	11,458	11,458
Ufordelt innsparingstiltak	0,000	0,000	0,000	0,000	-2,500	-2,500
800 Resultatoverføring	5,498	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Sum	835,590	862,839	856,861	852,779	847,196	847,196

7.1 BUDSJETTPROFIL

Det vert vist til kapittel 2 i budsjettreglementet for fullmaktene til hovudutval for opplæring.

Fylkestinget vedtok i 2012 *Mål- og strategidokument for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012 – 2015 God-betre-best!* Mål- og strategidokumentet styrer det overordna utviklingsarbeidet i opplæringssektoren, og dannar bakgrunn for eit handlingsprogram. Fylkesutvalet vedtok i sak 18/15 at *God-betre-best!* vart forlenga med to år. Hovudutval for opplæring vedtok i sak 37/16 *Handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016-2017*. Handlingsprogrammet er basert på forlenga mål- og strategidokument, med tilpassing opp mot prioriterte område i målekartet for opplæringssektoren.

Hovudutval for opplæring vedtok i sak 31/16 oppstart av arbeid med nytt mål og strategidokument for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane. Dokumentet skal erstatte God - betre - best! Hovudutvalet vedtok i HO-sak 26/17 å sende utkast til mål- og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021 «Mot nye høgder» på høyring. Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021 skal slutthandsamast i fylkestinget i desember 2017.

Løyvinga til opplæringstilbodet er frå hausten 2017 auka med 2,5 mill. kr årleg for å kompensere for manglande innsparing på tiltaket «oppbygging av faga i arbeidsåret».

Samanlikna med økonomiplan 2017-2020 er løyvinga til opplæringstilbodet frå skuleåret 2018-2019 styrka tilsvarande 8 grupper, til om lag 220 grupper.

Budsjettet for utdanningsprogramma er frå 2018 redusert med 2,0 mill. kr som følgje av at løyvinga til vg3 i skule som alternativ til opplæring i bedrift, er flytta til teneste 5701 Opplæring i bedrift. Dette er ei tilpassing til KOSTRA. 2,2 mill. kr som i økonomiplan 2017-2020 var øyremerkta vg3 i skule er omdisponert og vidareført til å oppretthalde dagens løyvingsnivå på tenesta.

Løyvinga til omstillingstiltak for pedagogisk personale er i 2018 redusert med 6,7 mill. kr i høve løyvingsnivået i økonomiplan 2017-2020. Reduksjonen kjem som følgje av at behovet for omstillingsmidlar er vurdert til å vere lågare enn tidlegare føresett.

Som følgje av friare skuleval over fylkesgrensene og basert på søkinga til skuleåret 2017-2018 er den økonomiske ramma for gjesteelevar frå 2018 auka med 1,5 mill. kr i høve løyvingnivået i økonomiplan 2017-2020. Det er knytt uvisse til dei økonomiske konsekvensane av lovendinga i åra framover.

Samanlikna med løyvingnivået i økonomiplan 2017- 2020 er løyvinga til PP-tenesta redusert med 1,450 mill. kr frå 2018. Reduksjonen har i stor grad samanheng med innsparingar i samband med reforhandling av samarbeidsavtalane med kommunane, samt endra organisering av Sogn PPT. Innsparinga er nytta til å møte innsparingskrav i opplæringssektoren.

Kommunane si busetting av flyktingar vil påverke behovet for tenester innanfor tilpassa opplæring, vaksenopplæring og på sikt elevtalsutviklinga.

Samanlikna med økonomiplan 2017-2020 er den økonomiske ramma for opplæringssektoren i 2018 auka med 0,8 mill. kr som følgje av at uspesifisert innsparingskrav er reversert.

7.2 ÅRET 2018 – OMTALE AV PROGRAMOMRÅDE OG TENESTER

PROGRAMOMRÅDE 510 - SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
5100 Utgifter til lokale	61,827	62,805	62,597	62,597	62,597	62,597
5101 Vedlikehald og drift av skulebygg	39,532	43,000	43,375	42,675	42,675	42,675
Sum	101,359	105,805	105,972	105,272	105,272	105,272

Teneste 5100 Utgifter til lokale:

Tenesta inneheld i hovudsak driftsmidlar knytt til husleige, avgifter og reinhald. Løyvinga vert ikkje påverka av endringar i opplæringstilbodet med mindre skulen sitt areal vert endra. Midlane vert tildelt skulane gjennom ansvarsbrev.

Det er i 2018 sett av om lag 6,100 mill. kr til leige av areal i Trivselshagen.

Det er i gang arbeid med utarbeiding av nye reinhaldsplanar, som skal avsluttast i løpet av 2018. Eit eventuelt innsparingspotensiale vert sett i samanheng med innarbeidd reduksjon i den økonomiske ramma etter vedtaket i saka om skulebruksplanen.

Den økonomiske ramma for tenesta er vidareført om lag på same nivå som i økonomiplan 2017-2020.

Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg

Tenesta omfattar midlar til energi, driftsvedlikehald og dei tekniske driftsavdelingane.

Det er slike føringar for bruken av løyvinga:

Energi skulane	14,227 mill. kr
Vedlikehald og teknisk drift av skulebygg	13,970 mill. kr
Driftsavdeling Sogn, Sunnfjord og Nordfjord	15,178 mill. kr

Løyvinga til vedlikehald av skulebygg inneheld 3,000 mill. kr til uføresett vedlikehald/ investeringskostnader for å dekke akutte tiltak (miljø, inneklima og andre tiltak). Løyvinga vert å sjå i samanheng med vedlikehaldskostnadane og justert etter korleis tiltaka vert klassifiserte, som vedlikehald eller nykostnad.

PROGRAMOMRÅDE 515 - FELLESUTGIFTER OG STØTTEFUNKSJONAR KNYTT TIL VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
5150 Forvaltning og fellesutgifter	44,922	41,025	49,887	53,997	53,997	53,997
5151 Fellesutgifter	12,766	14,510	13,010	7,283	7,283	7,283
5152 Eleveksamen	1,667	3,106	2,197	2,197	2,197	2,197
5153 Elev, lærling- og mobbeombod	0,945	0,916	0,919	0,919	0,919	0,919
Sum	60,300	59,557	66,013	64,396	64,396	64,396

Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter

Tenesta omfattar i hovudsak driftsmidlar til dei vidaregåande skulane m.a. knytt til kontorphonale, miljøkoordinator, arbeidslivskontakt og bibliotekar. Midlar til ekskursjonar, velferdstiltak, boksamlingar, service/driftsavtalar, ymse driftsutgifter etc. vert tildelt skulane etter fastlagde normer og satsar. Midlane vert tildelt skulane gjennom ansvarsbrev.

Samanlikna med løyvningsnivået i økonomiplan 2017-2020 er den økonomiske ramma for tenesta auka med 2,7 mill. kr som følgje av at løyvinga til arbeidslivskontakt er flytta frå teneste 5200 Pedagogisk leing mv. Dette er ei vidareføring av løyvningsnivået i 2017.

Teneste 5151 Fellesutgifter

Tenesta omfattar midlar til drift og utvikling på følgjande område:

- fellesutgifter til skulane
- administrasjon inntak
- system- og informasjonskostnader
- IKT-pilotprosjekt
- tillitsvalde i opplæringssektoren
- kommunikasjonsutgifter IKT skulane

Fellesutgifter til skulane dekker utgifter med ulike fellesavtalar for skulane.

Administrasjon inntak inngår i kontorbudsjettet for opplæringsavdelinga.

System- og informasjonskostnader gjeld kostnader ved fylkeskommunen sine datasystem og informasjonsarbeid knytt til inntak og formidling.

IKT-pilotprosjekt er eit toårig prosjekt der IKT- drifta for dei vidaregåande skulane vert samla i felles driftseining. Pilotprosjektet vert avslutta hausten 2018.

Tillitsvalde i opplæringssektoren omfattar refusjon av utgifter knytt til tillitsvaldordninga i opplæringssektoren.

Kommunikasjonsutgifter IKT skulane omfattar utgifter til internett og datalinjenettet mellom skulane i fylket.

Samanlikna med løyvningsnivået i økonomiplan 2017-2020 er den økonomiske ramma for tenesta i 2018 auka med 2,4 mill. kr. Auken har samanheng med forskyving av kostnader som følgje av forseinka framdrift i arbeidet med innføring av nytt skuleadministrativt system (VISMA flyt skule).

Teneste 5152 Eleveksamen

Tenesta omfattar midlar til administrasjon og gjennomføring av eleveksamen.

Administrasjon eleveksamen inngår i kontorbudsjettet for opplæringsavdelinga.

Teneste 5153 Elev-, lærling- og mobbeombod

Tenesta omfattar midlar til ordninga med elev-, lærling- og mobbeombod. Fylkesrådmannen har fullmakt til å disponere løyvinga. Løyvinga er vidareført på same nivå som i 2017.

PROGRAMOMRÅDE 520 - PEDAGOGISK LEIING, PEDAGOGISKE FELLESUTGIFTER OG GJESTEELEVOPPGJER

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
5200 Pedagogisk leing mv.	69,861	80,437	76,241	74,641	74,641	74,641
5201 Pedagogiske fellesutgifter	11,204	15,088	16,066	16,101	13,018	13,018
5202 Gjesteelevar	5,815	7,335	7,909	7,909	7,909	7,909
5203 PC-ordninga	2,621	2,581	2,634	2,634	2,634	2,634
Sum	89,501	105,441	102,850	101,285	98,202	98,202

Teneste 5200 Pedagogisk leing mv.

Tenesta inneheld driftsmidlar til skuleleiing og andre kostnader ved den pedagogiske verksemda som ikkje let seg knyte direkte til dei einsskilte utdanningsprogramma. Midlane vert tildelt skulane gjennom ansvarsbrev.

Samanlikna med løyvingsnivået i økonomiplan 2017-2020 er den økonomiske ramma for tenesta redusert med 2,7 mill. kr som følgje av at løyvinga til arbeidslivskontakt er flytta til teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter. Dette er ei vidareføring av løyvingsnivået i 2017.

Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter

Tenesta omfattar midlar til drift og utvikling på følgjande område:

- administrasjon kvalitet og utvikling
- omstillingstiltak for pedagogisk personale
- organisasjon og personalutvikling
- rekruttering og kompetanseutvikling pedagogisk personale

Administrasjon kvalitet og utvikling inngår i kontorbudsjettet for opplæringsavdelinga.

Omstillingstiltak for pedagogisk personale går i hovudsak med til å dekke lønsutgifter i overtalssituasjonar, retrettstillingar for skuleleiarar og andre utgifter knytt til omstilling.

Løyvinga til omstillingstiltak for pedagogisk personale er i 2018 redusert med 6,7 mill. kr i høve løyvingsnivået i økonomiplan 2017-2020. Reduksjonen kjem som følgje av at behovet for omstillingsmidlar er vurdert til å vere lågare enn tidlegare føresett.

Organisasjons- og personalutvikling for sektoren har i 2017 ei samla budsjetttramme på om lag 2,825 mill. kr. 1,600 mill. kr av denne er som tidlegare år fordelt i budsjetttrammene til skulane. Dei resterande midlane er føresett nytta slik:

- | | |
|--|----------------|
| - folkehelsearbeidet ved skulane | 0,200 mill. kr |
| - fagnettverk | 0,200 mill. kr |
| - gjennomføring av årlege lærlingsamlingar | 0,045 mill. kr |
| - oppfølging av vedteke handlingsprogram | 0,780 mill. kr |

Rekruttering og kompetanseutvikling pedagogisk personale inneheld midlar til oppfølging av vedteken plan for kompetanseutvikling for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane. Det er i 2018 sett av 2,486 mill. kr til føremålet.

Realisering av kompetanseutviklingstiltak må også vurderast opp mot løyvinga til felles opplærings- og utviklingstiltak i fylkeskommunen (programområde 420 Administrasjon, teneste 4201 Personalretta tiltak).

Det vert årleg utarbeidd plan for kompetanseutvikling der ulike satsingsområde vert prioriterte både når det gjeld etter- og vidareutdanning. I denne prosessen vert skulane sine behov høyrde, og ein tek høgde for nasjonale satsingar.

Teneste 5202 Gjesteelevar

Tenesta omfattar kjøp og sal av elevplassar.

Stortinget vedtok friare skuleval over fylkesgrenser gjeldande frå 01.08.2016. Dette inneber at fylkeskommunane, frå skuleåret 2017-2018, har plikt til å handsame søkjarar frå andre fylke, ved ledig kapasitet.

Basert på søkinga til skuleåret 2017-2018 er den økonomiske ramma for gjesteelevar frå 2018 auka med 1,5 mill. kr i høve løyvingsnivået i økonomiplan 2017-2020. Det er knytt uvisse til dei økonomiske konsekvensane av lovendringa i åra framover.

5203 PC- ordninga

Tenesta inneheld midlar til ordninga med berbare datamaskiner for elevar. Løyvinga er vidareført på same nivå som tidlegare.

PROGRAMOMRÅDE 521-533 UTDANNINGSPROGRAMMA

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
5210 Utdanningsprogramma	337,991	329,592	337,872	338,672	338,672	338,672
5211 Gratis læremiddel	0,010	5,927	6,124	6,124	6,124	6,124
5313 Jordbruksskulegardar	2,967	2,646	2,657	2,657	2,657	2,657
Sum	340,968	338,165	346,653	347,453	347,453	347,453

Teneste 5210 Utdanningsprogramma

Tenesta inneheld driftsmidlar til utdanningsprogramma som t.d. løn til lærarar, ressursar til kontaktlærarar, midlar til materiell og utstyr og tilskot til praksisopplæring. Midlane vert i hovudsak tildelt skulane etter fastlagde normer og satsar som følgje av opplæringstilbodet, som vert vedteke av hovudutval for opplæring. Midlane vert tildelt skulane gjennom ansvarsbrev.

I tillegg inneheld tenesta midlar til kjøp av undervisningsutstyr på skulane.

Det er føresett at ein innanfor ramma til vidaregåande opplæring skal dekke behovet for opplæring til alle rettselevar.

Budsjettet for våren 2018 er tilpassa ei vidareføring av opplæringstilbodet hausten 2017 (inntekne elevar med og utan ungdomsrett) som pr. 16.10.17 er slik:

Skule	Grupper	Plassar	Inntekne	Ledige	Oppfylling
Årdal vidaregåande skule	12	225	202	23	90 %
Sogndal vidaregåande skule	43	806	725	81	90 %
Høyanger vidaregåande skule	8	151	143	8	95 %
Dale vidaregåande skule	9	193	169	24	88 %
Hafstad vidaregåande skule	18	544	481	63	88 %
Flora vidaregåande skule	26	514	491	23	96 %
Måløy vidaregåande skule	20	332	321	11	97 %
Firda vidaregåande skule	13	358	332	26	93 %
Eid vidaregåande skule	19	357	321	36	90 %
Stryn vidaregåande skule	15	306	280	26	92 %
Mo og Øyrane vidaregåande skule	36	471	486	-15	103 %
Sum	219	4257	3 951	306	93 %

Tal grupper skuleåret 2017-2018 er 219. Dette er ein reduksjon på 1 gruppe i høve skuleåret 2016-2017.

Tal elevplassar for skuleåret 2017-2018 er redusert med 9 i høvet året før. Tal inntekne elevar syner ein reduksjon på 72. Tal ledige plassar er auka med 63. Ved skulestart hausten 2017 stod det igjen 15 søkjarar utan tilbod om skuleplass. Dette er 9 fleire enn året før.

Som det framgår av tabellen over er samla oppfylingsgrad for dei vidaregåande skulane 93%. På Vg1-nivå er det pr. 16.10.17 ei oppfylling på 95%. Dette inkluderer også elevar som har fått tilbod på programområde dei ikkje har søkt på. Ut frå opplæringslova har søkjarane rett til tilbod på eitt av tre søkte programområde.

Løyvinga til opplæringstilbodet er frå hausten 2017 auka med 2,5 mill. kr årleg for å kompensere for manglande innsparing på tiltaket oppbygging av faga i arbeidsåret.

Samanlikna med økonomiplan 2017-2020 er løyvinga til opplæringstilbodet frå skuleåret 2018-2019 styrka tilsvarande 8 grupper, til om lag 220 grupper.

I tillegg kjem løyving til ei gruppe for dei med rett til påbygging etter oppnådd fagbrev.

Det er sett av 0,750 mill. kr årleg til spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar.

I FT- sak 46/14 vedtok fylkestinget at tilbod på IB-linja skal lysast ut som eit prøveprosjekt over 3 år til ein samla kostnad for fylkeskommunen på 0,440 mill. kr. Prøveprosjektet vert finansiert innanfor den økonomiske ramma for opplæringstilbodet og vert avslutta våren 2018. Hovudutval for opplæring vedtok i sak 35/16 at fylkeskommunen frå hausten 2017 årleg skal kjøpe inntil to plassar på IB-linja på UWC.

Budsjettet for tenesta er frå 2018 redusert med 2,0 mill. kr som følgje av at løyvinga til vg3 i skule som alternativ til opplæring i bedrift, er flytta til teneste 5701 Opplæring i bedrift. Dette er ei tilpassing til KOSTRA. 2,2 mill. kr som i økonomiplan 2017-2020 var øyremerka vg3 i skule er omdisponert og vidareført til å oppretthalde dagens løyvingsnivå på tenesta.

Det er budsjettert med ein årleg buffer på 3,0 mill. kr som skal nyttast til å dekke eventuelle meirkostnader knytt til anslagsløyvingar på tenestene 5200 Pedagogisk leiding mv, 5202 Gjestelevar, 5210 Utdanningsprogramma, 5620 Tilpassa opplæring, 5701 Opplæring i bedrift og 5702 Fagprøver. Dette som følgje av at anslagsløyvingane er reduserte til eit minimum.

I investeringsbudsjettet (prosjekt IU200) har det vore ei årleg løyving på 13,0 mill. kr inkl. mva. til utstyr på skulane. Som ei teknisk tilpassing til rekneskapsreglane er halvparten av løyvinga budsjettert i driftsbudsjettet. Løyvingane til utstyr på drifts- og investeringsbudsjettet vert å sjå i samanheng, og justert etter om utstyrskjøpa vert klassifiserte som drift eller investering. Endringa medfører såleis ingen endringar i korleis løyvinga kan nyttast.

Teneste 5211 Gratis læremiddel

Fylkeskommunen har ansvar for at elevane får naudsynte trykte og digitale læremiddel. Tenesta inneheld midlar til ordninga med gratis læremiddel for elevar i vidaregåande opplæring.

Løyvinga er vidareført om lag på same nivå som i 2017.

Teneste 5313 Jordbruksskulegardar

Tenesta inneheld driftsmidlar knytt til gardsdrifta ved Mo og Øyrane vidaregåande skule. Løyvinga er vidareført på same nivå som tidlegare.

PROGRAMOMRÅDE 554 - FAGSKULE

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
5540 Fagskuleutdanning	25,033	24,961	10,629	9,629	9,629	9,629
Sum	25,033	24,961	10,629	9,629	9,629	9,629

Teneste 5540 Fagskuleutdanning

I framlegget til statsbudsjett er det frå 2018 innført ei ny tilskotsordning for fagskuleutdanninga, som samlar tre tidlegare finansieringskjelder;

- midlar i rammetilskotet til fylkeskommunane over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet
- tilskot til fagskuleutdanning i helse- og sosialfag over budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet, forvalta av fylkeskommunane
- tilskot til 14 private fagskular over budsjettet til Kunnskapsdepartementet

Tilskotet er delt inn i eit grunntilskot og eit resultatbasert tilskot. Grunntilskotet utgjer 80 prosent av det samla tilskotet til fagskuleutdanning i 2017 for kvar einskild fylkeskommune. Grunntilskotet skal vere føreseieleg og blir difor ikkje omfordelt mellom fylkeskommunane i åra framover. Det resultatbaserte tilskotet utgjer 20 prosent av det samla tilskotet til fagskuleutdanning for fylkeskommunane. Tilskotet for den einskilde fylkeskommune blir berekna ut frå tal avlagte fagskulepoeng ved fagskulane med statstilskot i fylket. Grunntilskotet inneber ei omfordeling mellom fylkeskommunane med verknad frå 2018.

I statsbudsjettet er det i tillegg lagt inn midlar til nye studieplassar, som ei søkbar ordning.

Tilskotet vert utbetalt frå Kunnskapsdepartementet til fylkeskommunane, som får ansvaret for å fordele tilskotet vidare til private og offentlege fagskular i fylket.

Sogn og Fjordane fylkeskommune får i framlegget til statsbudsjett 15,773 mill. kr i statleg tilskot til fagskuleutdanning. I tillegg er det løyvd 10,629 mill. kr i fylkeskommunalt tilskot. Det er med dette samla sett av om lag 26,4 mill. kr til fagskuleutdanning i 2018.

Fagskulen i Sogn og Fjordane

For å tilpasse drifta av Fagskulen i Sogn og Fjordane til redusert sektorramme, er den fylkeskommunale delen av tilskotet frå 2018 redusert med 1,0 mill. kr samanlikna med løyvningsnivået i 2017. Det er elles lagt til grunn vidareføring av løyvinga til fagskulen på same nivå som i 2017.

Samla tilskot til fagskulen i 2018 er med dette 24,584 mill. kr.

Fagskuleutdanning i helse- og sosialfag

Det er budsjettert med ei løyving i 2018 på om lag 1,8 mill. kr til fagskuleutdanning i helse- og sosialfag. Løyvningsnivået må endeleg fastsetjast når statsbudsjettet er vedteke og grunnlaget for tildelinga av det statlege tilskotet er kjent.

PROGRAMOMRÅDE 559 – LANDSLINER

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
5590 Landslinjer	6,610	5,305	5,514	5,514	5,514	5,514
Sum	6,610	5,305	5,514	5,514	5,514	5,514

Teneste 5590 Landslinjer

Tenesta omfattar fylkeskommunal løyving til landslinene på til saman 5,514 mill. kr i 2018.

Den fylkeskommunale løyvinga knytt til ordinær drift av landslinetilbodet ved Sogn jord- og hagebruksskule er vidareført på same nivå som i 2017. Fylkeskommunal løyving til skulen i 2018 er 3,620 mill. kr.

Den fylkeskommunale løyvinga til landslinetilbodet ved Sogndal vidaregåande skule er i 2018 1,894 mill. kr. Dette er ei vidareføring på same nivå som i 2017. Den fylkeskommunale løyvinga til landslinetilboda skal dekke differansen mellom det statlege tilskotet og budsjetterte kostnader ved landslinene.

Frå hausten 2017 er det oppretta landslinetilbod i skiskyting ved Stryn vidaregåande skule. Det er her lagt til grunn finansiering over det statlege tilskotet.

PROGRAMOMRÅDE 561 – OPPFØLGINGSTENESTA OG PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
5611 PP-tenesta	11,761	12,056	12,180	12,180	12,180	12,180
5613 Oppfølgingstenesta	6,273	6,815	6,885	6,885	6,885	6,885
Sum	18,034	18,871	19,065	19,065	19,065	19,065

Teneste 5611 PP-tenesta

PP-tenesta er sakkunnig instans i høve elevar og lærlingar sine rettar til spesialundervisning og utvida tilpassa opplæring. PP-tenesta arbeidar tett inn i mot både enkeltelevar/lærlingar og dei vidaregåande skulane. Tenesta inneheld midlar til drift av eige kontor og kjøp av tenester ved andre kontor etter avtale med kommunane.

Samanlikna med løyvningsnivået i økonomiplan 2017- 2020 er løyvinga til PP-tenesta redusert med 1,450 mill. kr frå 2018. Reduksjonen har i stor grad samanheng med innsparingar i samband med reforhandling av samarbeidsavtalane med kommunane, samt endra organisering av Sogn PPT. Innsparinga er nytta til å møte innsparingskrav i opplæringssektoren. Dette er ei vidareføring av løyvningsnivået i 2017.

Teneste 5613 Oppfølgingstenesta

Tenesta omfattar i hovudsak midlar til løn for OT – koordinatorar ved 10 vidaregåande skular og tiltak for ungdom knytt til oppfølgingstenesta. Midlane til tiltak vert brukt ved at ungdomane får tilbod om opplæring, arbeid/praksisplass eller annan aktivitet. Midlane til tenesta vert tildelt skulane gjennom ansvarsbrev.

PROGRAMOMRÅDE 562 – TILPASSA OPPLÆRING

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
5620 Tilpassa opplæring	64,352	68,358	66,575	66,575	66,575	66,575
Sum	64,352	68,358	66,575	66,575	66,575	66,575

Teneste 5620 Tilpassa opplæring

Tenesta omfattar midlar til tilpassa opplæring og spesialundervisning for elevar ved eigne vidaregåande skular, tilpassa opplæring i bedrift, minoritetsspråklege elevar, ekstra grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom (GMU), kjøp av tilpassa opplæring utanfor eigne institusjonar og administrasjon av tilpassa opplæring.

Skulane får tildelt midlar til tilpassa opplæring som ei rammeløyving med bakgrunn i elevinntaket. Midlane vert tildelt skulane gjennom ansvarsbrev. For skuleåret 2017-2018 er det gjennom ansvarsbrev tildelt om lag 44,0 mill. kr. I tillegg er det tildelt om lag 4,0 mill. kr til særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar, med rettar etter opplæringslova §3-12.

Fylkesrådmannen disponerer ei mindre løyving til fordeling ved endringar i løpet av skuleåret når det gjeld elevinntak, flytting og klagehandsaming.

Rektor gjer enkeltvedtak om spesialundervisning og legg til rette for tilpassa opplæring med utgangspunkt i sakkunnige tilrådingar og den einskilde elev sine evner og føresetnadar.

Dei vidaregåande skulane har gjennom god planlegging klart å tilby pedagogisk tilfredstillande løysingar for elevar med behov for tilpassa opplæring.

Det sett av om lag 2,7 mill. kr til tilpassa opplæring i bedrift i 2018.

Det er for skuleåret 2017-2018 sett i gang 11 grupper for meir grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom (GMU). Løyvinga i budsjettet for tilpassa opplæring finansierer dei iverksette gruppene våren 2018.

Det er fylkesdirektøren si vurdering at behovet for nye GMU-grupper frå hausten 2018 vil vere om lag som inneverande skuleår. Dersom det skal vere rom for å opprette nye grupper må dette finansierast ved statleg tilskot eller ved å auke den fylkeskommunale løyvinga.

I 2017 fekk fylkeskommunen innvilga statleg tilskot frå IMDi til føremålet med 2,750 mill. kr. Fylkeskommunen har ikkje fått noko signal på om det statlege tilskotet vil bli vidareført etter 2017. Dersom fylkeskommunen ikkje får statlege midlar til føremålet må det vurderast å setje av fylkeskommunale midlar. Det er stor uvisse knytt til omfanget av opplæringstilbod for målgruppa i åra framover. Det må difor gjerast ei løpande vurdering av behovet for slike opplæringstilbod og dei økonomiske konsekvensane av dette.

Det er i budsjettet sett av midlar til kjøp av tilpassa opplæringstilbod i kommunar, fylkeskommunar, folkehøgskular og private vidaregåande skular. Det er vanskeleg å føresjå omfanget av kjøp, då dette varierer frå år til år ut i frå samansetnad av elevmassen. Det er budsjettert med om lag 7,8 mill. kr til føremålet i 2018.

Tilbodet om sommarskule er i 2018 vidareført på same nivå som tidlegare, finansiert av ramma til tilpassa opplæring.

Budsjettramma på tilpassa opplæring er vidareført på same nivå som i 2017.

Administrasjon tilpassa opplæring inngår i kontorbudsjettet for opplæringsavdelinga.

PROGRAMOMRÅDE 570 - FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
5700 Fagopplæringsnemnda	0,139	0,227	0,229	0,229	0,229	0,229
5701 Opplæring i bedrift	93,698	102,995	94,566	94,566	94,566	94,566
5702 Fagprøvar	12,792	13,221	13,568	13,568	13,568	13,568
Sum	106,629	116,443	108,363	108,363	108,363	108,363

Teneste 5700 Fagopplæringsnemnda

Tenesta inneheld driftsmidlar til fagopplæringsnemnda.

Teneste 5701 Opplæring i bedrift

Tenesta inneheld midlar til administrasjon fagopplæring, utbetaling av tilskot til lærebedrifter, instruktør opplæring, restteori for lærlingar og lære kandidatatar, stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa og tilpassa opplæring i bedrift.

Administrasjon fagopplæring inngår i kontorbudsjettet for opplæringsavdelinga.

For å tilpasse drifta til reduserte sektorrammer er løyvinga til stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa frå 2018 redusert med 2,4 mill. kr årleg. Dette er ei vidareføring av løyvingsnivået i 2017.

Samanlikna med løyvingsnivået i økonomiplan 2017-2020 er budsjettet for tenesta frå 2018 auka med 2,0 mill. kr som følgje av at løyvinga til vg3 i skule som alternativ til opplæring i bedrift, er flytta frå teneste 5210 Utdanningsprogramma.

Teneste 5702 Fagprøvar

Tenesta omfattar midlar til fagprøvar for lærlingar og kompetanseprøvar for lærekandidatar.

Av løyvinga til fagprøver er 0,200 mill. kr øymerka opplæring av prøvenemnder.

Tenesta er auka med 1,0 mill. kr årleg samanlikna med løyvingsnivået i økonomiplan 2017-2020. Dette er ei vidareføring av løyvingsnivået i 2017.

PROGRAMOMRÅDE 581 - VAKSENOPLÆRING ETTER OPPLÆRINGSLOVA

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
5810 Vaksenopplæring	5,937	10,996	13,769	13,769	13,769	13,769
Sum	5,937	10,996	13,769	13,769	13,769	13,769

Teneste 5810 Vaksenopplæring

Tenesta omfattar midlar til administrasjon og tiltak.

Samanlikna med løyvingsnivået i budsjett og økonomiplan 2017-2020 er løyvinga til vaksenopplæringstiltak auka med 2,523 som følgje av utvida rett til vidaregåande opplæring for minoritetsspråklege, gjeldande frå 1. august 2017.

Administrasjon vaksenopplæring inngår i kontorbudsjettet for opplæringsavdelinga.

PROGRAMOMRÅDE 590 - ANDRE FØREMÅL

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
5900 Opplæring i sos-/med.institusjonar	8,069	6,621	8,648	8,648	8,648	8,648
5901 Privatisteksamen	2,801	2,128	2,616	2,616	2,616	2,616
5902 Tilskot til elevorganisasjonar	0,017	0,040	0,041	0,041	0,041	0,041
5903 Karriererettleiing	0,064	0,148	0,153	0,153	0,153	0,153
5904 Opplæring - andre områder	0,418					
Sum	11,369	8,937	11,458	11,458	11,458	11,458

Teneste 5900 Opplæring i sosiale- og medisinske institusjonar

Tenesta inneheld driftsmidlar til opplæring for elevar i sosiale og medisinske institusjonar.

Teneste 5901 Privatisteksamen

Tenesta omfattar midlar til administrasjon og gjennomføring av privatisteksamen.

Administrasjon privatisteksamen inngår i kontorbudsjettet for opplæringsavdelinga.

Teneste 5902 Tilskot til elevorganisasjonar

Tenesta inneheld midlar til tilskot til elevorganisasjonen.

Teneste 5903 Karriererettleiing

Karriererettleiingstenesta skal tilby alle innbyggjarane i Sogn og Fjordane over 19 år hjelp til å ta val når det gjeld utdanning, opplæring og arbeid. Tenesta er finansiert over statlege midlar. I 2017 fekk fylkeskommunen om lag 1,8 mill. kr i statlege midlar til føremålet.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å organisere karriererettleiingstenesta i samarbeid med partnerskapen innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnerskapen.

Teneste 5904 Andre område

Program for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring held fram, som ein del av eit statleg finansiert forskingsoppdrag. Sogn og Fylkeskommune får i 2018 om lag 0,8 mill. kr for å vere med på denne satsinga/forskinga.

7.3 ØKONOMIPLAN 2019-2021

Programområde	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
510 Skulelokale og internatbygningar	101,359	105,805	105,972	105,272	105,272	105,272
515 Fellesutg./støttefunksjonar VGS	60,300	59,557	66,013	64,396	64,396	64,396
520 Ped. leiing/fellesutg. og gjesteelevar	89,501	105,441	102,850	101,285	98,202	98,202
521-533 Utdanningsprogramma	340,968	338,165	346,653	347,453	347,453	347,453
554 Fagskule	25,033	24,961	10,629	9,629	9,629	9,629
559 Landsliner	6,610	5,305	5,514	5,514	5,514	5,514
561 Oppfølgingstenesta og pedagogisk psyk teneste	18,034	18,871	19,065	19,065	19,065	19,065
562 Tilpassa opplæring	64,352	68,358	66,575	66,575	66,575	66,575
570 Fagopplæring i arbeidslivet	106,629	116,443	108,363	108,363	108,363	108,363
581 Vaksenoppl. etter opplæringslova	5,937	10,996	13,769	13,769	13,769	13,769
590 Andre føremål	11,369	8,937	11,458	11,458	11,458	11,458
Ufordelt innsparingstiltak	0,000	0,000	0,000	0,000	-2,500	-2,500
800 Resultatoverføring	5,498	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Sum	835,590	862,839	856,861	852,779	847,196	847,196

Programområde 520, teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter

Samanlikna med løyvningsnivået i økonomiplan 2017-2020 er løyvinga til omstillingstiltak for pedagogisk personale er i 2019 redusert med 1,6 mill. kr. Dette inneber ei vidareføring av løyvningsnivået i 2018 med om lag 7,0 mill. kr.

Frå 2020 er løyvinga redusert til om lag 4 mill. kr årleg.

Programområde 554 Fagskule

For å tilpasse drifta til reduserte sektorrammer er det fylkeskommunale tilskotet til Fagskulen i Sogn og Fjordane frå 2019 redusert med 1 mill. kr i høve løyvningsnivået i 2018.

Uspesifisert innsparingskrav

Samanlikna med økonomiplan 2017-2020 er den økonomiske ramma for opplæringssektoren frå 2019 auka med 2,6 mill. kr som følgje av at uspesifisert innsparingskrav er reversert.

Frå 2020 er det budsjettert med eit uspesifisert innsparingskrav på 2,5 mill. kr årleg, som følgje av manglande innsparing på tiltaket «oppbygging av faga i arbeidsåret».

8. TANNHELSETENESTA

Sektoren er delt i følgjande programområde med slike nettoløypingar:

Programområde	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
660 Tannhelsa - fellesfunksjonar	16,636	17,453	17,340	17,340	17,340	17,340
665 Tannhelsa – pasientbehandling	63,946	65,825	65,250	65,250	65,250	65,250
Bruk av fondsmidlar - tannhelse			-0,955			
Ufordelt innsparingstiltak	0,000	0,000	0,000	-0,955	-0,955	-0,955
800 Resultatoverføring	2,558	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Sum	83,140	83,278	81,635	81,635	81,635	81,635

8.1 BUDSJETTPROFIL

Tannhelsetenesta har ikkje eige hovudutval. Saker som har budsjettmessige konsekvens utover administrativ fullmakt, vert vedtekne av fylkesutval/fylkesting. Det vert vist til kapittel 2 om budsjettreglement for fullmakter til fylkesutvalet.

Følgjande satsingsområde er i samsvar med strategisk plan for den offentlege tannhelsetenesta, vedteken i FT-sak 50/13:

- Tett oppfølging av pasientgruppene – Utarbeide prosedyrar for førebyggjande tiltak og behandling av pasientar i tannhelsetenesta.
- Førebygge utvikling av svak tannhelse for risikogrupper – Rutinar for identifisering av risikogrupper. Samarbeid med barnevern og andre relevante instansar.
- Rekruttere og stabilisere tannhelsepersonale – Spesiell vekt på tannlegar.
- Informasjon og service til brukarane – Styrke kommunikasjon og informasjon til brukarane, styrke samarbeid med private tannklinikkar.
- Folkehelsearbeid – Samarbeid med kommunar.
- Kvalitetsutvikling.
- Målretta kompetanseutvikling.

Fylkestinget vedtok ny klinikk- og tenestestruktur i sak 25/16. Saka synte samla innsparingar på 10,6 mill. kr innan 01.01.19. Innsparingskravet for 2018 var sett til 2,745 mil. kr. På grunn av utsetjing/forseinking i planane med å samle nokre av klinikkane, vert det berre sett i verk innsparingstiltak på 1,790 mill. kr. Det resterande innsparingskravet i 2018 vert forskyvd til 2019. Manglande dekning i 2018 vert dekkja inn ved bruk av disposisjonsfondet til sektoren, jf. resultatoverføringsordninga.

Elles er nivået på sektoren kompensert med løns- og prisvekst.

8.2 ÅRET 2018 – OMTALE AV PROGRAMOMRÅDE OG TENESTER

Tannhelsetenesta har to programområde, 660 – Fellesfunksjonar og 665 – Pasientbehandling. Programområde 660 og 665 har berre eit tenestemråde kvar. Dette er høvesvis teneste 6600 Fellesfunksjonar og 6650 Pasientbehandling.

Teneste 6600 Fellesfunksjonar

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
6600 Fellesfunksjonar	16,636	17,340	17,340	17,340	17,340	17,340
Sum	16,636	17,340	17,340	17,340	17,340	17,340

Tenesta er knytt til fellesfunksjonar og administrasjon for tannhelsetenesta. Dette inkluderer service og drift av elektronisk pasientjournal (EPJ), databaseutgifter, medlemsavgift i Norsk HelseNett (NHN), personalutvikling, husleige og reinhald på tannklinikkane.

Ramma er redusert som følgje av innsparing på administrasjon og fellesutgifter frå 2017 til 2018.

Teneste 6650 Pasientbehandling

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
6650 Pasientbehandling	63,946	65,825	65,250	65,250	65,250	65,250
Sum	63,946	65,825	65,250	65,250	65,250	65,250

Tenesta omfattar utgifter til drift av tannklinikkar. Tannhelsetenesta leiger tenester frå bygg- og eigedomstenesta til service og vedlikehald på teknisk utstyr på tannklinikkane.

Ramma er redusert som følgje av innsparing på rekrutteringstiltak, skyssutgifter og vakante stillingar frå 2017 til 2018.

Det er føresett at løyvinga går til å yte naudsynt vederlagsfri tannhelsehjelp til prioriterte pasientar jf. Lov om tannhelsetenesta av 1983. Naudsynt tannhelsehjelp er førebygging og behandling av sjukdomar i munnhola. Den offentlege tannhelsetenesta skal ikkje dekke kostnader med tannregulering. Følgjande grupper er prioriterte:

- Gruppe A: barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år
- Gruppe B: psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- Gruppe C: grupper av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon og heimesjukepleie
- Gruppe D: ungdom frå og med 19 år til og med det året dei fyller 20 år (75 % rabatt)
- Gruppe E: andre grupper som det er fatta vedtak om i godkjent plan (ingen i S & Fj.)

I tillegg blir det utført tannbehandling på innsette i fengsel og enkelte grupper av pasientar med rusproblem. Desse gruppene har rettar gjennom rundskriv, ikkje lov.

Den offentlege tannhelsetenesta kan ved ledig kapasitet også yte tenester til vaksne betalende pasientar. Føresetnaden er at denne typen behandling er sjølvfinansierande og ikkje går utover behandling av prioriterte pasientar.

Ut i frå den vedtekne planen i FT-sak 25/16 vil vi følge skissa for framtidig personalsamansetning i tannhelsetenesta.

8.3 ØKONOMIPLANPERIODEN 2019-2021

Programområde	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
660 Tannhelse - fellesfunksjonar	16,636	17,453	17,340	17,340	17,340	17,340
665 Tannhelse – pasientbehandling	63,946	65,825	65,250	65,250	65,250	65,250
Bruk av fondsmidlar - tannhelse			-0,955			
Ufordelt innsparingstiltak	0,000	0,000	0	-0,955	-0,955	-0,955
800 Resultatoverføring	2,558	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Sum	83,140	83,278	81,635	81,635	81,635	81,635

Innsparingstiltaka som vart sett i verk i løpet av 2015 – 2018, og det utsette innsparingskravet for 2019, er vidareført i økonomiplanperioden 2020-2021.

9. NÆRING OG KULTUR

Sektoren er delt i følgjande programområde – med slike nettoløyvingar:

Programområde	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
701 Tilrettel./støttef./finansieringsbistand for næringslivet	81,544	103,057	74,873	73,357	73,357	73,357
716 Friluftsliv, vassreg., forvaltn. vilt/innlandsfisk	2,597	2,019	2,019	2,019	2,019	2,019
740 Bibliotek	6,041	5,934	5,766	5,766	5,766	5,766
750 Kulturminnevern	14,668	12,458	12,970	12,670	12,670	12,670
760 Museum	17,457	15,469	16,225	16,225	16,225	16,225
771 Kunstformidling	9,708	10,056	10,510	10,510	10,510	10,510
772 Kunstproduksjon	11,605	11,952	12,162	12,162	12,162	12,162
775 Idrett	3,298	2,783	2,814	2,814	2,814	2,814
790 Andre kulturaktivitetar	11,467	8,304	8,148	8,148	8,148	8,148
Sum	158,385	172,032	145,487	143,671	143,671	143,671

9.1 BUDSJETTPROFIL

Nærings- og kulturavdelinga har som mål å ha ei leiroll i den regionale utviklinga.

Næring og kultur er kvar for seg viktige element i samfunnsbygginga. Fylkeskommunen si næringsssatsing går ut på å legge til rette for at bedriftene våre utviklar seg, at nye næringar og nye bedrifter oppstår, og slik skape grunnlag for arbeidsplassar og folkesetnad. Gjennom kulturpolitikken skal fylkeskommunen bidra til å ta vare på kulturminna, dei materielle så vel som dei immaterielle. Fylkeskommunen skal også legge til rette for ei kvalitativ utvikling av kunst og kultur, og arbeide for at alle får tilgang til dei gode opplevingane. Frivillig sektor er ein viktig del av kulturlivet i fylket, og fylkeskommunen ønskjer å stimulere deltaking og aktivitet i frivillig arbeid.

Det vert vist til kapittel 2 i budsjettreglementet for fullmaktene til hovudutvalet for næring og kultur.

NÆRINGSUTVIKLING

Næringsutvikling sett frå det offentlege si side inneber å legge til rette for vekst i både nye og eksisterande næringar. Fylkeskommunen skal vere ein arenabyggjar og ein støttespelar for kommunane og Innovasjon Norge. Fylkeskommunen skal og fange opp initiativ som vanskeleg kan støttast av verkemiddelapparatet elles.

Verdiskapingsplanen legg premissane for arbeidet med næringsutvikling, både for dei økonomiske disponeringane, men også for korleis ein innrettar dei administrative ressursane. Innsatsområde der det er sett av små eller ingen økonomiske ressursar, kan krevje store rådgjevarressursar. Les meir om verdiskapingsplanen på www.verdiskapingsplanen.no.

Følgande område er definert som særskilte satsingar i verdiskapingsplane:

Næringsnøytrale satsingar

- Nyskaping
- Kunnskap

Bransjeorienterte satsingar

- Sjømatnæringane
- Fornybar energi
- Olje & gass
- Reiseliv
- Landbruk
- Industristrategi

Vedtekne satsingsområde i planen vil og vere førande for arbeid fylkeskommunen får utført av andre aktørar. Dette gjeld mellom anna Innovasjon Norge.

Nærings- og kulturavdelinga disponerer både fylkeskommunale driftsmidlar og regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). I budsjettssamanheng er det i praksis lite som skil desse finansieringskjeldene. KMD-midlane kan overførast frå det eine året til det andre, medan driftsmidlane må nyttast i budsjettåret. KMD set retningslinjer for korleis utviklingsmidlane kan nyttast, og ein er difor avhengig av dei fylkeskommunale driftsmidlane for å kunne gjennomføre viktige tiltak på satsingsområda i Verdiskapingsplanen. Samla utgjør KMD - midlane 54,1 mill.kr i 2018.

Vidare i 2018 disponerer næringsavdelinga - i fylkeskommunale driftsmidlar - 11,5 mill. kr. til driftstiltak samt 11,3 mill.kr til administrasjon.

I tillegg forvaltar næring- og kulturavdelinga om lag 5,7 mill.kr. frå staten i ulike satsingar. Forventa tilskot i 2018 er:

Forventa tilskot til ulike satsingar i 2018	Sum
Tilskot til rekruttering og kompetanseheving innafor landbruket	1,600
Tilskot til vassforvaltning	2,100
Tilskot til tiltak innan vilt og friluftsliv	2,050
Sum	5,750

I tillegg har vi høve til å søkje statlege breibandsmidlar frå Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom). Fylkeskommunen samlar søknadar frå kommunane til ein fellessøknad. Den samla ramma til formålet er i statsbudsjettet for 2018 redusert og kor mykje ein får vil ein ikkje få vite før hausten 2018.

KULTURUTVIKLING

Kulturen er grunnsteinen i vår identitet. Den opprettheld og skapar vanar, normer, reglar og framferd. Vår felles historie og felles forståing av denne er kultur. Kulturen vår vert styrkt gjennom felles språk, verdiar, musikk og kunst. Kultur gir grunnlag for demokrati, sosiale fellesskap og utgjør stor økonomisk verdiskaping. Samla kan vi seie at:

- Kulturaktivitetar og kulturopplevingar er ein viktig verdi i seg sjølv
- Kultursatsingar bidreg til samfunnsutvikling

Kulturstrategi 2015-2018 legg føringar for fylkeskommunen si kultursatsing, og hentar mykje av tankegodset frå «NOU 2013: 4 Kulturutredningen 2014». Her vert omgrepet ytringskultur lansert. Demokrati, rettferd og mangfald er grunnleggande føringar for omgrepet, og ytringskultur er den verksemda som har meiningsskaping og kommunikasjon som hovudføre mål. I denne samanheng vert dette delt inn i kulturarv (materieil og immaterieil), kunstnarleg verksemd og det frivillige kulturlivet. Dette er også dei satsingsområda som er peika på i kulturstrategien vår. I tillegg er følgjande perspektiv peika på som særleg viktige:

- Barn og unge som morgondagens samfunnsbyggerar
- Den kulturelle grunnmuren gir tilgang til deltaking og oppleving
- Nynorsk skriftspråk er eit fullgodt bruksspråk på alle samfunnsområde
- Kulturtilbod skal vere tilgjengelege for alle.

Kulturstrategien vil bli avløyst av regional plan for kultur i 2019.

Inkludering er eit overordna satsingsområde i alt kulturarbeid. I vår forståing ligg at inkludering gjeld alle. Det er ikkje avgrensa til enkelte grupper. Det handlar om å motverke utanforskap gjennom medvitne prioriteringar og satsingar. Inkludering skal omfatte menneske med særskilde behov og alle andre som ynskjer å ta del i fellesskapet, men som ikkje alltid blir inkludert. Det handlar om å fjerne barrierar for deltaking og skape like høve for alle individ og grupper. Inkludering kan forståast både som ein praksis og ei haldning. Til forskjell frå integrering der

ansvaret ligg hos den einskilde, inneber det å inkludere ei aktiv handling frå dei som tilhøyrer majoriteten.

Fylkeskommunen sin evne og vilje til å satse på kultur er viktigare i Sogn og Fjordane, med mange små kommunar, enn i mange andre fylke. Dette gir ein ekstra dimensjon til prioriteringane våre.

Nettobudsjettet til fylkeskommunen si kultursatsing for 2018 er ca 69 mill. kr. I tillegg forvaltar fylkeskommunen om lag 81 mill. kr frå staten til ulike kultursatsingar. Forventa tilskot i 2018 er:

Forventa statleg tilskot til ulike kultursatsingar i 2018	Sum
Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg	2,0
Tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet	60,0
Den kulturelle skulesekken	9,5
Tilskot til kulturminne (freda bygg, verdsarv, m.m.)	10,0
Sum	81,5

Samla forvaltar fylkeskommunen såleis om lag 150 mill. kroner i 2018 til kulturføremål.

Hovudinnsatsen vil i 2018 vere knytt til:

- Utarbeiding av regional plan for kultur, jf. vedtak i FT-sak 23/16.
- Rådgjeving, kunnskapsutvikling, rettleiingsarbeid til kommunar, institusjonar og frivillig sektor
- Utvikle samarbeid mellom kultur og reiseliv for å auke opplevingsnæringane i fylket
- Digitalisering og formidling, å gjere kultur tilgjengeleg for fleire

9.2 ÅRET 2018 – OMTALE PÅ PROGRAMOMRÅDE OG TENESTER

SEKTOREN SINE LØYVINGAR UNDER ANDRE PROGRAMOMRÅDE

Programområde 400 Politisk styring

Hovudutval for næring og kultur (HNK) disponerer midlar på teneste 4005 Til disposisjon for utvalet. Midlane ligg teknisk på sektoren forvaltning og programområde 400, altså ikkje innanfor sektordelen til næring og kultur. Dei blir flytta til aktuelle programområde ved vedtak.

Det er sett av 1,850 mill. kr som HNK kan disponere i 2018. Dette gjeld ubundne midlar som vert fordelt av hovudutvalet for næring og kultur, og midlane skal ikkje nyttast til varige tiltak.

Programområde 480 – Diverse fellesutgifter (folkehelse)

Teneste 4802 omfattar løn og driftsutgifter knytt til folkehelsearbeidet, drift av partnerskapen, satsingsområde i høve vedteken folkehelseplan og helseovervaking. Føremålet med tenesta er å fremje gode levekår og livskvalitet for innbyggjarane i fylket. Tenesta omfattar lovpålagde oppgåver i folkehelselova og fylkeskommunale satsingar. Regional plan for folkehelse 2015 – 2025 styrer arbeidet.

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
4802 Folkehelsearbeid	5,551	2,377	2,455	2,455	2,455	2,455
Sum	5,551	2,377	2,455	2,455	2,455	2,455

Arbeidet med søknad for å bli programfylke for å fremje barn og unge sin livskvalitet og psykiske helse, har prioritet. Programarbeidet skal føre fram til iverksetting av tiltak i kommunane i perioden 2017 – 2027.

Fylkeskommunen går saman med Helse Førde, Høgskulen på Vestlandet og Fylkesmannen om å etablere ei felles analyseining som skal levere folkehelsesdata til kommunane og

fylkeskommunen. Det blir lagt opp til eit toårig prosjekt som skal greie ut grunnlaget for ei felles eining og ulike aspekt ved danning av ei slik.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å nytte midlane sett av under teneste 4802.

PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLEVET

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
7010 Bedriftsretta satsingar	31,000	36,020	27,600	27,600	27,600	27,600
7011 Kommunikasjonsteknologi	1,143	8,277	3,000	1,740	1,740	1,740
7012 Bransjeretta satsingar	9,818	10,030	8,410	8,490	8,570	8,570
7015 Nyskaping	20,923	21,399	19,009	18,929	18,849	18,849
7018 Kunnskap	5,825	4,593	3,393	3,393	3,393	3,393
7019 Andre næringsområde	2,484	12,807	2,839	2,839	2,839	2,839
7099 Tilrettel./støttefunksjonar for næringslivet	10,351	9,931	10,622	10,366	10,366	10,366
Sum	81,544	103,057	74,873	73,357	73,357	73,357

Tenestemråde 7010 – Bedriftsretta satsingar

Teneste 7010	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Rammeløyving til Innovasjon Norge	31,000	36,020	27,600	27,600	27,600	27,600
Sum	31,000	36,020	27,600	27,600	27,600	27,600

Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge som operatør for bedriftsretta næringsutvikling. Fylkeskommunen forvaltar regionale utviklingsmidlar frå Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD), som vert nytta til dette føremålet. Ein må finne ein god balanse mellom den tilretteleggjande aktiviteten til fylkeskommunen, og den bedriftsretta innsatsen til Innovasjon Norge. Som grunnlag for arbeidet ligg målsetjingane om fleire gode grunderar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative bedriftsmiljø.

Dei overordna føringane for arbeidet i 2018 vert lagt i dette budsjettet, og utdjupa i eige oppdragsbrev vedteke av hovudutval for næring og kultur. Verdskapingsplanen er førande også for Innovasjon Norge.

Innovasjon Norge vert tildelt 27,600 mill. kr i 2018.

Tenestemråde 7011 – Kommunikasjonsteknologi

Teneste 7011	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Breiband og mobil	0,643	7,777	2,500	1,240	1,240	1,240
IT-forum	0,500	0,500	0,500	0,500	0,500	0,500
Sum	1,143	8,277	3,000	1,740	1,740	1,740

Fylkeskommunen har ei sentral rolle i arbeidet med å skaffe innbyggjarar og verksemder god infrastruktur for digital kommunikasjon. Fylkeskommunen koordinerer saman med IT-forum Breiband dette arbeidet i Sogn og Fjordane. Hovudinnsatsen i 2018 vert å utarbeide gode fylkessøknadar til den nasjonale støtteordninga for breibandutbygging.

Fylkestinget vedtok i april 2016 [strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020](#). Hovudmålet er at alle bedrifter og innbyggjarar i Sogn og Fjordane skal ha tilgang til, eller prosjekt i gang for å etablere, neste generasjon breiband innan 2020. Dette er eit ambisiøst mål kor ein er avhengig delfinansiering frå staten.

Fylkeskommunen har i budsjettet for 2018 sett av 3 mill. kr til kommunikasjonsteknologi. Dette fordeler seg på:

- 2,500 mill. kr til å følgje opp breibandstrategien og til å løyse ut nasjonale tilskot
- 0,500 mill. kr til IT-forum Sogn og Fjordane sitt arbeid

I tillegg løyver vi 0,400 mill. kr til å delfinansiere ei stilling innan rådgjeving til kommunane.

Tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar

Teneste 7012	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2020
Reiseliv	6,250	8,180	6,560	6,640	6,720	6,720
Sjømatnæringar	0,950	0,950	0,950	0,950	0,950	0,950
Energi	1,680	0,400	0,400	0,400	0,400	0,400
Industri	0,650	0,300	0,300	0,300	0,300	0,300
Landbruk	0,300	0,200	0,200	0,200	0,200	0,200
Sum	9,830	10,030	8,410	8,490	8,570	8,570

Reiseliv

Reiseliv er eitt av satsingsområda i verdiskapingsplanen og er ein sektor med mykje potensial i Sogn og Fjordane. For reiselivsarbeidet har ein som mål å bli ein av dei fremste regionane i verda for berekraftige, naturbaserte opplevingar.

Det er utarbeidd ein oppseieleg avtale med Fjord Norge, der løyvinga for 2018 er på nivå med 2017-løyvinga, med tillegg for prisjustering.

Fylkeskommunen har sidan 2008 hatt ein avtale med NCE Tourism. Det vert vurdert ei ny avtale for 2018 og 2019. Hovudutvalet for næring og kultur får fullmakt til å godkjenne denne avtalen innanfor gjeldande rammer.

Fylkeskommunen har avtale med destinasjonsselskapa i fylket, og avtalen gjeld ut 2017. Vi legg til grunn at det vert utarbeidd ein ny avtale for åra 2018 og 2019, og at hovudutvalet for næring og kultur får fullmakt til å godkjenne denne avtalen innanfor gjeldande rammer.

Det vert samla sett av 6,560 mill. kr til reiseliv i 2018, fordelt slik:

- 3,160 mill. kr til Fjord Norge
- 0,300 mill. kr til NCE Tourism Fjord Norway
- 2,200 mill. kr til avtalar med destinasjonsselskapa
- 0,900 mill. kr til vandresatsinga og styrking av sektoren (infrastrukturmidlar)

Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere inntil 0,900 mill. kr av midlar avsett til satsinga reiseliv i budsjett 2018.

Sjømatnæringane

Sjømatnæringane har eit stort vekstpotensial og er ei prioritert satsing i verdiskapingsplanen. Fylkeskommunen har både ei forvaltar- og ei utviklarrolle knytt opp mot sjømatnæringane. Hovudfokus for fylkeskommunen sitt arbeid innanfor sektoren er å oppfylle det verdiskapingspotensialet næringa har på ein berekraftig måte.

I gjennomføringa av verdiskapingsplanen er det sett i gang to program;

- Rekruttering og kompetanseheving (leia av Nærings- og kulturavdelinga)
- Arealbruk i sjømatnæringane (leia av plansjefen, fylkesrådmannen sin stab)

Fylkeskommunen vil vidare følgje opp «Vestlandssamarbeidet Marin satsing» (VestMarin), det marine samarbeidet som starta i 2007 mellom dei fire Vestlandsfylka. Det vert ikkje avsett egne midlar til dette arbeidet.

Fylkeskommunen har ei rolle innan arenabygging og kompetanseheving i marin sektor, og det vert i 2018 sett av midlar til Aqua - Nor 2019 og Miljøseminaret i Florø.

Det er sett av til saman 0,950 mill. kr til arbeidet med sektoren sjømatnæringane:

- 0,300 mill. Aqua-Nor 2019 – fellesstand
- 0,020 mill. miljøseminar
- 0,230 mill. rekrutteringsleir
- 0,200 mill. Program Arealbruk

- 0,200 mill. Program Rekruttering og kompetanseheving i sjømatnæringa

Fylkesrådmannen får fullmakt til å nytte midlane sett av under dette området.

Energi

Både fornybar energi og olje/gass er satsingar i verdiskapingsplanen. Mykje av satsinga er bedriftsretta og vert difor dekkja av Innovasjon Norge sine verkemiddel.

Fylkeskommunen har vore med på å skipe «Forum for grøn energi». Forumet skal ta opp i seg all satsing på fornybar energi, og kan på sikt bli ein del av klyngeutviklingsprosjekta til Innovasjon Norge.

Petroleumsrådet har koordinerande ansvar for innsatsen innan olje og gass i verdiskapingsplanen. Fylkeskommunen har hovudansvar for koordinering gjennom petroleumsrådet, og ansvar for politisk påverknadsarbeid.

Det vert sett av 0,400 mill. kr til energi i 2018.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å nytte midlane sett av under dette området.

Industri

I 2015 vedtok fylkestinget Industristrategi Sogn og Fjordane 2014-2025 som er førande for det offentlege sin innsats. Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge (IN) som operatør for dei bedriftsretta verkemidla, og ein stor del av denne innsatsen rettar seg mot oppfølging innan industri.

I oppfølginga av industristrategien er det ikkje behov for store summar til tilretteleggjande tiltak, men det er naudsynt med noko handlingsrom knytt til faglege møteplassar, og kjøp av tenester på området.

Det vert sett av 0,300 mill. kr til industrisatsinga i 2018.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å nytte midlane sett av under dette området.

Landbruk

Fylkeskommunen sin innsats innan landbruk dreiar seg om å påverke landbrukspolitikken og arbeide med rekruttering og kompetanseheving. Arbeidet må vere godt koordinert med Fylkesmannen sin innsats på feltet.

Landbruks- og matdepartementet tildeler fylkeskommunane midlar til innsats innan rekruttering og kompetanseheving i etterkant av det årlege jordbruksoppgjeret. Tidlegare har dette vore 1,600 mill. kr. Vi forventar same nivå i 2018. Tala er ikkje innarbeidd i dette budsjettet.

Det vert sett av 0,200 mill. kr til landbruket i 2018.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å nytte midlane sett av under dette området.

Tenesteområde 7015 – Nyskaping

Teneste 7015	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Tiltak nyskaping/kommuneretta næringsutvikling	3,100	4,699	5,799	5,799	5,799	5,799
Omstillingsarbeid i kommunane	6,000	4,800	2,800	2,800	2,800	2,800
Kommunale næringsfond	11,000	11,000	9,510	9,430	9,350	9,350
Ungt Entreprenørskap	0,900	0,900	0,900	0,900	0,900	0,900
Sum	21,000	21,399	19,009	18,929	18,849	18,849

Kommuneretta næringsutvikling og tiltak for nyskaping

Verdiskapingsplanen sitt tema nyskaping femnar om ei rekkje område der fellesnemnaren er å styrkje det offentlege si evne som tilretteleggjar, arenabyggjar og den gode hjelpar slik at gode tiltak får den hjelpa dei treng.

Vi skal vidareutvikle næringsapparatet, slik at det vert arbeid meir oppsøkande og at ein er betre rusta til å hjelpe fram nye næringar. Vi arrangerer etablerarkurs for gründerar og kurs og samlingar for tilsette i næringsapparatet i kommunane. Dette for å styrke arbeidet med gründerar og småbedrifter. Det ligg også inne støtte til inkubatoriltbod, nettsida driftig.no og midlar til andre tiltak innan plantema nyskaping i verdiskapingsplanen.

Det er sett av 5,799 mill. kr til kommuneretta næringsutvikling og tiltak innan nyskaping.

Omstillingsarbeid i kommunane

Lærdal kommune er den einaste kommunen i Sogn og Fjordane som har omstillingsstatus i 2018. Omstillingsarbeidet i Lærdal går ut 2018.

Det vert sett av 2,8 mill. kr til omstillingsarbeid i 2018.

Kommunale næringsfond

Kommunale næringsfond skal utruste kommunane med økonomiske verkemiddel slik at dei er i stand til å vere gode støttespelarar for gründerar og lokalt næringslivet. Fylkeskommunen ønskjer eit tett samarbeid med kommunane både kva gjeld kontrollfunksjonen som er lagt til fylkeskommunen, men også kurs og kompetanseheving.

Fordeling av rammeløyvinga til kommunale næringsfond vert gjort i 2018 og på bakgrunn av våre retningslinjer og rapport frå kommunane.

Det vert sett av 9,510 mill. kr til kommunale næringsfond i 2018.

Ungt Entreprenørskap (UE)

UE har ei sentral rolle når det gjeld opplæring i entreprenørskap i skulen. Fylkeskommunen har ein toårig avtale med Ungt Entreprenørskap om støtte, og denne gjeld ut 2018.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere inntil 1,500 mill. kr av midlar avsett til satsinga nyskaping i budsjett 2018.

Tenestoområde 7018 – Kunnskap

Teneste 7018	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Satsinga på kunnskap	3,150	2,993	2,593	2,593	2,593	2,593
Grunnstønad Vestlandsforskning	0,800	0,800	0,800	0,800	0,800	0,800
VRI	0,850					
Næringshagane	1,025					
FOU mobilisering/ FoU løft		0,800				
Sum	5,825	4,593	3,393	3,393	3,393	3,393

Satsing på kunnskap

Kunnskap er ein viktig drivar for større verdiskaping, auka sysselsetting og styrka folketalsvekst i Sogn og Fjordane. FoU inngår i satsinga på kunnskap og er ein sentral del i satsinga i verdiskapingsplanen. FoU vil i tida framover vere avgjerande for å ta ut potensial for fornying av næringslivet, og for etablering av framtidens arbeidsplassar.

Teknoløft Sogn og Fjordane er eit samarbeidsprosjekt mellom Høgskulen på Vestlandet /HVL og Vestlandsforskning, og fylkeskommunen er representert i styringsgruppa. Prosjektet skal sjå på mulighetene som utviklinga innan digitalisering, automatisering og analyser av store datasett («Big Data») fører med seg for fylket. Fylkeskommunen har intensjon om eit finansielt bidrag til prosjektet på 1 mill. kr. årleg i tre år. Innsatsen vert dekkja innanfor avsett ramme til satsing på kunnskap. Bidraget må sjåast i samanheng med utviklingsavtalen med HVL og Vestlandsforskning.

Fylkeskommunen har førespegla midlar til utviklingsavtale mellom Vestlandsforskning, Høgskulen på Vestlandet og fylkeskommunen. Konkret løyving er avhengig av ny årleg avtale.

Det vert sett av 2,593 mill. kr til arbeid med programsatsing, Teknoløft S&F og avtale med HVL og Vestlandsforskning.

Grunnstønad Vestlandsforskning

Det vert i 2018, på same måte som i 2017, sett av 0,800 mill. kr til grunnstønad til Vestlandsforskning. Midlane skal nyttast til fagleg kvalitetssikring, utvikling og fornying. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere inntil 0,700 mill. kr av midlar avsett til satsinga kunnskap i budsjett 2018.

Tenesteområde 7019 – Andre næringsområde

Teneste 7019	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Verdiskapingsplanen	1,587	11,352	1,934	1,934	1,934	1,934
Oppfølging av satsingar	1,255	1,455	0,905	0,905	0,905	0,905
Sum	2,842	12,807	2,839	2,839	2,839	2,839

Verdiskapingsplanen

Verdiskapingsplanen vart vedteken i juni 2014 og iverksetjing av planen starta i 2015. Midlane som er sett av til verdiskapingsplanen under tenesteområde 7019 vert å disponere når trong for midlar kjem tydelegare fram.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere inntil 0,700 mill. kr av midlar avsett til verdiskapingsplanen i budsjett 2018.

Oppfølging av andre område

Ein ser behov for å ha noko midlar for å gjennomføre satsingane, bestille analysar og evaluere innsatsen. Fylkesrådmannen får fullmakt til å nytte midlane sett av under dette området. Det er sett av 0,905 mill. kr fordelt slik:

Teneste 7019	B-2018
Samlingar	0,100
Kontingentar	0,035
Oppfølgingsarbeid i samband med satsingar	0,050
Tenestekjøp m.m	0,120
Evaluering og resultatvurdering	0,050
Administrativ fullmakt knytt til programområde 701	0,300
Administrasjon Petroleumsrådet	0,250
Sum	0,905

Tenesteområde 7099 Tilrettelegging/støttefunksjonar for næringslivet – administrasjon.

Løyvinga på 10,622 mill. kr dekkjer løns- og administrasjonskostandar knytt til programområde 701. Til delfinansiering av lønskostnader til ei stilling knyttta til forvaltning av KMD – midlane er det avsett 0,250 kr av KMD - midlane.

PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREG., FORVALTN. AV VILT/INNLANDSFISK

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
7163 Klima og miljø*	0,006	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
7164 Friluft, natur og vassforvaltning	0,800	1,100	1,100	1,100	1,100	1,100
7169 Friluft, vassregion etc - administrasjon	1,791	0,919	0,919	0,919	0,919	0,919
Sum	2,597	2,019	2,019	2,019	2,019	2,019

* Frå 2016 er Klima på teneste 7154

Programområdet omfattar i hovudsak utviklingsarbeid innanfor friluftsliv, forvaltning av vassressursane og forvaltning av haustbare, ikkje-truga artar av vilt og innlandsfisk.

Tenesteområde 7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning

Tenesteområdet har ei samla nettoløyving på 1,100 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 7164	B-2018
Vilt- og fiskeforvaltning	0,200
Vassforvaltning	0,300
Friluftsliv	0,600
Sum	1,100

På fleire av desse satsingsområda administrerer fylkeskommunen i tillegg statlege løyvingar. Dei statlege midlane vert nytta til å støtte frivillige lag og organisasjonar. Oppfølging av *Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv* og *Regional plan for vassforvaltning* er knytt til tenesteområdet.

Vilt- og fiskeforvaltning

Ein strategi for vilt- og fiskeforvaltning, vedteken i 2012, legg føringar for arbeidet. I tillegg kjem formelt forvaltningsansvar etter ulike lov- og forskriftsverk. Målet for arbeidet er at vilt- og fiskeressursane skal vere grunnlag for eit variert jakt- og fisketilbod og for utvikling av næringsverksemd.

Det er sett av 0,200 mill. kr til vilt- og fiskeforvaltning i 2018.

Vassforvaltning

Fylkeskommunen er regionstyresmakt for vassregion Sogn og Fjordane, med ansvar for å utarbeide ein regional plan for vassforvaltning med eit tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram. Arbeidet er delvis finansiert med statlege midlar.

Det er sett av 0,300 mill. kr til vassforvaltning i 2018.

Friluftsliv

På friluftsområdet skal fylkeskommunen bidra til å fremje ålmenta sine interesser og legge til rette for friluftsliv. Under denne tenesta forvaltar fylkeskommunen også statlege tilskotsordningar til friluftsføremål.

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 - 2019 med vedteke handlingsprogram styrer fylkeskommunen sin innsats på feltet, og samarbeidet med andre offentlege aktørar og frivillig sektor. Det blir etablert utvikingsavtale med Forum for natur og friluftsliv (FNF). Det er etablert eit friluftsråd i fylket, og fleire kan komme til. Tilskot til etablering, jf HNK - sak 32/17 kan finansierast frå HNK sin post 4005 «til disposisjon». Det same gjeld mogleg prosjektstøtte. Tilskot til drift må finansierast frå dette programområdet.

Det er sett av 0,600 mill. kr til friluftsliv i 2018.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å nytte midlane sett av under programområde 716, også statlege midlar som fylkeskommunen vert tilført på dette området.

PROGRAMOMRÅDE 740 – BIBLIOTEK

Tenesta omfattar løn og driftskostnader for fylkesbiblioteket, samt fellestenester for kommunane og utviklingsarbeid.

Teneste 7400 Bibliotek	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Bibliotek	6,041	5,934	5,766	5,766	5,766	5,766
Sum	6,041	5,934	5,766	5,766	5,766	5,766

Fylkesbiblioteket

Fylkesbiblioteket sine oppgåver er bibliotekfagleg rådgiving, kompetansebygging, prosjektutvikling, formidling og fellestenester for biblioteka i fylket. Eit sentralt mål er å styrkje dei regionale biblioteksamarbeida i fylket for å utnytte felles ressursar og skape sterkare fagmiljø.

Fylkesbiblioteket syter for grunnleggjande infrastruktur som felles katalogsøk og transportordning mellom biblioteka, organiserer fylkesdekkande samarbeid om kjøp og utlån av e-bøker, digital avis- og tidsskriftsteneste, og har klasesett-tilbod til skulane. Som bibliotekfagleg kompetansesenter tilbyr fylkesbiblioteket rådgjeving, kurs, konferansar og fagsamlingar til kommunane for å heve kompetansen og vidareutvikle biblioteka som møteplass og arena for inkludering, læring, formidling, offentleg samtale og debatt.

I samarbeid med eksterne fagmiljø vert det utvikla og gjennomført ei rekkje lesestimuleringstiltak, mange av desse med ekstern finansiering. Fylkesbiblioteket arbeider for ei sterkare satsing på formidling av nynorsk språk og litteratur, m.a. i samarbeid med dei andre fylkesbiblioteka på Vestlandet, Nynorsk kultursentrum, Nynorsksenteret m.fl. Nytt i 2018 er nynorske turbibliotek i dagsturhytter i alle kommunane i fylket.

PROGRAMOMRÅDE 750 – ARKIV- OG KULTURMINNEFORVALTNING

Programområde 750 inneheld lønns- og driftskostnader knytt til fylkesarkivet og fylkeskommunen sitt forvaltings-, drifts- og utviklingsarbeid innan kulturminnevern.

Teneste 7500 Kulturminnevern	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Fylkesarkivet	7,845	7,400	7,459	7,459	7,459	7,459
Oppdragsregistrering	-0,290	-0,903	-0,903	-0,903	-0,903	-0,903
Fartøyvern	0,300		0,300			
Kulturminneutvikling	0,278					
Kulturminnevern - kontorbudsjett	6,535	5,961	6,114	6,114	6,114	6,114
Sum	14,668	12,458	12,970	12,670	12,670	12,670

Fylkesarkivet

Fylkesarkivet arbeider for å etterkomme dokumentasjonsbehovet, retten til innsyn i forvaltninga og for å sikre at naudsynt dokumentasjon av fortida er tilgjengeleg, jf. Meld. St. 7 2012-2013. Fylkesarkivet tek vare på ein samla samfunnsdokumentasjon frå Sogn og Fjordane og syter for at denne dokumentasjonen er tilgjengeleg for alle til ein kvar tid.

Webtenestene gir tilgang til foto, digitale arkivdokument, stadnamn på kart, folkemusikk og kulturhistorisk leksikon.

Fylkesarkivet yter tenester til kommunane og fylkeskommunen slik at dei oppfyller lovkrava gjennom medlemskapen i kommunearkivordninga. Gjennom dette samarbeidet får alle 26 kommunar og fylkeskommunen tilgang til arkivfaglege rådgjevingstenester og depotplass for sine arkiv. Det er i 2017 oppretta ei digitaliseringsteneste for kommunane og fylkeskommunen. Ordninga er sjølvfinansierande.

Fylkesarkivet tek imot og handsamar foto- og privatarkiv i Sogn og Fjordane. Arkivering av stadnamn og musikktradisjonar er andre oppgåver.

Fylkesarkivet jobbar utviklings- og prosjektretta, noko som gir gode utslag på tildelingar av nasjonale prosjektmidlar, m.a. til prosjekta «Skulen min», «Semantisk teknologi og tenesteutvikling», «Snøkklokke» m.m.

Kulturminne – forvaltning og utvikling

Fylkeskommunen har ei sentral rolle som forvaltar av kulturminne. Fylkeskommunen har delegert statleg mynde for kulturminne som er automatisk freda og for freda bygg. Arbeidet er i stor grad knytt til rettleiing til kommunar og private, og uttale til kommunale arealplaner.

Arkeologisk registreringsarbeid

Fylkeskommunen gjennomfører årleg arkeologiske registreringar av kulturminne knytt til kommunane sine arealplaner, vegplaner, private tiltak, m.m. Omfanget varierer frå år til år. Det er innført ein nasjonal budsjetteringsmal i 2016. Det er også auke i saker der fylkeskommunen ikkje kan ta betalt frå oppdragsgjevar (mindre private tiltak). Det er lagt inn eit krav i budsjettet at denne delen av verksemda skal gå med eit overskot på 0,900 mill. kr.

Freda bygg og verdsarv

Fylkeskommunen fordeler midlar frå Riksantikvaren til restaurering av freda bygningar, anlegg og miljø i privat eige. I tillegg kjem tiltak i verdsarvområdet. Deler av løyvinga frå Riksantikvaren vert nytta til fagleg oppfølging via eigen fast tilsett restaureringsleiar.

Fartøyvern

Det er sett av 0,3 mill. kr i fylkeskommunale midlar til fartøyvern i 2018

Kartleggingsarbeid

I 2018 vil det som oppfølging av forvaltningsrevisjonen av kulturminneforvaltninga, bli arbeidd med å utvikle ein oversikt over regionalt viktige kulturminne i fylket. I tillegg skal det, etter avtale med Riksantikvaren, gjerast ei kartlegging av nasjonalt viktige kulturhistoriske landskap i fylket.

Lokale kulturminneplanar

I perioden 2012- 2017 har fylkeskommunen hatt ei eiga prosjektsatsing overfor kommunane for å på å stimulere til utarbeiding av lokale kulturminneplanar. 24 av kommunane i fylket har prioritert dette arbeidet. Fylkeskommunen vil gje råd og rettleiing til kommunane i deira vidare arbeid.

Verdiskapingsprosjekt

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil i 2018 delta i verdiskapingsprosjekt «Kystpilegrimsleia Rogaland – Nidaros». Dette er samarbeidsprosjekt med fem fylkeskommunar og fire bispedøme. Prosjektet vert avslutta med ei offisiell markering i 2018. Fylkeskommunen vil også prioritere deltaking i forprosjektet «K 1 Høyanger – en spektakulær attraksjon i hjertet av Norge». Dette er eit samarbeidsprosjekt med Høyanger kommune og Statkraft.

PROGRAMOMRÅDE 760 – MUSEUM

Fylkeskommunen sine løyvingar til Musea i Sogn og Fjordane og til drifta av Gulatinget inngår i dette programområdet. Staten sitt tilskot til musea kan utgjere inntil 60% av det offentlege tilskotet. Resten, om lag 40%, må finansierast lokalt/regionalt.

Teneste 7600 Museum	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Musea i Sogn og Fjordane	15,589	14,385	15,121	15,121	15,121	15,121
Gulatinget	1,865	1,084	1,104	1,104	1,104	1,104
Sum	17,454	15,469	16,225	16,225	16,225	16,225

Musea i Sogn og Fjordane

Musea i Sogn og Fjordane har ansvar for drifta av dei regionale kulturhistoriske musea med sine underavdelingar og Norsk Kvernsteinsenter. Dei forvaltar 192 kulturhistoriske bygg med ei grunnflate på over 14 000 m², tre flytande farkostar, 140 båtar som ligg på land og 120 000 gjenstandar (kulturhistoriske, naturhistoriske og kunsthistoriske). Det statleg tilskot for 2018 er foreslått til 36,290 mill. kr. Dette er ein auke på 0,780 mill. kr frå 2017 til 2018.

Det fylkeskommunale tilskotet går til drift og utvikling av aktiviteten ved musea. Fylkestinget forventar at Musea i Sogn og Fjordane tek del i prioriterte satsingar som fylkeskommunen initierer.

I tilskotsbrevet til Musea i Sogn og Fjordane vil fylkeskommunen mellom anna be om at det vert lagt vekt på følgjande:

- Arbeidet med samlingsforvaltning og digital formidling vert forventa vidareført som eit viktig satsingsområde i 2018, jf også satsinga på fellesmagasin.
- Som del av ein aktiv formidlingsstrategi vert det forventa at Musea i Sogn og Fjordane har dialog med reisemålselskapa og andre aktørar om marknadsføring av tilbod, arrangement og aktivitetar gjennom året. Resultata kan målast i auka besøkstal.
- Musea i Sogn og Fjordane skapar tilbod knytt til kulturarv i Den kulturelle skulesekken, slik som det tilbodet for formidling på musea i 2017/2018, og gjennom tilbod som kan turnere i Den kulturelle skulesekken
- Musea i Sogn og Fjordane arbeider slik at dei vert oppfatta som relevante i samtida, er inkluderande, og skapar attraktive publikumstilbod til innbyggjarane
- I oppfølging av kommunane sitt arbeid med lokale kulturminneplaner vert det forventa at Musea i Sogn og Fjordane kan bidra overfor kommunane med informasjon, kunnskap og råd knytt til lokalhistoriske tema.

Vidare arbeid med fellesmagasin/»Kløyten«

Søknaden til staten om tilskot til å realisere museumsutbygginga i Movika, «Kløyten» vart ikkje imøtekomen i forslag til statsbudsjet for 2018. Søknaden må fornyast innan 1.mars 2018.

Tusenårsstaden Gulatinget

Fylkeskommunen sitt tilskot til drift og utvikling av tusenårsstaden Gulatinget er budsjettert med 1,084 mill. kr. Fylkeskommunen svarar for 70 % av tilskotet til drifta, medan Gulen kommune svarar for 30 %. Eigen strategi for vidare utvikling av tusenårsstaden vart vedteken i FT-sak 57/15, og arbeidet er retta inn mot fagleg utvikling, formidling, lokal næringsutvikling og nasjonalt og internasjonalt nettverksarbeid. Formidlingsbygg på tusenårsstaden er teke inn att i investeringsplanen. Søknad til staten må utformast.

PROGRAMOMRÅDE 771 – KUNSTFORMIDLING

Føremålet med programområdet er å stimulere til eit mangfald av kulturaktivitet, der innbyggjarane kan delta i kulturaktivitet og oppleve profesjonell kunst og kultur. Dei ulike tenestene skal bygge opp under målet om at kunst og kultur skal vere tilgjengeleg for alle. Tenesta omfattar lønn og driftskostnader til administrasjon av Den kulturelle skulesekken, Digital kulturformidling, kultur og helse, distriktsmusikarordninga og fylkesmusikarordninga.

Teneste 7710 Kunstformidling	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Den kulturelle skulesekken	0,318	0,271	0,072	0,072	0,072	0,072
Digital kulturformidling	0,136	0,165	0,168	0,168	0,168	0,168
Kultur og helse	-0,065	-0,105	-0,055	-0,055	-0,055	-0,055
Barnehagekonsertar	0,208	0,102				
Distriktsmusikarane	2,545	2,485	3,385	3,785	3,785	3,785
Den kulturelle spaserstokken	1,015	1,036	0,904	0,904	0,904	0,904
Fylkesmusikarordninga	0,654	0,806	0,416	0,016	0,016	0,016
Kunstformidling - kontorbudsjett	4,897	5,296	5,620	5,620	5,620	5,620
Sum	9,708	10,056	10,510	10,510	10,510	10,510

Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing på kultur for barn og unge. I Sogn og Fjordane når den alle born i grunnskulen og den vidaregåande skulen med profesjonelle kulturopplevingar kvart år innan dei ulike kulturuttrykka (musikk, scenekunst, visuell kunst, litteratur, film, kulturarv). Rikskonsertane vart frå 2017 Kulturtanken, og har fått nytt og utvida mandat som nasjonal eining for alle kunstuttrykka i Den kulturelle skulesekken. I samband med omlegginga

fekk fylkeskommunen overført fleire oppgåver knytt til musikkdelen av tilbodet, men tilskotet til barnhagekonsertar fall vekk.

Det er eit mål å utvikle fleire tilbod frå institusjonane i fylket, bruke fleire kunstnarar frå eige fylke, og auke tilgangen på gode nynorskproduksjonar i heile DKS-systemet. Fylkeskommunen sitt tilbod kjem i tillegg til det kommunane/ skulane sjølve planlegg og gjennomfører som del av dei lokale skulesekken. Etersom Kulturtanken ikkje vidarefører musikktilbodet til barnehagane, vert dette tilbodet avvikla også frå fylkeskommunen si side.

Digital kulturformidling

Kulturarven, kulturtilbod og det levande kulturlivet i fylket skal vere tilgjengeleg for alle gjennom ulike digitale verkøy. Formidlingsløysingane vert tilpassa eit stadig meir digitalt publikum i ulike aldrar og med ulike interesser. Utvikling, nyskaping og kreativitet i kulturformidlinga er difor essensielt. Samtidig er det viktig å dra nytte av eksisterande digitale løysingar og verkøy, og fremje samarbeid innanfor feltet digital kulturformidling. Digital kompetanse og formidling er prioritert i Kulturstrategi 2015-2018.

Kultur og helse

Kultur og helse er tverrsektorielt. Kultur kan vere med å gje framtidstru og livskvalitet og vere med å utvikle morgondagens kultur- oppvekst-, og helse- og omsorgstenester. Vi arbeider for at kulturen skal sjåast på som ein drivkraft til langsiktig utvikling med å styrke samhandling med andre fagområder.

Vi arbeider for auka inkludering gjennom at kulturdeltaking vert del av planar, initiere forskning, utvikle og evaluere prosjekt og tiltak, arbeide for at helse og omsorg blir ein arena der kultur er tilgjengeleg, og skape nettverk. Dette skjer m.a. gjennom:

- Samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Helse Førde og Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester i oppfølging av nettverket «Miljøbehandling i eldreomsorga»
- Aktiv deltaking i planlegging og gjennomføring av kulturfestival for utviklingshemma
- «Lev vel»-prosjektet i Flora kommune og ev utviding av dette til fleire kommunar
- Deltaking i «Polyfon» - utvikling av ei kunnskapsklynge for musikkterapi på Vestlandet som Griegakademiet v/Universitetet i Bergen står for.

Målet er at kultur skal vere ein naturleg og sjølvsgat del i alle sin kvardag.

Den kulturelle spaserstokken

Kommunane kan søkje om midlar som skal leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, kan bli utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Rettleiing til kommunar og frivillige har høg prioritet.

Musikarordningar

Tilskotet til distriktsmusikarordninga bidreg til at fylket har profesjonelle musikarar på høgt nivå. Distriktsmusikarane underviser i kulturskulane i vertskommunane, turnerer i Den kulturelle skulesekken og deltek i ulike prosjektredda musikksetningar i heile fylket, m.a. som ein viktig beryjelke for Opera Nordfjord og Sogn og Fjordane symfoniorkester (SOFORK).

Fylkesmusikarordninga er vedteke omorganisert til 4-5 distriktsmusikarstillingar med folkemusikk som fagfelt. Ordninga er planlagt iverksett frå 01.08.2018, i samarbeid med distriktsmusikar-kommunane og Lærdal kommune. Føresetnaden for å lukkast med denne modellen er at kommunane blir med på iverksetjinga. Dette vert avklart i budsjetthandsaminga i kommunane hausten 2017.

PROGRAMOMRÅDE 772 – KUNSTPRODUKSJON

Tenesta inneheld fylkeskommunen sine avtalebaserte løyvingar til Sogn og Fjordane teater, Opera Nordfjord, Førdefestivalen og Norsk Countrytreff. Føremålet er å bidra til profesjonell kunst- og kulturproduksjon i Sogn og Fjordane.

Teneste 7720 Kunstproduksjon	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
7720 Kunstproduksjon	11,605	11,952	12,162	12,162	12,162	12,162
Sum	11,605	11,952	12,162	12,162	12,162	12,162

Institusjonane er svært viktige for regionen for å gi gode og mangfaldige kulturopplevingar. Dei er også viktige for å gi profesjonelle aktørarar som arrangørar og utøvande kunstnarar ein arbeidsplass. Dei bidreg også i stor grad til å marknadsføre fylket vårt. Dei fylkeskommunale løyvingane genererer statlege og kommunale tilskot på om lag 35 mill. kr til dei fire institusjonane.

Innanfor samfunnsoppdraget til institusjonane skal desse utvikle sin eigen form og måte å produsere og formidle god kunst og kultur til innbyggjarane. Samstundes peikar vi på område der vi utfordrar institusjonane på å ha klare strategiar og mål for sin aktivitet. Dette vil m.a. vere:

- Inkludering
- Å nå barn og unge
- Vere synlege og til stades i store deler av/heile fylket
- Kompetansebase for andre aktørar
- Samarbeid mellom institusjonane og deltaking i å utvikle det regionale kulturlivet
- Delta i arbeid med å styrke opplevingsnæringane i fylket
- Aktivt publikumsarbeid

Førde internasjonale folkemusikkfestival (Førdefestivalen)

Festivalen arbeider kontinuerleg med kunstnarleg utvikling og nyskaping, og er ein ressurs for andre festivalar. Dei driv også aktivt publikumsarbeid, og har konserttilbod gjennom heile året.

Sogn og Fjordane Teater

Sogn og Fjordane Teater driv kontinuerleg utvikling av den regionale teatersatsinga, og har eit tett samarbeid med dei andre nynorsk-teatera i landet (Hordaland teater og Det norske teatret).

Opera Nordfjord

Opera Nordfjord har ambisjonar om å stadig nå ut til nye målgrupper med sine produksjonar og vil satse på aktivitetar året rundt.

Norsk Countrytreff

Norsk Countrytreff har som oppgåve å planlegge og gjennomføre ein countryfestival kvart år.

Fylkeskommunalt tilskot til scenekunstinstitusjonane (22,5% av totalt tilskot) vert fastsett slik:

- Sogn og Fjordane teater 6,239 mill. kr
- Opera Nordfjord 1,535 mill. kr

Festivalstøtte

Staten har avvikla knutepunktordninga og overført ansvaret for desse institusjonane til Norsk kulturråd som har utvikla ei ny festivalstøtteordning. Denne ordninga vert sett i verk frå og med 2018. Gjennom vedteken festivalstrategi har hovudutvalet prioritert Førdefestivalen og Norsk Countrytreff for femårig avtale. Dersom dei oppnår dette, forpliktar dette til ei %-fordeling mellom kommune/fylkeskommune og stat tilsvarande den tidlegare knutepunktmodellen.

Vidare ligg det i festivalstrategien at Teaterfestivalen i Fjaler, Nynorske Litteraturdagar i Aurland, Gloppen Musikkfest og Malakoff rockfestival kan få treårige avtaler. Fylkeskommunen sitt tilskot til desse festivalane vert løyvd frå programområde 790 Andre kulturaktivitetar.

Hovudutval for næring og kultur fastset tilskotet til Førdefestivalen, Norsk Countrytreff og dei andre festivalane i festivalstrategien når kulturrådet har gjort sine vedtak.

PROGRAMOMRÅDE 775 – FYSISK AKTIVITET

Tenesta inneheld tilskot til Sogn og Fjordane idrettskrins, driftstilskot til fylkesidrettsanlegg og lønn- og driftskostnadar til administrasjon av idretts- og utviklingsarbeid.

Teneste 7750 Idrett	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Idrett - tilskot	2,165	1,537	1,565	1,565	1,565	1,565
Idrett - kontorbudsjett	1,133	1,246	1,249	1,249	1,249	1,249
Sum	3,298	2,783	2,814	2,814	2,814	2,814

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 er det førande plandokumentet for arbeidet på dette programområdet. Ein tydeleg regional plan med omfattande og gode handlingsprogram har komme godt i gong og syner til no gode resultat. Det er viktig å halde fram med fokuset på fysisk aktivitet for alle.

Midlane som er sett av til tilskot, vert fordelt slik:

- Sogn og Fjordane idrettskrins 1,25 mill. kr.
- Driftstilskot til fire skianlegg 0,200 mill. kr.
- Utviklingsarbeid 0,115 mill. kr.

Spelemidler

Fylkeskommunen har forvaltningsansvar for dei statlege spelemidlane til kulturbygg, idrett-, nærmiljø- og friluftslivanlegg. «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv» legg føringar som vrir større del av løyvingane inn mot nærmiljøanlegg, friluftslivsanlegg og turvegar/løyper i nærmiljøet.

PROGRAMOMRÅDE 790 – ANDRE KULTURAKTIVITETAR

Føremålet med tenesta er delt i to:

- Barne og ungdomssatsingar, der ein legg vekt på kreativ eigenaktivitet og demokratibygging og kunnskapsheving i det å delta i demokratiet og politiske prosessar
- Frivillig sektor, etablering partnerskap gjennom utviklingsavtaler, økonomisk støtte til drift og utvikling gjennom tilskot til organisasjonar, aktivitetar, utviklingstiltak, festivalar, stipend og fylkeskulturpris.

Tenesta inneheld lønn- og driftskostnadar, gjennomføring av ungdomspolitisk utval og UKM, tilskot til lag og organisasjonar og utviklingsmidlar for kultur.

Teneste 7900 Andre kulturaktivitetar	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Ungdomspolitisk utval	0,146	0,173	0,177	0,177	0,177	0,177
Fylkesting for ungdom	0,027	0,034	0,037	0,037	0,037	0,037
Ungdommens kulturmønstring	0,743	0,773	0,808	0,808	0,808	0,808
Kulturmidlar festivalar og arrangement	7,894	3,973	4,024	4,024	4,024	4,024
Andre kulturaktivitetar - kontorbudsjett	2,657	3,351	3,102	3,102	3,102	3,102
Sum	11,467	8,304	8,148	8,148	8,148	8,148

Ungdomspolitisk utval og fylkesting for ungdom

Tenesta inneheld driftskostnadar til drift av ungdomspolitisk utval, gjennomføring av nettverkssamling for ungdomsråd i fylket, og det årlege fylkesting for ungdom. Dette er viktige demokratiske forum for både deltaking i, og læring av, demokratiske prosessar.

UKM (Ung kultur møttest)

UKM er den viktigaste møteplassen for ung kultur i fylket, og ein arena open for alle mellom (10)13 og 20 år. Ungdomsmedverknad står sentralt i arbeidet. Fylkeskommunen utviklar UKM både i kommunane og på fylkesnivå, særleg gjennom rådgjeving/nettverksbygging, UKM-festivalen Sogn og Fjordane og Ungdommens ressursgruppe (URG) Sogn og Fjordane. Tiltaket er styrka med 0,020 kr for å stimulere utviklingsarbeid i kommunane.

Frivillig sektor

Frivillig sektor er viktig i Sogn og Fjordane. Det er gjort eit arbeid for å samordne, forenkle og spisse tilskotsordningane til frivillig sektor. Retningslinene for tildeling skal utviklast vidare i eit ledd for å bli meir føreseielege for søkjarane. Midlane vert fordelt etter søknad til samla søkjarmasse til frivillige organisasjonar med kulturelle føremål, festivalar og andre større tiltak av regional karakter. Stipend til kunstnarar og fylkeskulturprisen ligg også i denne løyvinga.

For 2018 må vi særleg vere merksam på festivalstrategien og følgje opp med tilskot til dei festivalane hovudutvalet har valt ut som særleg viktige for fylket. Avtalen mellom fylkeskommunen, kommunane Førde, Sogndal, Gloppen og Florø og Bergen Filharmoniske Orkester (BFO) om speling i Sogn og Fjordane er forlenga til å gjelde også for 2018 og 2019, og vil måtte prioriterast innan ramma.

Det nynorske språket

Språket vårt handlar om identitet vår, som menneske og fylke. Nynorsk skal vera eit eige satsingsområde i den regionale politikken og kultursatsinga. Det er ikkje sett av eigne midlar til ei slik satsing, forutan dei midlane som vert gitt som tilskot. Nynorsksatsinga inngår elles som ein integreert del i alt arbeid vi gjer innan kultur.

9.3 ØKONOMIPLANPERIODEN 2019-2021

Programområde	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
701 Tilrettel./støttef./finansieringsbistand for næringslivet	81,544	103,057	74,873	73,357	73,357	73,357
716 Friluftsliv, vassreg., forvaltn. vilt/innlandsfisk	2,597	2,019	2,019	2,019	2,019	2,019
740 Bibliotek	6,041	5,934	5,766	5,766	5,766	5,766
750 Kulturminnevern	14,668	12,458	12,970	12,670	12,670	12,670
760 Museum	17,457	15,469	16,225	16,225	16,225	16,225
771 Kunstformidling	9,708	10,056	10,510	10,510	10,510	10,510
772 Kunstproduksjon	11,605	11,952	12,162	12,162	12,162	12,162
775 Idrett	3,298	2,783	2,814	2,814	2,814	2,814
790 Andre kulturaktivitetar	11,467	8,304	8,148	8,148	8,148	8,148
Sum	158,385	172,032	145,487	143,671	143,671	143,671

Økonomiske rammer

Aktivitetane innanfor dei ulike satsingsområda vert tilpassa dei økonomiske rammene. I tillegg til fylkeskommunale midlar disponerer mange tenesteområde også statlege midlar øyremerka til konkrete satsingsområde. Ramma vil såleis endre seg i takt med endringar i vedtekne eksterne tilskot.

Kultur

Regional plan for kultur skal vedtakast hausten 2018. Planen vil legge føringar for m.a. fylkeskommunen sine prioriteringar på kultursektoren framover. I tillegg vil ev nye oppgåver frå staten, og samanslåinga med Hordaland f.o.m. 2020 kunne påverke kultursatsingane i ein ny organisering.

Næring

Hausten 2017 starta arbeidet med å revidere verdiskapingsplanen. Verdiskapingsplanen legg føringar for partnerskapen sin innsats innanfor næringsutvikling i fylket.

10. SAMFERDSLE

Sektoren er delt i følgjande programområde med slike nettoløyvingar:

Programområde	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
722 Fylkesvegar	473,506	475,377	583,437	543,050	479,761	479,761
730 Bilruter	256,221	231,747	238,024	240,024	240,024	240,024
731 Fylkesvegferjer	114,409	128,995	128,370	146,012	142,695	142,695
732 Båtruter	100,322	88,415	105,170	105,170	105,170	105,170
733 Tilrettelagd transport	10,087	9,506	10,978	10,978	10,978	10,978
Sum	954,545	934,040	1065,979	1045,234	978,628	978,628

10.1 BUDSJETTPROFIL

Det vert vist til kapittel 2 i budsjettreglement for fullmaktene til hovudutvalet for samferdsle.

Fylkeskommunen sin overordna visjon for transportpolitikken i Sogn og Fjordane er

«Å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem som dekker samfunnet sitt behov for transport og som fremmer regional utvikling.»

Visjonen inneberer at fylkeskommunen må gjere prioriteringar slik at ressursbruken bidreg i retning av følgjande tre hovudmål:

- Betre framkome for personar og gods i heile fylket
- Redusere transportulukkene i tråd med nullvisjonen
- Redusere klimagassutsleppa i tråd med ei omstilling mot eit lågutsleppssamfunn og tilpasse infrastrukturen til endra klima med meir nedbør.

Fylkeskommunen er ein viktig samfunnsutviklar i Sogn og Fjordane. I budsjettet for 2018 er det sett av 1 066 mill. kr til samferdsle. Midlane skal dekkje drift og vedlikehald av fylkesvegnettet, drift av fylkesvegferjene og kjøp av kollektivtenester m.m.

Regional transportplan 2018-2023 legg opp til følgjande profil/satsingsområde for prioritering av midlane:

- Drift - og vedlikehald av fylkesvegnettet
 - Tunnelvedlikehald
 - Redusere forfall
 - Drift av fylkesvegnettet på dagens nivå, same driftsnivå som tilsvarande riksvegar
- Kollektivtrafikk
 - Vidareføre eit heilskapleg rutesystem
 - Klimatiltak
 - Universell utforming
 - Marknadstilpassing og marknadsføring
- Investering
 - Gjennomføring av bundne prosjekt
 - Skredsikring
 - Mindre investeringar
 - Store investeringar

Fordeling av midlane i budsjettet for 2018 er gjort med grunnlag i denne prioriteringa.

Hovudprioriteringane i samferdslebudsjetten for 2018:

- Oppretthalde same driftsstandard på fylkesvegnettet
- Satsing på vegvedlikehald, særleg innanfor tunnelvedlikehald

- I hovudsak vidareføre nivået på kjøp av ferje, buss- og båtrutetenester, med mindre rutejusteringar for å møte innsparingskrav
- Vidareføre etablerte ungdomstiltak og tilrettelagt transport
- Ferdigsstille investeringsprosjektet fv. 60 Ugla-Skarstein
- Oppstart av fv. 698 Blaksetunnelen
- Oppstart av skredsikringsprosjektet fv 633 Tunnel Kleiva, Fv. 722 Flovegen, samt fleire mindre skredsikringsprosjekt.

I budsjett for 2018 er det ei særskilt satsing på tunnelrehabilitering med ei løyving på om lag 147 mill. kr. Samla sett er løyvinga til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet på eit nivå der det skal vere mogleg å redusere forfallet på fylkesvegnettet.

Det vert lagt opp til å vidareføre nivået på kjøp av ferje, buss- og bårutetenester på om lag same nivå som i 2017.

Fylkesveginvesteringar

Sogn og Fjordane fylkeskommune følgjer opp satsinga på investeringar. I 2018 er det lagt opp til ordinære investeringar på fylkesvegnettet på 153,7 mill. kr. Hovuddelen av investeringane er knytt til fv. 60 Ugla – Skarstein med 25,9 mill. kr, prosjekt i Førdepakken på 52 mill. kr og minde utbetringar på samla 33,5 mill. kr. Trafikktryggingstiltak er ei prioritert satsing i heile økonomiplanperioden med årlege løyvingar på 13 mill. kr.

Skredsikring er eit prioritert område med investeringar på tilsaman 109,2 mill. kr i 2018. Det er m.a. løyvd 74,5 mill. kr til fv. 633 Tunnel Kleiva og 12 mill. kr i oppstartsløyving til fv. 722 Flovegen.

10.2 ÅRET 2018 – OMTALE AV PROGRAMOMRÅDE OG TENESTER

LØYVINGAR UNDER ANDRE PROGRAMOMRÅDE

Programområde 400 Politisk styring

Det er sett av 0,175 mill. kr i utviklingsmidlar på teneste 4005 Til disposisjon for utvala. Midlane vert fordelte av hovudutvalet for samferdsle. Det er ein føresetnad at midlane skal nyttast til å bygge opp under prioriteringane i det samla budsjettet, og at midlane ikkje skal nyttast til varige tiltak.

Programområde 460 Tenester utanom ordinært fylkeskommunalt ansvarsområde

Det er sett av 0,525 mill. kr på teneste 4606 Diverse tilskot samferdsle. Løyvinga er tilskot til fjellvegen mellom Årdal og Luster jf. avtale med AL Fjellvegen Årdal – Luster.

PROGRAMOMRÅDE 722 – FYLKESVEGAR

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
7220 Renter for vegforskotteringar	1,750	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
7221 Driftsmidlar overført til investering	11,845	2,500	0,000	0,000	0,000	0,000
7222 Fylkesvegar - drift og vedlikehald (netto)	434,843	461,879	557,259	516,792	453,503	453,503
7223 Fylkesvegar - uforutsette hendingar	15,000	0,000	15,000	15,000	15,000	15,000
7224 FTU - administrasjon og tiltaksmidlar	1,115	1,200	1,200	1,200	1,200	1,200
7225 FTU - trafikktryggingstiltak i kommunane	4,530	5,000	5,000	5,000	5,000	5,000
7229 Fv. , miljø og trafikktiltak - adm.	4,423	4,798	4,978	5,058	5,058	5,058
Sum	473,506	475,377	583,437	543,050	479,761	479,761

Teneste 7222 Fylkesveggar – drift og vedlikehald (netto)

Statens vegvesen står for den operative oppfølginga av vegnettet på oppdrag frå fylkeskommunen. I dette ligg gjennomføring av anbudsprosessar, kontraktsinngåing og oppfølging av kontraktar for drift og vedlikehald, ferjedrift og investeringsprosjekt.

Oppdraget og løyvingane blir fastsette i den årlege leveranseavtalen mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen. Leveranseavtalen skal sikre gjennomføring av budsjettføresetnadane innanfor fastlagde rammer i forhold til kostnad, framdrift og kvalitet.

Innanfor budsjetttrammene vil det bli prioritert å auke satsinga på vegvedlikehald og særleg vedlikehald i tunnellar. Fylkestinget har lagt til grunn ei ramme på 1,4 mrd. 2015-kroner i perioden 2016-2024 til rehabilitering av tunnelane på fylkesvegnettet for å oppfylle krav i tunnelsikkerheitsforskrifta, jf. FT-sak 54/15.

Drift og vedlikehaldsoppgåvene vert utførte av entreprenørar etter konkurranse. Det er sett av 557,3 mill. kr (netto) til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i 2018. Det er budsjettert med 124 mill. kr i refusjon av meirverdiavgift. Samla gir dette ei bruttoløyving til drift og vedlikehald på 681,3 mill. kr i 2018, jf. tabellen under.

Løyvinga fordeler seg på følgjande tiltak:

Tiltak	mill. kr
Drift	
Driftskontraktar (driftskontrakt, elektrokontrakt, refusjon kommunar, generell drift)	218,466
Andre faste driftsutgifter (straum, tilskot veglys og andre bundne kostnader)	7,570
Vedlikehald	
Ordinært tunnelvedlikehald	40,915
Tunnel - tunnelrehabiliteringsplan	106,379
Bru/ferjekai - drift og vedlikehald	54,213
Dekkelegging/forsterking/vegmerking	94,207
Vegutstyr, miljø og andre tiltak (rekkverk, murar, grøfting, reparasjon m.m.)	132,084
Reparasjon fv.60 Utvik (Skjønsmidlar KMD knyttt til flaumskade)	27,425
Brutto drift og vedlikehald	681,259
Føresettt mva. refusjon	124,000
Netto drift og vedlikehald	557,259

Fordelinga på drift og vedlikehaldstiltak er førebels. Fylkeskommunen vil i samarbeid med Statens vegvesen gjere endeleg fordeling i samband med utarbeiding av leveranseavtalen for 2018.

Skadefond for fylkesvegnettet

Erfaringane frå perioden frå 2010, dvs etter forvaltningsreforma, og fram til i dag syner at det er behov for å ha midlar til å dekkje uføresette hendingar på fylkesvegnettet. Midlane er aktuelle både til ekstraordinære drifts- og vedlikehaldstiltak, til investeringar som følgje av skade og til båtskyss ved vegstengingar.

Det er i 2018 løyvd 15 mill. kr til styrking av skadefondet. Fondet vil gi fylkeskommunen noko større sikkerheit til å kunne møte uføresette hendingar utan at dette går ut over andre prioriterte tiltak.

Følgjande retningslinjer for disponering av midlar til uføresette hendingar på fylkesvegnettet er lagt til grunn:

Føremål

Føremålet er å reservere midlar til å møte finansiering av uføresette hendingar på fylkesvegnettet.

Økonomisk ramme

Det vert lagt opp til ei årleg løyving til formålet. Storleiken på løyvinga vert vurdert i dei årlege budsjettprosessane. Ubrukte midlar ved årets slutt vert overført til eit eige skadefond for fylkesvegnettet.

Om skadefondet overstig 30 mill. kr, kan overskytande kapital kanalisert mot ordinære drifts- og vedlikehaldsoppgåver.

Utgifter som kan dekkjast

Løyvinga/skadefondet kan disponerast til ekstraordinære utgifter i samband med ekstremvær, ras, flaum til:

- Vedlikehald/investeringar som følgje av ekstraordinær skade på infrastruktur
- Alternativ transport ved uføresette vegstengingar.

Fullmakt til disponering

Hovudutvalet for samferdsle får fullmakt til å disponere midlane i tråd med retningslinene.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere midlane til å dekkje utgifter til naudsynt alternativ transport når vegar blir stengde på grunn av ras eller skade.

I høve sluttsaldering av kostnader knytt til brannen i Skatestraumtunnelen har fylkesrådmannen fullmakt til å saldere avrekning av tildelt skjønstilskot frå KMD og eventuell erstatning frå eigar av vogntoget si ansvarsforsikring mot skadefondet for fylkesvegnettet, jf. FT-sak 68/15.

Teneste 7224 FTU – administrasjon og tiltaksmidlar

Det er sett av 1,2 mill. kr. Posten dekkjer driftsutgifter for FTU (Trafikktryggingutvalet) samt tilskot og aktivitetar i regi av FTU.

Teneste 7225 FTU – trafikktryggingstiltak i kommunane

Det er sett av 5 mill. kr til trafikktryggingstiltak. Midlane vert fordelte av FTU innanfor rammene av ordninga.

Teneste 7229 Fv., miljø og trafikktryggingstiltak - adm.

Løyvinga på 5 mill. kr dekkjer løns- og administrasjonskostnader på fylkesvegområdet.

PROGRAMOMRÅDE 730 – BILRUTER

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
7300 Buss - kjøp av teneste	190,804	195,769	207,728	210,228	210,228	210,228
7301 Buss - skuleskyss u.transp./div. grunnskulen	25,722	6,073	0,513	0,513	0,513	0,513
7302 Buss - skuleskyss vg.skule	16,977	5,126	1,949	1,949	1,949	1,949
7303 Ungdomstilbod	5,238	3,588	4,207	4,207	4,207	4,207
7306 Diverse kollektiv	9,350	11,159	13,645	13,145	13,145	13,145
7309 Bilruter - kontorbudsjett	8,130	10,032	9,982	9,982	9,982	9,982
Sum	256,221	231,747	238,024	240,024	240,024	240,024

Teneste 7300 Buss – kjøp av teneste

For 2018 er det lagt opp til vidareføring og tilpassing av eksisterande rutetilbod. Alle dei fylkeskommunale rutene i Sogn og Fjordane er no anbudsutsett. Fylkeskommunen skal kjøpe tenester frå selskapa for 206,4 mill. kr. I denne summen inngår fylkeskommunale bussruter inkl. det meste av skuleskyss til grunnskule og vidaregåande skule.

Fylkeskommunen har avtale om at kommersielle ekspressbussruter skal nytte fylkeskommunale takstar og tilby plassgaranti på reiser innanfor fylkesgrensane. Selskapa får ein delvis kostnadskompensasjon knytt til dette på om lag 1,0 mill. kr i 2018.

Det er sett av 0,3 mill. kr til Oppland fylkeskommune for medfinansiering av ruta Fagernes-Tyin-Lærdal.

Teneste 7301 Buss – skuleskyss undertransportørar/div. grunnskulen

Det er sett av 0,5 mill. kr. til mellombels skyss ved skade/sjukdom.

Teneste 7302 Buss – skuleskyss vidaregåande skule

Det er sett av 0,5 mill. kr i tilskot til skuleskyss mellom Aurland og Sogndal og 0,3 mill. kr til Møre og Romsdal fylkeskommune for elevar som reiser på deira ruter til Stryn vgs.

Vidare er det sett av 1,1 mill. kr til diverse skyss, m.a. skyss ved skade/sjukdom, privat skyss, skyss i andre fylke og utplassering.

Teneste 7303 Ungdomstilbod*Ungdomskort*

Ungdomskortet bidreg til at ungdommar innarbeider gode vanar med å reise kollektivt, og fylkeskommunen vurderer derfor tiltaket som positivt. Ungdomskortet gjev ungdom mellom 16 og 19 år rett til å reise fritt med kollektivtilbodet i Sogn og Fjordane og kostar i 2018 365 kr. pr månad.

Det er sett av totalt 2,8 mill. kr til ungdomskort i 2018, fordelt med 1,6 mill. kr på buss og 1,2 mill. kr på teneste 7323 Båt – diverse. Budsjettert kostnad til ungdomskort på buss er kraftig redusert i løpet av dei siste åra. Dette skuldast i stor grad at inntektsbortfallet som busselskapa har fått kompensert i dei gamle avtalane inngår i billettinntektene som fylkeskommunen no har overtatt ansvaret for. Reduksjonen i kostnad til ungdomskort buss på denne tenesta har difor ein motpost i lågare billettinntekter i bussanboda. I tillegg har bruken av ungdomskort blitt redusert dei siste åra.

"Trygt heim for ein 50-lapp"

"Trygt heim for ein 50-lapp" er eit tilbod om skyss heim natt til søndag. Det er budsjettert med 1,5 mill. kr til dette i 2018.

Lokale transporttilbod for ungdom (LTU)

Kommunane kan søke om midlar til fleksible skyssløysingar til/frå fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveldstid. Målgruppa er ungdom mellom 13 og 19 år. I 2017 var det 23 kommunar som søkte om LTU-midlar. Det er sett av 1,0 mill. kr til dette tilbodet i 2018.

Teneste 7306 Diverse kollektiv*Ruteinformasjon/marknadsføring*

Ein konsekvens av anbudsutsetjinga på buss og båt er at fylkeskommunen overtek inntektsansvaret og dermed òg ansvar for marknadsføring av kollektivtilbodet. Det er sett av 3,1 mill. kr til marknads- og informasjonsaktiviteter.

Drift av Ruteopplysninga 177 har ein samla kostnad på 0,7 mill. kr.

Prosjekt Enklare Kollektivtilbod i Sogn og Fjordane

For å nå målsetningane i RTP gjennomfører fylkeskommunen eit prosjekt som skal avdekke tiltak som gjer det enklare å reise kollektivt for reisande i Sogn og Fjordane.

Passasjerterminalar

Tenesta omfattar leigekostnad til terminalar/venterom i fylket. Det er sett av 5,2 mill. kr til føremålet.

Elektronisk billettering

Det er sett av 3,6 mill. kr til kostnader til leige av betalingsterminalar og drift av billettsystemet.

Diverse

Det er sett av 1,0 mill. kr til diverse kostnader.

Teneste 7309 Bilruter - kontorbudsjett

Løyvinga på 10 mill. kr dekkjer løns- og administrasjonskostnader knytt til bilruter.

PROGRAMOMRÅDE 731 – FYLKESVEGFERJER

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
7310 Fylkesvegferjer	114,409	128,995	128,370	146,012	142,695	142,695
Sum	114,409	128,995	128,370	146,012	142,695	142,695

Teneste 7310 Fylkesvegferjer

Drift av fylkesvegferjesambanda er knytt opp mot kontraktar etter anbudsutlysing. Det er sett av 128,4 mill. kr til drift av fylkesvegferjer i 2018.

PROGRAMOMRÅDE 732 – BÅTRUTER

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
7321 Båt - skuleskyss/veglause grender	4,844	4,625	4,925	4,925	4,925	4,925
7322 Båt - ekspress- og lokalruter	89,814	78,249	94,393	94,393	94,393	94,393
7323 Båt - diverse	4,677	4,523	4,822	4,822	4,822	4,822
7329 Båtruter - administrasjon	0,987	1,018	1,030	1,030	1,030	1,030
Sum	100,322	88,415	105,170	105,170	105,170	105,170

Teneste 7321 Båt – Skuleskyss/veglause grender

I denne tenesta ligg mindre, lokale avtalar om båttransport. Fleire av desse har relativt kort tidshorison og vert justerte etter behov. Dei kommunale rutene i Luster og Selje ligg òg på denne tenesta. Det er budsjettert med 4,9 mill. kr til dette i 2018.

Teneste 7322 Båt – Ekspress- og lokalruter

Dei fire store anbudskontraktane på båt er budsjettert på denne tenesta. Dette omfattar Norled si avtale om ekspressbåtruter til og frå Bergen og Fjord1 sine lokalbåtavtaler i indre Sogn, ytre Sogn og Florabassenget inkl. Kystvegekspressen og lokalbåt i Vågsøy. For 2018 er det lagt opp til vidareføring av eksisterande rutetilbod.

På grunn av auke i drivstoffprisar og CO₂-avgift som ligg til grunn for regulering av kontraktane, aukar kostnaden til ekspress- og lokalbåt i 2018.

Det er sett av 94,4 mill. kr til ekspress- og lokalbåtruter i 2018.

Teneste 7323 Båt - diverse*Godsruta*

Det er sett av 3,6 mill. kr til godsbåtrute frå Bergen til Solund og Askvoll.

Diverse

Det er sett av 1,2 mill. kr til ungdomskort på båt i 2018.

Teneste 7329 Båtruter - administrasjon

Løyvinga på 1 mill. kr dekkjer løns- og administrasjonskostnader knytt til båtruter.

PROGRAMOMRÅDE 733 – TILRETTELAGT TRANSPORT

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
7331 Tilrettelagd transport	10,087	9,506	10,978	10,978	10,978	10,978
Sum	10,087	9,506	10,978	10,978	10,978	10,978

Teneste 7331 Tilrettelagt transport*Tilrettelagt transport*

Det er sett av 6,5 mill. kr til ordninga med tilrettelagt transport.

Fylkeskommunen samarbeider med alle kommunane i fylket, og kommunane får tildelt midlar etter folketal og reiseavstandar internt i kommunen.

Sogn og Fjordane har vore med i ei utvida TT-ordning for blinde/svaksynte og rullestolbrukarar i andre halvdel av 2017. Ordninga er finansiert av midlar frå Samferdselsdepartementet. Ordninga vert vidareført dersom vi får tilsvarande finansiering i 2018.

Serviceskyss

Nye retningslinjer for serviceskyss trer i kraft 01.01.18. I samband med dette revitaliserer fylkeskommunen tilbodet i samarbeid med kommunane. Kommunar som ikkje har serviceskystilbod i dag får oppretta ruter i sin kommune dersom dei ønskjer det.

Det er sett av 4,5 mill. kr til serviceskyss i 2018.

10.3 ØKONOMIPLANPERIODEN 2019-2021

Programområde	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
722 Fylkesvegar	473,506	475,377	583,437	543,050	479,761	479,761
730 Bilruter	256,221	231,747	238,024	240,024	240,024	240,024
731 Fylkesvegferjer	114,409	128,995	128,370	146,012	142,695	142,695
732 Båtruter	100,322	88,415	105,170	105,170	105,170	105,170
733 Tilrettelagd transport	10,087	9,506	10,978	10,978	10,978	10,978
Sum	954,545	934,040	1065,979	1045,234	978,628	978,628

Budsjett til fylkesvegar vil få ein reduksjon i løyvinga frå 2020 grunna bortfall av midlar knytt til oppfølging av tunneltryggleiksforskrifta. Dersom staten ikkje vidarefører ei form for medfinansiering vil dette ha konsekvensar for det øvrige vedlikehaldet på fylkesvegnettet viss vi skal ha moglegheit til å gjennomføre plan for tunnelrehabilitering.

11. INVESTERINGS-/FINANSIERINGSPROGRAM 2018-21

11.1 FØRESETNADER FOR INVESTERINGSPROGRAMMA

Det er utarbeida to fylkeskommunale investeringsplanar for komande planperiode; ein for fylkesvegnettet inkl. skredsikring og ein for bygg. Løyvingane er inklusive meirverdiavgift, og føresett meirverdiavgiftsrefusjon på investeringane vert nytta som ei finansieringskjelde. Begge investeringsprogramma er presenterte i faste 2018-kroner.

Ved prisjustering til faste 2018-kroner vert ikkje løyvingar for tidlegare år prisjusterte. Ved igangsette prosjekt er det såleis berre løyvingar i budsjett/økonomiplanperioden som gir grunnlag for prisjustering, og ikkje heile kostnadsoverslaget. Grunnen til dette er at nytta løyvingar tidlegare år ikkje har behov for prisvekst.

Det er lagt opp til at alt vedtekte investeringar har prioritet framfor nye investeringar. Dette betyr at dei nye investeringane *kjem i tillegg til* dei prosjekta som vart vedteke i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

11.2 GRUNNLAG FOR NYE INVESTERINGAR 2018-21

ØKONOMI

Arbeidet med behovskartlegginga i dei to investeringsporteføljane har avdekket eit kapitalbehov som langt overstig tilgjengelege midlar. Det er to hovudgrunnar til det store gapet mellom avdekket kapitalbehov og tilgjengeleg finansiering:

- Nytt inntektssystem: Den fylkeskommunale driftsøkonomien har vore under sterkt press dei seinare åra som følgje av nytt inntektssystem. Eit av tiltaka for å ikkje auke presset ytterlegare, har vore å halde kapitalutgifter knytt til nye låneopptak på eit minimum.
- Forholdet mellom volumet på investeringsutfordringane på veg og den samla fylkeskommunale økonomien: Investeringsutfordringane ved overføringa av fylkesvegansvaret frå staten til fylkeskommunane i 2010 ikkje er problematisert nok og teke tilstrekkeleg omsyn til i det økonomiske opplegget for fylkeskommunane.

Effekten av desse faktorane vert ytterlegare forsterka gjennom at staten ikkje fullt ut vektlegg sine eigne prioriteringskriterium ved fordeling av nasjonale pottar til ulike satsingar. Døme på dette kan vere tapskompensasjonen i samband med innføring av nytt inntektssystem og Vegdirektoratet sitt framlegg til fordeling av rassikringsmidlar til fylkesvegnettet.

Som ein del av arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-22 må det arbeidast mot statleg hald for å få vurdert tenlege finansieringsløyvingar knytt til større veginvesteringar, og statleg fullfinansiering av pålagde krav i høve tunnelforskrifta.

Då behovet i dei to investeringsporteføljane overstig tilgjengeleg kapital er det prioritert å løyse naudsynte og strategisk viktige bygginvesteringar. Dei store utfordringane på vegsektoren kan uansett ikkje løysast fullt ut innfor dagens økonomiske ramar.

Den tilgjengelege investeringsramma til nye prosjekt på 1,3 mrd. kr, er delt med 650 mill. kr på kvar av investeringsporteføljane på bygg og veg.

OVERORDNA VURDERINGAR

Prioriteringane på fylkesveginvesteringane følgjer av Regional transportplan 2018-2027. Vidare er desse overordna vurderingane lagt til grunn for prioritering av bygginvesteringar.

Vedlikehold av eksisterande bygningsmasse

Det er vesentleg at fylkeskommunen evnar å ivareta alt investert kapital. Det er viktig å ha ein bygningsmasse som er tenleg opp mot dei tenestene fylkeskommunen skal levere. Ein del mindre vedlikehold, ombygging mv på skulane, vert i dag løyst innanfor sekkepostløyvinga OR200. I tillegg til dette vil det vere behov for å gjennomføre nokre større rehabiliterings- og vedlikehaldsprosjekt i tida framover. I prioriteringa av nye prosjekt er det lagt opp til ein balanse mellom prosjekt som er reine nyinvesteringar og prosjekt som sikrar behovet for vedlikehold av investert kapital.

Regionale effektar ved investeringane

I den overordna prioriteringa av prosjekt er det teke omsyn til i kva grad prosjekta er i samsvar med vedtekne regionale planar for fylket.

Ein del av prosjekta er prioritert utifrå at dei vil ha stor verdi utover den fylkeskommunale tenesteytinga. Det er lagt vekt på at desse prosjekta i tillegg kan utløyse synergjar ved å skape nye arbeidsplassar, utvikle sentra i dei største kommunane, og bidra til å nå folkehelsemåla.

11.3 INVESTERINGSPROGRAM FYLKESVEG

Investeringsprogrammet for fylkesveg er inkludert skredsikringstiltak. For nærare omtale av prosjekta vert det vist til kap. 12 og Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027. Investerings- og finansieringsprogrammet for fylkesvegar i økonomiplanperioden er spesifisert slik:

INVESTERINGSPROGRAM (faste -2018-kr)	SUM I PERIODEN	2018	2019	2020	2021
Store prosjekt	1 962,700	87,900	390,900	569,900	914,000
Fv. 60 Ugla-Skarstein	31,000	25,900	5,100		
Fv. 698 Blaksetunnelen	242,800	10,000	132,600	66,500	33,700
Fv. 303 Seimsdals tunnelen	271,300		5,100	142,800	123,400
Avviksfond tunnel	50,000				50,000
Førdepakken - fylkesvegprosjekt	432,600	52,000	108,100	65,600	206,900
Fv. 606 Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	770,000		140,000	280,000	350,000
Fv. 614 Svelgen - Indrehus	165,000			15,000	150,000
Mindre utbetringar	298,800	43,500	33,000	140,000	82,300
Tiltak for framkome og tryggleik	60,000	15,000	15,000	15,000	15,000
Fv. 611 Vevring II - bru	15,000		5,000	10,000	
Fv. 624 Husevågøy ferjekai	18,000		3,000	15,000	
Fv. 577 Øvrebøtn bru I og II (Bremanger)	10,000	10,000			
Fv. 618 Barmen - Barmsund (ferjekai)	13,000	13,000			
Fv. 611 Sæle - Engebø	117,300			50,000	67,300
Fv. 53 Ny brøytestasjon Holsbru	4,700	4,700			
Fv. 614/fv. 577 Myklebust	0,800	0,800			
Fv.57 Dale-Storehaug	60,000		10,000	50,000	
Gang- og sykkelvegar	130,200	16,800	71,800	26,800	14,800
Fv. 548 Brandsøyvegen (tilskudd)	5,200	1,300	1,300	1,300	1,300
Fv. 614 Breivika - Svelgen (Bremanger)	45,000	5,000	30,000	5,000	5,000
Fv. 607 Heggebø - Leirvik (Hyllestad)	15,000		15,000		
Fv. 548 Brandsøy - Solheim (delprosjekt)	25,000		15,000	10,000	
Enkle fysiske tiltak	40,000	10,500	10,500	10,500	8,500
Trafikktryggingstiltak	52,000	13,000	13,000	13,000	13,000
Planlegging og prosjektering	28,000	7,000	7,000	7,000	7,000
Kollektivtrafikktiltak	4,000	1,000	1,000	1,000	1,000
Skredsikring	1 058,200	109,200	199,500	329,000	420,500
Fv. 633 Tunnel Kleiva	90,500	74,500	16,000		
Fv. 722 Flovegen	493,500	12,000	153,000	178,500	150,000
Fv. 53 Ljoteli	290,000		10,000	130,000	150,000
Fv. 50 Vassbygdatnet Aurland	3,100	3,100			
Fv. 630 Galdane i Borgund	3,100	3,100			
Fv. 57 Strand i Fjaler	6,000	6,000			
Prosjektering mindre tiltak	2,000	0,500	0,500	0,500	0,500
Mindre skredsikringstiltak - ufordelt	70,000	10,000	20,000	20,000	20,000
Fv. 55 Kjenes	100,000				100,000
SUM INVESTERING	3 533,900	278,400	716,200	1 086,700	1 452,600

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2018	2019	2020	2021
Mva. kompensasjon	390,000	22,400	78,400	132,300	156,900
Fondsmidler	650,000	14,300	180,900	236,100	218,700
Lånemidler	963,100	80,500	149,300	303,700	429,600
Førdepakken - bompengar	244,400	14,700	61,800	25,700	142,200
Førdepakken - mva. refusjon	75,000	9,000	18,000	11,600	36,400
Førdepakken - (lånemidler)	113,200	28,300	28,300	28,300	28,300
Anleggsbidrag Sæle - Engebø	40,000			20,000	20,000
Statleg tilskott - skredsikring	861,900	88,400	162,600	268,200	342,700
Mva. kompensasjon - skredsikring	196,300	20,800	36,900	60,800	77,800
SUM FINANSIERING	3 533,900	278,400	716,200	1 086,700	1 452,600

Det er lagt opp til samla investeringar på 3 533,9 mill. kr i økonomiplanperioden 2018-21. Av dette er 1 058,2 mill. kr knytt til skredsikringstiltak. Gjennomføring av investeringsprogrammet inneber tilsaman 1076,3 mill. kr i nye låneopptak.

Det er staten sitt tilskotsprogram for skredsikring i perioden 2018-2023 som legg rammer for det statlege tilskotet. Planleggingsramma er godkjent frå Samferdsledepartementet og fylkeskommunane skal utarbeide forslag til fordeling innan 20. desember 2017.

For Førdepakken er det lagt til grunn bruttoinvestering på dei fylkeskommunale vegane i perioden 2018-21. Finansiering av investeringane er bompengar, mva. refusjon og fylkeskommunen si delfinansiering. Delfinansieringa av Førdepakken i åra 2018-2023 er 150 mill. kr 2013-kroner. Dette er prisjustert til 2018-kroner slik at samla beløp i 6 års perioden er på 169,8 mill. kr. Beløpet er føresett fordelt med 28,3 mill. kr årleg. Invesering og finansiering av fylkeskommunale vegar i Førdepakken er vist i tabellen under:

INVESTERINGSPROGRAM (faste - 2018-kr)	SUM I PERIODEN	2015-17	2018	2019	2020	2021	2022 ->
Førdepakken - fylkesvegprosjekt	634,000	27,593	52,000	108,100	65,600	206,900	173,807
Finansiering							
Førdepakken - bompengar	354,593	23,563	14,700	61,800	25,700	142,200	86,630
Førdepakken - mva. refusjon	109,607	4,030	9,000	18,000	11,600	36,400	30,577
Nettobidrag (tilskot) frå fylkeskommunen	169,800	0,000	28,300	28,300	28,300	28,300	56,600

11.4 INVESTERINGSPROGRAM BYGG

NYE PROSJEKT

Det er lagt opp til ei auka satsing på bygginvesteringar. Samla er det prioritert nye prosjekt som utgjer 1278 mill. kr i bruttoinvesteringar. 850 mill. kr av desse er lagt inn i økonomiplanen frå 2018-21. 25 mill. kr av desse er spesifisert på dei to prosjekta - Ridehall på Mo og SJH-ysteri/garderobe – og vidare er 825 mill. kr er lagt inn som ei ufordelt løyving førebels.

Bruttoinvesteringar tilsvarande 428 mill. kr knytt til dei prioriterte prosjekta, er føresett nytta etter 2021.

For 2018 er lagt inn planleggings-/prosjekteringsmidlar på samla 45 mill. kr til dei nye prosjekta. Løyvinga er i utgangspunktet tenkt nytta til følgjande prosjekt:

- Nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde
- Sogndal vgs. – Kaupanger/Vitensenter
- Flora idrettsenter

- Måløy vgs – blokk A og D
- Gulatinget
- Mo og Øyrane vgs. – internat m.m

For åra 2019-21 er det framleis stor uvisse knytt til investeringsnivået det enkelte år, slik at investerings- og finansieringsprogrammet er retningsgivande. Det er i åra 2019-21 førebels sett av 260 mill. kr årleg til nye prosjekt.

I investeringsprogrammet er det føresett ein del anna finansiering, hovudsakleg for dei større prosjekta. Denne finansieringa gjer at nettoinvesteringa for fylkeskommunen vert redusert. Døme på slik finansiering er mva.refusjon, inntekt frå sal av bygg og tilskot frå stat/kommune.

Nettoinvesteringane for dei nye prosjekta er førebels sett til 620 mill. kr, og det er vidare føresett at dette nivået vert finansiert av avsette fondsmidlar. Førebelse kostnadsrammer for prosjekta vert presentert i tabellen under:

Prosjekt	Sum brutto-investering	Anna finansiering	Netto investering
Mo og Øyrane vgs - ridehall	18	4	14
SJH - ysteri/garderobe	7	2	5
Campus Førde	580	417	163
Øyrane vgs - naudsynt investering utan Campus Førde	100	20	80
Hafstad vgs - naudsynt investering utan Campus Førde	45	9	36
Ny tannhelseklinikk i Førde - naudsynt investering utan Campus Førde	30	6	24
Tillegg for "Campus-løysing" i Førde	405	382	23
Opplæringsareal på Kaupanger: Sogndal vgs og Vitensenter	85	37	48
Opplæringsareal på Kaupanger: Sogndal vgs	45	9	36
Utleigedel – Vitensenter	40	28	12
Flora idrettssenter	65	48	17
Måløy vgs - blokk A og D	45	9	36
Gulatinget	75	58	18
Mo og Øyrane vgs - internat m.m	70	14	56
Dale vgs – verkstadbygg	35	7	28
Fylkeshuset	90	18	72
Firda vgs - fløy D Aulabygg	25	5	20
Årdal vgs - rehab	70	14	56
SJH - rehab. Fjøs- og verkstadbygg	40	8	32
Sogndal idrettshall/badebasseng	30	6	24
Eid vgs – nytt undervisningsareal	30	6	24
Digitale klasserom	13	6	7
Sum investering nye prosjekt	1278	659	620

PRESENTASJON AV SAMLA INVESTERINGSPROGRAM PÅ BYGG

Det samla investerings- og finansieringsprogrammet for bygg i økonomiplanperioden er spesifisert i følgjande tabell:

INVESTERINGSPROGRAM (faste 2018-kr)	SUM I PERIODEN	2018	2019	2020	2021
Forvaltning	36,000	12,000	12,000	6,000	6,000
IT001 IKT-investeringar	16,000	4,000	4,000	4,000	4,000
O2M01 "Miljøprosjekt" - ufordelt	12,000	6,000	6,000		
EK001 Eigenkapitalinnskott KLP	8,000	2,000	2,000	2,000	2,000
Opplæring	335,102	118,602	113,750	69,850	32,900
OR200 Ombygging/rehabilitering/Sikring/Brann	80,000	20,000	20,000	20,000	20,000
IU200 Utstyr	26,000	6,500	6,500	6,500	6,500
PC002 PC-ordninga	25,600	6,400	6,400	6,400	6,400
NY103 Stryn vgs - ombyg. Kjøkken m.m	9,000	9,000			
NY103 Høyanger vgs - ombyg.	8,000	8,000			
NY121 Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	49,200	7,150	23,600	18,450	
NY224 Sogndal vgs - byggesteg II	13,700	13,700			
NY227 Måløy vgs - rehab. av blokk B og C	90,300	22,550	49,250	18,500	
NY228 Eid vgs - tilbygg	5,000	5,000			
NY229 Mo og Øyrane vgs - ridehall	18,000	10,000	8,000		
NY230 SJH - ysteri/garderobe	7,000	7,000			
NY232 Mo og Øyrane - vassforsyning MO	1,361	1,361			
NY233 Måløy gangveg	1,941	1,941			
Tannhelse	17,500	5,500	4,000	4,000	4,000
TA300 Oppgradering av tannklinikkar	17,500	5,500	4,000	4,000	4,000
Kultur	87,500	0,000	20,000	37,500	30,000
KU002 Fellesmagasin for musea	87,500		20,000	37,500	30,000
Nye prosjekt - ikkje fordelt pr. år	825,000	45,000	260,000	260,000	260,000
SUM INVESTERING	1301,102	181,102	409,750	377,350	332,900

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2018	2019	2020	2021
Mva-kompensasjon	237,502	35,002	74,750	68,350	59,400
Driftsmidler	8,000	2,000	2,000	2,000	2,000
Aktivitetfond investeringar	0,000				
Div ubundne fond	654,100	48,600	227,600	189,000	188,900
Andre tilskot	12,600	3,900	2,900	2,900	2,900
Tilskot Gulatinget	50,000			25,000	25,000
Lånemidler	338,900	91,600	102,500	90,100	54,700
SUM FINANSIERING	1301,102	181,102	409,750	377,350	332,900

Det er lagt opp til samla bygginvesteringar på 1301,1 mill. kr i økonomiplanperioden 2018-21. Gjennomføring av investeringsprogrammet inneberer tilsaman 338,9 mill. kr i nye låneopptak.

For nærare omtale av investeringsprosjekta vert det vist til kapittel 12 Prosjektomtalar.

12. PROSJEKTOMTALAR

12.1 FYLKESVEG

Det er utarbeidd prosjektomtalar for prosjekt i kategoriane «store prosjekt», «mindre utbetringar», «gang- og sykkelveg» og «skredsikring».

Vidare er det for dei andre kategoriane (trafikktryggingstiltak, planlegging og prosjektering og kollektivtrafikktiltak) utarbeid ein felles prosjektomtale. Omtalane følgjer fortløpande.

STORE PROSJEKT

Fv. 60 Olden-Innvik, parsell Ugla-Skarstein

Olden - Innvik, parsell Ugla-Skarstein	
Prosjektnr: Fv. 105	Prosjektbasert
Oppstart: 2013	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2013	5,900
2014	1,300
2015	5,000
2016	163,196
2017	171,550
2018	25,900
2019	5,100
SUM	377,946

Fylkestinget vedtok i april 2015 investeringsprosjektet fv. 60 Ugla – Skarstein, jf. FT-sak 5/15. Prosjektet har eit kostnadsoverslag på 382,4 mill. 2017-kr og omfattar bygging av:

- Vangberg tunnelen på om lag 1,2 km med tunnel- profil 9,5 meter
- Veg i dagen, mellom Ugla – Vangberg tunnelen vest og Vangberg tunnelen aust til Skarstein, totalt om lag 4,1 km

Framdrift

Arbeid i 2018 omfattar ferdigstilling av tunnel, testing og godkjenning. Planlagt ferdigstilling er sett til 1. mars 2018.

Fv. 698 Blaksettunnelen

Fv. 698 Blaksettunnelen	
Prosjektnr: Fv. 106	Prosjektbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2021
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	10,000
2019	132,600
2020	66,500
2021	33,700
SUM	242,800

Det er planlagt å byggje ein ca. 1200 meter lang tunnel og ca. 650 meter veg.

Arbeidet med reguleringsplanen er i gang.

Prosjektet vert starta opp i 2018.

Fv. 303 Seimsdalstunnelen

Fv. 303 Seimsdalstunnelen	
Prosjektnr: Fv. 107	Prosjektbasert
Oppstart: 2019	Ferdigstilling: 2021
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2019	5,100
2020	142,800
2021	123,400
SUM	271,300

Dagens tunnel skal strossast til profil T10,5 med 2 meter brei gang- og sykkelveg. Tunnelen er ca. 1500 m lang.

Det vert sett i gang arbeid med reguleringsplan i 2018. Oppstart for prosjektet er planlagt i 2019.

Avviksfond tunnel

Det er sett av 50 mill. kr i 2021 til avviksfond for prosjekta *FV 698 Blaksettunnelen* og *FV 303 Seimsdalstunnelen*.

Førdepakken

Førdepakken	
Prosjektnr:	Prosjektbasert
Oppstart: 2015	Ferdigstilling: 2023
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2015-17	27,593
2018	52,000
2019	108,100
2020	65,600
2021	206,900
2022->	173,807
SUM	634,000

Førdepakken er ein bompengepakke med ei samla investeringsramme på 1,5 mrd. 2012-kr omrekna til 1,65 mrd. 2015-kr. Målsetjinga med Førdepakken er å sikre ein meir miljøvennleg og stabil trafikksituasjon i Førde sentrum. Fleire av prosjekta har som mål å legge betre til rette for gåande og syklistar. Dette gjeld m.a. strekninga mellom Angedalsvegen og Hafstadvegen.

Førdepakken vil bidra til å løyse kapasitetsproblem i Førde sentrum, gjere det sikrere for mjuke trafikantar, samt gjere det enklare og smidigare for bilar å ta seg fram.

Innanfor kostnadsramma er det planlagt å realisere 20 prosjekt gjennom Førdepakken. Førdepakken vil utløyse investeringar på 600-650 mill. kr til naudsynte tiltak på fylkesvegnettet i

Førde.

Fylkeskommunen sin delfinansiering i prosjektet er 28,3 mill. 2018-kr årleg i perioden 2018-2023. Resten skal finansierast med bompengar og merverdiavgiftskompensasjon.

Framdrift

Innkrevjing av bompengar starta i oktober 2016, og vil halde fram i ca. 12 år. Utbygging av tiltaka starta i 2017, og vil truleg vere avslutta i 2024. Nedanfor er det lista opp prosjekt som vert arbeida med i 2018:

- Fv. 609 fortau Steinavegen; bygging startar 2017/2018
- Fv. 484 Vievegen; reguleringsplan godkjent, prosjektering starta i 2017 og held fram i 2018
- Fv. Angedalsvegen – Hafstadvegen planlegging/ prosjektering er starta og vil pågå i 2018
- Fv. 609 Halbrendøyra – Øyrane; planlegging startar i 2018
- Fv. 481 Storehagen – Angedalsvegen; planlegging/ prosjektering er starta og vil pågå i 2018
- Fv. 481 Angedalsvegen; planlegging/prosjektering er starta og vil pågå i 2018

I 2018 er det lagt opp til å nytte 52 mill. kr til dei fylkeskommunale prosjekta i Førdepakken.

Fv. 606 Ferjeavløysing Ytre Steinsund - bru

Fv. 606 Ferjeavløysing Ytre Steinsund –bru	
Prosjektnr: Fv.108	Prosjektbasert
Oppstart: 2019	Ferdigstilling: 2021
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2019	140,000
2020	280,000
2021	350,000
SUM	770,000

Målet med prosjektet er å bygge ei bru mellom Daløy og Haldorsneset i Solund kommune. Prosjektet vil gi ei ny bru på 835 meter og 4 365 meter ny veg.

Prosjektet har ein investeringskostnad på 700 mill. kr. I tillegg er det lagt inn eit avviksfond på 10 % - 70 mill. kr.

Fylkestinget vil ta endeleg stilling til oppstart av prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla i Kommunal - og moderniserings - departementet.

Fv.614 Svelgen-Indrehus

Fv. 614 Svelgen-Indrehus	
Prosjektnr: Fv.109	Prosjektbasert
Oppstart: 2020	Ferdigstilling:
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2020	15,000
2021	150,000
2022->	526,000
SUM	691,000

Prosjektet omfattar bygging av tunnel og veg i dagen mellom Svelgen og Indrehus. Prosjektet er ein del av Kystvegen.

Førebels kostnadsoverslag byggjer på tal frå RTP 2014-17. Kostnadsoverslaget som er lagt til grunn på 691 mill. kr er svært usikkert.

Arbeid med reguleringsplan vert starta opp i 2018.

MINDRE UTBETRINGER

Fv. 611 Vevring II - bru

Fv. 611 Vevring II - bru	
Prosjektnr: Fv. 234	Prosjektbasert
Oppstart: 2019	Ferdigstilling: 2020
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2019	5,000
2020	10,000
SUM	15,000

Eksisterande bru er 9 meter, og har understøtte som er naudsynt å erstatte.

Prosjeket omfattar bygging av ny bru med oppstart i 2019.

Fv. 624 Husevågøy ferjekai

Fv. 624 Husevågøy ferjekai	
Prosjektnr: Fv. 235	Prosjektbasert
Oppstart: 2019	Ferdigstilling: 2020
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2019	3,000
2020	15,000
SUM	18,000

Dagens ferjekaibru er smal og tilleggskaie er for kort og ikkje tilpassa dagens ferjer. Brua og brubåsen må utvidast og tilleggskaie må forlengast.

Oppstart i 2019.

Fv. 577 Øvrebotn bru I og II

Fv. 577 Øvrebotn bru I og II	
Prosjektnr: Fv. 236	Prosjektbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2018
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	10,000
SUM	10,000

Eksisterande bruer er i så dårleg stand at vedtak om nedklassifisering av bruksklasse til BK 6 er gjennomført. Det kjem på plass midlertidige bruer i løpet av november 2017 som gjer at bruksklassen kan aukast att til BK 10. Det må difor byggjast nye permanente bruer. Bruene er høvesvis 7,45 og 5,6 meter lange.

Prosjektet skal gjennomførast i 2018.

Fv. 618 Barmen - Barmsund (ferjekai)

Fv. 618 Barmen - Barmsund (ferjekai)	
Prosjektnr: Fv. 237	Prosjektbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2018
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	13,000
SUM	13,000

Fylkestinget gjorde vedtak i sak 31/2016 om å ta over drift av ferjesambandet frå 1. juni 2019. Det er og gjort vedtak om at sambandet skal lysast ut med krav om el-ferje, jf. FT-vedtak 23/17. I den samanheng må kaiane oppgraderast. På Barmsund må det byggjast ny tilleggskaie. Det må leggjast til rette for vatn, og førast fram straum for el-ferje. Utdjuping må gjennomførast og ein del av gamal konstruksjon som ikkje skal rivast må reparerast. På Barmen er det i konkurransegrunnlaget lagt til rette for at tilleggskaia kan forlengast dersom ferja som vert sett inn i sambandet har behov for dette.

Prosjektet skal gjennomførast i 2018.

Fv. 611 Sæle - Engebø

Fv. 611 Sæle - Engebø	
Prosjektnr: Fv. 238	Prosjektbasert
Oppstart: 2020	Ferdigstilling: 2021
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2020	50,000
2021	67,300
SUM	117,300

Løyvinga gjeld utbetringstiltak på fv. 611 Sæle – Engebø som følgje av avtale om anleggsbidrag mellom Nordic Mining ASA og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det skal utførast utbetringstiltak innanfor ei ramme på 117,3 mill. kr.

Løyvinga er finansiert med 40 mill. kr i anleggsbidrag frå Nordic Mining ASA, 55 mill. kr frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, samt 22,3 mill. kr i mva. kompensasjon.

Det må avklarast kva tiltak som skal utførast.

Dette vil skje i samarbeid med Naustdal kommune.

Fv. 57 Dale-Storehaug

Fv. 57 Dale-Storehaug	
Prosjektnr: Fv. 57	Prosjektbasert
Oppstart: 2020	Ferdigstilling: 2021
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2019	10,000
2020	50,000
SUM	60,000

Det er sett av kr. 60 mill. til delprosjekt på Fv 57 Dale-Storehaug, til delstrekningar i Fjaler og Gaular.

Kva utbetringar som skal gjerast på strekninga vert spesifisert fram mot 2019.

Andre mindre utbetringar

Andre mindre utbetringar	
Prosjektnr:	Årsbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2021
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	20,500
2019	15,000
2020	15,000
2021	15,000
SUM	65,500

Løyvinga på totalt 20,5 mill. kr i 2018 er fordelt slik:

- Tiltak for framcome og tryggleik – 15,0 mill. kr
- Fv. 53 Ny brøytestasjon Holsbru – 4,7 mill. kr
- Fv. 614/fv. 577 Myklebust – 0,8 mill. kr

Løyvinga i 2019-2021 omfattar tiltak for framkomme og tryggleik.

GANG- OG SYKKELVEGAR

Fv. 548 Brandsøyvegen (tilskudd)

Fv. 548 Brandsøyvegen (tilskudd)	
Prosjektnr: Fv. 304	Årsbasert
Oppstart: 2015	Ferdigstilling: 2024
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2015	1,300
2016	1,300
2017	1,300
2018	1,300
2019	1,300
2020	1,300
2021	1,300
2022-2024	3,900
SUM	13,000

Fylkestinget har gjort følgjande vedtak i FT-sak 46/13 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023:

«Med tilvising til SFE Nett AS sin søknad av 15.11.13 vert det tilbydd 13 mill. kr til delfinansiering av attståande prosjekt ved Fv 548 Brandsøyvegen i Flora kommune. Ein føresetnad for løyvinga er at Flora kommune løyver eit tilsvarande beløp til vegdelen av prosjektet. Fylkeskommunen aksepterer SFE Nett sitt tilbod om forskotering og vil betale SFE Nett 1,3 mill. kr pr. år i 10 år – med 2015 som første år. Ein vidare føresetnad er at SFE Nett AS tek ansvaret for gjennomføringa av prosjektet og likeeins dekkjer ei ev. kostnadsoverskriding. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne nødvendig avtale med SFE Nett AS.»

perioden 2015 – 2024.

Prosjektet har ei løyving på 1,3 mill. kr årleg i

Fv. 614 Breivika - Svelgen

Fv. 614 Breivika - Svelgen	
Prosjektnr: Fv. 305	Prosjektbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2020
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	5,000
2019	30,000
2020	5,000
202	5,000
SUM	45,000

Denne strekninga knyter eit stort bustadområde på Langeneshaugen og Breivika saman med Svelgen oppvekst (barne- og ungdomskule med om lag 200 elevar) og Svelgen sentrum.

Strekninga er om lag 1,2 km, og går frå krysset med Strandvegen til skulen. Det finst ein reguleringsplan frå 2009. Denne må reviderast. Ekspropriasjonsheimel går ut i 2019.

Prosjektering og regulering kan gå parallelt.

Fv. 607 Heggebø – Leirvik

Fv. 607 Heggebø – Leirvik	
Prosjektnr: Fv. 306	Prosjektbasert
Oppstart: 2019	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2019	15,000
SUM	15,000

Det er bygd gang- og sykkelveg på deler av strekninga, men nokre vanskelege parti står att.

Prosjektet skal gjennomførast i 2019.

Fv. 548 Brandsøy - Solheim

Fv. 614 Breivika - Svelgen	
Prosjektnr: Fv. 307	Prosjektbasert
Oppstart: 2019	Ferdigstilling: 2020
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2019	15,000
2020	10,000
SUM	25,000

Strekninga knyter nokre bustadområde mot sentrum av Florø. Florø er eit av dei områda i fylket med størst potensiale for å auke talet på gåande og syklende. Strekninga manglar nokre parti med fortau. Det er laga eit forprosjekt som beskriver kostnader med å byggje fortau (låg kostnad) eller sykkelveg med fortau (høg kostnad) på denne strekninga. Strekninga kan delast i mindre parsellar. Investeringsramma er basert på bygging av deler av strekninga. Trafikkmengda er 900 køyretøy pr. døgn og fartsgrensa er 50 km/t.

Enkle fysiske tiltak

Enkle fysiske tiltak	
Prosjektnr: Fv. 308	Årsbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2021
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	10,500
2019	10,500
2020	10,500
2021	8,500
SUM	40,000

Løyvinga på 10,5 mill. kr i 2018 skal nyttast til enkle fysiske tiltak i dei største sentrumsområda. Før midlane vert prioritert må det gjennomførast kartlegging av dagens tilhøve og behov.

Det ligg til hovudutval for samferdsle å prioritere fordeling av løyvinga årleg, jf. budsjettreglementet.

ANDRE PROSJEKT

Andre prosjekt	
Prosjektnr:	Årsbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2021
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	21,000
2019	21,000
2020	21,000
2021	21,000
SUM	84,000

Løyvinga på totalt 18,5 mill. kr i 2018 er fordelt slik:

- Trafikktryggingstryggingstiltak – 13 mill. kr
- Planlegging og prosjektering – 7 mill. kr
- Kollektivtrafikktiltak – 1 mill. kr

Det ligg til hovudutval for samferdsle å prioritere fordeling av løyvinga til planlegging, jf. budsjettreglementet.

Løyvinga til trafikktryggingstiltak og kollektivtrafikktiltak vert fordelt av Statens vegvesen.

SKREDSIKRING

Fv. 633 Tunnel Kleiva

Fv. 633 Tunnel Kleiva	
Prosjektnr: FV913	Prosjektbasert
Oppstart: 2017	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2016	2,300
2017	31,000
2018	74,500
2019	16,000
SUM	123,800

Prosjektet omfattar bygging av ein kort tunnel som skredsikringstiltak til ein kostnad på 124,4 mill. 2018-kr.

I prosjektet inngår om lag 600 meter tunnel og om lag 100 meter veg i dagen. Bygginga er starta hausten 2017, med ferdigstilling hausten 2018.

Fv. 722 Flovegen

Fv. 722 Flovegen	
Prosjektnr: FV915	Prosjektbasert
Oppstart: 2017	Ferdigstilling: 2022
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2017	0,500
2018	12,000
2019	153,000
2020	178,500
2021	150,000
2022	134,800
SUM	628,800

Det er føresett bygging av ein ca 3860 meter lang tunnel og ca. 800 meter veg i dagen.

Reguleringsplanen er venta vedteken før utgangen av 2017.

Det er lagt opp til prosjektering og utlysing av anbod i 2018.

Fv. 53 Ljoteli

Fv. 53 Ljoteli	
Prosjektnr:	Prosjektbasert
Oppstart: 2019	Ferdigstilling: 2022
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2019	10,000
2020	130,000
2021	150,000
2022	45,000
SUM	335,000

Det er utarbeidd eit forprosjekt for skredsikring langs fv. 53 ved Ljoteli forbi den mest skredutsette strekninga på denne vegen. Det er planlagt å byggje ein tunnel i området mellom avkøyrsløse til gamlevegen og rasoverbygget på eksisterande veg for å skredsikre vegstrekninga. Den planlagte tunnelen er ca. 780 meter lang.

Oppstart i 2019.

Mindre skredsikringstiltak

Mindre skredsikringstiltak	
Prosjektnr:	Årsbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2021
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	22,700
2019	20,000
2020	20,000
2021	20,000
SUM	82,700

Vidare er det sett av mildar til følgjande mindre skredsikringsprosjekt:

- Fv. 50 Vassbygdvatnet Aurland – 3,1 mill. kr
- Fv. 630 Galdane i Borgund – 3,1 mill. kr
- Fv. 57 Strand i Fjaler – 6 mill. kr
- Prosjektering mindre tiltak – 0,5 mill. kr
- Mindre skredsikringstiltak–ufordelt–10 mill. kr.

Det ligg til hovudutval for samferdsle å prioritere fordeling av løyvinga årleg, jf. budsjettreglementet.

Fv. 55 Kjenes

Fv. 55 Kjenes	
Prosjektnr:	Prosjektbasert
Oppstart: 2021	Ferdigstilling:
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2021	100,000
2022->	332,000
SUM	432,000

Prosjektet er eit skredsikringsprosjekt og omfattar bygging av bru over Esefjorden i Balestrand kommune.

Kostnadsoverslag er basert på tal i kommunedelplanen frå 2017. Vidare arbeid med prosjektet vil vere å starte opp arbeid med reguleringsplan.

12.2 BYGG

NYE PROSJEKT – UFORDELT

NYE PROSJEKT – UFORDELT	
Prosjektnr:	Årsbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2021
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	45,000
2019	260,000
2020	260,000
2021	260,000
SUM	825,000

I 2018 er det lagt inn ei ufordelt løyving til nye investeringsprosjekt på 45 mill. kr. Dette gjeld planlegging/prosjektering av nye prosjekt. Løyvinga er i utgangspunktet tenkt nytta til følgjande prosjekt:

- Nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde
- Sogndal vgs. – Kaupanger/Vitensenter
- Flora idrettsenter
- Måløy vgs – blokk A og D
- Gulatinget
- Mo og Øyrane vgs. – internat m.m

Løyvinga vert fordelt på investeringsprosjekt i løpet av 2018.

Vidare er det i åra 2019-21 førebels sett av 260 mill. kr årleg til nye prosjekt. Under følgjer ein kort omtale av dei nye prosjekta og føreset framdrift i 2018.

Nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde*Omtale av prosjekt*

Etablering av eit nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde er eit investeringsprosjekt som legg opp til samlokalisering av Mo og Øyrane vidaregåande skule og Hafstad vidaregåande skule til ein felles ny vidaregåande skule i Førde (fysisk samanslåing gjeld ikkje avd. Mo) og samlokalisering med fagskulen. Prosjektet omfattar vidare ny tannhelseklinikk i Førde og bygging av fleirbrukshall.

Dei vidaregåande skulane i Førde er i dag etablert på fleire stader. Fylkeskommunen har egne bygg/eigedomar på Hafstad, på Øyrane og på Mo. I tillegg har fylkeskommunen leigeavtalar i Concordbygget, Begobygget, Førdehuset og på Sanderplassen (Fagskulen som frå 01.01.2018 flyttar til leigeareal i Concordbygget). Dei mange leigeavtalane fylkeskommunen har i dag bør reduserast og løysast i eigne areal slik at sambruk og ressursutnytting blir betre.

Framdrift i 2018

Det er inngått ein intensjonsavtale om vidare arbeid i saka, jf. FU-sak 105/2017. Det vert arbeid vidare med å legge til rette føresetnader for eit ev sal av Hafstad vgs, vidareføring av program- og konseptarbeidet, samt oppfølging av reguleringsprosessar for området i samsvar med avtalen.

Sogndal vgs – avd Kaupanger inkl. Vitensenter*Omtale av prosjekt*

Eksisterande lokalitetar på Kaupanger til programområda anleggsteknikk og transport og logistikk ved Sogndal vidaregåande skule er ikkje tilfredsstillande. I dag er dette lokalisert på to stader som uansett vil krevje oppgradering og investering. Det er i 2017 utarbeida eit mulegheitsstudie for å samle aktiviteten og bygge nytt til dette føremålet.

Næringslivet har samstundes initiert eit prosjekt med Vitensenter på fylkeskommunen si tomt på Kaupanger. Gjennom arbeid og representasjon i styringsgruppe og referansegruppe deltek og fylkeskommunen i utarbeiding av foretningsplan for prosjektet.

Framdrift i 2018

For prosjektet som omhandlar nye areal til den vidaregåande skulen er det planlagt å utarbeide forprosjekt og detaljprosjekt i løpet av 2018. Når det gjeld delen med eit ev. vitensenter så er det venta at initiativgruppa/eigarane av konseptet gjer vedtak om ev. vidareføring av prosjektet og

etablering av selskapet primo 2018, slik at den vidare planlegginga kan gjerast samla for prosjektet.

Flora idrettshall

Omtale av prosjekt

Flora vidaregåande skule leiger i dag store deler av Flora idrettsenter til undervisning i kroppsøving og idrett på dagtid. Skulen opplever at det i periodar er relativt store driftsutfordringar knytt til dette leigetilhøvet. Eksisterande leigeavtale skal reforhandlast no, og det er krav frå utleigar om ei vesentleg auke i leige. I dialog med Flora kommune og Flora Idrettssenter AS er det gjort vurderingar av ev. nye framtidige eigar- og driftsmodellar. Modellen som er mest aktuell inneber at fylkeskommunen kjøper og driftar anlegget, og leiger ut areal ein ikkje har trong for i opplæringsamanheng.

Framdrift i 2018

Det er framleis behov for avklaringar omkring ein ev. ny eigar- og driftsmodell for anlegget. Mellom anna må avklaringar omkring ev. kjøpesum, utleigeavtalar, driftskostnader, oppgraderingskostnader, spelemidlar, mm gjerast. Det vert lagt opp til avklaring på prosjektet i løpet av første av halvår 2018.

Måløy vgs – blokk A og D

Omtale av prosjekt

Prosjektet gjeld primært bygg D, den maritime avdelinga, men og nokre rehabiliteringskostnader knytt til bygg A, administrativ del. Prosjektet som omfattar den maritime avdelinga gjeld utviding av kontorareal, fellesareal og nokre ombyggingar for fagskulen som i dag er ein stor brukar av bygget. Det vert og vurdert behov for å auke sjønære areal for den vidaregåande skulen, samt å imøtekomme ynskje frå næringslivet om å legge til rette for ei tyngre satsing på den maritime delen av skulen. Dette omfattar også fagskuledelen. Vidare vert arbeidd med å avklare behov og moglegheiter for ei satsing på plast- og komposittfaget.

Framdrift i 2018

Prosjektet må primært no samle behova og sjå på moglege løysingar for effektiv arealutnytting og ev. moglege tilbygg eller ombyggingar for ei framtidretta drift av anlegget. Prosjektet vil i 2018 omfarte ein utviklings- og forprosjektfase der behov, løysingar og økonomiske vurderingar må gjerast.

Gulatinget

Omtale av prosjekt

Bruttokostnaden for prosjektet er rekna til 75 mill. kr. Det er føresett at Gulen kommune og staten skal finansiere kvar sin tredjedel. I tillegg er det rekna at fylkeskommunen får mva. refusjon knytt halvparten av investeringa.

Framdrift i 2018

Prosjektet har i perioden 2011-2013 vore gjennom ein arkitektkonkurranse og eit skisseprosjekt. Det er behov for å gå gjennom og oppfriske føresetnader, løysingar og dei økonomiske vurderingane i prosjektet. Dette bør gjerast gjennom eit forprosjekt som og kan legge grunnlaget for søknad om statleg medfinansiering.

Mo og Øyrane vidaregåande skule - internat, mellomfløy og kantinebygg på Mo

Omtale av prosjekt

Internat og fellesbygga på Mo treng rehabilitering då desse bygga er nedslite. Bygga er frå 1969. Bygga har hatt eit relativt bra vedlikehald, men teknisk er anlegga for sanitær, ventilasjon og varme heilt nedslite. Det trengst ei vurdering av energiltak og på det tryggleiksmessige, ei oppgradering av el. og brannalarmanlegga. Vidare må betra universell utforming vurderast i tillegg

til generell oppussing av overflater, kjøkken, matsal, internatromma, etc.

Framdrift i 2018

Prosjektet er relativt omfattande og det må gjennomførast ei nærare analyse av tilstand slik at ein gjennom eit skisseprosjekt kan tilrå tiltak og kalkulere prosjektet.

Digitale klasserom

Omtale av prosjekt

Løyvinga skal nyttast til å oppgradere klasseromma ved dei vidaregåande skulane til ønska digital standard. Investeringane er naudsynte for å oppretthalde og vidareutvikle kvaliteten på den vidaregåande opplæringa i fylket. Fylkeskommunen har starta arbeidet, og om lag 80 av 240 klasserom som treng oppgradering er finansierte innanfor tidlegare vedteken økonomisk ramme, og er under installasjon. Investeringsramma på 13 mill. kr er sett av for å oppgradere om lag 160 klasserom som har behov for fornying i 2018-2020.

Framdrift i 2018

Det vert i 2018 utarbeidd ein plan for investeringane knytt til digitale klasserom. Det er lagt til grunn at noko av investeringsbeløpet vert nytta i 2018. Oppdatert framdrift vert å kome attende til ved første høve.

Følgjande prosjekt er prioriterte inn i investeringsprogrammet, men for desse prosjekta er det lagt opp til at planlegging/prosjektering vil starte etter 2018.

- *Dale vgs – verkstadbygg*
Verkstadbygget, frå 1982, er det eldste bygget ved skulen. Bygget ber sterkt preg av god og effektiv bruk, men er svært slite både teknisk og på overflater. Sjølve konstruksjonar og fasade er av betongelement, men øvrige bygningselement som t.d. vindu, dørar, tekniske anlegg, etc må skiftast.
- *Fylkeshuset*
Fylkeshuset på Leikanger nærmar seg 30 år og må vurderast med omsyn til framtidige investeringsbehov. Det er til no gjort gradvise tekniske oppgraderingar, men t.d. tilstand på takstein, utvendig solskjerming, golvbelegg/innvendige overflater mv. vil kome i kategorien større vedlikehaldsprosjekt. Samstundes bør det også vurderast ei meir energivenleg oppvarming.
- *Firda vgs - fløy D Aulabygg*
Det er gjennomført fleire oppgraderingar på Firda vidaregåande skule, men i den eine delen av bygningsmassen, Fløy D – Aulabygget/fellesareal, gjenstår nokre tiltak. Bygget er frå 1974 og treng generell teknisk oppgradering og oppussing av overflater. Det må føretakast ei nærare tilstandsvurdering med forslag til løysingar før omfanget kan kalkulerast nærare.
- *Årdal vgs – rehab*
Det er trong for rehabilitering av Årdal vidaregåande skule. Bygningsmassen er frå 1981. Bygga er godt vedlikehaldne og det er utført gradvis rehabilitering av nokre teknisk anlegg. Det er likevel behov for oppgradering og rehabilitering av td. bygningskropp, uteanlegg og noko resterande på dei tekniske anlegga. Nye og betre energiløysingar må og takast med i desse vurderingane.
- *SJH – rehabilitering av fjøs og verkstadbygg*
På lengre sikt, etter 2021, bør rehabilitering og ev. ombyggingar i høve eventuell framtidig lausdrift påreknast. Det må føretakast ei nærare tilstandsvurdering og behovsanalyse før omfang kan kalkulerast.

- *Sogndal idrettshall/badebasseng*
Den delen av Sogndal Idrettshall som omfattar badebassenget må på lengre sikt takast inn med trong for rehabilitering og oppgradering. Dette er primært knytt til konstruktive deler av bassenget, bassenget sine overflater og noko bassengteknisk utstyr. Garderobedel og ventilasjonsanlegg er skifta ut og nyleg rehabilitert i 2017.
- *Eid vgs – nytt undervisningsareal*
Eid vidaregåande skule har i dag generelt knappheit på areal. Som følgje av dette er satsingane knytt til velferdsteknologi og energi delvis flytta til garasjeareal som ikkje er eigna til slikt føremål. Det er òg behov for nye/oppgraderte realfagsrom. Skulen samarbeider tett med lokalt næringsliv om ei energisatsing. Omfanget av denne satsinga er ikkje klar.

PROSJEKTMOTALAR ØVRIGE PROSJEKT

Det er utarbeidd prosjektomtaler for kvart enkelt av dei tidlegare vedtekne prosjekta i investeringsprogrammet for perioden 2018-21. Omtalane følgjer fortløpande.

Fellesføremål

IKT- investeringar	
Prosjektnr: IT001	Årsbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2021
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	4,000
2019	4,000
2020	4,000
2021	4,000
SUM	16,000

I 2018 er løyvinga sett til 4,000 mill. Midlane er planlagt nytta slik:

- Felles programvare/databasar 0,400 mill.
- Nettverkskomponentar 0,800 mill.
- Datasenter/serverar 0,700 mill.
- Lagringssystem/backup 2,000 mill.
- Svakstrømskabling 0,100 mill.

Programvare/databaser

Midlane skal i all hovudsak nyttast til kjøp av IKT tryggleiksprogramvare.

Nettverkskomponentar

Midlane skal nyttast til oppgradering og utviding kapasiteten av dei trådlause netta på institusjonane våre og nettverkskomponentar i det fylkeskommunale nettet.

Datasenter/serverar

Midlane skal nyttast til oppgradering og utskifting av maskinvare i fylkeskommunale datasenter.

Lagringssystem/backup

Midlane skal nyttast til å auke kapasiteten i lagrings- og backup system. Fylkeskommunen har store mengder digitale data. Dei digitale data aukar monaleg mellom anna som følgje av auka digitalisering.

Svakstrømskabling

Det vert set av ein mindre sum til svakstrømskabling i fylkeskommunale bygg.

Fellesføremål

"Miljøprosjekt" - ufordelt	
Prosjektnr: O2M01	Årsbasert
Oppstart: 2015	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2014	2,407
2015	3,674
2016	2,471
2017	6,448
2018	6,000
2019	6,000
SUM	27,000

Løyvinga skal nyttast til å fylgje opp målsettingar sette i klimaplanen om 20 % reduksjon av energiforbruk, og eit gjennomsnittforbruk på 130kWh/m² for den fylkeskommunale bygningsmassen. Herunder ligg og utskifting av eksisterande oljekjellar til meir miljøvennlige energikjelder.

Fellesføremål

Eigenkapitalinnskot KLP	
Prosjektnr: EK001	Årsbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2021
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	2,000
2019	2,000
2020	2,000
2021	2,000
SUM	8,000

Som medeigar i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) må fylkeskommunen bidra med eit årleg eigenkapitaltilskot. Dette eigenkapitalinnskotet vert handsama på same måte som kjøp av aksjar og er såleis ei investering for fylkeskommunen. Dei årlege eigenkapitalinnskota har dei siste åra vore mellom 1,5 – 2,3 mill. kr.

Opplæring

Ombygg./rehab./sikring/brann	
Prosjektnr: OR200	Årsbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2021
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	20,000
2019	20,000
2020	20,000
2021	20,000
2022	20,000
SUM	80,000

Her er mindre prosjekt for brannvern, sikringstiltak, ombygging, rehabilitering samla i ein post. Dette gjev fleksibilitet både i planleggings- og utførelsesfasen, og ein kan prioritere tiltak i samråd med sektorane i eit lengre perspektiv. Det vert utarbeida årlege planar for disponeringa av midlane. Planane vert prioritert etter innspel frå brukarane samt ut frå faglege og tekniske vurderingar i høve føremålet. Posten skal dekke årlege tiltak i storleiksorden inntil 4-5 mill. kr. Større prosjekt skal fremjast gjennom eigne investeringsprosjekt.

Brannvern

Brannvern er ei lovpålagd oppgåve for alle byggeigarar. Aldring og føresegner knytt til brannverntiltak i bygningane, medfører eit kontinuerleg behov for tiltak for sikring mot brann.

Generell oppgradering av tekniske installasjonar er viktig for brannsikringa.

Sikringstiltak

Sikring av bygningane er eit behov knytt til auka hærverk og innbrot i fylkeskommunale bygg. Sikringsarbeidet knyter seg mellom anna til adgangskontroll, overvaking og tjuverialarmar ved skulebygga.

Ombygging/rehabilitering

Tilgjenge, utnytting og mindre tilpassingar/ombyggingar av eksisterande skular er eit kontinuerleg og prioritert område. Fleksibilitet er stikkord for bruken av skulebygga, og dette er spesielt utfordrande for eksisterande skulebygg.

Energi- og miljøtiltak

Det er kontinuerleg utfordringar med å effektivisere bygningsmassen, og det ligg føre mange mindre tiltak for oppfylgging på dette feltet. Også oppfylgging av vedteken miljø- og klimaplan vil stå sentralt innafor dette området.

Universell utforming

Det er i hovudsak godt tilrettelagt for tilgjenge til dei vidaregåande skulane i fylket, men det er og mange felt innafor universell utforming som kan betrast. Det er såleis eit kontinuerleg behov for tiltak på dette området. Det er i 2014/2015 føreteke ei kartlegging av tilstanden, som dannar bakgrunn for prioritering og iverksetting i planperioden.

Opplæring

Utstyr	
Prosjektnr: IU200	Årsbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2021
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	6,500
2019	6,500
2020	6,500
2021	6,500
SUM	26,000

I 2018 er 1,6 mill. kr av den lånefinansierte utstyrløyvinga stilt til disposisjon for IKT-tenesta. Løyvinga skal nyttast til oppgradering av lokale nettverk, kjøp av nettverkselektronikk, administrasjons- og undervisningsservarar, vidareutvikling av backup og lagring av data ved dei vidaregåande skulane.

Vidare er ytterlegare 3,140 mill. kr av løyvinga stilt til disposisjon for IKT-tenesta til kjøp av personleg ikt-utstyr til vgs-tilsette og kjøp av multifunksjonsmaskiner.

Resterande midlar skal nyttast/reserverast til komplettering av undervisningsutstyr i samband med

læreplanane og utskifting av gammalt og nedslite utstyr på dei vidaregåande skulane.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å disponere midlane.

Opplæring

PC-ordninga	
Prosjektnr: PC002	Årsbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2021
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	6,400
2019	6,400
2020	6,400
2021	6,400
SUM	25,600

Løyvinga skal nyttast til kjøp av berbare PC-ar for elevar på Vg1. Løyvinga kan også nyttast til kjøp av lånepc-ar til vaksne og minoritetsspråklege. Løyvinga er finansiert ved låneopptak, mva-refusjon, og eigenbetaling frå elevane.

Som ei tilpassing av drifta til redusert sektorramme frå hausten 2016, finansierer ikkje fylkeskommunen forsikring på datamaskiner kjøpt gjennom den fylkeskommunale PC-ordninga.

Opplæring

Stryn vgs - ombyg. Kjøkken m.m	
Prosjektnr: NY103	Prosjektbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2018
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	9,000
2019	
SUM	9,000

Kjøkkenavdelinga ved Stryn vidaregåande skule står delvis ubrukt sidan ein gjennom skulebruksplanen la ned utdanningsprogrammet for restaurant og matfag. Noko storkjøkkenutstyr er flytta til andre utbyggingar og arealet må ombyggast til tenlege undervisningsareal/utleigeareal for skulen. Det er utarbeida eit forprosjekt og tiltaket er planlagt gjennomført i 2018.

Opplæring

Høyanger vgs - ombyg.	
Prosjektnr: NY103	Prosjektbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2018
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	8,000
2019	
SUM	8,000

Ombygginga gjeld tilpassing av areal etter endringar i programområde. Vidare vil planlagt utbygging av tannhelsestasjonen krevje nokre ombyggingar av laboratorie og eit nytt auditorie. Det er utarbeida skisser og kostnadsvurderringar og tiltaket er planlagt gjennomført i 2018.

Opplæring

Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	
Prosjektnr: 121	Prosjektbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2020
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	7,150
2019	23,600
2020	18,450
SUM	49,200

Det er behov for nytt felles verkstadbygg for gardsdrifta og for anleggslinja ved Mo- og Øyrane vidaregåande skule. Tidlegare har prosjektet vore knytt til skulebruksplanen. Prosjektet vil i 2018 omfatte ein utviklings- og forprosjektfase der behov, løysingar og økonomiske vurderingar må gjerast.

Opplæring

Sogndal vgs - Byggesteg II	
Prosjektnr: NY224	Prosjektbasert
Oppstart: 2014	Ferdigstilling: 2018
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2014	1,578
2015	31,055
2016	95,349
2017	39,976
2018	13,700
2019	
SUM	181,658

Sidan 2002 har det vore eit overordna mål å samle Sogndal vgs på ein stad – på nordsida av Fosshaugane Campus.

Byggesteg I og II er no i all hovudsak gjennomført og dette inkluderer og bygningsmessige endringar og tekniske oppgraderingar av Sogndal idrettshall samt areal til restaurant- og matfag.

Statbygg har overteke det gamle «almennfagbygget» i august 2017, jf FU-sak 6/14.

Det gjenstår ein del etterarbeid, prøvedriftssaker, sluttoppgjjer og avklaringar omkring t.d. parkering som det vil bli arbeida med fram mot ei endeleg sluttmelding av prosjektet.

Opplæring

Måløy vgs. - rehab. av blokk B og C	
Prosjektnr: NY227	Prosjektbasert
Oppstart: 2017	Ferdigstilling: 2020
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2017	1,680
2018	22,600
2019	49,200
2020	18,500
2021	
SUM	91,980

Det er planlagt rehabilitering av eksisterande bygningsmasse (blokk B og C) ved Måløy vgs. Bygningsmassen treng rehabilitering ut over normalt vedlikehald og planmessige endringar for å betre tilkomst, funksjonalitet og universell utforming.

Det er gjennomført eit forprosjekt og kalkulert kostnader. Det er framleis knytt noko uvisse til kalkylen og erfaring syner at store rehabiliteringsprosjekt er kompliserte og vanskeleg å kalkulere. Prosjektet er og krevjande med omsyn til skuledrifta, då ein i byggeperioden må flytte undervisninga til andre lokalitetar.

Det er planlagt at prosjektet skal være klart til kontrahering og oppstart av entreprisar medio 2018.

Opplæring

Eid vgs - tilbygg	
Prosjektnr: NY228	Prosjektbasert
Oppstart: 2017	Ferdigstilling: 2018
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2017	2,000
2018	5,000
SUM	7,000

Prosjektet gjeld eit mindre tilbygg (220m²) til Eid vgs som er kome fram etter eit behov frå Eid kommune for undervisningsareal til nykomne flyktningar. Det er eit kommunalt og fylkeskommunalt ynskje at undervisninga vert lagt til Eid vgs slik at det er høve til samarbeid om det pedagogiske opplegget og ha ei god integrering. Eid vgs har pr i dag ikkje arealkapasitet til fleire grupper og skulen må derfor utvidast. Det var ein føresetnad for realisering av prosjektet at Eid kommune måtte binde seg til ei langsiktig leigeavtale for eit tilsvarande areal i skulen. Prosjektarbeidet er vesentleg forsinka i høve opphavleg plan pga av

avklaringar omkring grunntilhøva. Prosjektet vert venteleg klart til kontrahering og oppstart av entreprisar medio 2018.

Opplæring

Mo og Øyrane vgs - ridehall	
Prosjektnr: NY229	Prosjektbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	10,000
2019	8,000
SUM	18,000

Prosjektet er ei komplett løysing med grunnlag i det vedtekte rom programmet frå 2006 (sak 21/06). Prosjektet inneheld ridehall (20x60m) med funksjonsrom som lager, garderobar, toalett, hovslagarrum, liten tribune og eit fleksibelt rom til undervisning, utleige, klubbhus og sosiale aktivitetar. Areal og tilkomst er universelt utforma.

Opplæring

SJH - ysteri/garderobe	
Prosjektnr: NY230	Prosjektbasert
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2018
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2018	7,000
2019	
SUM	7,000

Det er knytt nokre bygningsmessige utfordringar til fjøsbygget ved Sogn jord- og hagebruksskule. Dette gjeld i første rekkje ysteridelen og garderobeanlegget. Det er utarbeidd forprosjekt. Skulen har motteke gåve frå Aurland Sparebank på 1 mill. kr til prosjektet.

Opplæring

Mo og Øyrane vgs - vassforsyning Mo	
Prosjektnr: NY232	Prosjektbasert
Oppstart: 2013	Ferdigstilling: 2018
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2013	0,978
2014	0,209
2015	
2016	
2017	
2018	1,361
SUM	2,548

Mo og Øyrane vidaregåande skule, avdeling Mo, har i dag privat anlegg for vatn og avløp. Å halde desse anlegga oppdaterte er ressurskrevjande, så det er ei målsetting å kople seg til det offentlege nettet.

Arbeidet med å få fram offentleg vatn/kloakk til skuleanlegget på Mo er under planlegging i Førde kommune. Løyvinga skal nyttast til dei tiltak som er naudsynt å planlegge/endre/tilpasse det tekniske anlegget på den fylkeskommunale eigedommen for å få kople seg på det kommunale vatn- og kloakknnett.

Opplæring

Måløy gangveg	
Prosjektnr: NY233	Prosjektbasert
Oppstart: 2014	Ferdigstilling: 2018
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2014	0,104
2015	
2016	
2017	
2018	
SUM	2,045

Ved utbygging av den nye maritime avdelinga på Tennebø la Vågsøy kommune i sin tid inn eit krav om at det skulle byggast gangveg mellom noverande skule og den nye avdelinga. Det har vore arbeidd med fleire alternative løysingar i samarbeid med fleire aktørar. Prosjektet er framleis under arbeid i samarbeid med Vågsøy kommune.

Tannhelsetenesta

Oppgradering av tannklinikkar		
Prosjektnr: TA300	Årsbasert	
Oppstart: 2018	Ferdigstilling: 2021	
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV	
2018	5,500	
2019		4,000
2020		4,000
2021		4,000
SUM		17,500

For 2018 er det sett av 5,5 mill. kr. Midlane vil bli nytta til naudsynte utskiftingar av teknisk utstyr og inventar, samt oppgradering av tannklinikkar i samband med ny struktur for tannhelsetenesta.

Kultur

Fellesmagasin for musea		
Prosjektnr: KU002	Prosjektbasert	
Oppstart: 2012	Ferdigstilling: 2021	
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV	
2012	0,780	
2013		0,570
2014	2,386	
2015		
2016		
2017		1,371
2018		20,000
2019	37,500	
2020		
2021		30,000
SUM	92,607	

Det er utarbeida skisseprosjekt («Kløften»), for fellesmagasinet jf. FT-sak 60/12, og prosjektet har vore gjennom ein prosess med kostnadsreducerande tiltak. Det reviderte prosjektet vart lagt fram for fylkesutvalet i sak 57/13. Den skisserte kostnadsdelinga mellom stat, fylkeskommune og kommune er:

- Statleg finansiering: 1/3
- Regionalt nivå 2/3, der fylkeskommunen finansierar 60% og kommunane 40%.

Gjennom arbeidet med budsjett 2015 vart Musea i Sogn og Fjordane beden om å kartlegge alternative og rimelegare måtar å løyse magasinutfordringa på. Dette utgreiingsarbeidet har vist at det vert for store faglege og økonomiske utfordringar med dei alternative løysingane.

Det er i 2017 utarbeida eit forenkla forprosjekt og dette la grunnlaget for søknad om statleg medfinansiering. Regjeringa legg ikkje opp til løyving til tiltaket i statsbudsjett for 2018 og prosjektet er

derfor skyvd i høve planlagde løyvingar i samsvar med dette.

VEDLEGG

Vedlegg 1

Budsjettskjema 1A - drift

1 A (tal i mill. kr)	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Rekneskap 2016
Skatt på inntekt og formue	642,000	621,449	582,817
Ordinært rammetilskot	1720,029	1747,463	1754,478
Skatt på eigedom	0,000		
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000		26,967
Andre generelle statstilskot	65,247	88,366	89,725
Sum frie disponible inntekter	2 427,276	2 457,278	2 453,987
Renteinntekter og utbytte	49,040	141,602	83,621
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000		0,237
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	47,800	50,500	50,625
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000		
Avdrag på lån	85,500	123,536	174,521
Netto finansinnt./utg.	-84,260	-32,434	-141,289
Til dekking av tidlegare reknsk.m. meirforbruk	0,000		
Til ubundne avsettingar	94,475	306,062	246,053
Til bundne avsettingar	0,000		4,046
Bruk av tidlegare regnks.m. mindreforbruk	0,000	14,540	57,978
Bruk av ubundne avsettingar	30,685	17,484	34,984
Bruk av bundne avsettingar	0,000	2,442	
Netto avsettingar	-63,790	-271,596	-157,137
Overført til investeringsbudsjettet	2,000	5,544	25,786
Til fordeling drift	2277,226	2147,704	2129,775
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	2 277,226	2 147,704	2 115,235
Meir/mindreforbruk	0,000	0,000	14,540

Budsjettskjema 1B - drift

1B (tal i mill. kr)				
	PROGRAMOMRÅDE	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Rekneskap 2016
400	POLITISK STYRING	48,050	21,175	20,902
410	KONTROLL OG REVISJON	4,830	4,430	4,398
420	ADMINISTRASJON	82,322	82,563	78,124
421	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORVALTNINGA	10,135	9,918	8,573
430	ADMINISTRASJONSLOKALE	7,215	5,847	5,268
460	TENESTER UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	1,075	1,325	1,175
480	DIVERSE FELLESGIFTER	8,130	10,894	10,582
715	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	16,508	18,166	15,456
	SUM FORVALTNING	178,265	154,318	144,478
510	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	105,972	105,805	101,359
515	FELLESGIFTER./STØTTEFUNKSJONAR VGS	66,012	57,997	60,3
520	PEDAGOGISK LEIING/FELLESGIFTER., GJESTELEVAR	102,851	105,276	89,501
521-				
533	UTDANNINGSPROGRAMMA	346,653	338,083	340,968
554	FAGSKULE	10,629	24,961	25,033
559	LANDSLINER	5,514	5,389	6,61
561	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	19,065	18,871	18,034
562	TILPASSA OPPLÆRING	66,575	65,828	64,352
570	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	108,363	117,098	106,629
581	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	13,769	11,031	5,937
590	ANDRE FØREMÅL	11,457	10,901	11,369
	RESULTATOVERFØRING SKULANE			5,498
	SUM OPPLÆRING	856,860	861,240	835,590
660	TANNHELSETENESTA - FELLESGIFTER	16,385	17,453	16,636
665	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	65,250	65,825	63,945
	RESULTATOVERFØRING TANNHELSE			2,559
	SUM TANNHELSE	81,635	83,278	83,140
701	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	74,873	103,332	81,544
716	FRILUFTSLIV, VASSREG., FORV. AV VILT OG INNLANDSFISK	2,019	2,019	2,597
740	BIBLIOTEK	5,766	5,934	6,041
750	KULTURMINNEFORVALTNING	12,970	12,458	14,668
760	MUSEUM	16,225	15,469	17,456
771	KUNSTFORMIDLING	10,510	10,056	9,708
772	KUNSTPRODUKSJON	12,162	11,952	11,605
775	IDRETT	2,814	2,783	3,298
790	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,148	9,779	11,467
	SUM NÆRING og KULTUR	145,487	173,782	158,384
722	FYLKESVEGAR	583,437	475,399	473,507
730	BILRUTER	238,024	231,686	256,221
731	FYLKESVEGFERJER	128,370	128,995	114,409
732	BÅTRUTER	105,170	88,403	100,322
733	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,978	9,506	10,087
	SUM SAMFERDSLE	1 065,979	933,989	954,546
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-51,000	-58,903	-60,903
	TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A	2 277,226	2 147,704	2 115,235

Budsjettskjema 2A - investering

2A, tal i mill. kr	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Rekneskap 2016
Investeringar i anleggsmidlar	457,502	446,880	543,390
Utlån og forskoteringar	0,000		
Kjøp av aksjar og andelar	2,000	177,167	5,490
Avdrag på lån	0,000		129,140
Dekking av tidlegare år udekka	0,000		
Avsettingar	0,000	298,750	296,869
Finansieringsbehov innværande år	459,502	922,797	974,889
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidlar	200,400	263,611	279,720
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000	6,850	7,367
Tilskot til investeringar	88,400	48,108	217,844
Kompensasjon for meirverdiavgift	87,202	84,537	96,497
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	0,000	13,480	17,368
Andre inntekter	18,600	291,900	284,507
Sum ekstern finansiering	394,602	708,486	903,303
Overført frå driftsbudsjettet	2,000	11,044	40,631
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000		
Bruk av avsetningar	62,900	203,267	30,955
Sum finansiering	459,502	922,797	974,889
Udekka/udisponert	0,000	0,000	0,000

Budsjettskjema 2B - investering

2B, tal i mill. kr	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Rekneskap 2016
Forvaltning og fellesutgifter	10,000	11,153	15,495
Opplæring	118,602	118,410	170,941
Tannhelse	5,500	4,000	2,486
Samferdsle	278,400	311,946	352,081
Kultur	0,000	1,371	2,386
Nye prosjekt - ikkje fordelt	45,000		
Inv. i anleggsmidlar - frå skjema 2A	457,502	446,880	543,389

Budsjettskjema 3 - Økonomisk oversikt drift

	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
<u>Driftsinntekter</u>			
Brukerbetalinger	34,111	33,658	21,962
Andre salgs- og leieinntekter	196,282	146,529	232,466
Overføringer med krav til motytelse	227,092	156,350	312,615
Rammetilskudd	1 720,029	1 747,463	1 754,478
Andre statlige overføringer	151,097	96,869	216,558
Andre overføringer	-	2,530	1,352
Skatt på inntekt og formue	642,000	621,449	582,817
Eiendomsskatt	-	-	-
Andre direkte og indirekte skatter	-	-	26,967
Sum driftsinntekter	2 970,611	2 804,849	3 149,214
<u>Driftsutgifter</u>			
Lønnsutgifter	794,040	654,617	714,312
Sosiale utgifter	68,416	180,210	188,167
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	776,206	672,352	748,331
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	810,104	809,188	641,303
Overføringer	367,257	175,062	506,687
Avskrivninger	195,000	-	182,836
Fordelte utgifter	-	-	-3,313
Sum driftsutgifter	3 011,023	2 491,428	2 978,323
Brutto driftsresultat	-40,412	313,420	170,892
<u>Finansinntekter</u>			
Renteinntekter og utbytte	49,275	141,961	85,667
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	0,237
Mottatte avdrag på utlån	-	0,403	0,403
Sum eksterne finansinntekter	49,275	142,364	86,307
<u>Finansutgifter</u>			
Renteutgifter og låneomkostninger	47,800	50,500	50,627
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-
Avdrag på lån	85,500	123,536	174,521
Utlån	-	-	-
Sum eksterne finansutgifter	133,300	174,036	225,149
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-84,025	-31,672	-138,780
Motpost avskrivninger	195,000	-	182,836
Netto driftsresultat	70,563	281,748	214,886
<u>Interne finanstransaksjoner</u>			
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	-	14,540	57,978
Bruk av disposisjonsfond	31,561	18,399	145,605
Bruk av bundne fond	6,202	13,279	179,787
Sum bruk av avsetninger	37,763	46,218	383,370
Overført til investeringsregnskapet	5,000	11,044	40,631
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	103,325	316,572	355,381
Avsatt til bundne fond	-	0,350	187,704
Sum avsetninger	108,325	327,966	583,716
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	-	-	14,540

Budsjettskjema 4 - Økonomisk oversikt investering

	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Rekneskap 2016
<u>Inntekter</u>			
Salg av driftsmidler og fast eiendom	-	6,850	7,171
Andre salgsinntekter	-	-	2,507
Overføringer med krav til motytelse	18,600	13,480	17,368
Kompensasjon for merverdiavgift	87,202	84,537	96,497
Statlige overføringer	88,400	48,108	217,844
Andre overføringer		-	-
Renteinntekter og utbytte		291,900	282,000
Sum inntekter	194,202	444,875	623,388
<u>Utgifter</u>			
Lønnsutgifter		-	-
Sosiale utgifter		-	-
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	457,502	452,880	445,578
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon		-	-
Overføringer		-	97,812
Renteutgifter og omkostninger		-	-
Fordelte utgifter		-	-
Sum utgifter	457,502	452,880	543,390
<u>Finansransaksjoner</u>			
Avdrag på lån		-	129,140
Utlån		-	-
Kjøp av aksjer og andeler	2,000	177,167	5,490
Dekning av tidligere års udekket		-	-
Avsatt til ubundne investeringsfond		298,750	288,368
Avsatt til bundne investeringsfond		-	8,501
Sum finansieringstransaksjoner	2,000	475,917	431,499
<u>Finansieringsbehov</u>	265,300	483,922	351,501
Dekket slik:			
Bruk av lån	200,400	263,611	279,720
Salg av aksjer og andeler		-	0,196
Mottatte avdrag på utlån		-	-
Overført fra driftsregnskapet	2,000	11,044	40,631
Bruk av tidligere års udisponert		-	-
Bruk av disposisjonsfond	62,900	197,063	26,660
Bruk av bundne driftsfond		7,204	4,318
Bruk av ubundne investeringsfond		5,000	-0,022
Bruk av bundne investeringsfond		-	-
Sum finansiering	265,300	483,922	351,501
Udekket/udisponert	-	0	-

Saksbehandlar: Astrid Lernes, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/998-9

Økonomiplan 2018-2021

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin økonomiplan 2018-2021 vert vedteken slik det går fram av fylkesrådmannen si saksframstilling.
2. Dette gjev følgjande rammer for fellesinntekter og -utgifter:

	2018	2019	2020	2021
Skatt på inntekt og formue	-611,449	-606,449	-601,449	-596,449
Statleg rammetilskot	-1 693,339	-1 658,038	-1 596,721	-1 596,721
Regionale utviklingmidlar (KMD-midlar)	-58,010	-58,010	-58,010	-58,010
Driftsmidlar til investering	2,000	2,000	2,000	2,000
Fylkeskommunal næringsverksemd	-40,000	-40,000	-40,000	-40,000
Kapitalinntekter/-utgifter - netto	117,490	124,090	127,690	128,090
Bruk/avsetting til fond	57,020	11,860	13,880	7,825
Ufordelte fellespostar - pensjon	-12,000	-12,000	-12,000	-12,000
Fellesinntekter og -utgifter - netto	-2 238,288	-2 236,547	-2 164,610	-2 165,265

3. Dette gjev følgjande sektorrammer:

	2018	2019	2020	2021
Politisk styring, plan og forvaltning	167,555	167,156	166,508	167,163
Opplæring	833,164	826,882	822,199	822,199
Tannhelsetenesta	78,786	78,786	78,786	78,786
Næring og kultur	145,569	143,909	143,909	143,909
Samferdsle	1 013,214	1 019,814	953,208	953,208
Sum sektorrammer	2 238,288	2 236,547	2 164,610	2 165,265

Desse rammene vert lagt til grunn for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

4. Førebels investeringsvolum vert auka med 1,5 mrd. kr i høve økonomiplan 2017-20. Auken er føresett finansiert ved bruk av fond.
5. Økonomiplanen 2018-2021 har form av å vere eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2017/økonomiplan 2017-20. Det inneber at berre

endringar i høve nemnde budsjett/økonomiplan er kommenterte.

6. Tilrådde tilpassingar på både drifts- og investeringsbudsjettet må om naudsynt utgreiast og konkretiserast som ein del av arbeidet med budsjett 2018.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Ungdomspolitisk utval – innspel til budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021
2. Fylkesrådet for eldre – innspel til budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021
3. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne – innspel til budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021
4. SFJ2019 – utgreiing #56 Reinholdartenestene
5. SFJ2019 – utgreiing #20 Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane
6. SFJ2019 – møtebok frå fagskulen sitt styremøte den 15.3.2017
7. SFJ2019 – uttale frå hovudutval for opplæring – utgreiing # 20 Driftsrammer for Fagskulen
8. Kort omtale av aktuelle investeringsprosjekt på opplæringssektoren
9. Saksprotokoll HO-sak 3/17, punkt 1 – Ridehall – Mo og Øyrane vgs

SAKSFRAMSTILLING

1. INNLEIING

1.1 Bakgrunn for saka

I Budsjett 2017/økonomiplan 2017-20, vedteken i FT-sak 51/16, heiter det mellom anna:

«På nyåret startar arbeidet med økonomiplan 2018-21 – der hovudmålet er å dra dei meir langsiktige linene for den økonomiske utviklinga. Det vil vere økonomiplanarbeidet om våren som vert arena for å ta overordna grep på tvers av sektorane og å gjere eventuelle justeringar i rammene for den enkelte sektor.

Gjennom denne saka fremjar fylkesrådmannen si tilråding til rammer for åra 2018-21. Tilrådinga baserer seg på:

- Tidlegare politisk avklarte tilnærmingar presenterte gjennom arbeidsdokumenta 1-2/17.
- Hovudutval for opplæring sin uttale knytt til utgreiing #20 Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane.
- Kommuneproposisjon 2018
- Fylkesrådmannen sine tilrådingar i tertialrapport 1/17
- Fylkesrådmannen sitt høyringsframlegg til ny regional transportplan (vil vere avstemt).

1.2 Rammer for økonomiplanen – eit endringsdokument

Økonomiplansaka er utforma som eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2017/økonomiplan 2017-20. Det inneber at det berre er endringar i høve gjeldande budsjett/økonomiplan som vert kommenterte.

Økonomiplanvedtaket no i juni har som føremål å vere retningsgjevande for arbeidet med budsjett 2018/neste økonomiplan.

Fylkesrådmannen legg gjennom vedtaket opp til at denne saksframstillinga får status som økonomiplan 2018-21. Det betyr at det ikkje vert utforma eit eige plandokument. Den tekstlege omtalen av økonomiplanen – utover dette saksførelegget – vert lagt fram for politisk handsaming som ein del av budsjett 2018/økonomiplan 2018-21 i desember 2017.

1.3 Fråsegner/innspel

Fylkesrådmannen har mottatt innspel knytt til økonomiplanen 2018-21 frå:

- Ungdomspolitisk utval
- Fylkesrådet for eldre
- Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Innspela følgjer som vedlegg 1-3.

1.4 Økonomiske nøkkeltal

For å danne grunnlag for ei berekraftig økonomisk utvikling og sunn økonomistyring er det viktig å ha fokus på korleis våre disposisjonar påverkar sentrale nøkkeltal. Nøkkeltal som ofte vert brukt av KMD, KS og SSB er:

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Disposisjonsfond

Fokus på desse nøkkeltala gjer det lettare å sjå drift og investeringar i ein heilskapleg samanheng. Utviklinga i nøkkeltala vert oppdaterte og presenterte i den vidare budsjettprosessen fram mot endeleg vedtak av budsjett 2018/økonomiplan 2018-21.

1.5 Strategisk tilnærming - overordna mål

Det meste av fylkeskommunen sine inntekter er bundne opp i løpande utgifter. Det ligg likevel eit visst handlingsrom i dei årlege budsjetta ved å justere fordelinga mellom drift og investering, samt i å vurdere kombinasjonar av finansieringskjelder. Vi har finansieringskjelder som berre kan brukast til investeringsføremål, medan andre kan nyttast til både drift og investeringar. I høve arbeidsdokument 2/17 vedtok finansutvalet følgjande:

«Fylkesrådmannen skal kome med eit framlegg til overordna prioriteringar for å sikre ein optimal balanse mellom investerings- og driftsnivå i komande planperiode. Som ein del av dette skal følgjande variablar vurderast:

- driftsmidlar til investering/drift
- nivå på innsparingskrav i drifta
- nivå på og bruk av lokale inntekter
- bruk av-/avsetjing til fond
- gjeldssanering/nye låneopptak.»

Fylkeskommunen har vore i ein krevjande økonomisk situasjon etter at nytt inntektssystem vart innført frå 2015. Ein stor reduksjon i rammetilskotet har ført til iverksetjing av omfattande innsparingstiltak i drifta, samt lite fokus på organisasjonen sine aukande investeringsbehov. Fylkesrådmannen ser det difor som svært viktig at vi no legg vekt på å:

- Etablere eit forsvarleg driftsnivå på sektorane.
- Nytte ev. overskytande handlingsrom til å styrke investeringsbudsjettet.

Med bakgrunn i denne tilnærminga har fylkesrådmannen delt saksframlegget i to hovuddeler:

Del 1 - Driftsbudsjettet - der målet er å;

- Etablere eit akseptabelt driftsnivå gjennom oppdatering av føresetnadane for fellesinntekter og -utgifter, samt justere for verknader av fylkesrådmannen sine tilrådingar i tertialrapport 1/17.
- Vurdere aktuelle grep for å auke handlefridomen i driftsbudsjettet, her under vurdere sektorane sine innsparingskrav og iverksetjing av utgreidde tiltak innafor ramma av SFJ2019.

Del 2 - Investeringsbudsjettet – der målet er å;

- Kome med framlegg til ei forsvarleg auke i investeringsvolumet i planperioden og vurdere tilhøyrande finansieringsplan.
- Justere pågåande investeringsprosjekt i tråd med fylkesrådmannen sine tilrådingar i tertialrapport 1/17, samt vise kva nye investeringsprosjekt som kan vere aktuelle å gå vidare med fram mot ei endeleg prioritering i investeringsplanen i desember 2017.

DEL 1 – DRIFTSBUDSJETTET

2. VURDERINGAR AV DRIFTSNIVÅET

Fylkesrådmannen har gjort ein gjennomgang av dei mange føresetnadane som ligg til grunn for budsjetterte fellesinntekter og -utgifter i gjeldande økonomiplan. Gjennomgangen viser at det er grunnlag for å endre føresetnadane på fleire område. I tillegg vil framlegg til kommuneproposisjon,

samt endringar som følgje av tilrådingar i tertialrapport 1/17, ha innverknad på dei økonomiske rammene. Ved å legge nye føresetnadar til grunn får vi på nokre område endring i utgiftsnivå og på andre område endring i føresette inntekter. Den samla økonomiske verknaden av endringane vert summert opp i punkt 2.7.

2.1 Kommuneproposisjonen

11. mai kom framlegg til kommuneproposisjon 2018. Denne skisserer det økonomiske opplegget kommunesektoren bør legge til grunn for sitt arbeid med budsjett 2018.

Skatt

I revidert nasjonalbudsjett 2017 er skatteinntektene for kommunesektoren nedjustert med samla 860 mill. kr grunna lågare lønsvekst, samt endring i skatteopplegget. Endringa i skatteopplegget utgjør 160 mill. kr og vert kompensert gjennom auka rammetilskot.

Redusert skatteanslag er berekna til å utgjera 2 mill. kr i reduserte inntekter for vår fylkeskommune.

Realvekst frie inntekter

Inntektsveksten som er varsla i kommuneproposisjon 2018 er rekna frå det nye inntektsnivået i revidert nasjonalbudsjett 2017. Regjeringa presiserer at det er nivået på kommunesektoren sine inntekter i 2018 som vert fastsett. Det betyr at dersom inntektsnivået i 2017 skulle endre seg fram mot framlegg til statsbudsjett 2018 i oktober, er det storleiken på vekstprosenten som vert endra, ikkje inntektsnivået.

Veksten i frie inntekter til fylkeskommunane er sett til 300 mill. kr. Av dette er 100 mill. kr gitt med særskilt fordeling til «ferjefylka» for å:

«sikre en god infrastruktur for folk og næringsliv langs kysten, og for å legge til rette for investeringer i miljøvennlig teknologi»

I denne fordelinga får Sogn og Fjordane fylkeskommune 7,3 mill. kr. Løyvinga vert vidareført i 2019, og skal etter det vurderast nærare i samband med gjennomgangen av nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2020. Fylkesrådmannen tilrår at rammeauken vert tilført samferdsle-sektoren, men at 3 mill. kr årleg vert nytta til å slette deler av det uspesifiserte innsparingskravet på sektoren. Dette er nærare omtala i punkt 4.2.

Resten av realveksten på 200 mill. kr vert fordelt gjennom inntektssystemet og gjev oss ei auke på om lag 6,4 mill. kr i frie inntekter.

Endringar i kostnadsnøkkel for båt og ferje

Som varsla har regjeringa kome med ny kostnadsnøkkel for båt og ferje frå 2018.

Dagens nøkkel består av kriteria tal ferjer og fylkesfaktor båtar. Fylkesfaktoren for båt er basert på netto driftsutgifter til båt dei siste tre åra og er i praksis ein refusjonsordning. Dette bryt med prinsippet om at kriteria skal vera objektive. Ferjekriteriet skil ikkje mellom ferjesamband som er dyre og billige i drift.

Møreforsking Molde har vore ein sentral aktør i utarbeidinga av ny kostnadsnøkkel for båt og ferje. Dei la fram sin rapport i vinter, og FU gav sine høyringsinnspel til rapporten i FU-sak 18/17.

Departementet tilrår no nytt ferjekriterium med utgangspunkt i Møreforsking sitt forslag om normerte, sambandsbaserte ferjekostandar. Vidare tilrår departementet at utgiftsbehovet til båt skal fastsetjast etter kriteria kystlinje, tal skulereiser båt og ferje og tal båtreiser/passasjerar i alt.

Departementet har gjort ei berekning av fordelingsverknadane av framlegget. Den førebelse utrekninga viser at Sogn og Fjordane fylkeskommune kjem ut med ei meirinntekt på 6 mill. kr som følgje av endringa. Departementet understrekar at desse tala er førebelse og at den endelege fordelinga for 2018 vil kome i statsbudsjettet for 2018.

2.2 Pensjonsutgifter

I tertialrapport 1/17 vert det tilrådd å redusere pensjonsutgiftene med 7 mill. kr i 2017. Det har vore ei relativt flat utvikling i pensjonsutgiftene dei siste åra, og fylkesrådmannen forventar denne utviklinga også i tida framover. Vidare er det forventa at dei komande lønsoppgjera vil vere på eit

moderat nivå. Ut frå dette meiner fylkesrådmannen det er grunnlag for å vidareføre skissert nivå for 2017. Dei årlege utgiftene til pensjon for 2018-21 vert tilrådd redusert med 7 mill. kr.

2.3 Kapitalkostnader

Det er gjort ei oppdatering av renteføresetnadane på den langsiktige gjelda i økonomiplanen. Renteføresetnadane er basert på følgjande komponentar:

- Marknaden sine forventningar til 3 mnd. Nibor i perioden
- Våre fastrenter/rentesikringar
- Forventningar om marginar på eksisterande lån og planlagde låneopptak.

Den årlege rentesatsen er såleis eit snitt av kva vi må betale i renter på låna våre inklusive rentesikringar.

Fylkesrådmannen tilrår no at følgjande rentesatsar vert lagt til grunn ved berekning av renteutgifter i økonomiplanen:

2018: 2,17 %,	2020: 2,32 %,
2019: 2,23 %,	2021: 2,32 %.

Dei nye rentesatsane er høgare enn rentesatsane i gjeldande økonomiplan. Dette skuldast i hovudsak at marknaden forventar ei høgare rente framover. Høgare rentenivå medfører auka rentekostnader. Dei årlege endringane som vert tilrådd er lagt inn i tabellen i punkt 2.7.

2.4 Lokale inntekter

Nivået på lokale inntekter til driftsføremål er fastsett til 60 mill. kr/år i planperioden. Avvik i høve dette nivået vert justert mot bufferfondet. Som lokale inntekter har vi rekna utbytte frå selskap og sal av konsesjonskraft.

Som ein del av overdraginga av SFE-aksjane til Sogn og Fjordane Holding, vil vi få ei forskyving i utbytte frå SFE med eitt år. Dette betyr i praksis at venta utbytte på 37,1 mill. kr i 2017 no først kjem til utbetaling i 2018.

Fylkesutvalet godkjente i FU-sak 42/17 ein tilleggsavtale mellom Havilafjord AS og F1 Holding AS. Denne avtalen fører til at oppgjerstidspunkta frå salet av Fjord1 vert endra. Salsinntektene er førebels sett av til fond, og vil difor ikkje få salderingsmessige konsekvensar. For nærare omtale vert det vist til tertialrapport 1/17 og FU-sak 42/17.

Vidare er prognosane for konsesjonskraftinntekta oppdaterte i høve nytt volum og prisbilete pr. 1.tertial 2017.

Endring som følgje av nye prognosar for lokale inntekter samt endringar i bruk/avsetting til fond vert vist i tabellen i punkt 2.7.

2.5 Forskriftsmessig justering av investerings- og driftsbudsjettet

Rekneskapsreglane skil mellom driftsutgifter og investeringsutgifter. I investeringsbudsjettet er det ei årleg løyving til utstyr på skulane på 13 mill. kr. Ein gjennomgang av denne løyvinga viser at den har vore nytta til større innkjøp (maskinar) som skal førast i investeringsrekneskapen, men også til utstyr (mindre inventar) som etter reglane skal førast i driftsrekneskapen.

Fylkesrådmannen tilrår difor å flytte halvparten av den årlege løyvinga, dvs. 6,5 mill. kr inkl. mva (5,2 mill. kr ekskl. mva/netto) til driftsbudsjettet. Dette er ei tilpassing til rekneskapsreglane og medfører ikkje endringar i kva skulane kan kjøpe.

Utstyrløyvinga som vert flytta til driftsbudsjettet må finansierast med driftsmidlar. Tilpassinga aukar såleis utfordringa med å saldere driftsbudsjettet, men samstundes vert behovet for låneopptak med tilhøyrande kapitalutgifter tilsvarande redusert. Dei årlege endringane som følgje av omlegginga er lagt inn i tabellen i punkt 2.7.

2.6 Verknader av tertialrapport 1/17

I tertialrapport 1/17, som går parallelt med denne saka, har fylkesrådmannen tilrådd endringar som vil påverke rammene for seinare år. Dette gjeld lokale inntekter, omstillingsmidlar og breibandssatsing. Dette er lagt inn i tabellen i pkt. 2.7. For nærare grunngjeving av endringane vert det vist til tertialrapporten. Tala her vil ev. bli justerte i samsvar med endeleg vedtak i høve denne.

2.7 Økonomisk handlingsrom

Tabellen under syner det økonomiske handlingsrommet etter at dei økonomiske konsekvensane av punkta 2.1-2.6 er innarbeidd.

Tabellen tek utgangspunkt i salderingsutfordringa presentert i arbeidsdokument 2/17. Jf. også arbeidsdokument 1/17.

	2018	2019	2020	2021
Ubalanse etter a.dok 2	2,7	-2,1	-7,4	-1,8
Vurderingar i saksframlegg øk.plan 2018-21:				
<u>Kommuneproposisjonen:</u>				
Skatt - redusert skatteanslag	2,0	2,0	2,0	2,0
Rammetilskot - vekst i frie inntekter	-6,4	-6,4	-6,4	-6,4
Rammetilskot - vekst i frie inntekter - kostnadsauke båt/ferje	-7,3	-7,3	-7,3	-7,3
Samferdsle - auka løyving - kostnadsauke båt/ferje	7,3	7,3	7,3	7,3
Rammetilskot - vekst i frie inntekter - endring i båt/ferjenøkkel	-6,0	-6,0	-6,0	-6,0
<u>Pensjon:</u>				
Reduserte løyving - ny prognose	-7,0	-7,0	-7,0	-7,0
<u>Kapitalkostnader</u>				
Auka renteutgifter - nye renteføresetnader	0,2	3,2	5,0	4,5
<u>Forskriftsmessig justering mellom drift og investering</u>				
Opplæring - auka løyving til utstyr ved skulane	5,2	5,2	5,2	5,2
<u>Verknader av T 1/17</u>				
Lokale inntekter - endring i prognose utbytte og konsesjonskraft	-364,1	345,0	1,0	-3,0
Lokale inntekter - endring i bruk/avsetting til fond	364,1	-345,0	-1,0	3,0
Opplæring - redusert løyving til omstillingsarbeidet	-5,5			
Næring og kultur - auka løyving til breibandsatsing	1,3			
Bruk av fond - breibandsatsing	-1,3			
Handlingsrom før iverksetjing av tiltak	-14,8	-11,1	-14,6	-9,5

3. VURDERING AV TILTAK FOR Å AUKE HANDLINGSROMMET

For å kunne nå dei overordna måla i økonomiplanarbeidet har fylkesrådmannen vurdert andre tiltak som kan bidra til å auke handlingsrommet i driftsbudsjettet. Dei økonomiske konsekvensane av tilrådde endringar vert summerte opp i punkt 3.4.

3.1 SFJ 2019 – iverksetjing av utgreidde tiltak

I prosjektet SFJ2019 hadde dei siste to utgreiingane leveringsfrist våren 2017. Dette gjeld:

- Reinhaldartenestene (#56)
- Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane (#20)

Utgreiingane, samt styret for Fagskulen sitt vedtak frå møte den 15.03.17, følgjer som vedlegg 4-6. Av ei samla utgreiingsportefølje på 60 utgreingar er no alle ferdige og lagt fram for fylkestinget.

Fagskulen i Sogn og Fjordane

Fagskulen i Sogn og Fjordane fekk i oppdrag å vurdere innsparingar på høvesvis 2 og 4 mill. kr. Basert på utgreiinga meiner styret for Fagskulen at det kan forsvarast å redusere kostnadane med 2 mill. kr årleg. Vidare meiner styret at det vil vere uforsvarleg å redusere drifta med 4 mill. kr då dette vil redusere læringsutbyttet ved skulen i vesentleg grad.

Fylkesrådmannen vil ut frå styret sine vurderingar og uttale frå hovudutval for opplæring tilrå at Fagskulen i Sogn og Fjordane får 2 mill. kr i årleg innsparingskrav. Innsparingskravet kan fasast inn i økonomiplanen med 1 mill. kr i 2018 og ytterlegare 1 mill. kr i 2019. Denne innsparinga vil også innfri noko av det ufordelte innsparingskravet på opplæringssektoren. Uttalen frå hovudutval for opplæring følgjer som vedlegg 7.

Reinholdartenestene

Denne utgreiinga er i kategorien «sektorovergripande utgreiing». Utgreiinga konkluderer med at det, basert på ei samanlikning av innrapporterte tal frå dei ulike einingane, bør vere eit visst innsparingspotensiale. Utgreiinga syner vidare at det er behov for nye reinhaldsplanar før ein kan talfeste storleiken på ei ev. innsparing.

Fylkesrådmannen la fram denne utgreiinga for finansutvalet i mars. Finansutvalet slutta seg til at utarbeiding av nye reinhaldsplanar vert sett i gang, og at tilhøyrande innsparingar vert innarbeidd når desse er klare.

Fylkesrådmannen vil minne om at i utgreiing #57 Sentraladministrasjonen – roller og storleik, som vart lagt fram våren 2016, er det ei målsetjing om å ta ut noko meir innsparingar enn det som var tilrådd. Ei ev. innsparing knytt til reinholdartenestene var då nemnt som ein viktig faktor for å få til ytterlegare innsparingar.

Fylkesrådmannen har som mål å vere ferdig med dei nye reinhaldsplanane i 2018. Ei ev. innsparing knytt til tenestene vil bidra til å auke det handlingsrommet i dei siste åra i økonomiplanen.

3.2 Driftsmidlar til investeringsføremål

I økonomiplanen er det budsjettert med årlege overføringar av driftsmidlar til investeringar. Desse overføringane vert nytta som finansieringskjelde i investeringsbudsjettet. Samla beløp utgjer 18,9 mill. kr i 2018 og 15,9 mill. kr årleg frå 2019. Midlane kan erstattast med lånemidlar og såleis frigjerast til andre føremål. Utifrå gjeldande investeringsprogram må likevel 2 mill. kr/år finansierast med driftsmidlar. Dette gjeld eigenkapitalinnskot i KLP, som vert definert som aksjekjøp, og det er såleis ikkje høve til å lånefinansiere dette.

Frå 2019 står vi då att med 13,9 mill. kr i frie driftsmidlar i investeringar som vert nytta slik:

- 11,4 mill. kr til veginvesteringar
- 2,5 mill. kr til andre investeringar

Fylkesrådmannen tilrår at driftsmidlane til investeringar, på 16,9 mill. kr i 2018 og 13,9 mill. kr årleg frå 2019, vert erstatta med lån og overført til driftsbudsjettet. Fylkeskommunen sitt handlingsrom, med fråtrekk av auka kapitalutgifter pga. låneopptak, aukar tilsvarande.

3.3 Kapitalutgifter

Fylkesrådmannen har gjort ei vurdering av nivået på dei årlege kapitalutgiftene i økonomiplanperioden. Det vert no tilrådd to endringar for å skaffe større handlingsrom i driftsbudsjetta framover. Dette er:

- Reversere «ekstraordinære» avdrag
- Auka avdragstid på langsiktig gjeld.

Som følgje av nye inntektsrammer har det vore ein prioritert strategi å nytte eit ev. handlingsrom i driftsbudsjettet til å betale ekstra avdrag på lånegjelda. Dette for å få ei lånegjeld som belastar driftsbudsjettet mindre gjennom reduserte kapitalutgifter. Denne strategien har fylkeskommunen lukkast med i 2014-17, og vi har hatt ei flat gjeldsutvikling i perioden. Fylkesrådmannen ser no behov for å styrke investeringane for å legge til rette for god infrastruktur og god kvalitet på tenestene fram mot samanslåinga med Hordaland. Det vert difor tilrådd å reversere løyvinga til «ekstraordinære» avdrag i økonomiplanen. Dette gjev oss større handlingsrom, på kort sikt.

Vidare vil fylkesrådmannen tilrå å forlenge avdragstida på lånegjelda til eit nivå som i større grad er i samsvar med levetida på investeringane. Våre avdragsføresetnader er sett til 17-/30 år i snitt på lån til høvesvis bygg og veg. Avdragstida vert no tilrådd forlenga til høvesvis 20-/40 år. Dette er framleis innanfor forskriftsmessige krav til minsteavdrag pr. år. Endringa gjev lågare årlege avdragsutgifter, og handlingsrommet i driftsbudsjettet aukar tilsvarande.

Endringar i kapitalutgiftene i planperioden som følgje av tilrådde endringar i lånegjelda er innarbeidd i tabellen i punkt 3.4.

3.4 Økonomisk handlingsrom etter vurdering av tiltak

Tabellen under syner det økonomiske handlingsrommet vi no har etter at dei økonomiske konsekvensane av punkta 3.1.-3.3 er innarbeidd. Tabellen tek utgangspunkt i det økonomiske handlingsrommet som er vist i tabellen i punkt 2.7.

	2018	2019	2020	2021
Handlingsrom før iverksetjing av tiltak	-14,8	-11,1	-14,6	-9,5
<u>SFJ 2019 - iverksetjing av tiltak</u>				
Opplæring - redusert løyving til Fagskulen	-1,0	-2,0	-2,0	-2,0
Opplæring - reduksjon i uspesifisert innsparingskrav		2,0	2,0	2,0
<u>Driftsmidlar til investering</u>				
Samferdsle - redusert løyving til finansiering av investeringar	-14,4	-11,4	-11,4	-11,4
Redusert løyving til bygginvesteringar	-2,5	-2,5	-2,5	-2,5
<u>Kapitalutgifter</u>				
Reversering av ekstraordinære avdrag	-28,3	-4,9	-4,9	-4,9
Auka avdragstid på lån	-18,9	-18,7	-18,0	-17,8
Auka kapitalkostnader som følgje av tilrådde tiltak	1,6	2,9	3,7	4,4
Handlingsrom etter iverksetjing av tiltak	-78,3	-45,7	-47,7	-41,7

4. DISPONERING AV HANDLINGSROMMET I DRIFTSBUDSJETTET

I dette punktet vurderer og tilrår fylkesrådmannen ulike disponeringar av det opparbeidde handlingsrommet på driftsbudsjettet. Til grunn for vurderingane ligg dei overordna måla for økonomiplanarbeidet:

- Etablere eit forsvarleg driftsnivå på sektorane
- Nytte ev. overskytande handlingsrom til å styrke investeringsbudsjettet.

Dei økonomiske konsekvensane av tilrådde endringar, samt salderinga, vert vist i punkt 4.4.

4.1 Etablering av nytt nivå på bruk av lokale inntekter til driftsføremål

I samband med salet av aksjane i Fjord1 er utbytte frå selskapet alt fasa ut av fylkeskommunen sin driftsøkonomi. Intensjonen med overføringa av aksjane i SFE til Sogn og Fjordane Holding, er på sikt at utbytte frå dette selskapet skal nyttast slik at det kjem dagens Sogn og Fjordane til gode. Det vil då ikkje inngå i dei lokale inntektene vi kan legge til grunn for driftsnivået vi tek med oss inn i ein ny region.

Med bakgrunn i dette vil fylkesrådmannen tilrå at lokale inntekter vert redusert til konsesjonskraftinntekter, og at utbytte frå Sogn og Fjordane Holding førebels vert avsett til fond og vurdert opp mot investeringsføremål.

Prognosen på konsesjonskraft i planperioden ligg førebels i underkant av 40 mill. kr/år. Fylkesrådmannen ser at prognosen vert sterkt påverka av den sikringsstrategien fylkeskommunen legg til grunn. Slik prisbiletet på sikring av konsesjonskraft no har vore ei tid, har marknaden prisa kraftleveransar fram i tid gjennomgåande lågare enn marknadsprisen vert på oppgjørstidspunktet for levering. «Forsikringspremien» for å sikre kraftprisen fram i tid er no relativt høg. Den vedtekne risikostrategien har ein treårig sikringsstrategi for sal av konsesjonskraft. Fylkesrådmannen vil framover gjere ei vurdering av gjeldande sikringsstrategi og vil i den samanheng vurdere både sikringsperiode (i dag 3 år) og sikringsvolum (i dag 80 %).

Fylkesrådmannen meiner at eit realistisk nivå på konsesjonskraftinntektene på sikt vil ligge på om lag 40 mill. kr/år. Med bakgrunn i dette tilrår eg at dei lokale inntektene til driftsføremål vert sett lik konsesjonskraftinntektene, og lagt på eit nivå på 40 mill. kr/år frå 2018.

Dette tiltaket vil føre til ein reduksjon i handlingsrommet på 20 mill. kr.

4.2 Vurdering av innsparingskrav på sektornivå

Som følgje av innføring av nytt inntektssystem frå 2015 har det vore naudsynt å identifisere innsparingar på sektornivå for å få samsvar mellom inntekter og utgifter. Dette arbeidet har vore svært omfattande både politisk og administrativt og sektorrammene er så langt blitt redusert med 123,5 mill. kr i 2018 aukande til 157,1 mill. kr i 2020/2021. Desse beløpa inkl. framleis eit ufordelt innsparingskrav på samla 16,9 mill. kr på samferdsle og opplæring. Mange av dei vedtekne tiltaka er allereie iverksett medan nokre skal gjennomførast i løpet av økonomiplanperioden.

Å redusere driftsnivået monaleg har vore og er framleis naudsynt. Men det har sjølvstøtt også konsekvensar for innbyggjarane i Sogn og Fjordane, som at ulike fylkeskommunale tilbod fell vekk, mindre tilskot vert gitt til ulike lag/organisasjonar mv. Økonomiplanarbeidet no i vår har hatt gjennomføring av vedtekne innsparingstiltak som førsteprioritet. Fylkesrådmannen vil presisere at det er ein svært viktig føresetnad for økonomiplanarbeidet at innsparingstiltaka vert gjennomført og at dei gjev forventa innsparing.

Teoretisk sett kan handlingsrommet i driftsbudsjettet aukast ytterlegare ved å auke innsparingskrava på sektornivå. Fylkesrådmannen meiner dette ikkje er eit realistisk scenario no. Arbeidet i høve omstillingsprosjektet SFJ2019 har vore ein lang og krevjande prosess. Vidare er det tydelege signal på at «smertegrensa» no er nådd og at ytterlegare tiltak vil ha for store konsekvensar.

I punkt 3.2 vert det tilrådd å frigjere budsjetterte «driftsmidlar til investering» for å auke handlingsrommet i driftsbudsjettet. Fylkesrådmannen vil her tilrå å nytte det auka handlingsrommet i 2019-2021 til å reversere dei innsparingskrava som det enno ikkje er funne tiltak til innan samferdsle og opplæring. Med denne tilrådinga vert framleis budsjetterte «driftsmidlar til investering» på samferdslesektoren nytta i sin heilheit innfor samferdslesektoren.

Etter å ha nytta det auka handlingsrommet knytt til «driftsmidlar til investering» fullt ut, står det att 3 mill. kr i uspesifisert innsparing på samferdsle. Dette beløpet er det rom for å dekke innfor rammeauken sektoren får i samband med kommuneproposisjonen. Desse grepa medfører at dei uspesifiserte innsparingskrava vert sletta, og at det såleis ikkje vert sett i gang ytterlegare utgreiingar no med tanke på å identifisere moglege innsparingar.

Fylkesrådmannen har ved å reversere uspesifiserte innsparingskrav på 16,9 mill. kr nytta store delar det økonomiske handlingsrommet som er opparbeidd i punkt 3. Resterande handlingsrom vert vurdert nytta til å auke investeringsevna, jf. punkt 6. Det betyr at driftsbudsjettet no har ein profil som gjer at det vert svært viktig å oppnå forventa innsparing på dei tiltaka som alt er vedtekne og innarbeidd i sektorrammene. Ev. avvik her må handterast innfor sektorrammene. Det same gjeld ev. nye tiltak som er ønskeleg å prioritere.

4.3 Auka investeringsevne

I følgje målsetjinga for økonomiplanarbeidet skulle resterande handlingsrom nyttast til å auke fylkeskommunen si investeringsevne.

Midlane kan anten nyttast til direkte finansiering av investeringar, alternativt kan det «varige nivået» av handlingsrommet nyttast til å dekke kapitalutgifter ved å ta opp nye lån.

Kapitalutgifter – ytterlegare låneopptak

Den varige auken i handlingsrommet svarar til 7,8 mill. kr. Det betyr at det vil vere rom for å auke investeringsvolumet gjennom auka låneopptak i storleiksorden 135 mill. kr.

Når det gjeld tilhøyrande kapitalutgifter er det nytta ein faktor på 1/17,5. Faktoren reflekterer eit snitt mellom lån til bygg og veg, samt forlenga avdragstider.

Driftsmidlar til investeringsføremål

I denne saka har fylkesrådmannen tilrådd ei rekkje grep som både aukar og reduserer handlingsrommet i driftsbudsjettet. Samla sett vil det varige nivået, dvs. frå 2021, balansere. I åra 2018-2020 er handlingsrommet i drifta noko høgare enn det vi oppnår som varig effekt. Dette vil såleis vere disponible midlar det enkelte år. Fylkesrådmannen tilrå at desse midlane vert fondsavsett og deretter vurdert nytta til investeringsføremål.

Dei årlege beløpa som vert fondsavsett og som kan nyttast til investeringar er førebels slik:

2018: 50,5 mill. kr,	2020: 6,1 mill. kr,
2019: 4,0 mill. kr,	2021: 0,0 mill. kr.

4.4 Oppsummering – disponering av handlingsrommet

	2018	2019	2020	2021
Handlingsrom etter iverksetjing av tiltak	-78,3	-45,7	-47,7	-41,7
<u>Lokale inntekter:</u>				
Justering av nivå - 40 mill. kr til driftsføremål	20,0	20,0	20,0	20,0
<u>Vurdering av innsparingskrav på sektornivå</u>				
Samferdsle - redusert løyving til båt/ferje		-3,0	-3,0	-3,0
Samferdsle - reversering av uspesifisert innsparingstiltak		14,3	14,3	14,3
Opplæring - reversering av uspesifisert innsparingstiltak		2,6	2,6	2,6
<u>Disponering av resterande handlingsrom</u>				
Fondsavsetting - varig auke	7,8	7,8	7,8	7,8
Fondsavsetting – årlege eingongsbeløp	50,5	4,0	6,1	0,0
Balanse etter disponering av handlingsrom	0	0	0	0

Tilrådingane i denne saka baserer seg på ein del usikre føresetnader, m.a. at vi får auka tapskompensasjon med 22,5 mill. kr frå 2018 og vidare med 45 mill. kr årleg for åra deretter. Fylkesrådmannen tilrår difor at resterande handlingsrom, både det varige nivået på 7,8 mill. kr og dei årlege eingongsbeløpa, førebels vert avsett til fond og ev. nærare disponert når vi kjenner føresetnadane i statsbudsjettet for 2018.

Det varige nivået kan alternativt til investeringar nyttast til driftsføremål, medan dei årlege beløpa varierer sterkt og såleis må sjåast i samheng med eingongstiltak/investeringar. Som alternativ til investeringar i eigen regi, kan desse driftsmidlane nyttast til tilskot til investeringar i regi av andre og som styrkar infrastrukturen i fylket. Eit eksempel på dette kan vere breibandsatsinga.

Nærare disposisjon av det resterande handlingsrommet vil såleis bli ein del av den vidare budsjettprosessen fram mot endeleg vedtak av budsjett 2018/økonomiplan 2018-21.

DEL 2 – INVESTERINGSBUDSJETTET

5. TILRÅDDE ENDRINGAR I TERTIALRAPPORT 1/17

I tertialrapport 1/17, som går parallelt med denne saka, har fylkesrådmannen tilrådd endringar/forskyvingar som vil påverke investeringsprogrammet for seinare år. Dette gjeld følgjande fylkesvegprosjekt:

- Fv.60 Ugla – Skarstein
- Fv 053 Brøytestasjon Holsbru
- Fv.633 Kleiva

For nærare grunngjeving av endringane vert det vist til tertialrapporten. Endringane knytt til desse prosjekta vert det teke omsyn til i det vidare arbeidet med investeringsplanen.

6. AUKE I INVESTERINGSVOLUM

6.1 Lån

Med grunnlag i tilrådingane i denne saka er det vist at låneopptaket maksimalt kan auke med 135 mill. kr utover det låneopptaket som alt er budsjettet i perioden, jf. pkt. 4.3. Fylkesrådmannen kan ikkje tilrå å auke låneopptaket ytterlegare, då det ikkje er rom innafor driftsbudsjettet til å dekke tilhøyrande kapitalutgifter.

Med nye låneopptak på samla 135 mill. kr i perioden 2018-21, samt dei andre endringane som er tilrådd i saka, vil lånegjelda auke frå i underkant av 2,4 mrd. kr i 2017 til nærare 2,7 mrd. i 2021.

6.2 Driftsmidlar til investering

Resterande handlingsrom i driftsbudsjettet kan nyttast til å finansiere investeringar, jf. punkt 4.3. Dette utgjer om lag 60 mill. kr samla i perioden. Det er etter fylkesrådmannen si vurdering ikkje rom for å nytte driftsmidlar utover dette, utan at vi må redusere driftsnivået tilsvarande.

6.3 Ekstern finansiering

I arbeidet med å vurdere nye investeringsprosjekt må det vurderast i kva grad det er grunnlag for at eksterne partar er med å finansierar prosjekta som skal settast i gong. Døme på dette er investeringsprosjektet Fellesmagasinet for musea som ligg inne med løyving i økonomiplanen. Der er det føresett at både stat og kommunar bidreg. Ekstern finansiering vil redusere netto kostnad for fylkeskommunen, og vi har såleis meir av den samla ramma å nytte til andre prosjekt. I det vidare arbeidet med investeringsplanane vil ev. eksterne bidrag vere eit sentralt element i vurderingane når investeringsprosjekta skal prioriterast.

6.4 Bruk av fond

I vurderinga av mogleg investeringsvolum i planperioden vil bruk av fondsmidlar vere ei vesentleg finansieringskjelde. Både driftsfond og investeringsfond kan nyttast til investeringsføremål. Driftsfond som er aktuelle er bufferfondet og omstillingsfondet. Av investeringsfond er det midlar etter Fjord-1-salet som utgjer den vesentlege fondskapitalen.

Ved utgangen av 2020 er det budsjettet med eit samla nivå på om lag 1,65 mrd. kr. på desse fonda. Det meste av dette er inntekter frå salet av Fjord1.

I økonomiplanen er det føresett renteinntekter på likviditeten med utgangspunkt i ein snittlikviditet på 1 mrd. kr årleg. Dei årlege renteinntektene framover vil i stor grad vere avhengig av innbetalingar frå salet av Fjord1, samt bruken av fondsmidlar. Dette vil vere inntekter som ikkje er varige dersom ein planlegg å bruke fondskapitalen. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at dei årlege meir-/mindreinntektene på renter, som følgje av endringar i snittlikviditeten på 1 mrd., vert saldert mot bufferfond. Dette vil gjere det årlege driftsnivået uavhengig av t.d. kva år fondskapitalen vert nytta. Ev. meirinntekter vil kunne nyttast til å finansiere investeringar i eit seinare år.

Fylkesrådmannen tilrår at om lag 150 mill. kr av fondskapitalen vert reservert til bufferfondet sitt opphavelige føremål; buffer i høve svingingar i lokale inntekter. Resterande kapital er forsvarleg å nytte til investeringsføremål i planperioden. Dette gjev eit bidrag på i storleiksorden 1,5 mrd. kr til auka investeringsvolum.

6.5 Oppsummering - tilrådd auke i investeringsvolum

Tilrådinga i punkta over kan oppsummerast slik:

	Beløp (mill.kr)
Mogeleg låneopptak – vurderast seinare	135
Moglege driftsmidlar til investering – vurderast seinare	60
Fondsmidlar	1 500
Auka investeringsvolum i høve gjeldande økonomiplan	1500 - 1 700

I tillegg kjem mva.-kompensasjon som ei finansieringskjelde.

I den vidare prosessen fram mot endeleg vedtak av budsjett 2018/økonomiplan 2018-21 i desember 2017 må politisk nivå m.a. ta stilling til:

- Endeleg volumauke
- Fordeling på år
- Fordeling mellom bygg og veg
- Prioritering av konkrete prosjekt innafør aktuell investeringsramme.

I pkt. 7 vert aktuelle prosjekt og førebelse grovprioriteringar på høvesvis bygg og veg presenterte.

7. AKTUELLE NYE INVESTERINGAR

Det fylkeskommunale investeringsbehovet skal samlast i ein eigen investeringsplan. Det overordna målet er å skaffe eit grunnlag for å sjå investeringsbehova på fylkeskommunale vegar og bygg i samheng. Planen vert vedteken i desember 2017.

Investerings- og vedlikeholdsbehovet på vegsektoren vert fanga opp gjennom arbeidet med Regional transportplan (RTP). Det er vidare starta eit arbeid for å få tilsvarande oversikt innan fylkeskommunale bygg. Hovudutvala har spelt inn aktuelle investeringsbehov på eigne sektorar.

Den samla investeringsplanen vert utarbeidd som eit reint «prioriteringsdokument», medan den ordinære budsjettprosessen tek stilling til kor mange av dei prioriterte tiltaka det er rom for å innarbeide i den aktuelle økonomiplanperioden. I denne saka vil fylkesrådmannen legge fram dei aktuelle investeringane sektorvis i ei grovprioritert rekkefølge. Det vidare arbeidet må ha fokus på å få fram eit godt grunnlag for prioriteringar både innbyrdes, og mellom veg og bygg. Tilgjengeleg investeringsramme vil avgjere kor mange av prosjekta som kan gjennomførast. Vidare må det takast stilling til realistisk tidsperspektiv for gjennomføring av dei aktuelle investeringane.

I denne saka tilrår fylkesrådmannen eit førebels investeringsvolum på om lag 1,5 mrd. kr. Det vil seie at vi kan realisere prosjekt med samla kostnadsoverslag, inkl. mva, på i underkant av 2 mrd. kr. Sjølv om vi berre har svært grove kostnadsoverslag på vegsektoren, og førebels ikkje opererer med kostnadsrammer for bygga, ser vi at det samla behovet langt overstig dette beløpet. Det vert difor naudsynt å gjere reelle prioriteringar fram mot vedtak av budsjett 2018/øk.plan 2018-21.

7.1 Aktuelle nye veginvesteringar

Det er lagt opp til at investeringane på vegsektoren følgjer prosessen for RTP. Omtalen av veginvesteringane må difor avstemmast med tilrådingane i framlegget til RTP. Høyringsframlegget vert handsama politisk etter at denne økonomiplansaka er vedteken.

Investeringane på samferdslektoren er tilrådd prioritert i følgjande rekkefølge:

Prioritet	Investeringskategori	Aktuelle investeringar	Kostnadsestimat
1	Gjennomføring av bundne prosjekt	Ugla-Skarstein Blaksettunnelen Seimsdalstunnelen Fv. 546 Brandsøyvegen Utbetring av ferjekai Barmen-Barmsund Delfinansiering Førdepakken	Om lag 750-800 mill. kr samla for prosjekta
2	Skredsikring	Skredsikring Kleiva Skredsikring Flovegen Mindre skredsikringstiltak	42 mill. kr Uavklart 80 mill. kr perioden
3	Mindre investeringar på fylkesvegnettet	Mindre utbetringar Trafikktrygging og rekkverk Gang og sykkelveg	332 mill. kr 60 mill. kr 405-585 mill. kr
	Nye store investeringar	ikkje prioritert	
	Ferjeavløysingsprosjekt	Atløysambandet Ytre Steinsund	960-1250 mill.kr inkl. mva 685 mill. kr inkl. mva

Fylkesrådmannen har knytt følgjande merknader til tilrådd prioritering i RTP-framlegget:

1. Bundne prosjekt

Dette er prosjekt som er starta opp og som skal fullførast i løpet av perioden. I denne kategorien er også tunnelprosjekta Seimsdals- og Blaksettunnelen plassert. Desse har FT sagt at skal prioriterast i perioden. Kostnadsestimatet for dei to tunnelane er omlag 550 mill. kr. Val av løysing for Seimsdalstunnelen må vurderast i løpet av 2017.

I gjeldande økonomiplan er investeringsløyvingane knytt til Ugla-Skarstein, Fv.546 Brandsøyvegen og Førdepakken innarbeidd med tilhøyrande finansiering. Samla beløp for desse prosjekta er 184 mill. kr.

2. Skredsikring

Rammene til skredsikring vert fastsett nasjonalt i NTP, og vi vil ikkje kjenne vår tildeling før i 2018. Dette vil igjen føre til at eigne prosjekt ikkje vert starta opp før hausten 2018. Vi kan ev. vurdere å forskottere for å kunne starte opp prosjekt tidlegare.

Fylkesrådmannen legg til grunn at investeringane til skredsikring er fullfinansiert av statleg tilskot og mva. kompensasjon. Investeringane vil utifrå dette ikkje ta av det totale investeringsvolumet.

3. Mindre investeringar på fylkesvegnettet

I endeleg budsjettvedtak for åra 2018-2021 skal det fastsettast ei økonomisk ramme knytt til mindre investeringstiltak på fylkesvegnettet. Prosjekta vert delt inn i 3 kategoriar:

- Mindre utbetringar
- Trafikktrygging og rekkverk
- Gang- og sykkelveg

Innafor desse kategoriane er det lista opp ein rekkje tiltak/investeringar i prioritert rekkefølge. Den økonomiske ramma vil avgjere kor mange av prosjekta som kan gjennomførast i perioden.

4. Nye store investeringar

Kunnskapsgrunnlaget og utgreiingar viser eit stort behov for nye vegprosjekt. Fylkesrådmannen vil ikkje tilrå å starte opp nye store investeringsprosjekt i perioden utifrå dei økonomiske rammene, men det bør vurderast å løyve planleggingsmidlar til prosjekt i denne kategorien.

5. Ferjeavløysingsprosjekt

I Kommuneproposisjonen for 2018 er det lagt fram forslag til nye kostnadsnøklar for båt og ferje. Departementet legg også opp til endringar i ferjeavløysingsordninga grunna dette. Det er ikkje lagt opp til endring i prinsippa for berekning av det årlege ferjeavløysingsbeløpet. Den nye kostnadsnøkkelen gjer at bidraget frå staten er avhengig av den faktiske berekna kostnaden med sambandet. Det er også presisert at vegprosjekt som gir innkorta ferjesamband blir omfatta av ferjeavløysingsordninga frå 2018.

Kostnadsoverslag knytt til Atløysambandet og Ytre Steinsund tilseier eit estimat på samla 1,6-1,9 mrd. kr. Utifrå førebels kostnadstal må vi anta at ev. realisering vil krevje eit monaleg finansieringsbidrag i tillegg til ferjeavløysingsmidlane.

Det må gjerast nærare vurderingar av dette i løpet av hausten 2017.

Oppsummering

Fylkesrådmannen legg førebels til grunn den prioriterte rekkefølga i tabellen for dei ulike investeringsprosjekta. Prioriteringane vert endra i samsvar med vedtak i RTP-prosessen.

Utifrå prioriterte investeringar i prioriteringsgruppe 1-3 ligg det potensielle investeringar grovt rekna til mellom 1,6 mrd. kr og 1,9 mrd. kr. I tillegg kjem Skredsikring Flovegen der kostnaden førebels er uavklart.

184 mill. kr er finansiert i gjeldande økonomiplan. Vidare er investeringane knytt til skredsikring føresett finansiert av statlege midlar.

Nye store prosjekt er førebels ikkje prioritert med omsyn til den økonomiske ramma.

7.2 Aktuelle nye bygginvesteringar

I omtalen under vert prioriteringar av nye bygginvesteringar omtala. Investeringar som alt har løyvingar i gjeldande budsjett/økonomiplan er ikkje tekne med.

Opplæring

Gjeldande mål- og strategidokument for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane *God-betrest!* legg til grunn at elevar og lærlingar skal ha den kvalitativt beste opplæringa i landet. Eit godt læringsmiljø er avgjerande for god kvalitet på opplæringa. Det fysiske læringsmiljøet er ein vesentleg del av dette. Det har gjennom mange år vore investert mykje på fleire av dei vidaregåande skulane i fylket og resultatet av elevundersøkinga viser at elevane i stor grad er tilfredse med det fysiske læringsmiljøet på skulane. Samstundes er det eit aukande behov for investeringar knytt til opplæringssektoren i eit 3-10 års perspektiv.

Investeringsbehova hovudutvalet for opplæring tilrår å utgreie nærare kan delast i tre kategoriar;

1. Nybygg og oppgradering av eksisterande bygningsmasse
2. Utviklingsprosjekt
3. Eige versus leige av bygg

Fylkesrådmannen legg no fram ei grovprioritering av prosjekta innafor kvar av desse kategoriane.

Prioritet	Investeringskategori	Aktuelle prosjekt
1	Nybygg/oppgradering	<i>Mo og Øyrane vgs - ridehall på Mo</i> <i>Sogn Jord- og hagebruksskule - ysteri</i>
2	Utviklingsprosjekt	<i>Vgs i Førde - Samanslåing, og ev. samlokalisering med Fagskulen i Førde</i>
3	Eige versus leige	<i>Flora vgs - Flora Idrettssenter</i>
4	Nybygg/rehabilitering	<i>Sogndal vgs - avd. Kaupanger</i> <i>Mo og Øyrane vgs. internat, mellom- fløy og kantinebygg Mo</i>
5	Utviklingsprosjekt	<i>Maritim avdeling Måløy - D-fløy</i> <i>Eid vgs - Energisatsing</i> <i>Vitensenter på Kaupanger</i>
6	Nybygg/rehabilitering	<i>Firda vgs - fløy-D - aula</i> <i>Dale vgs - verkstadbygget</i> <i>Årdal vgs</i> <i>Sogn Jord- og hagebruksskule - fjøsbygg lausdrift</i>

Ein kort omtale av dei ulike prosjekta på noverande tidspunkt ligg i vedlegg 8.

Det er stor variasjon i kostnad mellom dei aktuelle prosjekta. Det er viktig at vi får gjennomført prioriterte prosjekt på ein mest mogleg effektiv måte. Investeringsplanen bør difor ta høgde for at prioriterte mindre prosjekt som er klare til igangsetjing, kan køyrast parallelt med eit større prosjekt med høgare prioritet.

I prioritering mellom dei ulike «boksane» i tabellen over har fylkesrådmannen gjort følgjande vurderingar:

1. Innafor kategorien nybygg/rehabilitering er investeringsprosjekta knytt til Mo og Øyrane vgs - ridehall på Mo og Sogn Jord- og hagebruksskule - ysteri gjeve høgast prioritet. Desse prosjekta er klare for oppstart i 2018 . Ridehallen på Mo er eit prosjekt som er særskilt prioritert av Hovudutvalet for opplæring, jf. vedtak i vedlegg 9.
2. Innafor kategorien utviklingsprosjekt meiner fylkesrådmannen at samanslåing av dei vidaregåande skulane i Førde, samlokalisering med Fagskulen i Sogn og Fjordane, bør ha høgst prioritet. Det er fleire behov på skulane i Førde som ikkje har blitt løyst etter å ha lege på vent i fleire år. Den samla investeringskostnaden er relativt høg. Samstundes vil innsparingar på leigekostnader, drift og utbyggingsbehov som allereie er prosjekttert/under planlegging, gjere til at den årlege ekstrakostnaden ved den samla investeringa med ein felles skule i Førde er liten. Utifrå storleiken på prosjektet ser fylkesrådmannen føre seg at prosjektet vert planlagt på ein måte som gir høve til ei stegvis utbygging, slik at prosjektet ikkje blokkerer for å realisere andre prosjekt i perioden. Prosjektet kan kanskje startast opp i 2018, ev. i 2019.
3. Fylkesrådmannen meiner vidare at prosjekta i kategorien nybygg/oppgradering av eksisterande bygningsmasse; Sogndal vidaregåande skule, avd. Kaupanger og Mo og Øyrane vidaregåande skule - internat, mellomfløy og kantinebygg på Mo bør ha høg prioritet. Parallelt med dette bør ein også ha som mål å utgreie og avklare framtidig eigar- og driftsmodell for Flora idrettshall.
4. Innafor kategorien utviklingsprosjekt er det behov for nærare utgreiing av prosjekta før det vert prioritert mellom dei. Aktuelle prosjekt er Maritim avdeling Måløy - D-fløy,

Energisatsing Eid vidaregåande skule og Vitensenter på Kaupanger. Fylkesrådmannen meiner prosjekta som er direkte knytt til vidaregåande opplæring bør ha høgast prioritet. Fylkesrådmannen ser føre seg eit arbeid med sikte på prosjektstart i siste halvdel av økonomiplanperioden.

5. Innanfor kategorien nybygg og oppgradering av eksisterande bygningsmasse er det behov for nærare utgreiing av prosjekta Firda vidaregåande skule – fløy D – aula, Dale vidaregåande skule – verkstadbygget, Årdal vidaregåande skule og Sogn Jord- og hagebruksskule – fjøsbygg lausdrift. Fylkesrådmannen ser føre seg eit arbeid med sikte på prosjektstart mot slutten av økonomiplanperioden.

Fylkesrådmannen legg opp til at denne rekkefølgja vert retningsgivande for arbeidet med konkretisering av prosjekt framover, og arbeidet vert konsentrert på dei prosjekta med høgast prioritet. Prioriteringa kan framover bli endra som følgje av dei vidare utgreiingane, den årlege investeringsramma for sektoren og investeringskostnaden for det einskilde prosjekt.

Kultur

På kultursektoren har investeringsprosjektet formidlingsbygg tusenårsstaden Gulatinget tidlegare vore eit prosjekt som har vore prioritert i investeringsplanen. Det vart teke ut med omsyn til dei økonomiske rammene. Hovudutvalet for næring og kultur har uttalt at prosjektet burde vurderast på nytt i høve fylkeskommunal finansiering. Fylkesrådmannen vurderer at dette prosjektet kan settast i verk tidleg i økonomiplanperioden. Det er føresett at staten og Gulen kommune bidreg med 1/3 kvar.

Det vert arbeidd vidare med konkretisering av prosjektet, inkl. oppdatering av kostnadsoverslag.

Fylkesrådmannen vil minne om at investeringsprosjektet fellesmagasin for musea ligg inne i gjeldande investeringsprogram med ei førebels løyving i 2012-kr. Ved endeleg avklaring av eksternt medfinansiering av dette prosjektet, må kostnadsoverslaget oppdaterast. Jf. søknad sendt staten før 1.03.17.

Tannhelse og politisk styring, plan og forvaltning

Fylkesrådmannen har tidlegare presentert to aktuelle prosjekt på sektorane tannhelse og politisk styring, plan og forvaltning. Dette er:

- Ny tannklinikk i Førde
- Oppgradering av Fylkeshuset.

Ny tannklinikk i Førde er ei oppfølging av vedtaket om ny klinikk- og tenestestruktur på tannhelse. Prosjektet må såleis ha høg prioritet. Det er førebels uklart kva alternativ til lokalisering som skal leggest til grunn. Fylkesrådmannen meiner førebels at prosjektet bør vurderast i høve samlokalisering av skulebygg i Førde, og må såleis sjåast i samheng prioriteringa av dette prosjektet på opplæring. Dette må likevel vurderast i ein større samheng.

Fylkeshuset på Leikanger er eit bygg som er 30 år gammalt. Det må vurderast oppgraderingar av bygget i ein 3-5 års periode, og fylkesrådmannen meiner at dette prosjektet må vurderast i høve framtidige behov for bruk av bygget.

Det vert arbeidd vidare med konkretisering av desse prosjekta i arbeidet med investeringsplanen. [... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)

ØKONOMISKE BINDINGAR UT OVER GJELDANDE ØKONOMIPLANPERIODE

FT-vedtak:

8/16 Søknad om forskottering av midlar til fullføring av reguleringsplan for fv. 60 Tomasgard – Røyarhus bru i Hornindal kommune

- Hornindal kommune får løyve til å forskottere 2 mill. kr til fullføring av reguleringsplan for strekninga Tomasgard – Røyarhus bru på fv. 60.
- Refusjon av forskotteringsmidlane skjer ved oppstart av første delprosjekt på strekninga med inntil 2 mill. kr i høve til faktisk forbruk ekskl. mva. og utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån.
- Dersom prosjektet ikkje er starta opp innan 2026, vil forskotteringa ikkje bli tilbakebetalt.
- Kostnadene med refusjon på inntil 2 mill. kr skal dekkjast innanfor ramma til fylkesveg.
- Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå forskotteringsavtale med kommunane.

51/15 Utbetring av FV 57 Dale – Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar

- Gaular og Fjaler kommune får løyve til å forskottere ytterlegare 1,5 mill. kr til planarbeid på fv. 57.
- Refusjon av forskotteringsmidlane skjer ved oppstart av første delprosjekt på strekninga med inntil 1,5 mill. kr i høve til faktisk forbruk ekskl. mva. og utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån.
- Dersom prosjekt ikkje er starta opp innan 2025, vil forskotteringa ikkje bli tilbakebetalt.
- Kostnadene med refusjon på inntil 1,5 mill. kr skal dekkjast innanfor ramma til fylkesveg.
- Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå forskotteringsavtale med kommunane.

54/15 Plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet

- Ved rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet blir nivå C i vedlegg 1 «Tiltak som må gjennomførast for å stette krava i tunnelsikkerheitsforskrifta, samt faglege tilrådingar», lagt til grunn.
- Det vert lagt til grunn ei ramme for tunnelvedlikehald i perioden 2016-2024 på 1,4 mrd. kr.
- Framdrift i rehabiliteringa er avhengig av løyving i budsjettet kvart år.
- Prioriteringslista i vedlegg 1 skal vere førande for rekkjefølgja for gjennomføring av tunnelrehabiliteringa.
- Tunnelar som er omfatta av krava i tunnelsikkerheitsforskrifta skal vera ferdig utbetra før 2025

- Ved eventuelle overskridingar eller endra rammeføresetnader skal innsparingar knytt til rehabiliteringa for tunnelane i funksjonsklasse C og D vurderast.

49/14 Utbetring av FV 57 Dale – Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar

- Søknad frå Fjaler og Gaular kommune om forskotering av planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet, vert imøtekomen innanfor ei ramme på 2mill. kr. Refusjon av kostnadane vert innarbeidd i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt planleggingsprogram for neste RTP-periode 2018-2021.
- På grunn av lang tidshorisont på planlegging av eventuell bompengefinansiering vil utvalet gjere eit unntak frå retningslinene for forskotering.

43/13 Førdepakken – godkjenning av bompengesøknad

- 150 mill. 2013-kr som delfinansiering av Førdepakken. Løyvinga er fordelt med 25 mill. kr pr. år i 6 år, rekna frå 2018-2023. Løyvinga skal prisomreknast med kommunal deflator. Fylkestinget føreset av både Førde kommune og staten bidrar med tilsvarande løyvingar.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller fylkeskommunal sjølvskuldnargaranti for eit lån på 600 mill. kr som eit framtidig bompengeselskap tek opp til delfinansiering av Førdepakken slik denne er skildra i søknaden av 24.10.2013. Garantien skal gjelde til 31.desember 2027.

Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 19.04.2016

Sak nr.: 16/1934-6

Internt l.nr. 13684/16

Sak: 8/16

Tittel: **Søknad om forskottering av midlar til fullføring av reguleringsplan for fv. 60 Tomasgard – Røyrhus bru i Hornindal kommune**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Hornindal kommune får løyve til å forskottere 2 mill. kr til fullføring av reguleringsplan for strekninga Tomasgard – Røyrhus bru på fv. 60.
- 2 Refusjon av forskotteringsmidlane skjer ved oppstart av første delprosjekt på strekninga med inntil 2 mill. kr i høve til faktisk forbruk ekskl. mva. og utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån.
- 3 Dersom prosjektet ikkje er starta opp innan 2026, vil forskotteringa ikkje bli tilbakebetalt.
- 4 Kostnadene med refusjon på inntil 2 mill. kr skal dekkjast innanfor ramma til fylkesveg.
- 5 Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå forskotteringsavtale med kommunane.

Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 08.12.2015

Sak nr.: 15/8192-8

Internt l.nr. 53424/15

Sak: 51/15

Tittel: **Utbetring av FV 57 Dale - Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Gaular og Fjaler kommune får løyve til å forskottere ytterlegare 1,5 mill. kr til planarbeid på fv. 57.
2. Refusjon av forskotteringsmidlane skjer ved oppstart av første delprosjekt på strekninga med inntil 1,5 mill. kr i høve til faktisk forbruk ekskl. mva. og utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån.
3. Dersom prosjekt ikkje er starta opp innan 2025, vil forskotteringa ikkje bli tilbakebetalt.
4. Kostnadene med refusjon på inntil 1,5 mill. kr skal dekkjast innanfor ramma til fylkesveg.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå forskotteringsavtale med kommunane.

Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 08.12.2015

Sak nr.: 15/11543-4

Internt l.nr.: 53427/15

Sak: 54/15

Tittel: Plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Ved rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet blir nivå C i vedlegg 1 «Tiltak som må gjennomførast for å stette krava i tunnelsikkerheitsforskrifta, samt faglege tilrådingar», lagt til grunn.
2. Det vert lagt til grunn ei ramme for tunnelvedlikehald i perioden 2016-2024 på 1,4 mrd. kr.
3. Fv. 613 Blaksettunnelen skal prioriterast i investeringsprogrammet i perioden 2018-2021.
4. Fv. 303 Seimsdaltunnelen skal prioriterast i investeringsprogrammet i perioden 2021-2024.
5. Framdrift i rehabiliteringa er avhengig av løyving i budsjettet kvart år.
6. Prioriteringslista i vedlegg 1 skal vere førande for rekkjefølgja for gjennomføring av tunnelrehabiliteringa.
7. Tunnelar som er omfatta av krava i tunnelsikkerheitsforskrifta skal vera ferdig utbetra før 2025
8. Ved eventuelle overskridingar eller endra rammeføresetnader skal innsparingar knytt til rehabiliteringa for tunnelane i funksjonsklasse C og D vurderast.

Endringsframlegg:

Høgre, Senterpartiet, Venstre og Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til nytt punkt 3 til erstatning for punkt 3 og 4 i tilrådinga frå fylkesutvalet:

3. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ynskjer å prioritere fv. 613 Blaksettunnelen og fv. 303 Seimsdaltunnelen i investeringsprogrammet i perioden 2018-2021. Framdrift for prosjekta vert fastlagt ved rullering av regional transportplan.

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til pkt. 3 og 4 i vedtaket:

3. Fv. 303 Seimsdaltunnelen skal prioriterast i investeringsprogrammet i perioden 2018-2021.
4. Fv. 613 Blaksettunnelen skal prioriterast i investeringsprogrammet i perioden 2021-2024.

Avrøysting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet fekk 9 røyster og framlegget fall.

Framlegget frå Høgre, Senterpartiet, Venstre og Framstegspartiet fekk 22 røyster og vart dermed vedteke.

Punkta 1,2 og 5 til 8 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Ved rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet blir nivå C i vedlegg 1 «Tiltak som må gjennomførast for å stette krava i tunnelsikkerheitsforskrifta, samt faglege tilrådingar», lagt til grunn.
2. Det vert lagt til grunn ei ramme for tunnelvedlikehald i perioden 2016-2024 på 1,4 mrd. kr.
3. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ynskjer å prioritere fv. 613 Blaksettunnelen og fv. 303 Seimsdaltunnelen i investeringsprogrammet i perioden 2018-2021. Framdrift for prosjekta vert fastlagt ved rullering av regional transportplan.
4. Framdrift i rehabiliteringa er avhengig av løyving i budsjettet kvart år.
5. Prioriteringslista i vedlegg 1 skal vere førande for rekkjefølgja for gjennomføring av tunnelrehabiliteringa.
6. Tunnelar som er omfatta av krava i tunnelsikkerheitsforskrifta skal vera ferdig utbetra før 2025
7. Ved eventuelle overskridingar eller endra rammeføresetnader skal innsparingar knytt til rehabiliteringa for tunnelane i funksjonsklasse C og D vurderast.

Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 09.12.2014

Sak nr.: 11/6418-9

Internt l.nr.: 39947/14

Sak: 49/14

Tittel: **Utbetring av FV 57 Dale - Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar.**

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

Søknad frå Fjaler og Gaular kommune om forskotering av planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet, vert imøtekomen innanfor ei ramme på 2mill. kr. Refusjon av kostnadane vert innarbeidd i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt planleggingsprogram for neste RTP-periode 2018-2021.

På grunn av lang tidshorisont på planlegging av eventuell bompengefinansiering vil utvalet gjere eit unntak frå retningslinene for forskotering.

Avrøysting:

Første avsnitt i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteken.

Andre avsnitt i tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 36 røyster og var dermed vedteke. 3 røysta mot.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Søknad frå Fjaler og Gaular kommune om forskotering av planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet, vert imøtekomen innanfor ei ramme på 2mill. kr. Refusjon av kostnadane vert innarbeidd i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt planleggingsprogram for neste RTP-periode 2018-2021.

På grunn av lang tidshorisont på planlegging av eventuell bompengefinansiering vil utvalet gjere eit unntak frå retningslinene for forskotering.

Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 10.12.2013

Sak nr.: 13/6904-9

Internt l.nr.: 40064/13

Sak: 43/13

Tittel: Førdepakken - godkjenning av bompengesøknad

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg til Førde kommune sin søknad om bruk av bompengar til delfinansiering av ein Førdepakke
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver, i tråd med prioriteringane i Regional transportplan, 150 mill. 2013-kr som delfinansiering av Førdepakken. Løyvinga er fordelt med 25 mill. kr pr. år i 6 år, rekna frå 2018 til 2023. Løyvinga skal prisomreknast med kommunal deflator. Fylkestinget føreset at både Førde kommune og staten bidrar med tilsvarande løyvingar.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal tilbakeføre til det framtidige bompengeselskapet all refundert meirverdiavgift knytt til Førdepakken. Fylkestinget føreset at Førde kommune gjer det same.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller fylkeskommunal sjølvskuldnargaranti for eit lån på 600 mill. kr som eit framtidig bompengeselskap tek opp til delfinansiering av Førdepakken slik denne er skildra i søknaden av 24.10.2013. Garantien skal gjelde til 31. desember 2027.
5. Garantien skal godkjennast av Kommunal- og regionaldepartementet, jf. kommunelova §51, 1 pkt.
6. Garantien skal sikrast med 1. prioritets pant i rett til å krevje inn bompengar. Denne retten skal tinglysast.
7. Garantien føreset at fylkeskommunen får to representantar i styret for det framtidige bompengeselskapet.
8. Fylkestinget ber om at det vert oppretta ei styringsgruppe for gjennomføring av Førdepakken med administrativ deltaking frå fylkeskommunen, Førde kommune og Statens vegvesen. Mandatet for styringsgruppa vert lagt fram for fylkesutvalet for godkjenning.
9. Fylkesutvalet får fullmakt til å avtale eigarskap til dei 3 prosjekta som førebels har uavklart eigarskap i Førdepakken.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane støttar ikkje Førde kommune sin søknad om bruk av bompengar til delfinansiering av ein Førdepakke
2. Fylkestinget kan ikkje støtte bruk av bompengar så lenge dei prioriterte prosjekta i Førdepakken gjer svært liten regional effekt, og løyser nær ingen utfordringar knytt til

gjennomgangstrafikk på E39 og Rv5. Samstundes er det lagt opp til at gjennomgangstrafikken skal belastast med bompengar.

3. Fylkestinget ber om at dei lokale tiltaka i Førdepakken vert løyst i eit heilhetleg prosjekt i samband med opprusting/ending av E39 og RV5, slik at bilistane ikkje vert dobbelt belasta.
4. Fylkestinget oppfordrar Førde kommune til å gjennomføre ei folkerøysting om bompengefinansieringa, for å sikre lokal forankring for brukarfinansiering.

Avrøysting:

Fleirtalstilrådinga frå fylkesutvalet fekk 36 røyster og var dermed vedteken.

Framlegget frå Framstegspartiet fekk 3 røyster og var dermed forkasta.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg til Førde kommune sin søknad om bruk av bompengar til delfinansiering av ein Førdepakke
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver, i tråd med prioriteringane i Regional transportplan, 150 mill. 2013-kr som delfinansiering av Førdepakken. Løyvinga er fordelt med 25 mill. kr pr. år i 6 år, rekna frå 2018 til 2023. Løyvinga skal prisomreknast med kommunal deflator. Fylkestinget føreset at både Førde kommune og staten bidrar med tilsvarende løyvingar.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal tilbakeføre til det framtidige bompengeselskapet all refundert meirverdiavgift knytt til Førdepakken. Fylkestinget føreset at Førde kommune gjer det same.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller fylkeskommunal sjølvskuldnargaranti for eit lån på 600 mill. kr som eit framtidig bompengeselskap tek opp til delfinansiering av Førdepakken slik denne er skildra i søknaden av 24.10.2013. Garantien skal gjelde til 31.desember 2027.
5. Garantien skal godkjennast av Kommunal- og regionaldepartementet, jf. kommunelova §51, 1 pkt.
6. Garantien skal sikrast med 1. prioritets pant i rett til å krevje inn bompengar. Denne retten skal tinglysast.
7. Garantien føreset at fylkeskommunen får to representantar i styret for det framtidige bompengeselskapet.
8. Fylkestinget ber om at det vert oppretta ei styringsgruppe for gjennomføring av Førdepakken med administrativ deltaking frå fylkeskommunen, Førde kommune og Statens vegvesen. Mandatet for styringsgruppa vert lagt fram for fylkesutvalet for godkjenning.
9. Fylkesutvalet får fullmakt til å avtale eigarskap til dei 3 prosjekta som førebels har uavklart eigarskap i Førdepakken.

VEDLEGG 4

- 4.A SAKSPROTOKOLL HOVUDUTVAL FOR OPPLÆRING, 21.11.17**

- 4.B SAKSPROTOKOLL HOVUDUTVAL FOR NÆRING OG KULTUR, 21.11.17**

- 4.C SAKSPROTOKOLL HOVUDUTVAL FOR SAMFERDSLE, 21.11.17**

- 4.D SAKSPROTOKOLL FYLKESUTVALET, 22.11.17**

- 4.E SAKSPROTOKOLL FYLKESUTVALET, 04.12.17**

- 4.F SAKSPROTOKOLL FYLKESTINGET, 05.12.17**

Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 21.11.2017

Sak nr.: 17/998-24

Internt l.nr.: 44060/17

Sak: 35/17

Tittel: Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2018-2021.
- 2 Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021».
- 3 Driftsbudsjettet for 2018 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B, slik:

1 A (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	642,000
Ordinært rammetilskot	1707,414
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	65,247
Sum frie disponible inntekter	2414,661
Renteinntekter og utbytte	49,040
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	47,400
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	85,100
Netto finansinnt./utg.	-83,460
Til dekking av tidlegare reknsk.m. meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	82,660
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknsk.m. mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	30,885
Bruk av bundne avsettingar	0,000

Netto avsetningar	-51,775
Overført til investeringsbudsjettet	2,000
Til fordeling drift	2277,426
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	2277,426
Meir/mindreforbruk	0,000

1B (tal i mill. kr)		
	PROGRAMOMRÅDE	Budsjett 2018
400	POLITISK STYRING	48,050
410	KONTROLL OG REVISJON	4,830
420	ADMINISTRASJON	82,322
421	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORVALTNINGA	10,135
430	ADMINISTRASJONSLOKALE	7,215
460	TENESTER UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	1,575
480	DIVERSE FELLESUTGIFTER	8,130
715	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	16,508
	SUM FORVALTNING	178,765
510	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	105,972
515	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	66,012
520	PEDAGOGISK LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	102,851
521-533	UTDANNINGSPROGRAMMA	346,653
554	FAGSKULE	10,629
559	LANDSLINER	5,514
561	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	19,065
562	TILPASSA OPPLÆRING	66,575
570	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	108,363
581	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	13,769
590	ANDRE FØREMÅL	11,457
	RESULTATOVERFØRING SKULANE	
	SUM OPPLÆRING	856,860
660	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	16,385
665	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	65,250
	RESULTATOVERFØRING TANNHELSE	
	SUM TANNHELSE	81,635
701	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	74,873
716	FRILUFTSLIV, VASSREG., FORV. AV VILT OG INNLANDSFISK	2,019
740	BIBLIOTEK	5,766
750	KULTURMINNEFORVALTNING	12,670
760	MUSEUM	16,225
771	KUNSTFORMIDLING	10,510
772	KUNSTPRODUKSJON	12,162
775	IDRETT	2,814
790	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,148
	SUM NÆRING og KULTUR	145,187

722	FYLKESVEGAR	583,437
730	BILRUTER	238,024
731	FYLKESVEGFERJER	128,370
732	BÅTRUTER	105,170
733	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,978
	SUM SAMFERDSLE	1 065,979
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-51,000
	TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A	2 277,426

4 Kapitalbudsjettet for 2018 og tilhørende økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2018:

	Budsjett 2018
2A (tal i mill. kr)	
Investeringar i anleggsmidlar	442,002
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekk	0,000
Avsettingar	0,000
Finansieringsbehov inneverande år	444,002
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	187,800
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	88,400
Kompensasjon for meirverdiavgift	84,302
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	0,000
Andre inntekter	18,600
Sum ekstern finansiering	379,102
Overført frå driftsbudsjettet	2,000
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsetningar	62,900
Sum finansiering	444,002
Udekk/udisponert	0,000

	Budsjett 2018
2B (tal i mill. kr)	
Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	118,602
Tannhelse	5,500
Samferdsle	262,900
Kultur	0,000
Nye prosjekt - ikkje fordelt	45,000
Felles inntekter/utgifter	2,000

Inv. i anleggsmidler - frå skjema 2A	444,002
---	----------------

- 5 Økonomiplanen sine rammer for 2019-2021 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 21.11.2017

Sak nr.: 17/998-25

Internt l.nr. 44091/17

Sak: 61/17

Tittel: **Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021**

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Finansutvalet rår hovudutvala til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2018-2021.
- 2 Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021».
- 3 Driftsbudsjettet for 2018 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B, slik:

1 A (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	642,000
Ordinært rammetilskot	1707,414
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	65,247
Sum frie disponible inntekter	2414,661
Renteinntekter og utbytte	49,040
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	47,400
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	85,100
Netto finansinnt./utg.	-83,460
Til dekking av tidlegare reknsk.m. meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	82,660
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknsk.m. mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	30,885

Bruk av bundne avsetningar	0,000
Netto avsetningar	-51,775
Overført til investeringsbudsjettet	2,000
Til fordeling drift	2277,426
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	2277,426
Meir/mindreforbruk	0,000

1B (tal i mill. kr)		
	PROGRAMOMRÅDE	Budsjett 2018
400	POLITISK STYRING	48,050
410	KONTROLL OG REVISJON	4,830
420	ADMINISTRASJON	82,322
421	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORVALTNINGA	10,135
430	ADMINISTRASJONSLOKALE	7,215
460	TENESTER UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	1,575
480	DIVERSE FELLESUTGIFTER	8,130
715	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	16,508
	SUM FORVALTNING	178,765
510	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	105,972
515	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	66,012
520	PEDAGOGISK LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	102,851
521-533	UTDANNINGSPROGRAMMA	346,653
554	FAGSKULE	10,629
559	LANDSLINER	5,514
561	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	19,065
562	TILPASSA OPPLÆRING	66,575
570	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	108,363
581	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	13,769
590	ANDRE FØREMÅL	11,457
	RESULTATOVERFØRING SKULANE	
	SUM OPPLÆRING	856,860
660	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	16,385
665	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	65,250
	RESULTATOVERFØRING TANNHELSE	
	SUM TANNHELSE	81,635
701	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	74,873
716	FRILUFTSLIV, VASSREG., FORV. AV VILT OG INNLANDSFISK	2,019
740	BIBLIOTEK	5,766
750	KULTURMINNEFORVALTNING	12,670
760	MUSEUM	16,225
771	KUNSTFORMIDLING	10,510
772	KUNSTPRODUKSJON	12,162
775	IDRETT	2,814
790	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,148

	SUM NÆRING og KULTUR	145,187
722	FYLKESVEGAR	583,437
730	BILRUTER	238,024
731	FYLKESVEGFERJER	128,370
732	BÅTRUTER	105,170
733	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,978
	SUM SAMFERDSLE	1 065,979
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-51,000
	TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A	2 277,426

4 Kapitalbudsjettet for 2018 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2018:

2A (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Investeringar i anleggsmidlar	442,002
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekk	0,000
Avsettingar	0,000
Finansieringsbehov inneverande år	444,002
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	187,800
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	88,400
Kompensasjon for meirverdiavgift	84,302
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	0,000
Andre inntekter	18,600
Sum ekstern finansiering	379,102
Overført frå driftsbudsjettet	2,000
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsetningar	62,900
Sum finansiering	444,002
Udekk/udisponert	0,000

2B (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	118,602
Tannhelse	5,500
Samferdsle	262,900
Kultur	0,000

Nye prosjekt - ikkje fordelt	45,000
Felles inntekter/utgifter	2,000
Inv. i anleggsmidlar - frå skjema 2A	444,002

- 5 Økonomiplanen sine rammer for 2019-2021 skal i utgangspunktet leggast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

Endringsframlegg:

Torbjørn Vereide, Ap, sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 6:

Næring og Kultur ønskjer å bidra for å flytte endestoppet til Sognebåten frå Sogndal til Flåm. Dette blir finansiert med 250.000,- frå hovudutval for næring og kultur sitt budsjett, og føreset at hovudutval for samferdsle bidreg med tilsvarende sum. Restfinansiering må løysast av fylkesutvalet.

Aleksander Øren Heen, Sp, sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 6:

6a. Hovudutvalet for næring og kultur støttar ei flytting av endestoppen til Sognebåten frå Sogndal til Flåm. Ei slik satsing vil truleg bidra til forlenga sesong og auke i tal besøkande i regionen. I tillegg vil ein på sikt truleg auka passasjertalet på båtruta. Reiseliv er eit av hovudsatsingsområda i verdiskapingsplanen, og ei slik flytting kan bidra til betre måloppnåing for reiselivssatsinga.

6b. Kostnadane som flyttinga medfører må handterast utanfor HNK sitt budsjett.

Avrøysting:

Det vart røysta alternativt over framlegg frå Vereide til eit nytt punkt 6 og Heen sitt framlegg til punkt 6b: Vereide sitt framlegg fekk 1 røyst og vart forkasta. Heen sitt framlegg fekk 7 røyster og vart dermed vedteke.

Aleksander Øren Heen, Sp sitt framlegg til punkt 6a vart samrøystes vedteke

Fylkesrådmannen si tilråding med tilleggspunkt 6 a og b vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2018-2021.
- 2 Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021».
- 3 Driftsbudsjettet for 2018 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B, slik:

1 A (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	642,000
Ordinært rammetilskot	1707,414
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	65,247
Sum frie disponible inntekter	2414,661
Renteinntekter og utbytte	49,040
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	47,400
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	85,100
Netto finansinnt./utg.	-83,460

Til dekking av tidlegare reknsk.m. meirforbruk	0,000
Til ubundne avsetningar	82,660
Til bundne avsetningar	0,000
Bruk av tidlegare reknsk.m. mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsetningar	30,885
Bruk av bundne avsetningar	0,000
Netto avsetningar	-51,775
Overført til investeringsbudsjettet	2,000
Til fordeling drift	2277,426
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	2277,426
Meir/mindreforbruk	0,000

1B (tal i mill. kr)		
	PROGRAMOMRÅDE	Budsjett 2018
400	POLITISK STYRING	48,050
410	KONTROLL OG REVISJON	4,830
420	ADMINISTRASJON	82,322
421	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORVALTNINGA	10,135
430	ADMINISTRASJONSLOKALE	7,215
460	TENESTER UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	1,575
480	DIVERSE FELLESUTGIFTER	8,130
715	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	16,508
	SUM FORVALTNING	178,765
510	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	105,972
515	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	66,012
520	PEDAGOGISK LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	102,851
521-533	UTDANNINGSPROGRAMMA	346,653
554	FAGSKULE	10,629
559	LANDSLINER	5,514
561	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	19,065
562	TILPASSA OPPLÆRING	66,575
570	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	108,363
581	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	13,769
590	ANDRE FØREMÅL	11,457
	RESULTATOVERFØRING SKULANE	
	SUM OPPLÆRING	856,860
660	TANNHELSETENESTA - FELLESEFUNKSJONAR	16,385
665	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	65,250
	RESULTATOVERFØRING TANNHELSE	
	SUM TANNHELSE	81,635
701	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	74,873
716	FRILUFTSLIV, VASSREG., FORV. AV VILT OG INNLANDSFISK	2,019
740	BIBLIOTEK	5,766
750	KULTURMINNEFORVALTNING	12,670

760	MUSEUM	16,225
771	KUNSTFORMIDLING	10,510
772	KUNSTPRODUKSJON	12,162
775	IDRETT	2,814
790	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,148
	SUM NÆRING og KULTUR	145,187
722	FYLKESVEGAR	583,437
730	BILRUTER	238,024
731	FYLKESVEGFERJER	128,370
732	BÅTRUTER	105,170
733	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,978
	SUM SAMFERDSLE	1 065,979
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-51,000
	TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A	2 277,426

- 4 Kapitalbudsjettet for 2018 og tilhørende økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2018:

2A (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Investeringar i anleggsmidlar	442,002
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekk	0,000
Avsettingar	0,000
Finansieringsbehov inneverande år	444,002
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	187,800
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	88,400
Kompensasjon for meirverdiavgift	84,302
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	0,000
Andre inntekter	18,600
Sum ekstern finansiering	379,102
Overført frå driftsbudsjettet	2,000
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsetningar	62,900
Sum finansiering	444,002
Udekk/udisponert	0,000

2B (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
----------------------------	----------------------

Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	118,602
Tannhelse	5,500
Samferdsle	262,900
Kultur	0,000
Nye prosjekt - ikkje fordelt	45,000
Felles inntekter/utgifter	2,000
Inv. i anleggsmidler - frå skjema 2A	444,002

- 5 Økonomiplanen sine rammer for 2019-2021 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.
- 6 a. Hovudutvalet for næring og kultur støttar ei flytting av endestoggen til Sognebåten frå Sogndal til Flåm. Ei slik satsing vil truleg bidra til forlenga sesong og auke i tal besøkande i regionen. I tillegg vil ein på sikt truleg auka passasjertalet på båttruta. Reiseliv er eit av hovudsatsingsområda i verdiskapingsplanen, og ei slik flytting kan bidra til betre måloppnåing for reiselivssatsinga.
- b. Kostnadane som flyttinga medfører må handterast utanfor HNK sitt budsjett.



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 21.11.2017

Sak nr.: 17/998-26

Internt l.nr. 44104/17

Sak: 55/17

Tittel: Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2018-2021.
- 2 Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021».
- 3 Driftsbudsjettet for 2018 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B, slik:

1 A (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	642,000
Ordinært rammetilskot	1707,414
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	65,247
Sum frie disponible inntekter	2414,661
Renteinntekter og utbytte	49,040
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	47,400
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	85,100
Netto finansinnt./utg.	-83,460
Til dekking av tidlegare reknsk.m. meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	82,660
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknsk.m. mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	30,885

Bruk av bundne avsetningar	0,000
Netto avsetningar	-51,775
Overført til investeringsbudsjettet	2,000
Til fordeling drift	2277,426
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	2277,426
Meir/mindreforbruk	0,000

1B (tal i mill. kr)		
	PROGRAMOMRÅDE	Budsjett 2018
400	POLITISK STYRING	48,050
410	KONTROLL OG REVISJON	4,830
420	ADMINISTRASJON	82,322
421	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORVALTNINGA	10,135
430	ADMINISTRASJONSLOKALE	7,215
460	TENESTER UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	1,575
480	DIVERSE FELLESUTGIFTER	8,130
715	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	16,508
	SUM FORVALTNING	178,765
510	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	105,972
515	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	66,012
520	PEDAGOGISK LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	102,851
521-533	UTDANNINGSPROGRAMMA	346,653
554	FAGSKULE	10,629
559	LANDSLINER	5,514
561	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	19,065
562	TILPASSA OPPLÆRING	66,575
570	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	108,363
581	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	13,769
590	ANDRE FØREMÅL	11,457
	RESULTATOVERFØRING SKULANE	
	SUM OPPLÆRING	856,860
660	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	16,385
665	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	65,250
	RESULTATOVERFØRING TANNHELSE	
	SUM TANNHELSE	81,635
701	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	74,873
716	FRILUFTSLIV, VASSREG., FORV. AV VILT OG INNLANDSFISK	2,019
740	BIBLIOTEK	5,766
750	KULTURMINNEFORVALTNING	12,670
760	MUSEUM	16,225
771	KUNSTFORMIDLING	10,510
772	KUNSTPRODUKSJON	12,162
775	IDRETT	2,814
790	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,148

	SUM NÆRING og KULTUR	145,187
722	FYLKESVEGAR	583,437
730	BILRUTER	238,024
731	FYLKESVEGFERJER	128,370
732	BÅTRUTER	105,170
733	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,978
	SUM SAMFERDSLE	1 065,979
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-51,000
	TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A	2 277,426

4 Kapitalbudsjettet for 2018 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2018:

2A (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Investeringar i anleggsmidlar	442,002
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekk	0,000
Avsettingar	0,000
Finansieringsbehov inneverande år	444,002
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	187,800
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	88,400
Kompensasjon for meirverdiavgift	84,302
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	0,000
Andre inntekter	18,600
Sum ekstern finansiering	379,102
Overført frå driftsbudsjettet	2,000
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsetningar	62,900
Sum finansiering	444,002
Udekk/udisponert	0,000

2B (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	118,602
Tannhelse	5,500
Samferdsle	262,900
Kultur	0,000

Nye prosjekt - ikkje fordelt	45,000
Felles inntekter/utgifter	2,000
Inv. i anleggsmidler - frå skjema 2A	444,002

- 5 Økonomiplanen sine rammer for 2019-2021 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 22.11.2017

Sak nr.: 17/998-27

Internt l.nr.: 44684/17

Sak: 123/17

Tittel: **Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021**

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2018-2021.
- 2 Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021».
- 3 Driftsbudsjettet for 2018 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B, slik:

1 A (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	642,000
Ordinært rammetilskot	1707,414
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	65,247
Sum frie disponible inntekter	2414,661
Renteinntekter og utbytte	49,040
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	47,400
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	85,100
Netto finansinnt./utg.	-83,460
Til dekking av tidlegare reknsk.m. meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	82,660
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknsk.m. mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	30,885
Bruk av bundne avsettingar	0,000
Netto avsettingar	-51,775

Overført til investeringsbudsjettet	2,000
Til fordeling drift	2277,426
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	2277,426
Meir/mindreforbruk	0,000

1B (tal i mill. kr)		
	PROGRAMOMRÅDE	Budsjett 2018
400	POLITISK STYRING	48,050
410	KONTROLL OG REVISJON	4,830
420	ADMINISTRASJON	82,322
421	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORVALTNINGA	10,135
430	ADMINISTRASJONSLOKALE	7,215
460	TENESTER UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	1,575
480	DIVERSE FELLESUTGIFTER	8,130
715	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	16,508
	SUM FORVALTNING	178,765
510	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	105,972
515	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	66,012
520	PEDAGOGISK LEIING/FELLESUTG., GJESTEELVAR	102,851
521-533	UTDANNINGSPROGRAMMA	346,653
554	FAGSKULE	10,629
559	LANDSLINER	5,514
561	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	19,065
562	TILPASSA OPPLÆRING	66,575
570	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	108,363
581	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	13,769
590	ANDRE FØREMÅL	11,457
	RESULTATOVERFØRING SKULANE	
	SUM OPPLÆRING	856,860
660	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	16,385
665	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	65,250
	RESULTATOVERFØRING TANNHELSE	
	SUM TANNHELSE	81,635
701	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	74,873
716	FRILUFTSLIV, VASSREG., FORV. AV VILT OG INNLANDSFISK	2,019
740	BIBLIOTEK	5,766
750	KULTURMINNEFORVALTNING	12,670
760	MUSEUM	16,225
771	KUNSTFORMIDLING	10,510
772	KUNSTPRODUKSJON	12,162
775	IDRETT	2,814
790	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,148
	SUM NÆRING og KULTUR	145,187
722	FYLKESVEGAR	583,437

730	BILRUTER	238,024
731	FYLKESVEGFERJER	128,370
732	BÅTRUTER	105,170
733	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,978
	SUM SAMFERDSLE	1 065,979
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-51,000
	TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A	2 277,426

4 Kapitalbudsjettet for 2018 og tilhørende økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2018:

2A (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Investeringar i anleggsmidlar	442,002
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekka	0,000
Avsettingar	0,000
Finansieringsbehov inneverande år	444,002
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	187,800
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	88,400
Kompensasjon for meirverdiavgift	84,302
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	0,000
Andre inntekter	18,600
Sum ekstern finansiering	379,102
Overført frå driftsbudsjettet	2,000
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsetningar	62,900
Sum finansiering	444,002
Udekka/udisponert	0,000

2B (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	118,602
Tannhelse	5,500
Samferdsle	262,900
Kultur	0,000
Nye prosjekt - ikkje fordelt	45,000
Felles inntekter/utgifter	2,000

- 5 Økonomiplanen sine rammer for 2019-2021 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til nye punkt:

Realisering av fotballhall i Flora

Fylkestinget løyver i alt 30 mill kr til realisering av fullskala fotballhall i Flora, slik som omsøkt.

Midlane vert fordelt over tre år frå 2018 med 10 mill kvart år, finansiert frå bufferfondet.

Løyvinga føreset fullfinansiering av prosjektet.

Fartøyvern vert tildelt kr 300 000,- for 2018. Dekning frå bufferfondet

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

Handsaminga av løyving til realisering av fotballhall i Flora vert utsett til neste møte i fylkesutvalet.

Avrøysting:

Utsetjingsframlegget frå Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Arbeidarpartiet om løyving til fartøyvern, og tilrådinga frå fylkesrådmannen, vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2018-2021.
- 2 Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021».
- 3 Driftsbudsjettet for 2018 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjett skjema 1A og 1B, slik:

1 A (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	642,000
Ordinært rammetilskot	1707,414
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	65,247
Sum frie disponible inntekter	2414,661
Renteinntekter og utbytte	49,040
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	47,400
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	85,100
Netto finansinnt./utg.	-83,460
Til dekking av tidlegare reknsk.m. meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	82,660

Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknsk.m. mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	30,685
Bruk av bundne avsettingar	0,000
Netto avsettingar	-51,975
Overført til investeringsbudsjettet	2,000
Til fordeling drift	2277,226
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	2277,226
Meir/mindreforbruk	0,000

1B (tal i mill. kr)		
	PROGRAMOMRÅDE	Budsjett 2018
400	POLITISK STYRING	48,050
410	KONTROLL OG REVISJON	4,830
420	ADMINISTRASJON	82,322
421	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORVALTNINGA	10,135
430	ADMINISTRASJONSLOKALE	7,215
460	TENESTER UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	1,075
480	DIVERSE FELLESUTGIFTER	8,130
715	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	16,508
	SUM FORVALTNING	178,265
510	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	105,972
515	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	66,012
520	PEDAGOGISK LEIING/FELLESUTG., GJESTEELVAR	102,851
521-533	UTDANNINGSPROGRAMMA	346,653
554	FAGSKULE	10,629
559	LANDSLINER	5,514
561	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	19,065
562	TILPASSA OPPLÆRING	66,575
570	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	108,363
581	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	13,769
590	ANDRE FØREMÅL	11,457
	RESULTATOVERFØRING SKULANE	
	SUM OPPLÆRING	856,860
660	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	16,385
665	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	65,250
	RESULTATOVERFØRING TANNHELSE	
	SUM TANNHELSE	81,635
701	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	74,873
716	FRILUFTSLIV, VASSREG., FORV. AV VILT OG INNLANDSFISK	2,019
740	BIBLIOTEK	5,766
750	KULTURMINNEFORVALTNING	12,970
760	MUSEUM	16,225
771	KUNSTFORMIDLING	10,510

772	KUNSTPRODUKSJON	12,162
775	IDRETT	2,814
790	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,148
	SUM NÆRING og KULTUR	145,487
722	FYLKESVEGAR	583,437
730	BILRUTER	238,024
731	FYLKESVEGFERJER	128,370
732	BÅTRUTER	105,170
733	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,978
	SUM SAMFERDSLE	1 065,979
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-51,000
	TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A	2 277,226

4 Kapitalbudsjettet for 2018 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2018:

	Budsjett 2018
2A (tal i mill. kr)	
Investeringar i anleggsmidlar	442,002
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekk	0,000
Avsettingar	0,000
Finansieringsbehov inneverande år	444,002
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	187,800
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	88,400
Kompensasjon for meirverdiavgift	84,302
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	0,000
Andre inntekter	18,600
Sum ekstern finansiering	379,102
Overført frå driftsbudsjettet	2,000
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsetningar	62,900
Sum finansiering	444,002
Udekk/udisponert	0,000

	Budsjett 2018
2B (tal i mill. kr)	
Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	118,602

Tannhelse	5,500
Samferdsle	262,900
Kultur	0,000
Nye prosjekt - ikkje fordelt	45,000
Felles inntekter/utgifter	2,000
Inv. i anleggsmidler - frå skjema 2A	444,002

- 5 Økonomiplanen sine rammer for 2019-2021 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 04.12.2017

Sak nr.: 17/998-30

Internt l.nr. 46001/17

Sak: 130/17

Tittel: Tillegg til Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet si tilråding til fylkestinget, vedteken i sak 123/17, vert justert slik:
 - a. Rammetilskotet vert auka som følgje av nye føresetnader knytt til tapskompensasjon, slik: 2018: 12,6 mill. kr, 2019: 2,7 mill. kr, 2020: 2,7 mill. kr og 2021: 2,7 mill. kr.
 - b. Avsettinga til bufferfondet vert auka tilsvarande.

Endringsframlegg:

Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

Nytt punkt 1.b:

Investeringsprogrammet med tilhøyrande finansieringsprogram vert auka med samla 892 mill kr i økonomiplanperioden. Løyvinga vert fordelt på følgjande prosjekt og finansiert slik det framgår av saka:

Auka ramme til mindre utbetringar – 40 mill.kr

Fv 57 Dale-Storehaug – 60 mill. kr fordelt med 10 mill. i 2019 og 50 mill. i 2020

Auka ramme til gang- og sykkelveggar – 22 mill. kr

Ferjeavløysing Ytre Steinsund – 770 mill. kr

Tilhøyrande kapitalutgifter vert å innarbeide i budsjett/økonomiplan.

Nytt punkt c:

Avsetting til og bruk av bufferfond vert tilpassa.

Avrøysting:

Punkt 1a i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti sitt framlegg til endra punkt 1b vart vedteke mot røystene frå Åshild Kjelsnes, Helen Hjertaas, Hilmar Høl og Bjørn Erik Hollevik.

Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti sitt framlegg til nytt punkt c vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet si tilråding til fylkestinget, vedteken i sak 123/17, vert justert slik:
 - a. Rammetilskotet vert auka som følgje av nye føresetnader knytt til tapskompensasjon, slik: 2018: 12,6 mill. kr, 2019: 2,7 mill. kr, 2020: 2,7 mill. kr og 2021: 2,7 mill. kr.
 - b. Investeringsprogrammet med tilhøyrande finansieringsprogram vert auka med samla 892 mill. kr i økonomiplanperioden. Løyvinga vert fordelt på følgjande prosjekt og finansiert slik det framgår av saka:

Auka ramme til mindre utbetringar – 40 mill.kr

Fv 57 Dale-Storehaug – 60 mill. kr fordelt med 10 mill. i 2019 og 50 mill. i 2020

Auka ramme til gang- og sykkelveggar – 22 mill. kr

Ferjeavløysing Ytre Steinsund – 770 mill. kr

Tilhøyrande kapitalutgifter vert å innarbeide i budsjett/økonomiplan.

- c. Avsetting til og bruk av bufferfond vert tilpassa.

Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 05.12.2017

Sak nr.: 17/998-31

Internt l.nr.: 46743/17

Sak: 59/17

Tittel: **Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021**

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

- 1 Dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2018-2021.
- 2 Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021».
- 3 Driftsbudsjettet for 2018 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B, slik:

1 A (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	642,000
Ordinært rammetilskot	1707,414
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	65,247
Sum frie disponible inntekter	2414,661
Renteinntekter og utbytte	49,040
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	47,400
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	85,100
Netto finansinnt./utg.	-83,460
Til dekking av tidlegare reknsk.m. meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	82,660
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknsk.m. mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	30,685
Bruk av bundne avsettingar	0,000
Netto avsettingar	-51,975
Overført til investeringsbudsjettet	2,000

Til fordeling drift	2277,226
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	2277,226
Meir/mindreforbruk	0,000

1B (tal i mill. kr)		
	PROGRAMOMRÅDE	Budsjett 2018
400	POLITISK STYRING	48,050
410	KONTROLL OG REVISJON	4,830
420	ADMINISTRASJON	82,322
421	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORVALTNINGA	10,135
430	ADMINISTRASJONSLOKALE	7,215
460	TENESTER UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	1,075
480	DIVERSE FELLESUTGIFTER	8,130
715	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	16,508
	SUM FORVALTNING	178,265
510	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	105,972
515	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	66,012
520	PEDAGOGISK LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	102,851
521-533	UTDANNINGSPROGRAMMA	346,653
554	FAGSKULE	10,629
559	LANDSLINER	5,514
561	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	19,065
562	TILPASSA OPPLÆRING	66,575
570	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	108,363
581	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	13,769
590	ANDRE FØREMÅL RESULTATOVERFØRING SKULANE	11,457
	SUM OPPLÆRING	856,860
660	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	16,385
665	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING RESULTATOVERFØRING TANNHELSE	65,250
	SUM TANNHELSE	81,635
701	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	74,873
716	FRILUFTSLIV, VASSREG., FORV. AV VILT OG INNLANDSFISK	2,019
740	BIBLIOTEK	5,766
750	KULTURMINNEFORVALTNING	12,970
760	MUSEUM	16,225
771	KUNSTFORMIDLING	10,510
772	KUNSTPRODUKSJON	12,162
775	IDRETT	2,814
790	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,148
	SUM NÆRING og KULTUR	145,487
722	FYLKESVEGAR	583,437
730	BILRUTER	238,024

731	FYLKESVEGFERJER	128,370
732	BÅTRUTER	105,170
733	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,978
	SUM SAMFERDSLE	1 065,979
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-51,000
	TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A	2 277,226

- 4 Kapitalbudsjettet for 2018 og tilhørende økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2018:

	Budsjett 2018
2A (tal i mill. kr)	
Investeringar i anleggsmidlar	442,002
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekka	0,000
Avsettingar	0,000
Finansieringsbehov inneverande år	444,002
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	187,800
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	88,400
Kompensasjon for meirverdiavgift	84,302
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	0,000
Andre inntekter	18,600
Sum ekstern finansiering	379,102
Overført frå driftsbudsjettet	2,000
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsetningar	62,900
Sum finansiering	444,002
Udekka/udisponert	0,000

	Budsjett 2018
2B (tal i mill. kr)	
Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	118,602
Tannhelse	5,500
Samferdsle	262,900
Kultur	0,000
Nye prosjekt - ikkje fordelt	45,000
Felles inntekter/utgifter	2,000
Inv. i anleggsmidlar - frå skjema 2A	444,002

- 5 Økonomiplanen sine rammer for 2019-2021 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.
- 6 Fylkesutvalet si tilråding til fylkestinget, vedteken i sak 123/17, vert justert slik:
- a. Rammetilskotet vert auka som følgje av nye føresetnader knytt til tapskompensasjon, slik: 2018: 12,6 mill. kr, 2019: 2,7 mill. kr, 2020: 2,7 mill. kr og 2021: 2,7 mill. kr.
 - b. Investeringsprogrammet med tilhøyrande finansieringsprogram vert auka med samla 892 mill. kr i økonomiplanperioden. Løyvinga vert fordelt på følgjande prosjekt og finansiert slik det framgår av saka:

Auka ramme til mindre utbetringar – 40 mill.kr
Fv 57 Dale-Storehaug – 60 mill. kr fordelt med 10 mill. i 2019 og 50 mill. i 2020
Auka ramme til gang- og sykkelveggar – 22 mill. kr
Ferjeavløysing Ytre Steinsund – 770 mill. kr

Tilhøyrande kapitalutgifter vert å innarbeide i budsjett/økonomiplan.
 - c. Avsetting til og bruk av bufferfond vert tilpassa.

Endringsframlegg:

Fylkestinget sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget syner til FT-vedtak 27/17 der Fylkestinget uttrykte at ein er positive til realisering av ny innandørs fotballhall i Florø. Fylkestinget ber om at søknaden frå Flora kommune om økonomisk støtte til hallen vert vurdert saman med andre søknader, blant anna søknadane frå Fjaler og Stryn, opp i mot regionale planar og økonomiske føresetnader, og vert handsama via fagutvala før Fylkestinget tek stilling til den i samband med ei heilskapleg sak om tilskot til idrettsanlegg i løpet av våren 2018.

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Vedtak i sak 57/17 om Svelgen – Indrehus vert å innarbeide i økonomiplanen.

Fylkesordføraren sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å tilpasse saksprotokoll og tilhøyrande tekstdokument (B/ØP) i samsvar med endeleg vedtak i fylkestinget.

Avrøysting:

Fylkesutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Arbeidarpartiet vart vedteke mot 1 røyst.

Framlegga frå fylkestinget og fylkesordføraren vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2018-2021.
- 2 Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021».
- 3
 - a. Rammetilskotet vert auka som følgje av nye føresetnader knytt til tapskompensasjon, slik: 2018: 12,6 mill. kr, 2019: 2,7 mill. kr, 2020: 2,7 mill. kr og 2021: 2,7 mill. kr.
 - b. Investeringsprogrammet med tilhøyrande finansieringsprogram vert auka med samla 1057 mill. kr i økonomiplanperioden. Løyvinga vert fordelt på følgjande prosjekt og finansiert slik det framgår av saka:
 - Auka ramme til mindre utbetringar – 40 mill.kr
 - Fv 57 Dale-Storehaug – 60 mill. kr fordelt med 10 mill. i 2019 og 50 mill. i 2020
 - Auka ramme til gang- og sykkelveggar – 22 mill. kr

- Ferjeavløysing Ytre Steinsund – 770 mill. kr
- Svelgen - Indrehus – 165 mill. kr fordelt med 15 mill. kr i 2020 og 150 mill. kr i 2021. Prosjektet vert fullfinansiert i åra 2022 – 2024. Arbeidet med reguleringsplanen vert starta første halvdel 2018.

Tilhøyrande kapitalutgifter vert å innarbeide i budsjett/økonomiplan.

- c. Avsetting til og bruk av bufferfond vert tilpassa.

4 Driftsbudsjettet for 2018 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B, slik:

1 A (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	642,000
Ordinært rammetilskot	1720,029
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	65,247
Sum frie disponible inntekter	2427,276
Renteinntekter og utbytte	49,040
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	47,800
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	85,500
Netto finansinnt./utg.	-84,260
Til dekking av tidlegare reknsk.m. meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	94,475
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknsk.m. mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	30,685
Bruk av bundne avsettingar	0,000
Netto avsettingar	-63,790
Overført til investeringsbudsjettet	2,000
Til fordeling drift	2277,226
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	2277,226
Meir/mindreforbruk	0,000

1B (tal i mill. kr)		Budsjett 2018
	PROGRAMOMRÅDE	
400	POLITISK STYRING	48,050
410	KONTROLL OG REVISJON	4,830
420	ADMINISTRASJON	82,322
421	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORVALTNINGA	10,135
430	ADMINISTRASJONSLOKALE	7,215
460	TENESTER UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	1,075

480	DIVERSE FELLESUTGIFTER	8,130
715	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	16,508
	SUM FORVALTNING	178,265
510	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	105,972
515	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	66,012
520	PEDAGOGISK LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	102,851
521-533	UTDANNINGSPROGRAMMA	346,653
554	FAGSKULE	10,629
559	LANDSLINER	5,514
561	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	19,065
562	TILPASSA OPPLÆRING	66,575
570	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	108,363
581	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	13,769
590	ANDRE FØREMÅL	11,457
	RESULTATOVERFØRING SKULANE	
	SUM OPPLÆRING	856,860
660	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	16,385
665	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	65,250
	RESULTATOVERFØRING TANNHELSE	
	SUM TANNHELSE	81,635
701	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	74,873
716	FRILUFTSLIV, VASSREG., FORV. AV VILT OG INNLANDSFISK	2,019
740	BIBLIOTEK	5,766
750	KULTURMINNEFORVALTNING	12,970
760	MUSEUM	16,225
771	KUNSTFORMIDLING	10,510
772	KUNSTPRODUKSJON	12,162
775	IDRETT	2,814
790	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,148
	SUM NÆRING og KULTUR	145,487
722	FYLKESVEGAR	583,437
730	BILRUTER	238,024
731	FYLKESVEGFERJER	128,370
732	BÅTRUTER	105,170
733	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,978
	SUM SAMFERDSLE	1 065,979
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-51,000
	TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A	2 277,226

- 5 Kapitalbudsjettet for 2018 og tilhørende økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2018:

2A (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
----------------------------	----------------------

Investeringar i anleggsmidlar	457,502
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekk	0,000
Avsettingar	0,000
Finansieringsbehov inneverande år	459,502
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	200,400
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	88,400
Kompensasjon for meirverdiavgift	87,202
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	0,000
Andre inntekter	18,600
Sum ekstern finansiering	394,602
Overført frå driftsbudsjettet	2,000
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsetningar	62,900
Sum finansiering	459,502
Udekk/udisponert	0,000

2B (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	118,602
Tannhelse	5,500
Samferdsle	278,400
Kultur	0,000
Nye prosjekt - ikkje fordelt	45,000
Felles inntekter/utgifter	2,000
Inv. i anleggsmidlar - frå skjema 2A	459,502

- 6 Økonomiplanen sine rammer for 2019-2021 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.
- 7 Fylkestinget syner til FT-vedtak 27/17 der Fylkestinget uttrykte at ein er positive til realisering av ny innandørs fotballhall i Florø. Fylkestinget ber om at søknaden frå Flora kommune om økonomisk støtte til hallen vert vurdert saman med andre søknader, blant anna søknadane frå Fjaler og Stryn, opp i mot regionale planar og økonomiske føresetnader, og vert handsama via fagutvala før Fylkestinget tek stilling til den i samband med ei heilskapleg sak om tilskot til idrettsanlegg i løpet av våren 2018.
- 8 Fylkesrådmannen får fullmakt til å tilpasse saksprotokoll og tilhøyrande tekstdokument (B/ØP) i samsvar med endeleg vedtak i fylkestinget.



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: post@sfj.no
www.sfj.no

Foto framside: Lene Neverdal/
Sogn og Fjordane fylkesbibliotek